

# Demokratisk prøverom – analyse av eit ordskifte for born og ungdom gjennom 30 år

Gudrun Kløve Juuhl

Masteroppgåve i nordisk litteratur

25. april 2006



Universitetet i Oslo

Institutt for Lingvistiske og Nordiske studier



# Føreord

I arbeidet med denne oppgåva har eg fått bruka eit heilt år på å vera oppdagingsreisande i ulike tekstunivers, og det er eg svært glad og takksam for.

Mykje av arbeidsglede kan eg takka rettleiaren min, Johan Tønnesson for. Han har synt meg tillit, han har synt glede over arbeidet mitt, kome med god og detaljert attendemelding og insistert på at eg skulle leggja fram framdriftsplanar og skriva opprit frå kvar rettleiing. Denne kombinasjonen har gjort arbeidet mitt både moro og praktisk overkomeleg. I tillegg skal han ha takk for å ha vekt interessa mi for tekst- og diskursanalyse då han var førelesar på kurset NOR 1105 ”Språkstruktur og tekst” våren 2004.

Margunn Sundfjord og Wenche Brusevold i Norsk Barneblad skal ha takk for å ha late meg sitja og bla i gamle blad på kontoret deira og uroa dei med spørsmål, og for å ha vore venlege og tillitsfulle og late meg bruka barnebladkontoret òg når det ikkje var folk der. Margunn skal dessutan ha takk for å ha teke seg tid til å verta intervjuar og finna fram informasjon til meg.

Frøydis Hertzberg, professor ved Institutt for lærarutdanning og skuleutvikling, skal ha takk for ein inspirerende rettleiingstime om norskfagshistorie.

Ragnhild Bjørge vil eg takka for god korrektur, Mass Soldal Lund for god og kritisk lesing på fleire tidspunkt, dessutan spanande teoretiske ordsifte. Tarjei, mannen min, vil eg helst takka for alt mogleg, men får nøya meg med takk for hjelp med tabellar, formatering og kurs i EndNote, for god og kritisk lesing, omsorg og lufteturar.

Elles vil eg seia tusen takk til alle som har vilja diskutera oppgåva med meg, har svara på spørsmål på e-post om løygne ting eg har lurt på, har lese deler av oppgåva, pressa meg til å levera attende bøker til biblioteket slik at eg unngjekk erstatningskrav og/eller kome med anna hjelp og inspirasjon.

Gudrun Kløve Juuhl

# Innhald

<b>1</b>	<b>Innleiing</b> .....	<b>1</b>
1.1	Om Norsk Barneblad .....	2
1.2	Om diskusjonsspalta i Norsk Barneblad som døme på folkeleg skrivning i ålmenta ..	3
1.3	Tidlegare forskning.....	4
1.4	Referering og skrivemåtar .....	4
1.5	Strukturen i oppgåva.....	4
<b>2</b>	<b>Teori og metode</b> .....	<b>6</b>
2.1	Innleiing .....	6
2.2	Teoretiske omgrep .....	6
2.2.1	Arbeidsomgrep frå tekst- og diskursanalyse.....	6
2.2.2	Tekst og tekstnormer.....	8
2.2.3	Skrivekompetanse .....	10
2.2.4	Samfunnsdeltaking.....	15
2.3	Metode.....	24
2.3.1	Eigne føresetnader.....	24
2.3.2	Materiale.....	24
2.3.3	Kva ser eg på som ein tekst?.....	24
2.3.4	Bakover i tid.....	24
2.3.5	Korleis føregår analysen?.....	25
<b>3</b>	<b>Analyse av Ordsките 2004</b> .....	<b>26</b>
3.1	Innleiing .....	26
3.1.1	Om Norsk Barneblad i 2004.....	26
3.2	Kort presentasjon av Ordsките 2004 .....	28
3.3	Detaljert analyse av dei dialogiske og diskuterande trekka i tre innlegg.....	30
3.3.1	Minimumsinnlegg .....	37
3.4	Normer for Ordsките 2004.....	37
3.4.1	Norm 1: Redigeringsnorm: Alle skal få vera med!.....	38
3.4.2	Norm 2: Ha eigne meiningar! .....	38
3.4.3	Norm 3: Ver oppriktig!.....	39
3.4.4	Norm 4: Skriv godt! .....	40
3.4.5	Norm 5: Ver den du vil! .....	40

3.4.6	Norm 6: Ver born! Du kan skriva om eigen kvardag.....	41
3.4.7	Norm 7: Berre innlegg frå born som privatpersonar kan vera .....	42
3.4.8	Norm 8: Gje respons! .....	43
3.4.9	Norm 9: Syn medvit om deg sjølv, samhandlinga og teksten! .....	45
3.4.10	Norm 10: Lesarinnlegg = ytringar frå lesarane.....	47
3.4.11	Norm 11: Du treng ikkje vera nynorsk.....	48
3.4.12	Oppsummering.....	49
3.5	Drøftingar og konklusjonar .....	49
3.5.1	Kvifor er innlegga slik? Om å handla kommunikatvt.....	49
3.5.2	Kvifor er innlegga slik? Normkonflikt og kommunikative føremål .....	51
3.5.3	Dialog og demokrati.....	52
3.5.4	Forum med liknande normer.....	53
<b>4</b>	<b>Analyse av <i>Vi diskuterer</i> 1974.....</b>	<b>55</b>
4.1	Innleiing .....	55
4.1.1	Om Norsk Barneblad i 1974.....	55
4.2	Kort presentasjon av <i>Vi diskuterer</i> 1974.....	57
4.3	Detaljert analyse av dei dialogiske og diskuterande trekka i tre innlegg.....	59
4.4	Normer for <i>Vi diskuterer</i> 1974.....	65
4.4.1	Norm 1: Redigeringsnorm: Utveljing ut frå prestasjonar.....	66
4.4.2	Norm 2: Argumentér!.....	67
4.4.3	Norm 3: Diskusjon er ein leik.....	70
4.4.4	Norm 4: Skriv godt! .....	72
4.4.5	Norm 5: Sei kven du er! .....	73
4.4.6	Norm 6a: Ver born/6b: Skriv som dei vaksne. Sjå kvardag og .....	73
4.4.7	Norm 7: Berre innlegg frå born som privatpersonar kan vera .....	78
4.4.8	Norm 8: Ta ballen, ikkje mannen! .....	78
4.4.9	Norm 9: Syn medvit om diskusjonen!.....	79
4.4.10	Norm 10: Lesarinnlegg = debattinnlegg.....	81
4.4.11	Norm 11: Ver nynorsk! .....	82
4.5	Drøftingar og konklusjonar .....	83
4.5.1	Kvifor er innlegga slik dei er? kommunikatvt og strategisk handling.....	83
4.5.2	Kvifor er innlegga slik dei er? Kommunikative føremål.....	85
4.5.3	Diskusjon og demokrati.....	86
4.5.4	Kontekst/forum med liknande normer .....	87

<b>5</b>	<b>Endring .....</b>	<b>90</b>
5.1	Innleiing .....	90
5.2	Kort om utviklinga i Norsk Barneblad 1974–2004 .....	90
5.3	Oppsummering av skilnader i oppbyggjinga av innlegg.....	91
5.4	Normendringar i diskusjonsspalta frå 1974 til 2004.....	92
5.4.1	Redigeringsnorm: Frå utveljing/konkurransse til Alle får vera med.....	92
5.4.2	Frå Skriv godt! til Skriv deg sjølv! .....	93
5.4.3	Endring i identitetsnormer .....	95
5.4.4	Frå Sjå kvardag og samfunnsdebatt i samheng til Du kan skriva .....	101
5.4.5	Berre innlegg frå born som privatpersonar kan vera ordskifteinnlegg.....	104
5.4.6	Frå Ta ballen! Til Gje respons!.....	104
5.4.7	Frå medvit om diskusjonen til medvit om seg sjølv, teksten og samhandling	105
5.4.8	Frå lesarbrev = debattinnlegg til lesarbrev = ytringar frå lesarane .....	106
5.4.9	Du treng ikkje vera nynorsk .....	106
5.4.10	Oppsummering av normendringar og tidspunkt .....	107
5.5	Kontekst. Jakta på årsaker til tekstnormendringane .....	108
5.5.1	Endringar i situasjonskonteksten .....	109
5.5.2	Kulturkontekst.....	110
5.5.3	Oppsummering.....	118
<b>6</b>	<b>Oppsummering, diskusjon, konklusjonar .....</b>	<b>120</b>
6.1	Innleiing .....	120
6.2	Oppsummering av funn.....	120
6.2.1	Skilnad.....	120
6.2.2	Endring .....	122
6.2.3	Stabilitet.....	123
6.3	Diskusjon og konklusjonar i høve til skrivekompetanse .....	124
6.3.1	Tid/utstrekning strukturerer tekstane .....	124
6.3.2	Argumentasjon – ungar kan argumentera.....	124
6.3.3	Dialogisk kompleksitet.....	125
6.4	Diskusjon og konklusjonar i høve til samfunnsdeltaking .....	126
6.4.1	Demokratisk ordskifte? .....	126
6.4.2	Toleranse for språkleg mangfald og demokratiopplæring.....	128
6.5	Kva er Ordskite og Vi diskuterer for noko?.....	129
6.6	Vidare forskning .....	130

<b>7</b>	<b>Litteraturliste.....</b>	<b>131</b>
	<b>Vedlegg 1: Intervju med Margunn Sunnfjord .....</b>	<b>134</b>
	<b>Vedlegg 2: Undersøkjing av Si;D i Aftenposten .....</b>	<b>146</b>
	<b>Vedlegg 3: Lesarbrevundersøking.....</b>	<b>154</b>
	<b>Vedlegg 4 og 5: Tal på ordskifteinnlegg og tingartal for NB 1974–2004.....</b>	<b>160</b>
	<b>Liste over vedlegg i elektronisk form.....</b>	<b>162</b>

## Tabellar, figurar og diagram

Tabell 1: Trekk i dialogen, innlegg 1-04 frå Skuggfaxe e ( <i>Ordskifte 2004:126</i> ) .....	31
Tabell 2: Innlegg 2-04, frå musa ( <i>Ordskifte 2004:208</i> ) .....	33
Tabell 3: Innlegg 3-04, frå Me Me ( <i>Ordskifte 2004:208</i> ) .....	34
Tabell 4: Emne som vart diskuterte (tekne opp to gonger eller meir) i <i>Ordskifte 2004</i> .....	41
Tabell 5: Innlegg 1 frå Julius ( <i>Vi diskuterer 1974:12</i> ).....	59
Tabell 6: Innlegg 2 frå en skogning på 12 år ( <i>Vi diskuterer 1974:12</i> ).....	60
Tabell 7: Innlegg 3 frå ei Lofthus-jente på 13 år ( <i>Vi diskuterer 1974:11</i> ).....	61
Tabell 8: Emne som vart diskuterte (tekne opp to gonger eller meir) i <i>Vi diskuterer 1974</i> :....	76
Tabell 9: Normkatalog for 1974 og 2004.....	85
Tabell 10: Kommunikative føremål i 1974 og 2004.....	86
Tabell 11: Innlegg i NB nr 2 1991–2003 der skribenten skildrar seg sjølv.....	95
Tabell 12: Minutt brukte til medieaktivitetar kvar dag, ungdom 9–15 .....	112
Tabell 13: Endringar i kontekst og <i>Vi diskuterer/Ordskifte 1974–2004</i> .....	122
Figur 1: Skrivekompetanshjulet (Berge 2005a:178) .....	10
Figur 2: <i>Ordskifte</i> som ålmente og språkbruksmiljø.....	23
Figur 3: <i>Ordskifte</i> -sidene frå NB 13/14-2004.....	28
Figur 4: Innlegg 3-04, frå Mr Me ( <i>Ordskifte 2004:208</i> ) .....	36
Figur 5: <i>Vi diskuterer</i> -sidene frå NB 1-1974.....	57
Figur 6: Innlegg 2, 1974 .....	63
Figur 7: Innlegg 3, 1974 .....	64
Figur 8: Innlegg frå Ziigy .....	116
Diagram 1: Førekomstar i kategoriar .....	96
Diagram 3: Førekomstar i grovkategoriar .....	96
Diagram 4: Utvikling i bruken av kulturelle referansar .....	97



# 1 Innleiing

Då eg var tolv år, skreiv eg dette innlegget til Ordskifte, diskusjonsspalta i Norsk Barneblad.

Hatt og meiningar

Eg har ein hatt som eg likar å gå med, men som andre ikkje likar. Eg har òg ein del meiningar som eg meiner, men som andre ikkje er einige i. Difor fann to i klassen ut at dei måtte slå litt på meg. Dei meiner dei hadde full rett til å slå meg fordi dei meiner eg provoserte dei med meiningane mine. Eg er ikkje eining! Eg meiner folk må ha rett til å meine, tenkje og gjere det dei vil, utan at kven som helst kan bestemme at dei ikkje har lov.

Ei som likar hatten sin (Ordskifte 1991:186)

Dagen etter at bladet var kome i posten, hugsar eg at ein av dei tøffe gutane i klassen min spurde om det var eg som hadde skrive innlegget. Det var det jo. Eg var ganske flau, og det såg det ut til at dei tøffe gutane i klassen var òg.

Dette var noko eg hadde gløymt, men som kom fram att då eg byrja arbeida med oppgåva. Historia fortel at eg må ha oppfatta Ordskifte som ei relevant ålmente å seia frå om at det å behandla nokon på denne måten ikkje var akseptabelt – og å prøva å argumentera generelt og prinsipielt for det. Reaksjonen frå dei tøffe gutane – dei las og kjende seg råka av di dei vart kritiserte offentleg – synta at dette var eit offentleg ordskifte som fungerte.

No var dette ei eingongshending, og me var berre ungar. Likevel illustrerer historia det verdefulle med eit offentleg rom. Det ideelle offentlege ordskiftet er ein stad der borgarane kan diskutera saker som er viktige for samfunnet, og der det er fornuft og “kraften i de bedre argumenter” som avgjer utfallet, ikkje knytnevar. Ei ålmente er ein stad der ein kan koma med kritikk, og der kritikken (ideelt sett) vert møtt kommunikativt – med diskusjon, i staden for strategisk/objektiverande – med juling.

I denne oppgåva vil eg granska korleis diskusjonsspalta i Norsk Barneblad har fungert som ålmente – eller for å bruka eit noko mindre forpliktande ord – ordskifterom, dei siste 30 åra, med hovudvekt på 2004 og 1974.

Valet av oppgåve er motivert av interesse for vilkåra for offentleg ordskifte, av ei undring på om den nynorske skriftkulturen har noko særskilt å bidra med, av nyfikne på korleis born og vaksne ved å skriva sjølve gjer språk og tekstnormer til sine eige, og av kjærleik til Norsk Barneblad og Ordskifte.

## *Problemstilling*

Eg er interessert i å undersøkje og få fram kunnskap om demokratisk ordskifte – og folkeleg skriving i den nynorske skriftkulturen som ein mogleg demokratiserande praksis. Eg er

interessert i om det finst språkbruksmiljø innanfor den nynorske skriftkulturen i dag ein kan kalla demokratiske eller demokratiserande.

Med dette utgangspunktet vil eg analysera debatten i debattspalta i Norsk Barneblad – Ordskifte og Vi diskuterer – og finna ut kva slags normer som rår der i 2004 og 1974, korleis desse endrar seg over tid, og om, på kva måte og i kva grad ein kan seia at denne spalta er ei realisering av idealet “demokratisk ordskifte”.

Grunnen til at eg vil arbeida med desse tekstane, er at diskusjonsspalta i Norsk Barneblad er eit forum der det vert skriva friviljug, av ikkje-profesjonelle, og ikkje på vegner av organisasjonar og stillingar, i tillegg til at eg ynskjer å studera eit materiale innanfor den nynorske skriftkulturen.

Ettersom Vi diskuterer og Ordskifte òg utgjer ein dokumentasjon av borns skrivekompetanse til ulike tider, vert det ein del av oppgåva å seia noko om kva slags skrivekompetanse borna syner.

## **1.1 Om Norsk Barneblad**

Norsk Barneblad er eit blad for born som kjem ut ein gong i månaden (men utgjevingsfrekvensen har variert). Bladet er skriva på nynorsk, og vert gjeve ut av Samyrkelaget Norsk Barneblad, som er ei sjølvvegande stifting skipa av Bondeungdomslaget i Oslo, Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag og Norsk Måldyrkingslag (Kolofon 2005).

Einar Økland skildrar oppstarten i *Den norske barnelitteraturen i 200 år*:

I 1887 byrja så Kristen Stalleland (1861–1949) å gi ut eit “Norskt barneblad” i Grimstad. Her fekk endeleg målfolka “sitt” barneblad, Sysvorti (d.v.s. Svartrasten). [...] Etter fire år skifte bladet navn til Norsk Barneblad, og med unntak av året 1893 har bladet levd til denne tid. (Økland 1981:109-10)

Norsk Barneblad vart skipa nesten 20 år før målfolka organiserte seg i ein eigen organisasjon – Noregs Mållag. Bladet har vore viktig for nynorsk barnelitteratur (Økland 1981:110) og for den nynorske ålmenta i det heile. Idar Stegane skriv:

To drag kan leggast merke til i tilvoksteren av publikasjonar på landsmål 1880-åra – 1905: blada vert større og grundigare. Og fleire av dei vert så berekraftige at dei vert nynorskens hovudorgan på ymse felt for lang tid framover (*Den 17de Mai, Unglyden*) og er det delvis jamvel i dag (*Syn og Segn, Norsk Barneblad*). (Stegane 1987:68)

I dag har Norsk Barneblad ca 3500 tingarar (Norsk Barneblad: 3688 januar 2004, Nynorsk faktabok: 3600 (Grepstad 2005:Tabell 16.10)). Stoffet kan grupperast slik: leiarteig, teikneserie (profesjonell og innsendarteikneserie), faktaprega/opplysande artiklar om ulike emne, kortare faktastoff, debattspalta Ordskifte, reportasjar, intervju, artistportrettet, “Hjernetrim”, hobbysider, bokmeldingar skrivne av born, vitseside, kryssord, brevvenspalte

og marknadsspalte. Lesarane slepp til desse stadene: teikneserie, Ordskifte, bokmeldingar, vitsesida, brevven- og marknadsspaltane. Redigeringsprinsippet for Ordskifte er at alle som skriv inn, i utgangspunktet skal koma med. Innlegga vert redigerte noko, men mest språkleg (jf vedlegg 1: Intervju med Margunn Sundfjord, fungerande redaktør i Norsk Barneblad).

## **1.2 Om diskusjonsspalta i Norsk Barneblad som døme på folkeleg skrivning i ålmenta**

Ein viktig del av målrørsla har vore ein massiv oppstart av blad og aviser på landsmål (Grepstad 2006:8), som ein del av den ålmenne eksplosjonen i lesestoff på siste halvdel av 1800-talet (Nerbøvik 1999:55-66). Dei nye landsmålspublikasjonane gav folk som tidlegare ikkje hadde ytra seg offentleg ein stad å gjera nett det.

Lesarbrevspaltene i avisene er eit forum der ikkje-profesjonelle kjem til orde. Samstundes veit eg frå privat avislesing, serleg av Bergens Tidende, at det er eit forum der menneske med posisjonar dominerer. Dette stadfestar òg undersøkinga til Eiri Elvestad av kven lesarbrevskribentane er (Elvestad 2001:25-26).

Ordskifte i Norsk Barneblad er eit ordskifteforumet som både diskuterer samfunnsmessige spørsmål, der det er ikkje-profesjonelle som deltek, og som er relativt ope, slik at i utgangspunktet alle som skriv får vera med, og som i tillegg har kontinuitet. Ordskifte vart starta i 1970, i redaktørperioden til Johannes Farestveit, under namnet Vi diskuterer, og har vore ei fast spalte i bladet sidan. Spalta bytte namn til Ordskifte i 1982.

Diskusjonsspalta er eit interessant materiale å studera av fleire grunnar: (1) Spalta har kontinuitet, ho har vore ein fast del av bladet frå 1970. Dette gjev høve til å undersøka fleire punkt i historia. (2) Diskusjonsspalta tek opp to til fire sider i kvart nummer av Norsk Barneblad. Det gjev ei god mengd tekst å studera. (3) I diskusjonsspalta opptrer borna som myndige deltakarar i ein diskusjon. Eg oppfattar det å vera myndig deltakar i samfunnslivet som eit viktig element i idealet og praksisen i den tidlege fasen i det nynorske skriftlivet, og som sentralt for Habermas sitt omgrepsspar kommunikative og strategiske handlemåtar og Skjervheim sitt: deltakar og tilskodar, som eg kjem til å gjera greie for og gjera bruk av i oppgåva.

I analysen kjem eg til å ha eit perspektiv der eg ser born som aktive brukarar og omformarar av dei tekstnormene dei møter i samfunnet på same måte som andre menneske som rører seg i skriftkulturen, heller enn eit opplæringsperspektiv der ein ser tekstane born skriv som symptom på manglande kunnskap. Når eg har kalla oppgåva *Demokratisk*

*prøverom* er det ein måte å syna at eg ikkje har eit opplæringsperspektiv på, eg ser *ikkje* Ordskifte som ein demokratisk *treningsbane*, der ein øver og arbeidet ein gjer er forsøk på noko ein enno ikkje heilt meistarar, men som eit *prøverom*, der ein som sjølvstendig aktør prøver og vel mellom dei tekstlege plagga som er tilgjengelege i kulturen/butikken.

Sjølv om eg ikkje vil ha eit opplæringsperspektiv, er noko av det spennande med materialet likevel kva slags skrivekompetanse desse borna syner, og kva slags kompetansar og ressursar dei tek i bruk til ulike tider.

### **1.3 Tidlegare forskning**

Det er skrive fem hovudoppgåver om Norsk Barneblad. Desse handlar i hovudsak om fiksjonsprosaen i bladet, og tek i liten grad føre seg det born har skrive. Hovudoppgåvene til Rolf Bugge: *Norsk barneblad: hovuddrag og utviklingsliner frå 50-åra til 70-åra* og Berit Juveli: *Norsk Barneblad 1979–81* tek i nokon mon føre seg tekstar skrivne av born i dei periodane dei skildrar, men utan å gå djupt inn i eller analysa stoffet i særleg grad. “Norske barneblad” av Einar Økland, som tek føre seg Norsk Barneblad, har heller ikkje lagt spesifikt vekt på eller gjort analysar av tekstane som born har skrive i bladet. Det ser ikkje ut som om emnet har vore undersøkt før.

### **1.4 Referering og skrivemåtar**

Eg refererer til tekstar i Norsk Barneblad med sidetal i årgangen og ikkje nummer. Norsk Barneblad vert gjevne ut med løpande nummerering for heile årgangen og bunde inn i årgangar. Tanken er at det er lettare for ein lesar å finna sitata eg brukar når eg nummerer på denne måten.

Eg skriv namna på diskusjonsspalta, Vi diskuterer og Ordskifte, på denne måten. Det har variert korleis det vert gjort i Norsk Barneblad. I 2004 vart det skrive med liten førebokstav og inga anna markering. Det var uråd for meg, sidan eg treng å skilja diskusjonsspalta frå samnamnet “ordskifte”. Difor skriv eg namna med stor førebokstav og utan anna markering.

### **1.5 Strukturen i oppgåva**

I fyrste kapittel presenterer eg problemstilling og bakgrunn for val av oppgåve. I kapittel 2 gjer eg greie for teoretiske arbeidsomgrep og perspektiv, i tillegg til metode. Kapittel 3 er ein analyse av Ordskifte i 2004, og kapittel 4 av Vi diskuterer i 1974. Kapittel 5 er ei samanlikning av analysane i kapittel 3 og 4 for å finna ut kva som er ulikt når det gjeld

skrivemåtar og tekstnormer. I tillegg freistar eg å spora kva tid endringane kan ha skjedd, og å leita etter årsaker. I sjette og siste kapitlet oppsummerer, diskuterer og konkluderer eg.

## 2 Teori og metode

### 2.1 Innleiing

I oppgåva vil eg analysere og freista skjøna diskuterande tekstar av born frå 9 – 16 år over eit tidsspenn på 30 år. Då treng eg arbeidsomgrep for å skildra kva som skjer i tekstane – omgrep som *språkhandlingar* og *språklege metafunksjonar*. Ein del av metoden for å gripa tekstane er å utleia eit sett *normer* for tekstane, og sjå korleis dei endrar seg på dei 30 åra oppgåva tek føre seg. Då må eg gjera klårt kva *tekstnorm* og *tekstnormendring* er. I tillegg treng eg omgrep som kan skapa ei tenleg forståingsramme å skjøna tekstane i Ordskifte og Vi diskuterer i høve til. Eg har valt å bruka to ulike perspektiv: det eine har eg kalla *skrivekompetanse* og det andre *samfunnsdeltaking*. Sjølv om eg ser på Ordskifte som eit prøverom og ikkje ein treningsbane (jf. 1.2), er det interessant å sjå kva slags skrivekompetanse ungane syner, og eg trur det er mogleg å gjera utan å sjå ungane som elevar. Under skrivekompetanse har eg samla omgrep som skildrar kva skribentane viser at dei kan, og under samfunnsdeltaking har eg samla omgrep som skildrar korleis skribentane handlar sosialt. Eg har plassert *dialog og adressering* under skrivekompetanse, sjølv om det å delta i dialog og å adressera andre jo *er sosial deltaking*. Grunnen til at eg gjer det slik, er at eg her snakkar om dialogisitet og adressering som ein del av borns skrivekompetanse, som eit slags repertoar som innlegga syner at borna har. Det er altså snakk om to ulike forståingsrammer å bruka omgrepa innanfor, meir enn to sett med klårt skilde omgrep.

Der eg har sett det som tenleg, har eg òg laga eigne system, omgrep og inndelingar med utgangspunkt i teksten.

Bolken “Teoretiske omgrep” nedanfor er ein presentasjon av og grunngjeving for dei viktigaste teoretiske omgrepa eg kjem til å bruka i oppgåva. Eg kjem til å gå grundigare inn på omgrepa og diskusjonar om dei og i kva grad dei er brukande på stoffet i samband med dei konkrete analysane.

### 2.2 Teoretiske omgrep

#### 2.2.1 Arbeidsomgrep frå tekst- og diskursanalyse

I dei konkrete tekstanalysane kjem eg til å nytta meg eklektisk av omgrepsapparat for tekstanalyse i innføringsbøkene *Tekst i tale og skrift. Innføring i tekstarbeid* (Askeland m.fl. 2003), *Språklig samhandling. Innføring i kommunikasjonsteori og diskursanalyse* (Svennevig

2001) og *Den flerstemmige sakprosaen* (Tønnesson 2002). Nokre sentrale omgrep vil eg likevel gå nærare inn på no.

### 2.2.1.1 Språkhandlingar

Det kan vera nyttig å sjå tekstane som språkhandlingar for å få grep om kva det er som vert gjort i teksten. Då nyttar eg meg i utgangspunktet av inndelingane til John Searle i dei fem språkhandlingane konstativ, direktiv, kommisiv, ekspressiv og kvalifisering (Svennevig 2001:58-63). Dei kan skildrast slik:

Språkhandlingsklasse	Døme	Typisk språkleg realisering	Gyldigheitskrav
Konstativar	påstandar	utsegnsetning	sanning
Direktivar	ordrar, oppmodingar	imperativ	legitimitet
	spørsmål	spørjesetning	
Ekspressivar	gratulasjonar	ynskjesetning	oppriktigheit
Kommisivar	lovnader	(inga typisk realisering)	oppriktigheit
Kvalifiseringar	erklæringar	performativt verb	legitimitet

(Svennevig 2001:63)

Omgrepet språkhandlingar kjem frå oppdaginga av at ein kan handla i verda med ord. Kvalifiseringane er den gruppa språkhandlingar som gjer dette tydelegast. Dersom ein domar i ein rettsal seier til deg: «Eg dømer deg til...», so er du dømt og med det kriminell. Det er ikkje ei endring som berre gjeld språket, ho gjeld framtida di. Direktivar er òg ein type språkhandling det kan vera tenleg å ta i bruk for å få ting til å skje.

I analysen min kjem eg ikkje til å leggja vekt på språkhandlingar, av di dei fokuserer på andre drag ved kommunikasjonen enn eg gjer, og av di inndelingane ikkje dekkjer dei nyansane i den tekstlege samhandlinga eg er interessert i å sjå på. Språkhandlingane utgjer likevel ein del av grunnlaget for inndelingane mi i analysen av innlegga i ulike “trekk”.

### 2.2.1.2 Språklege metafunksjonar

Michael Halliday hevdar at den språklege meiningsskapinga vår er delt inn i tre ulike typar eller funksjonar, og kallar desse språklege metafunksjonar. Halliday er oppteken av at all meining oppstår i ein kontekst, og at ein kan sjå det som skjer i situasjonskonteksten som utgangspunkt for dei tre språklege metafunksjonane. Situasjonskonteksten kan skildrast som

felt (fokus på kva som føregår, aktivitetar og emne), som relasjon (fokus på dei sosiale sambanda mellom dei som deltek) og som mediering (fokus på korleis språket vert brukt). Desse samsvarar med dei tre språklege metafunksjonane ideasjonell, mellompersonleg og tekstuell (Maagerø 1998:36-63) (Maagerø 2005:42-44, 97-99). I levande språkbruk mellom vaksne menneske er alle funksjonane til stades heile tida, men det er interessant å sjå kva som dominerer. I og med at eg har fokus på dialog, kjem eg til å sjå mykje på korleis det mellompersonlege vert realisert i tekstane. Det er òg interessant å sjå på om ulike språklege metafunksjonar dominerer i innlegga til ulike tider.

### **2.2.1.3 Trekk**

I arbeidet med å analysere kva som går føre seg i dei innlegga eg har sett grundig på, fekk eg ikkje gode nok svar ved å dela inn ut frå språkhandlingar eller språklege metafunksjonar – eg såg at innlegga var bygde opp av ulike *trekk* (i tydinga “moves”, ikkje i tydinga aspekt eller sertrekk). Eg bruker omgrepet med utgangspunkt i artikkelen «Speech acts, discourse structure, and pragmatic connectives» (Roulet 1984). Når ein les innlegga, ser ein at dei skrid fram gjennom ulike meir og mindre faste “postar”, slik ein kan tenkja seg at ein samtale, eit (personleg eller formelt) brev eller eit møte gjer, der fyrste post eller trekk kan vera ei helsing eller ei overskrift, andre post eller trekk kan vera å spørja korleis det går eller å presentera kva ein skal skriva eller snakka om, og so vidare. Eg kjem til å gjera meir greie for bruken av omgrepet i samband med analysane.

### **2.2.2 Tekst og tekstnormer**

I kapittel tre og fire set eg opp ein katalog over dei viktigaste normene som regulerer den tekstlege samhandlinga i Ordsките i 2004 og i Vi diskuterer i 1974. Desse er ikkje ”reine” tekstnormer, men er sette saman av normer for tekst og meir ålmenne åtferdsnormer. Tekst vert definert slik av Kjell Lars Berge i *Den flerstemmige sakprosaen*: «Tekster er ytringer som deltakerne i en viss kultur gir en spesielt avgrenset verdi, der det i kulturen er utviklet tekstnormer som avgjør hvilke ytringer som gis tekstverdi, og hvordan slike tekster produseres» (Tønnesson 2002:236). Dei ulike teoretikarane eg lånar omgrep frå, nyttar gjerne ulike tekstomgrep. Der Michael Halliday forhold seg til skrift og tale, ser Julia Kristeva heile kulturen og samfunnet me lever i som tekst. Eg ser ikkje det som problematisk, sidan materialet eg analyserer, gjeld som tekst innanfor alle definisjonar. Når eg ser på materialet i høve til kulturkonteksten, nyttar eg meg dels av eit opnare tekstomgrep, jf. 2.2.3.3.

Kjell Lars Berge skildrar omgrepa norm og tekstnorm slik i *Tekstnormers diakroni*. *Noen*



*ideer til en sosioteknologisk teori om tekstnormendring (Berge 1990:50-51):*

Et normsystem [...] regulerer hva som er meningsfull adferd i vid forstand i det samfunn der normen gjelder som rettesnor for atferden, og den setter kriteriene for hvordan praksis etter normen skal være formet. [...] Tekstnormer er normer for hvordan en former et særskilt medium for handling på. Handlingene blir da aktualiserte som ytringstekster, der ytringsteksten er formet etter de kriteriene normen setter.

Tekstnormer kan ein, som andre normer, dela inn i kvalifikasjonsnormer og pliktnormer (Berge 1990:51).

### **2.2.2.1 Pliktnorm og kvalifiseringsnorm**

Berge skil mellom to typar normer: pliktnormer og kvalifikasjonsnormer. Desse er òg kalla “should”-normer og “is”-normer, som indikerer tydeleg kva det dreier seg om. Pliktnormer er direktiviske og kvalifikasjonsnormer kvalifiserande, dei utgjer altså ulike språkhandlingar. Pliktnormer er prega av eit imperativt modus som kan vera meir eller mindre sterkt, frå skal (ikkje) til bør (ikkje) til kan (ikkje), og norma kan vera eit påbod, eit forbod eller at noko er tillate (Berge 1990:25).

Ei kvalifiseringsnorm er kriterium for kva som gjer ein viss type åtferd til denne åtferda, altså kva som er konstituerande for denne åtferda (Berge 1990:25). Det er til dømes kvalifiseringsnormer som avgjer kva me ser på som ein tekst, eller kva me ser på som sport. Er til dømes sjakk og bridge sport eller ikkje? Kva konstituerande eigenskapar er det ved “sport” som avgjer om sjakk og bridge er med eller ikkje? Kvalifiseringsnormer er meir grunnleggjande enn, og ligg til grunn for, pliktnormer. Berge skriv: «En kan si at kvalifikasjonsnormene er et kulturelt konstituert kriterium som både definerer hvordan antropologiske konstanter skal struktureres og hvordan atferden som den gitte norm genereres, skal struktureres.» (Berge 1990:26) I analysane ser eg både på pliktnormer og kvalifikasjonsnormer.

### **2.2.2.2 Tekstnormendring**

Grunnleggjande tekstnormendringar skjer når eit sosialt felt endrar seg på ein slik måte at dei kommunikative funksjonane òg endrar seg (Berge 1990:148). Det inneber at endringar i tekstnormene er knytte til endringar i kontekst, samfunnet (Berge 1990:107). Ei slik grunnleggjande endring i den sosiale situasjonen var då ein brått fekk trykkefridom i 1770 (Berge 1990:110). Det skapte uvisse og konflikt om adekvate uttrykksmåtar og sjangrar, og genererte nye. Eg bruker ikkje sjølve modellen for tekstnormendring som Berge set opp, men lener meg på konklusjonen hans om sambandet mellom tekstnormendring og samfunnsendring i kapittel fire, der eg diskuterer tekstnormendring i diskusjonsspalta frå 1974


til 2004 og moglege årsaker.

## 2.2.3 Skrivekompetanse

Eg kjem dels til å sjå innlegga i diskusjonsspalta i eit skrivekompetanseperspektiv – det er ikkje det same som eit opplæringsperspektiv. Skrivekompetanse vert godt skildra i skrivekompetanshjulet (Figur 1).

### 2.2.3.1 Skrivekompetanshjulet

Figur 1: Skrivekompetanshjulet (Berge 2005a:178)



Det hjulet fyrst og fremst skildrar, er at skrivekompetanse er eit komplekst fenomen, som er bygt opp av mange ulike skrivekompetansar:

*samhandling og informasjon,*

*identitetsdanning og sjølvrefleksjon, metakommunikasjon og eigenvurdering*

*kunnskapslagring og strukturering*

*kunnskapsutvikling*

*konstruksjon av tekstverdener*

*meningsdanning og overtaling*

Difor er det å skriva ei kompleks handling. Alle desse skrivekompetansane er relevante i høve til innlegga i diskusjonsspalta i Norsk Barneblad. Eg kjem til å leggja vekt på kva slags type skrivekompetanse borna syner på dei ulike tidspunkta, med fokus på kompetansen samhandling og på meningsdanning og overtaling gjennom argumentasjon.

### 2.2.3.2 Dialog og adressivitet

Eg kjem til å stø meg på Bakhtin i *Spørsmålet om talegenrane* (Bakhtin 1998), der han skildrar korleis språket er grunnleggjande dialogisk og at all tale inngår i ein dialogisk samanheng:

Meir enn det; alle som talar er sjølv i større eller mindre grad svarande: for han er ikkje den første som uroar universets evige togn, og han føreset ikkje berre eksistensen av språkssystemet for det språket han nyttar seg av, men også eksistensen av føregåande ytringar – sine egne og framande – som hans ytring relaterer seg til på den eine eller andre måten (stør seg på, polemiserer mot, eller berre føreset som allereie kjende for lyttaren). (Bakhtin 1998:11)

Dersom dialog og adressivitet på denne måten er grunnleggjande ved all tale, må det òg gjelda borns tale, og born og ungdom sine skriftlege produkt, slik som ordskiptetekstane i Norsk Barneblad. I «Den vesle skrivaren i det store tekstrommet» og «Sakprega skrivning hos små barn – skrivning på leik og alvor i eit breitt register» skriv Rutt Trøite Lorentzen at ei vanleg oppfatning har vore at det fyrste små barn skriv, er forteljingar (Lorentzen 2004b:269), men at dette i stor grad er ei feiloppfatting. Tvert om er tekstane barn skriv på eige initiativ før eller utanom skulen, ofte i ulike sakprega sjangrar (Lorentzen 2004b:270). I tillegg «ser ein i alle dei tidlege tekstane barn skriv, når det skjer frivillig og på eige initiativ, ei påskrift om kven teksten er *til*, uansett kva sjanger den er skriven i, og kven den er frå» (Lorentzen 2004a:19).

Lorentzen kjem med kritikk av ei vanleg oppfatting, som vert formulert slik av Martin Nystrand: «Unlike speech, writing is a private, solitary activity, whose major purpose is to communicate with someone not immediately present» (Lorentzen 2004a:21). Slik ho ser det,

[...] har konteksten den aller første skrivinga oppstår i, mange fleire fellestrekk enn ulikskapar med den munnlege kommunikasjonssituasjonen. For det første inngår skrivinga i ein dialog. Alle tekstar barn skriv den første tida har eit til-frå-preg [...] Skrivinga skjer dessutan i interaksjon med dei barnet er omgitt av i skrivesituasjonen; det er verken ein privat eller einsam affære. (Lorentzen 2004a:21).

Dette vil òg seia at medvit om *kven ein skriv til* er ein del av barns skrivning frå starten. Det har implikasjonar for forståinga av forum som denne diskusjonsspalta, sjølv om det er eldre born som skriv der: Dersom ein ser det slik at barn fyrst skriv ikkje-henvendte forteljingar, og so med åra må læra korleis ein henvender seg til andre i tekst, er det lett å sjå diskusjonskulturen i Norsk Barneblad som eit utslag av at borna ikkje heilt har lært seg korleis ein gjer det når ein deltek i ein skriftleg diskusjon med andre. Dersom ein ser det slik at barn bruker skrift til å kommunisera med andre, heilt frå dei byrjar å skriva, vert det lettare å sjå det at eit innlegg ofte vender seg til minst tre instansar (deltakarane i spalta, andre lesarar, einskiddeltakarar og redaktøren) etter tur eller om einannan, som eit uttrykk for ei kompleks form for skriftleg dialog, heller enn eit uttrykk for at ordskiptedeltakarane øver seg på diskusjon og ikkje har lært seg heilt korleis det skal vera enno.

Lorentzen skriv òg at sjanger er sentralt for ungane i den fyrste skrivinga, at dei har ei sjangerforståing, at opplysning om sjanger «ofte er ein del av teksten, gjerne ført på som ei slags overskrift, som «ønskeliste», «dikt», «histori», «bok», «melning jem».» (Lorentzen 2004a:19). Det at sjangermedvit står sterkt hjå barn alt frå den fyrste skrivinga, gjer det òg rimeleg å sjå på den spesielle forma i Ordskifte som ein eigen sjanger, som deltakarane medvite uttrykkjer seg innan.

Eg kjem til å bruka perspektiva til Bakhtin og Lorentzen sine konkretiseringar i høve til barneskiving i forståinga av Ordskifte og Vi diskuterer. Dette gjer at eg òg kjem til å sjå spalta som ein lang, løpande, dialogisk tekst – ein skriftleg samtale mellom fleire deltakarar.

### 2.2.3.3 Fleirstemmigheit og intertekstualitet

Polyfoni eller fleirstemmigheit er eit omgrep Bakhtin utvikla i samband med verka sine om den moderne polyfone romanen. I den polyfone romanen, kan som i daglegtalen, fleire røyster høyrast enn forfattaren si monologiske. Ideologi, sjangrar, ulike førestellingar og verdsbilete talar saman i ein uavslutta dialog slik det skjer i medvitet til Raskolnikov frå *Forbrytelse og straff* når han diskuterer med seg sjølv (Bakhtin 2003). Sjølv om Bakhtin knytte polyfoniomgrepet til romanen, har seinare tekstvitenskap synt at omgrepet kan vera produktivt når ein arbeider med ulike sakprosasjangrar.

I artikkelen «Word, Dialogue and Novel» vidareutviklar Kristeva omgrepet til Bakhtin ved å introdusera omgrepet intertekstualitet (Kristeva 1995). Intertekstualitet dreier fokuset frå å sjå etter (fragment av) ulike *røyster* i teksten til (fragment av) ulike *tekstar* i teksten. Tekstkvardagen me lever som skrivande i og hentar ressursar frå, eksisterer ikkje alltid i tekstane våre som klårt skilde røyster, men som bitar og mønster frå ulike stader som møtest, gjerne på konfliktfylt vis, i ordet eller teksten. Når nokon skriv under eit debattinnlegg i Ordskifte med Tøfflus, er det ein måte å aktivera interteksten på, ikkje ved at det er ei røyst frå Skomakergata som talar, men ved at Tøfflusfiguren og julekalendereepisodane me som lesarar har med oss vert aktiverte i høve til innlegget til Tøfflus – kan henda me vert meir positive til innlegget sidan me likte Tøfflus, eller kan henda me vert negative av di me tykkjer det er barnsleg å kalla seg noko frå barne-tv. Det å skriva under med Tøfflus, aktiverer ei bestemt gruppe tekstar frå ein bestemt kulturkontekst og får dei til å verka i lag med resten av innlegget.

I artikkelen skildrar Kristeva “den intertekstuelle prosessen” som eit skjeringspunkt eller vegkryss. Ordet vert sett som: «an *intersetion of textual surfaces* rather than a *point* (a fixed meaning), as a dialogue among several writings: that of the writer, the addressee (or the

character) and the contemporary or earlier cultural context.» (Kristeva 1995:36). Og «each word (text) is an intersection of word (texts) where at least one other word (text) can be read.» (Kristeva 1995:37) “Intersection” tyder både skjeringspunkt og vegkryss. Eit vegkryss er ein situasjon med konstant forhandling og konflikt mellom ulike interesser. Slik kan ein òg sjå det å handla som skrivande i skriftkulturen.

I arbeidet med tekstar av born kan ein slik tilnæringsmåte kan vera serleg fruktbar. Born og ungdom sine skriftlege aktivitetar er alltid, og kan henda i større grad enn vaksne sine, prega av konflikt mellom ulike røyster og tekstar. Dei vaksne – både som skriftlege førebilete og mot-førebilete – og som strenge (foreldre-, lærar- eller redaktør-) røyster finst alltid som ei verkande kraft i høve til ytringa. Ulike populærkulturelle tekstar retta mot ungdom eller born, talemåtar i veneflokken og liknande finst òg som intertekstuelle ressursar. Det er openbert at dette er eit konfliktfylt tekstlandskap å røra seg i – det mamma seier og det Britney Spears seier om korleis ein skal vera jente på 14 år er vanskeleg å få til å høyrast likt ut, men det eksisterer samstundes og vert forhandla om i kulturen og ordskiftetekstane. I høve til dette er Kristeva sitt omgrep “non-exclusive opposition” (Kristeva 1995:49) kan henda eit godt omgrep – sidan det antydgar at motsetningar kan eksistera i ordet/teksten samstundes utan å ekskludera einannan. I kva grad ordskiftetekstane maktar å romma slike ikkje-ekskluderande motsetningar vert eit moment i analysen.

#### **2.2.3.4 Sjanger og kommunikativt føremål**

I «Perspektiv på genre» skriv Per Ledin og Kjell Lars Berge at det er ingen tvil om at dagens sjangerforskning har ei pragmatisk innretting, der ein er oppteken av sjanger som eit dynamisk, sosialt fenomen og heller enn eit essensialistisk tekstinternt fenomen (Berge og Ledin 2001:14). Sjangerdefinisjonen i *Den flerstemmige sakprosaen* er òg dynamisk: «En sjanger er et normbestemt mønster for tekstlig atferd som tjener spesifikke kommunikative formål.» og «Sjanger forstås altså i denne boka ikke essensialistisk, men som et kulturskapt fenomen i uavlatelig endring.» (Tønnesson 2002:228)

Ei dynamisk sjangerforståinga høver godt for å seia noko om diskusjonsspalta i Norsk Barneblad. Ho skil seg frå den me lærer på skulen, som kan kallast meir statisk og essensialistisk, der ein legg vekt på å læra reglar og kjenneteikn. *Norskdiraktikk – tekstnær og elevnær undervisning* (Bjørkeng og Moslet 2004) illustrerer dels ei slik tilnærming, i det at hovuddelen i boka heiter «Norskopplæring i sjangerperspektiv» og er delt opp i underbolkane «Muntlig tekst», «Teatertekst», «Fortellende tekst», «Poetisk tekst», «Sakprega tekst» og «Skjermtekst», som mellom anna syner spor etter den klassiske inndelinga i tre sjangrar:

epikk, lyrikk og dramatik (Berge og Ledin 2001:5). Forfattarane av boka er både, som Inge Moslet, opptekne av at sjanger er eit sosialt fenomen (Bjørkeng og Moslet 2004:291-98), men òg opptekne av at lærarane skal hjelpa elevane ved å fortelja kva sjanger dei skal skriva i, som Anders Mehlum: «Hva slags sjanger eller hvilke sjangrer læreren forestilte seg da han ga oppgaven, er det umulig å si noe om. [...] Manglende sjangerkrav, manglende sjangerhjelp, manglende emnehjelp, samt et diffust bilde av tekstmottakere, kan ha ført ham [eleven] opp i sjangerproblemane.» (Bjørkeng og Moslet 2004:341). Det er ikkje merkeleg at andre sjangeroppfatningar dominerer i skulen enn i sjangerforskinga, sidan skulen fyrst og fremst driv med opplæring, og då er klare klassifiseringar og føredøme ofte nyttige.

Ei meir “skulsk” sjangeroppfatting ville kan henda gjeve ei anna forståing av spalta. Ordskifte/Vi diskuterer er ei lesarbrevspalte, sidan konseptet er at lesarar skriv inn brev med meiningar. Slik sett liknar Ordskifte/Vi diskuterer på ei vanleg lesarbrevspalte i ei avis, men sjølve lesarbrev liknar ikkje på dei du finn i avisa (jf. 3.4.10). Ein lesar med ei meir essensialistisk sjangeroppfatting ville då kan henda forstått innlegga slik at det er lesarbrev som ikkje meistarar lesarbrevsjangeren. Eg ser ikkje ei slik tilnærming som serleg fruktbar for å gripa det spesielle ved dette diskusjonsforumet.

Dersom ein heller legg til grunn at sjanger er eit mønster skrivaren tek i bruk for å oppnå eitt eller anna kommunikativt føremål, som til dømes kan vera å diskutera, å fortelja kven ein er, å uttrykkja meiningar, å få ein eller annan respons eller andre ting, er det lettare å finna andre forklaringar enn inkompetanse på skrivemåten. Kan hende tener ordskifteforma det kommunikative føremålet til ordskiftedeltakarane betre enn ei tradisjonell lesarbrevform, mellom anna av di idealet for lesar brevet er å avgrensa seg til å seia meininga si om eitt emne per brev (jf vedlegg 3), medan nesten alle innlegg i Ordskifte handlar om fleire emne. Det kan henda at norma om eitt emne i eitt lesarbrev rett og slett ikkje passar for ein diskusjon som handlar om fleire emne samstundes.

I analysen kjem eg til å sjå på normene som vert uttrykte i diskusjonsspalta, og gjennom det freista å koma fram til ei slags sjangerfesting. Men eg er òg interessert i korleis deltakarane oppfattar sjangeren, og korleis sjangeren vert oppretthalden, eventuelt endra.

### **2.2.3.5 Munnleg/skriftleg**

Tekstane i diskusjonsspalta er opplagt skriftlege, likevel har dei element som ofte vert kalla munnlege. Skiljet mellom munnlege og skriftlege tekstar vert teke opp både i *Tekst i tale og skrift* (Askeland m.fl. 2003) og *Språklig samhandling* (Svennevig 2001). I *Tekst i tale og skrift* vert hovudskiljet sagt å vera at talen er knytt til ein her-og-no-situasjon (Askeland m.fl.

2003:26), og difor kan vera meir spontan, sosial og uformell, medan skrift ikkje krev nærleik i tid og rom på same måten. Svennevig skriv at sam-talen er den mest grunnleggjande forma for menneskeleg kommunikasjon, og at her-og-no-situasjonen gjer samtalen meir dialogisk og dynamisk, medan dialogisiteten i skrifta ofte finst meir indirekte, innebygt i sjangeren.

Både Svennevig og Askeland m.fl problematiserer skiljet mellom munnleg og skriftleg. Askeland m.fl. nemner at nye medium har gjort grensene uklære, medan Svennevig hevdar at «i prinsippet gjelder den samme beskrivelsen [som for den munnlege samtalen] her, bortsett fra at tregheten i mediet gjør samhandlingen noe mindre åpenbar» (Svennevig 2001:14).

Sjølv om ordskiftetekstane har drag som kan kallast munnlege, er tekstane fysisk sett skriftlege, og dei er skrivne med intensjon om å koma på prent som skrift. Det kan henda at heller enn å kalla dette “munnleg skriftlegheit”, er det meir tenleg å sjå det som eit forum der deltakarane samhandlar og henvender seg på ein eksplisitt og kompleks måte *i skrift*, og at det syner det dialogiske potensialet i all språkbruk, skrift so vel som tale.

## 2.2.4 Samfunnsdeltaking

### 2.2.4.1 Strategisk og kommunikativ handling.

Habermas sine omgrep *å handla kommunikativt* og *å handla strategisk* er serleg interessante i høve til ordskiftetekstane av di dei er ein del av ein løpande dialog med andre på same nivå (med same nivå her meiner eg same alder og fellesskap i det å vera barn/ungdom). Tekstane er innlegg i eit avgrensa *språkbruksmiljø* (sjå 2.2.4.4). Tekstane representerer både ytring og tilsvar, og det finst ikkje noko område for tilsvar utanfor desse tekstane, altso er både ytring, tilsvar og nye tilsvar del av materialet. Det vil seia at eg har eit godt materiale å bruka Habermas sine kategoriar i høve til. Habermas skildrar det å handla kommunikativt slik: «Kommunikativt handlande definierar jag bl a genom att handlingskoordineringen måste uppfylla betingelsen av ett förbehållslöst kommunikativt uppnått samförstånd.» (Habermas 1990:338). Han bruker òg omgrepa «förståelsesorienterat handlande» og «resultatorienterat handlande» for kommunikativ og strategisk handling (Habermas 1990:339). Å handla kommunikativt vil då seia at talarane på eit vis samarbeider for å forstå einannan, og der verdien av å tala saman, å kommunisera, er viktig. Eitt teikn på det kommunikative aspektet ved å skriva til Ordskifte ser ein i 2004, då forumet fungerer slik at nesten alle som skriv inn får respons. Det er ein måte å syna anerkjenning til den andre i samtalen på. Eit anna drag som syner den kommunikativ handlinga, er at diskusjonane oftast ikkje munnar ut i krav om

ending av noko utanfor spalta, diskusjonen er eit mål i seg sjølv.

Vidare skriv Habermas om å handla strategisk:

I det strategiska handlandet tas (i allmänhet) inte språklig kommunikation [Verständigung] i anspråk som mekanism för handlingskoordinering. Här kan vi inte längre förklara koordineringen av olika handlingsplaner genom betingelserna för ett samförstånd som uppnås kommunikativt och utmynnar i det intersubjektiva erkännandet av kritiserbara giltighetsanspråk. I stället måste vi vända oss till betingelserna för den reciproka inverkan som ändamålsrationellt handlande motspelare, var och en inriktad på den egna framgången, försöker att utöva på varandra. (Habermas 1990:338)

Som døme på strategiske handlingar i Vi diskuterer/Ordskifte kan ein trekkja fram redaktørane sine formaningar om korleis borna bør skriva for å koma med, dei delane av borna sine innlegg som handlar om korleis Norsk Barnebald burde endra seg. Ein kan òg trekkja fram innlegg som oppmodar andre til å lata vera å skriva fleire innlegg. Alle desse tre handlingane er retta inn mot å få nokon andre til å handla på ein bestemt måte, og i mindre grad mot å oppnå forståing, og difor kan me kalla dei strategiske handlingar.

Eg oppfattar at det òg er ei slags etisk vurdering knytt til desse to handlemåtane – der den kommunikative handlemåten er eit kjenneteikn ved symmetrisk, likeverdig samtale, medan den strategiske handlemåten er assymmetrisk. Sidan likeverd og likt høve til å påverka er grunnverdiar i demokratiet, kan ein seia at den kommunikative handlemåten – symmetrisk, likeverdig samtale, er eit vilkår for demokratiet, eller eit demokratiserande element.

I *Arbetarna tar ordet* (Josephson 1996) vert omgrepsparet å handla kommunikativt og å handla strategisk brukt i diskusjonen av oppbygginga av den svenske arbeidarrørsla, der det å handla kommunikativt vert sagt å sermerkja dei lokale diskusjonsklubbane (Josephson 1996:111), medan den strategiske handlemåten pregar agitasjonen til sentralorganisasjonen. Etter kvart som dei lokale gruppene vert meir integrerte i sentralorganisasjonen, vert dei meir underlagde dei strategiske handlingane til dei som sit i leiinga, og det å organisera seg i arbeidarrørsla får eit anna innhald.

Omgrepa deltakar og tilskodar (Skjervheim 1996) fokuserer òg på dette skiljet, men frå eit noko anna utgangspunkt – ut frå interesse for einskildindividet sin fridom og den vonde opplevinga av å verta objektivert. Skjervheim skriv at når nokon kjem med ein påstand til oss, har me to val. Me kan velja å forhalda oss til påstanden, vera samde, usamde, gå inn i diskusjon om problemet – då er me deltakarar. Eller me kan tenkja «personen A seier dette av di han er sjuk/dum/utilrekneleg» Då forhold me oss ikkje til påstanden, men til personen som eit objekt. Det er å stilla seg utanfor, å objektivera, å vera ein tilskodar (Skjervheim 1996:71-72). Me ser at det Skjervheim kallar å vera deltakar, liknar det Habermas kallar å handla kommunikativt. Når det gjeld motsatsen, er ikkje sambandet like klårt, men å handla strategisk og å vera tilskodar har sams at ein handsamar andre personar som objekt.



I kulturvitskapen er det mogleg å finna denne todelinga att som todelinga mellom *massekultur* og *folkekultur* (Torstenson 1988; Eriksen 1988) Bruker ein omgrepa til Habermas og Skjervheim, kan ein seia at massekulturen er kjenneteikna ved at han objektiverer “kulturforbrukarane”, målet med massekulturen er sal eller oppslutnad, ikkje jambyrdig diskusjon, og difor er han kjenneteikna ved å handla strategisk. Folkekulturen er tradisjonelt kjenneteikna ved personleg overlevering, ved at dei som deltek er deltakarar i same prosjekt, og samarbeid om forståinga – folkekulturen kan seiast å ha meir preg av å vera kommunikativt orientert enn massekulturen. I dag er truleg diskursen i kulturvitskapen noko annleis enn i 1988, som referansane mine er henta frå. Likevel meiner eg det har mykje for seg å syna at denne todelinga som Habermas er mest kjend for, er verksam innan fleire fagfelt og frå ulike faglege og menneskelege vinklar. Det ser eg som eit signal om at omgrepa fangar noko ålment og vesentleg.

Det er interessant å sjå om det er mogleg å sjå endringar i dei kommunikative og strategiske handlemåtane i diskusjonsspalta, og i fordelinga mellom dei, i perioden eg undersøker.

#### **2.2.4.2 Oppriktigheit**

Habermas skriv at når ein handlar kommunikativt eller forståingsorientert er det sentrale kriteriet gyldigheit – det ein seier må vera gyldig ut frå tre kriterium:

- at utsegna er sann
- at den intenderte handlinga er riktig med omsyn til ein gjeldande normativ kontekst
- at talaren meiner det han seier

I samband med Ordskifte og Vi diskuterer ser eg oppriktigheitskriteriet – det at talaren meiner det han seier – som det mest interessante. Dette kriteriet vert både utfordra og slått fast i forumet fleire gonger gjennom perioen – det ser eg som teikn på at det står sentralt, og er noko å ta utgangspunkt i når eg freistar slå fast normene som gjeld i forumet på ulike tidspunkt.

Når nokon skriv ikkje-oppriktige innlegg, er det mogleg å sjå på dei i høve til sanningskriteriet for gyldigheit, sidan det openbert ikkje er heilt sant når nokon skriv «Me har vore kjærastar og klint med alle dei kulaste gutane frå femte til niande klasse» (Ordskifte 1996:23). Likevel ser eg heller utsegna som eit spel med oppriktigheitskriteriet enn sanningskriteriet, av di eg oppfattar det å skriva slike innlegg ikkje primært som å seia noko usant om verda, men som å framstå som ein annan og undersøka i eit sosialt forum om det er truverdig. Handlinga gjeld fyrst og fremst ethos, talarens truverde, og i mindre grad logos –

“beviskrafta til talen” (Aristoteles 2006:27-28). Eg oppfattar det subjektive sannferdigheitskriteriet til Habermas som noko som fyrst og fremst gjeld talarens ethos, medan sanningskriteriet i større grad gjeld logos.

### 2.2.4.3 Identitet og identitetskonstruksjon

Både gjennom innlegga og underskriftene seier skribentane i Vi diskuterer og Ordskifte noko om kven dei *er* og kven dei *vil vera* – dei gjev til kjenne og konstruerer identitet.

I kapitlet «Språk og identitet» i *Språkmøte – innføring i sosiolingvistik* (Mæhlum 2003) gjev Brit Mæhlum ei god innføring i identitetsomgrepet. Ho skildrar motsetninga mellom ei essensialistisk identitetsoppfatting og ei konstruktivistisk.

Essensialistisk:

- Identiteten er en permanent, evig og uforanderlig størrelse, immun mot ytre påvirkning og sosiale impulser
- Identitet er en helhetlig og kongruent størrelse, et sentralt og samlende fokuseringspunkt – en *kjerne*
- Identitet er noe gitt, en medfødt størrelse – noe som bare *er* der
- Identitet er noe indre, genuint og opprinnelig, den jeg “egentlig” *er* – dypest sett
- Identitet er en naturlig gitt størrelse

Konstruktivistisk

- Identitet er noe som kan forandres over tid, noe variabelt, omskiftelig og dynamisk
- Identitet er noe mangfoldig, heterogent og sammensatt – en størrelse uten *kjerne*
- Identitet er noe som dannes eller konstrueres, eller noe en tilegner seg
- Identitet er det jeg gjør, slik jeg framstår gjennom atferd, livsstil, utseende
- Identitet er en kulturell gitt størrelse

(Mæhlum 2003:107)

Mæhlum understrekar at hennar posisjon er at identitet er både – og, ein syntese av desse to oppfattingane (Mæhlum 2003:108). Eg er samd i at identitet både er noko ein er dømd til å vera av omgjevnadene, og noko ein har høve til å skapa sjølv. Når det gjeld korleis skribentane i diskusjonsspalta identifiserer seg, er det interessant i kva grad dei nyttar gjevne kategoriar som namn og kjønn, og i kva grad dei nyttar valde kategoriar som interesser og meiningar – eller i det eg har kalla dikta identitet – ved å ta eit anna namn enn sitt eige eller kalla seg noko anna enn det ein er. Det siste kan ein kalla ein meir ytterleggående variant av å konstruera eigen identitet enn å underskriva med til dømes “Dyrevenn”, som ein kan sjå på som meir valt enn konstruert.

#### 2.2.4.4 Ålmente og språkbruksmiljø

I oppgåva kjem eg til å omtala diskusjonsspalta i Norsk Barneblad både som ålmente (offentlegheit) og som språkbruksmiljø. Det krev kan hende ei avklaring.

Idar Stegane skriv i *Det nynorske skriftlivet*:

Etter kvart som nynorskinteressene dertil organiserer seg, dannar eit "rom" eller "sfære" for samhandling og kommunikasjon, synest det meningsfullt og forsvarleg å prøve å gripe totaliteten i den nynorske kulturaktiviteten med omgrepet "den nynorske litterære offentlegheit" (Stegane 1987:17).

Habermas skriv at ordet ålmente har mange tydingar (Habermas 1997:1), og «mange ganger framstår den ganske enkelt som den offentlige menings sfære, som nettopp står i motsetning til den offentlige myndighet», og vidare: «Subjektet for denne offentligheten er publikum som bærer av den offentlige mening» (Habermas 1997:2). Dette kan framstå som sjølvsgagt, men er ikkje historisk sjølvsgagt: «Eit slikt resonnerande og diskuterande publikum er noko nytt i historia og ei fylgje av overgangen til eit borgarleg kapitalistisk samfunn på 1700-talet» (Stegane 1987:12) og når etter kvart større grupper vert dregne med i, eller dannar eigne ålmenter, slik som den nynorske, er det òg nytt i historia. Difor er det interessant å finna ut kva som kjenneteiknar aktiviteten i den nynorske ålmenta. "Den offentlege samtalen" mellom lesarane i Norsk Barneblad over tid er eit sentralt og kontinuerleg rom i den nynorske ålmenta, og kan difor vera interessant å granska ikkje berre for å finna ut kva som kjenneteiknar lesartekstane i Norsk Barneblad, men for å finna ut noko om den nynorske ålmenta i det heile.

Ut frå måten Habermas og Stegane skildrar ålmenteomgrepet på, kan "Den offentlege samtalen" i Norsk Barneblad både sjåast på som ein del av den nynorske ålmenta, og delvis som ei eiga ålmente.

##### 2.2.4.4.1 Språkbruksmiljø

Ordskifte/Vi diskuterer kan òg kallast eit språkbruksmiljø. Olle Josepson skildrar det slik:

En språkbruksmiljö, eller om man så vill en kommunikationsmiljö, kan definieras som en uppsättning språksituationer – i tal eller skrift – som delas av en grupp människor som har ett gemensamt retorisk mål av något slag, och som interagerar med varandra. (Josepson 1996:35)

Diskusjonsspalta i Norsk Barneblad frå 1970 til i dag kan ganske klart kallast eit språkbruksmiljø: det er nokre språksituasjonar (å skriva innlegg i Ordskifte, å lesa Ordskifte annakvar veke eller kvar månad) – i skrift – som vert delte av i alle fall ein del av lesarane av Norsk Barneblad som har som felles mål å diskutera ulike emne (og ulike mål innanfor det att: som å provosera, vera morosam, kommentera, få bifall osv), og diskusjonen i spaltene utgjør ein aktiv interaksjon eller samhandling, ved at innlegga refererer til og kommenterer

einannan.

#### 2.2.4.4.2 *Ålmente i høve til språkbruksmiljø*

Omgrepa ålmente og språkbruksmiljø kan vera delvis overlappande på den måten at det er mogleg å bruka dei om same mengd menneske i same situasjon/miljø, men omgrepa har ulike fokus. Ålmente har fokus på den offentlege meiningsdanninga og det offentlege rommet, og på deltakarane som berarar og danar av den offentlege meininga, medan språkbruksmiljø har fokus på samhandling i eit sett språksituasjonar, og korleis aktørane i miljøet bruker språket til å samhandla.

Når det gjeld barneytringane og diskusjonspalta i Norsk Barneblad, meiner eg båe perspektiva kan vera nyttige. Ålmenteperspektivet er nyttig av di aktørane uttrykkjer eit medvit om at dei handlar i eit offentleg rom, til dømes ved at dei bruker ord og helsingar som syner at dei vender seg til alle barnebladlesarar, som «Hallo folkens!» (Ordskite 1995:22) og eg har inntrykk av at det dels føregår ein imitasjon av andre, større ålmenter. Josephson hevdar at imitasjon er eit problematisk omgrep, av di det er akkomodasjon av nødvendige grep som føregår (Josephson 1996:20). Eg meiner likevel at ein del av det born gjer når dei skriv i sjangrar med vaksne førebilete er medviten herming, og at det kan ein kalla imitasjon, men at det kan sjåast som ei form for akkomodasjon. Språkbruksmiljøperspektivet er nyttig av di i alle fall dei aktive skribentane i diskusjonsspalta er ei gruppe som har eit felles retorisk mål og samhandlar i eit sett språksituasjonar. Eg vil bruka båe perspektiva og omgrepa gjennom oppgåva.

#### 2.2.4.5 **Demokrati og demokratisering**

Sluttrapporten frå Makt og demokratiutreiinga (Østerud m.fl. 2003:13) skildrar demokrati slik:

Demokrati bygger ikke bare på makt gjennom folkevalgte organer. Det bygger også på rettigheter og rettsgarantier for individer og grupper, på ulike former for politisk deltakelse utenom valg, og påvirkningsmuligheter vi har som brukere, forbrukere og aktive i pressgrupper. Disse formene for tilleggsdemokrati supplerer folkestyret som formelt beslutningssystem, men de kan ikke erstatte det.

Demokrati blir tolket på ulike måter;

1. som en statsform med folkestyre,
2. som rettigheter og rettsstat,
3. som aktiv deltakelse,
4. som et felles verdigrunnlag som står over de politiske konfliktene.

Når eg bruker omgrepa demokrati og demokratisering i denne oppgåva, kjem eg fyrst og fremst til å bruka det i den tredje tydinga: aktiv deltaking frå folket. Historisk er det ein samanheng mellom aktiv deltaking og statsform med folkestyre som i punkt 1. Dei vanlegaste

døma å trekkja fram her er kvinner og eigedomslause sin kamp for røysterett og politisk representasjon. Makt og demokratiuttreinga skriv: «Det er positive sammenhenger mellom disse fire tolkningene av demokrati. [...] folkestyrets kvalitet øker med bred og aktiv deltakelse i befolkningen [...]» (Østerud m.fl. 2003:14)

Det tykkjast å vera ei tilnærming til demokrati og demokratisering som i punkt 3 som ligg til grunn for (Josephson 1996), (Melve 2001) og (Melve 2004), og deira samanknytning av det å ta i bruk og gjera skriftkulturen til sin eigen og det å ta makt.

#### 2.2.4.6 Skriftkultur og nynorsk skriftkultur

For å finna ut i kva grad den spesielle skrivemåten i Ordskifte har med serdrag i den nynorske skriftkulturen å gjera, er det viktig å få grep om omgrepet *skriftkultur* og *nynorsk skriftkultur*. Den enklaste definisjonen av *skriftkultur* er «det norske ordet for det engelske fagordet ‘literacy’» (Berge 2004:5).

Leidulf Melve skildrar skriftkultur som eit tredelt omgrep, som omfattar mentalitet, aktørar og institusjonar (Melve 2001:13). Han skriv at omgrepet omfattar

visse idealtypiske trekk som ofte blir sette i samband med eit skriftleg verdsbilete: Kritisk tenking, abstraksjon og logiske slutningar, individualisme og kapitalistisk rasjonalitet vil på eit mentalitetshistorisk nivå tene som trekk som kan gjere jamføring over lange tidsspenn enklare. Skriftkultur omfattar også dei historiske aktørane, det vil seie dei sosiale gruppene som på eit gitt tidspunkt kunne lese og skrive. Vidare omfattar omgrepet ein del institusjonar som gjerne blir rekna som fylgjer av det skrivne ordet [...] byråkrati og administrasjon, rekneskap og pengevesen og nasjonalstaten (Melve 2001:13).

Eg tek ikkje stilling i debatten om kva slags mentale eigenskapar og operasjonar som fylgjer med eit skriftleg verdsbilete (jf. ordskiftet om tale- og skriftkultur i (Melve 2001), men bruker skildringa til Melve av di ho er grundig og klårgjerande. Eitt tillegg kan vera at sjølv om denne definisjonen skildrar generelle drag ved eit skrifkulturelt samfunn, er undersøkingane ein gjer når ein undersøker og skildrar skriftkultur, undersøkingar av ulike skriftkultur-*ar*, heller enn “sjølv Skriftkultur-*en*”.

##### 2.2.4.6.1 Nynorsk skriftkultur

Leidulf Melve ser oppkomsten av ein nynorsk skriftkultur i samanheng med tidlegare hendingar i Europa og Noreg der skrift vert brukt som protest eller opposisjonsreiskap. Han skildrar den nynorske skriftkulturen som

I stor mon ei opposisjonsrørsle som drog nytte av den skrivne kommunikasjonsforma som utgangspunkt for sementering av ein nynorsk identitet, så vel som ein kommunikasjonsbasis som gjorde denne kultuuren betre kjend. (Melve 2001:15)

Han meiner dette er eit meir fruktbart utgangspunkt for å skjona den nynorske skriftkulturen enn det han kallar

den meir vanlege tilnærminga til ein historisk gjeven skriftkultur, nemleg å ta utgangspunkt i korleis staten disiplinerte bruken av skriftkulturen, eller korleis framstående sosiale grupper tileignar seg den nye teknologien i kunnskapsmessig samanheng (Melve 2001:15)

Historia til nynorsken gjer at det verkar som ei rimeleg tilnærming, sidan språket aldri har vore dominerande korkje i den norske ålmenta eller i staten. Eit serpreg ved nynorsken, er òg etablering av alternative institusjonar som har stått i ein viss opposisjon til dei dominerande, som forlag, tidsskrift og aviser, som skildra i *Det nynorske skriftlivet* (Stegane 1987).

Melve skriv vidare:

Den ‘folkelege’ skriftkulturen i Noreg kom relativt seint i gang, men når bønder i moderne tid adopterte den skriftlege teknologien, vart han nytta som opposisjonsverktøy i sterkare grad enn hjå kontinentale standsbrø. [...] Frå eit slikt perspektiv kan ein forstå danninga av ein nynorsk skriftkultur som eit resultat av ein ‘folkeleg’ opposisjon som gjennom ein eigen skriftkultur hadde ein lang tradisjon i Noreg. (Melve 2004:39).


Men nynorsken oppstod òg innan ei ny “ålmentefigurasjon”, då Noreg på 1800-talet byrja få ei borgarleg ålmente – som gjorde det mogleg med offentleg ordskifte om meiningar:

Det skriftkulturelle uttrykket vart omforma i møtet med eit meir ope offentleg rammeverk, og verka i neste omgang stimulerande på identitetsdanning. Men det opposisjonelle med bakgrunn i bondekulturen svann aldri heilt og hindra nynorskulturen i å bli assimilert som ein del av ei universell ålmente (Melve 2004:40-41).

Eg kjem til å diskutera i kva grad den spesielle diskursen i spalta er knytt til ideologi og praksis i den nynorske skriftkulturen – om Ordskifte er noko anna sidan det har røter i nett denne spesielle, dels opposisjonelle, skriftkulturen, eller om “det nynorske barnet” no er assimilert inn i den dominerande barnekulturen, slik at det einaste alternative ved ordskiftet er sjølve bruken av nynorsk. I denne diskusjonen kjem eg til å leggja til grunn skildringane til Melve og Stegane av nynorsk skriftkultur. I tillegg vil eg supplera med aktuell statisikk og annan nyare empiri frå skrifter som *Nynorsk faktabok 2005* (Grepstad 2005).

### 2.2.4.7 Samband mellom ulike omgrep for samfunnsdeltaking

Figur 2: Ordsките som ålmente og språkbruksmiljø



Som teikninga syner, ser eg skribentane og redaktøren i Ordsките og Vi diskuterer som aktørar i skriftkulturen, den norske og dels den nynorske. Strekaner mellom personane representerer strategiske og kommunikative handlingar. Det nynorske er teikna grått av di eg oppfattar at det står veikare både som identitetsressurs og rom å ytra seg i enn det generelle norske. (Eg har ikkje teke med den internasjonale massemediale ungdomskulturen i teikninga, sjølv om han absolutt er til stades som identitetsressurs). Nynorsk vert sjeldan nemnt, ein tredel av innlegga er på bokmål, og det vert oftare referert til fenomenet i den fellesnorske skriftkulturen/ålmenta enn den nynorske – som aviser og fjernsynsprogram. Likevel eksisterer Norsk Barneblad som ein del av ein nynorsk skriftkultur, og det vert til ein viss grad tematisert av redaktøren og skribentane. Det er mogleg at medvitning om å vera deltakarar i ein nynorsk skriftkultur er vorte veikare på dei 30 åra eg studerer.

Ordsките, både som (semi-)ålmente og som språkbruksmiljø representerer eit prøverom i desse skriftkulturane, som skribentane handlar kommunikativt og strategisk innanfor, og bruker som arena for identitetskonstruksjon. Sjølv om Ordsките og Norsk Barneblad eksisterer innanfor ein norsk og ein nynorsk skriftkultur, ser me av teikninga at ei kommunikativ eller strategisk handling i Ordsките ikkje er ei handling retta mot ei nynorsk eller norsk ålmente – sidan forumet fyrst og fremst når lesarane av Norsk Barneblad. Det som står i Norsk Barneblad vert ikkje plukka opp av stor-ålmenta (slik ein artikkel i Syn og Segn

kan verta referert og kommentert i Klassekampen og sidan i Dagbladet), so Ordskifte representerer eit relativt isolert språkbruksmiljø og (semi)ålmente. Difor er det mogleg å seia at ei strategisk eller kommunikativ handling i Ordskifte er ei handling i den norske og nynorske skriftkulturen, men i liten grad i den norske og/eller nynorske ålmenta.

Slik kan altså desse omgrepa brukast til å få grep om korleis ordskiftedeltaking fungerer som samfunnsdeltaking.

## **2.3 Metode**

### **2.3.1 Eigne føresetnader**

Eg har bakgrunn frå målrørsla og som Norsk Barneblad-lesar. Dette gjer at eg har mykje kunnskap om den nynorske konteksten, og er kjend med det å ha ein kulturell periferi-posisjon. Samstundes kan denne bakgrunnen gjera at eg er meir interessert i funn som stadfestar det positive synet mitt på nynorsk-kulturen enn funn som gjer det motsette. Dette er det vanskeleg å heilgardera seg mot, men eg trur det er viktig å vera open om sine egne posisjonar og ha gjennomsiktlige analysar som andre kan gjera etter.

### **2.3.2 Materiale**

Eg kjem til å undersøka Ordskifte i heile 2004-årgangen av Norsk Barneblad (26 sider) og Vi diskuterer i 1974-årgangen (29, 5 sider). Eg kjem òg til å undersøka Vi diskuterer og Ordskifte i åra mellom 1974 og 2004, men der har eg ikkje same høve til å vera grundig, då desse 30 åra med diskusjonsspalte inneheld over 6000 innlegg. I tillegg kjem eg til å lesa gjennom resten av bladet og nytta det som ein ressurs i analysane.

### **2.3.3 Kva ser eg på som ein tekst?**

Eg bruker dels eit blick der eg ser diskusjonsspalta over fleire sider og nummer som ein tekst. Eg vel å avgrensa slik at ein årgang er ein tekst. Grunnen til det er at ulike innlegg syner til og kommenterer einannan i ein slik grad at det minner om ein munnleg samtale. Eitt innlegg vert ikkje meiningsfullt å lesa for seg sjølv – det vert meiningsfullt fyrst i samheng med dei andre innlegga. Difor vel eg å sjå Ordskifte i Norsk Barneblad 2004 og som ein fleirstemmig, løpande tekst – ein kan kalla det ein skriftleg samtale.

### **2.3.4 Bakover i tid**

Eg vil analysera Ordskifte frå 2004 før eg analyserer Vi diskuterer frå 1974. Grunnen til at eg vil gjera det slik, er at 2004-tekstane er nærast meg sjølv i tid. Eg har lese Norsk Barneblad



med ujamne mellomrom heilt fram til no, og kjem difor kor som er til å sjå tidlegare tekstar med utgangspunkt i Ordsките-tekstane frå i dag. Difor vel eg å byrja der eg står sjølv, og heller arbeida meg nærare det eg ikkje kjenner til herfrå. Då kan eg dessutan fyrst korrigera mitt eige blikk ved å gjera ein grundig analyse av notida før eg går laus på fortida. Det er viktig å hugsa på at kulturkonteksten på mange måtar er ein annan i 1974.

### **2.3.5 Korleis føregår analysen?**

Eg bruker fleire ulike grep for å koma fram til resultatane. Den enklaste måten å seia kva eg gjer på er at eg fylgjer denne oppskrifta:

1. Teljing
2. Detaljanalyse av eit lite tekstutval
3. Analyse/Tolking

For å koma fram til norma Gje respons (3.4.8) talde eg fyrst ved å laga eit kart som synte alle direkte referansar til andre skribentar og telja kor mange som refererte, kor mange som vart refererte, kor mange referansar det var vanleg å få osv. So leitte eg etter referansar og andre tematiseringar av å vera inkluderande og sosial i ulike innlegg, og formulerte ei norm for denne praksisen.

Nokre element er vanskelegare å telja enn andre – som kor mange innlegg i løpet av eit år som argumenterer. Her har eg talt talet på emne og henvendingar per innlegg, og funne ut at innlegg med stor emnetettleik og mange henvendingar har liten plass til argumentasjon, i tillegg til at eg har talt argumentasjonsbolkar i nokre nummer. For å finna ut kva slags aktivitetar som dominerer i innlegga, har eg detaljansjert tre innlegg frå 1974 og tre frå 2004 og delt dei opp i trekk. Det er Roulet sitt omgrep, men eg har brukt det med Bakhtin si forståing om dialog som grunnleggjande ved all tale i botn. Dei delene som ikkje var strukturerte som dialogtrekk, men som argumentasjon, analyserte eg i eit eige skjema, og basert på Roulet sitt omgrep trekk.

På nivå 3 – analyse/tolking, der eg artikulere normene, gjer eg i større grad enn på nivå 1 og 2 bruk av dei teoretiske omgrepa frå bolkane tekstnorm og tekstnormendring, skrivekompetanse og samfunnsdeltaking, og eg legg meir vekt på å sjå teksten i samband med ulike kontekstuelle faktorar. Eg kjem til å seia korleis eg går fram under arbeidet med å koma fram til dei ulike normene, slik at det skal vera greitt å fylgja analyseprosessen.

## 3 Analyse av Ordskifte 2004

### 3.1 Innleiing

I dette kapitlet vil eg analysera debattspalta Ordskifte gjennom heile året 2004. Eg er på jakt etter korleis ungane skriv og kvifor dei skriv slik. Eg kjem både til å analysera oppbygginga av einskildinnlegg, telja førekomstar av fenomen i større tekstmengder og analysera den tekstlege samhandlinga mellom deltakarane i forumet. Eit grep eg nyttar for å skjønna tekstane og språkbruksmiljøet, er å formulera ein katalog over kva normer som regulerer den skriftlege aktiviteten. Eg ser på det å sjå ordskiftetekstane i samheng med den omgjevande teksten i Norsk Barneblad – koteksten – og den omgjevande teksten i verda – konteksten – som naudsynt for ei forståande lesing. Tekstnormene eg har formulert for Ordskifte kjem òg til å vera til nytte når det gjeld å sjå samband og samspel mellom desse tekstane og andre tekstar i kulturen, som i større og mindre grad fungerer som mønster og tekstlager, eller klesstativ i butikken, der ein kan plukka med seg plagg og ta med inn for å prøva i prøverommet Ordskifte.

#### 3.1.1 Om Norsk Barneblad i 2004

I januar 2004 hadde Norsk Barneblad 3688 tingarar (sjå vedlegg 1), og det kom ut 13 nummer, utanom joleheftet Juletre. Margunn Sundjord var fungerande redaktør i nr 1 og 2, og Nana Rise var redaktør resten av året.

Bladet er i fargar, og har frå 20 til 32 sider. På framsida er det eitt stort bilete og tre små, og bileta er oftast av gutar og jenter i målgruppa til bladet, dyr eller artistar. Bileta av born signaliserer at dette er eit blad for born, ved at det oppmuntrar ungar som les til å identifisera seg med borna på biletet. Likevel kan det henda at bileta av vanlege ungar som driv med sunne aktivitetar som stjernekinging, riding og snøbrettkøyring talar mest til dei vaksne som betaler bladet. Glade ungar som ser i stjernekingert tek meir utgangspunkt i draumane til vaksne om den gode barndomen enn draumane born har. Draumbileta born i 8–15-årsalderen identifiserer seg med ofte handlar meir om kva dei *vil verta* enn kva dei *er*, slik sosiologen Ivar Frønes syner ved å kalla born speidarar mot framtida (Frønes 1998:11).

Bladet opnar med leiarteig på side 2 og ymse faktastoff på resten av oppslaget, ein del frå National Geographics. Etterpå kjem to eller fire sider med teikneserien Annika og to sider med Ordskifte. Denne inndelinga er ikkje heilt fast, men dei fleste blada i 2004 fylgjer mønsteret. Etterpå er det ulikt stoff: Artistportrett, reportasjar om ungdom som driv med ymse

fritidsaktivitetar, bokstoff, forfattarpraten, reportasjar om dyr, teikneserien Hanna, hobbystoff (mest for jenter: sy- og strikkeoppskrifter. Noko matlaging), bokmeldingar som born har skrive, «Vi sjølve skriv» (innsende skjønnlitterære tekstar) med meir. Det siste oppslaget inni bladet er ei typisk sisteside med vitsar, kryssord, «Skriv til meg» og liknande, og kolofon. Bladet avsluttar med teikneserien Smørbukk på baksida. Alle sidene er illustrerte, og ingen tekstar utanom unntaksvis teikneserien Annika går over meir enn to sider. Skjønnlitterære forteljingar av profesjonelle forfattarar og framhaldsforteljingar har vore ein vanleg stofftype i Norsk Barneblad tidlegare, men dette er det lite av i 2004.

Eg, som er ganske mykje eldre enn målgruppa, les dette som at bladet er meint å vera ei blanding av stoff som skal interessera 8–15-åringar, og der det er lagt vekt på at det skal vera lett å lesa og ikkje for mykje tekst. Det oppsedande preget som truleg var meir framtrudande før, er heller ikkje borte. Ein får inntrykk av at ungane som vert intervjuar er ungar som kan vera ”gode førebilete”. Det er ikkje intervjuar nokon som skulkar skulen, er opptekne av sminke og moteklede eller er mot innvandring. Born og unge som vert intervjuar og presentert i fakta- og fiksjonsstoffet samsvarer godt med det som vert kalla ”Verdiungdom” i ungdomsundersøkinga som er skildra i *Ungdom i endring*:

Vi konstruerer en ungdomsgruppe etter hvor stor sympati de har for følgende typer: ungdom som kjemper mot rasisme, skolestrebere, ungdom som aldri drikker alkohol, ungdom som investerer i aksjer, kristne ungdommer, miljøvernaktivister, innvandrerungdom, militærnekttere, kvinnesaksjenter og homofile ungdommer. [...] Likevel handler det langt på veg om ungdom som tar standpunkt på verdigrunnlag med solide røtter i det voksne samfunnet. De befinner seg i en kombinasjon av det politisk korrekte, mellom tradisjonelt kristne verdier og tradisjonelt radikale verdier. (Heggen og Øia 2005:115)

I tillegg inneheld bladet formanande tekstar om emne som mobil-mobbing, å øydeleggja høyreevna på grunn av konsertar og musikkanlegg, sunn mat, ha lue og vottar på og liknande.

Det kan sjå ut til at bladet vender seg mest til, og appellerer mest til, jenter. Det er kvinnelege redaktørar, dei to faste teikneseriane har jentenamn og handlar om jenter, hobbyssidene handlar mest om ting som flest jenter interesserer seg for, og det er jenter som deltek mest i dei faste spaltene for lesarmedverknad, som Ordskifte og Vi sjølve skriv. Noko som kan modifisera inntrykket, er at redaktøren opplyser at innsende teikneseriar ofte er laga av gutar (jf. Vedlegg 1). Dette er altso koteksten kring Ordskifte i 2004.

# 3.2 Kort presentasjon av Ordskifte 2004

Figur 3: Ordskifte-sidene frå NB 13/14-2004



**Pigsvinet er tilbake!**  
Her er eg igjen med sterke meningar som vanleg. Til Heksa i NB 6/7, dyr bryr seg faktisk om 'suesen' på ei pappi. Guri Malla (katten min) blei trist og såra di du skriv dette. Slat i tenke å egostikk. Dyr har følelser, det også. Homofili bør få adpøtere. Her kjem eit framlegg på kva du kan kalle pøppa og pøppa. Men med framlegg 9 la sitt innlegg var ikkje tragisk. Han er interessert i fotball, og det skriv han om. Er det ulovleg? Dossam vil vi ha flere gater her i ordskifte. Gøtt og Hei Tuffus, kult namn. Eg er heilt sanna i alt du skriv. Eg har også lyst til å skrive av Margann. Ho var kjempeflink. Til den eine låva med god smak (god smak). Aragon er stygg og gammal.

Tullerud 8/9, musikk i 7 med hjerte på rette staden? Er bra. Her er tittel på tre LP'er som The Beatles gav ut (spesial utgåve mamma). Sp: Pepper's Lonely Hearts Club Band, Help og Yellow Submarine. Stripete kompromper og sokkar rular. Må innrenne at eg var litt bekymra i starten av innlegget ditt, men det var jo berre berre og betre. Det du skriv om homofili og religionar, er bra. Ikke det at eg er imot religionar, men det er jo religionar trus som har starta dei fleste krigar. Nokon som har lese boka i det siste? Ringenes her, Måns Gundersen og Det Gud gæter ber lesar. Kjere "Ugle B". The Tribe er kjempebra. Men eg synest synd på Michael Jackson. Gjørindell, dette har eg sagt før, men trur du ikkje at dyt har følelser og meningar? Berre fordi dei er analfabeter, betyr det ikkje at dei er idiotar. Foretten kan eg lese høgt for Guri Malla, katten min, og ho kan diktare boka mine. Alle skal få lov til å ha sine meningar. Når du skriv at elendige innlegg skal vere utvalgte frå ordskifte, kva slags innlegg er det? Innlegg ande ikkje er einige? Eg er i alle fall ikkje einig med deg. Til be bade!

**Følg med her!**  
Det berre innlegget mitt var kanskje litt kort og kjedelig, men no skal dei bli andre bollar! Høhehehe! Eg har bestemt meg for å engasjere meg litt mer. Dokusonen er stilig. Hei! Einig med The New Miss. Ringenes berre rular! Filmen "After en konge" er kjempebra! Eg synest ikkje at dei som ikkje har lese bokene, kan kalle seg for skillegde RH-fans, men det er ingen grunn til å overdreive heller. Då det var

forehønds billett på Colosseum Kino i Oslo, "miste" fansen ligg rett utanfor og ta opp plassan til SFO. Ey søren. Vel, nok om RH (sjølv om det er eit emne som ikkje kan diskutert opp). Eg er lei av å lese om stil og smykke. Det er liksom eit oppbrukt tema. Bli der aldri lei! Eg likar dei klede som er moderne no, men eg kan vel seie at eg har funne min eigen stil. Når det gjeld smykke, er det grunn for dei som likar å gå med det. Einig i mykje. O-trullet, utanom at fotball er faktisk å bli halven inn i målet i motstandaren. Eg tenkte det kunne vere morosamt med nokre gode diskusjonar i NB, men nesten alle emna er brukte opp. Best vi alle set oss i terebokken heime og kjem med nokre ussande innlegg. Til deg som har eit brillehus fullt med rauda fjær, nydelig innlegg, keep on! Sylan og masar så fullt på gode innlegg med gode (ogne) meningar. Er eg prøve å starte ein diskusjon sjølv. Ok. Homofiler (som det står i Afterposten). Til alle homofiler (eg seier ikkje at de som les NB er homofiler, men berre så av dei vel del). Forestell dykk at de skulle forelske dykk i nokon av same kjønn. Like unaturleg er det for homofili å forelske seg i nokon av det motsette kjønn. Det er ikkje som ein dårlig vane ein kan venst seg av med. Skal dei liksom ikkje ha barn fordi dei likar sitt eige kjønn? (Eg trur dei blir like gode foreldre - det emnet er om barnet blir era). Dette får vere nok for denne god. Håpar på god knikke!

**Hei!**  
Til Nana, heven var det som fleste startar med Norsk Barneblad! Ris til den smarte ande, hva så om de vil skrive om Ringenes herre? Hei eng med The little Angel! Bra det du skre om RH. Når får vi nye debatar her? Gulosten, hona og eggert er gamle. Ringenes herre og Harry Potter er de beste bokene som er skrevet. Jeg bare elsker å lese. Jeg syns The Tribe er artig, noen som er enige? Bare hør. Men nå må jeg gå. Håper på ris og ros.

**Hei, hei!**  
Eg vil berre seie at dette er første gang eg skriv til ordskifte. Eg er ein gutt på 14 år som går i 8. klasse. Eg skal ikkje gå ros eller ris til nokon direkte her i ordskifte, men vil gjerne si alle som er snar og ord som gay, homo og homse som skjelleord. Dette gjeld mange folk. Eg synest det er heilt berre katta å snakke nokone seksuelle leping som skjelleord. Tenk om dei homofile brukte ord for herreløse som skjelleord. Hadde du lite det? Nei, tenke meg nesten det. Dessutan er det mange som blir kalla homse, gay og homo utan å vere det, berre fordi dei liksom er ordsettande. Kva syns du om dette? Skriv inn til ordskifte eller direkte til meg på mc2you@hotmail.com

**Smil til verdal!**  
No er eg her igjen! Det var velinga stor overrasking. NB er berre bra. Så og rosar barneblad masse, men kan de skrive mer om fotball? Simons er framleis best. Og Nana, det er heilt topp at du svarar på så mange spørsmål. RH rular framleis. Det same gjer Pirates of The Caribbean, Johnny Depp og Viggo Mortensen er dritkjekke. Eg kan ta med Orlando Bloom også. Det to svarte ryttarane og den eine låva med god smak er kjempebra. Eg kan vere einig i "Totte"-sønnen til Britten er god. Men han skal ikkje bli immortel med Ewanescence. Sims er et bra spel. Spesiel på PC'en.

Og du... Odo er ein "nose"-by der ein sym i eggskjølver. Åsj, ja. Håper på ris og ros.

**Sjallabaisen!**  
Vær du kva, eller? No kan ein faktisk dyrke fram nye tenner. Kanskje eg skal få meg tenner i snomplommen min. Om eg får ein hard bås, så kan stømpen trykke han mjuk, og så har eg eit problem mindre! Til "The war man", du seier du ikkje skjonar visen i å krangle og g-tringe. Men det gjer eg. Krangle er behagelig. Fint og akkurat bra det om du har string-utane og push-up-bå på stranden, for så ser jo alle kva du har på deg. MK&AO rular. Låna Stey by stytt er bare best. Eg og nokre veninner har laga ein klubb som heiter Stey by step. Det er Michael Jackson som har laga låten, er det ikkje Råd til Padda, gå bort til gutten du er forelska i, og berre kys han. Det hjelper, trur meg. Lærarar er fine å ha, så vil eg si lærer. Det var dumt at Rødd gikk ut av skil. Han var best. Eg er forelska i læreren min som er 28 år. Eg trur han vel er likan han, for same år i klassen så det til han. Kva skal og

gjerne? Vel, læreren min har ein kjærest, og dei hjulpluse forelskings må gå sikkert snart over. Fotball er noko berkt. Det hadde vore gøy å spele i miniskjort og topp, så mungen syntest litt. Ja, om det var utvalnaden som var viktig i fotball, så hadde eg ord som gay, homo og homse som skjelleord. Dette gjeld mange folk. Eg synest det er heilt berre katta å snakke nokone seksuelle leping som skjelleord. Tenk om dei homofile brukte ord for herreløse som skjelleord. Hadde du lite det? Nei, tenke meg nesten det. Dessutan er det mange som blir kalla homse, gay og homo utan å vere det, berre fordi dei liksom er ordsettande. Kva syns du om dette? Skriv inn til ordskifte eller direkte til meg på mc2you@hotmail.com

**Hoi!**  
The lion is back! Har de sakna meg? Ja, eg veit at ordskifte ikkje er det same utan meg, hehehehe. Hei Skuggfaxe, følgje ei jente i klassen si er eg veldig lik deg. Jepp og her til nøffe nøffe dos. (Det er den andre låva med god smak, sjølv om min smak er berre) Juhu, her krangler vi om g-tringe. Vel, sunnest si er berre best. På det inn i hovedet, de også. Foretten si er Snoopy-bøger best.

Ris til heitstina, seier du at kyr stinkar? Det ser ut som mange her trur at Diddline blei jagg ut av Norsk Barneblad. Eg trur ikkje ho blei jagg ut. Tenk litt, har du tenkt å abomere på NB når du begynner på videregående? Eg berre spør. Kviro skriv alle kva? Det betyr kyr, K-Y-R-NRF (Norsk raudt fe) eller Charo-lina. Alle kyr er ruffe. Nokon som er uenige?

**Kjere "den eine låva med god smak"**  
Du har heilt rett. Diddline blei ikkje makta ut frå NB. Ho blei voksen, nett og slett. Men eg trur det ville gjeldt henne om ho visste at mange her saknar henne. Ho var ei jente med sine meningane mot. I alle fall var det jo litt stussleg berre å diskutere truser, poppjensjer og Ringenes herre. Vi reng feine jenter og guttar som berer seg om verda på same måten som Diddline gjorde (og sikkert gjer enno.). I skilfemlet heiter det ei ku, kua, feine kyr, kjerne. Men i diktet min seier vi ei kyr i staden for ei ku, og det gjer kan hende du også?

**Om idol, nasjonale prøver og musikk!**  
Læten var stor då Sandra gikk ut av idol. Eg skjonar ikkje kva ho gjorde i finalen eingong. Og Greit nok at ho ser så søt og yndig ut, men kva hjelper det når ho ikkje kan synge? Idol er jo meinte å vere yngre. Eg er 13 år og ventene mine er meinte å vere ein forensnad for å vere med at ein kan synge i alle fall litt, om ikkje meir! Sandra hadde jo null stemmekraft! Synest er Maria burde ha vunne. Ingen av det som er art i idol når eg skriv dette.

er verdige vinnarar. Dei manglar liksom det beste økara som Kurt hadde. Men om eg MÅ stemme på nokon, så må det bli Margaret. Ho er flink. Eg var ein av dei som boklotta dei nasjonale prøvene i år. Kristin Clemet er så tett at det stinkar nok lang veg. Kva er no visen i 10. Klasseing skal brukte av si dyrebare lærestid på desse prøvene? NR resultat fra dei nasjonale prøvene blir offentliggjort i aviser og blstidene, så skjonar ikkje eg visen. Prøvene viser berre kven som er tapar-skulane, slik at det vert konkurranse. Og min skole ville kanskje stille så sterkt, for å seie det alant. Og når politikarane seier at grunningsvege for prøvene er at dei skal kunne berre leingsituasjonene til elevane, så er det berre bull. Me er ferdige på ungdomsskolen om berre nokre veker, så det får ikkje smuld tng til det berre for oss. Og ikkje fr kommunen pengar til det heller... Og så går ho dumme Clemet-bøker ut i avisene og ber lærarane om å seje ned karakteren i oelen og lafed på dei elevane som ikkje gjennomfører prøvene. Høll! Ar det gje ut!

Mit forslag til artipostert er Odd Nordstoga! Han er utvalgd dyngt kjekke berre å lese, men og i lag med gruppa Blåmann. Andre norske grupper/artistar som er flinke, er Gåte, Madrugada, Span, Sondre Lerche, Julian Bennet, Fenix Lane og Popium. Uenisk musikk som det bra, er Travis, REM, Coldplay, Norah Jones, Strokes og så bort etter. Låna er låsang, men eg får vel gje meg no.

**Doivajeti**  
Hallow's igjen. Skal prøve å teikne noko fint... Henrik var eit sjarmfullt av det. Det var ikkje litt verpekjule og no. Foretten så eg at anstake er litt dum. Med og meiner at det er grette nok til å framleve auga og skjole biter.

Til Skuggfaxe, hermar eg? Det var og ikkje klar over. Mine sønster og djupane ordslanger gje til deg. Og foretten, Pirates of The Caribbean er daddra.

Over til Padda. Samt med deg i andre klassingar ikkje skal brukte å ha tanga. Det er for dumt. Det er jo berre ungar og skal ikkje spankulere rundt i tungen sin. Det skal heile! Når det gjeld den gutten du er forelska i, som er yngre enn deg, så seier og berre, ver deg sjølv og ver bygget mot han. Eg har opplevd det same sjølv og fann ut at det var lettere å vere seg sjølv når gutten var yngre. Eg er 13 år og ventene mine er meinte å vere ein forensnad for å vere med at ein kan synge i alle fall litt, om ikkje meir! Sandra hadde jo null stemmekraft! Synest er Maria burde ha vunne. Ingen av det som er art i idol når eg skriv dette.



**Shallabais, folks!**  
Ja, her er jeg altså igjen med litt ris og ros i) Til Melbølle, synt du har et kult navn, jeg -) Froge: Forslaget om overnevning over Margann skal skiffe navn eller ikke, er det dumme jeg noen gang har ikke. Er for ikke å prane om frukt? Tenk deg litt om! Hei eng med deg. Skuggfaxe, Pirates of the Caribbean rullet! Yoho, yoho, a pirates life for me -) Ihihi. Gleder meg så sinnsyk til t'om kommer.

Og så var det denne best/ku-debatten da... Hæster er smarte dyr, kuer er dumme. De går rundt hele dagen og skiter og spiser, kuer og spiser. Ikke akkurat det jeg ville kalle et moroselt liv... Ha ha, holdt på å le meg i hjel da jeg leste det. O-trullet skrev om at kuer hadde 120 i IQ. Det er jo cirka gjennomsnittet for mennesket! Men verden hadde kanskje vært mer interessant hvis kuer hadde hatt så høy IQ. The war man, vi bruker ikke heiter i krig lenger. Vi lever i 2004.

Arwen Afstenjerte, vet du om noen intervjuetider der jeg kan lære meg åv-sprekket? Gundersen er ikke noe å frykte. Døden er ikke noe å være bekymret for. Det gode er lett å oppnå. Det fryktelige er lett å unndø. De fire legende uret. Epikur (341-270 f.kr.).

**Kven bør bli kjendis?**  
Kviro blir til damens modell-kjendis? Kva har det gjort for å fortene kjendis-status? Eg meiner at folk bør ha gjort noko for at

Ordskifte tekk opp to, av og til fire, sider i kvart nummer av Norsk Barneblad. Spalta er markert grafisk med bilete av to ungdommar som snakkar, når ein ser tittelen Ordskifte på sida, er det lett å tenkja at dei diskuterer. Det er om lag ti innlegg i kvart blad, 129 totalt i 2004. Innlegga frå skribentane er markerte grafisk med større overskrift, medan svara frå redaktøren berre er markerte med feitt skrift. Det gjev signal om at innlegga frå ungdomane er viktigare enn svar frå redaktørane, sjølv om denne vektning ved hjelp av overskriftene ikkje er heilt konsekvent gjennom året. Det er ikkje noko område på sida med informasjon frå redaksjonen om å oppgje namn og adresse, å skriva kort, kontaktinformasjon og liknande, slik det ofte er i debattspalter i aviser (Sjå vedlegg 2 og 3).

Alle innlegg som kjem inn til redaksjonen, kjem med i bladet (sjå vedlegg 1). Det var 82 ulike deltakarar i Ordskifte i 2004, og 22 har av desse har hatt meir enn eitt innlegg. Av dei 22 som har hatt meir enn eitt innlegg, har 13 hatt meir enn to.

86 innlegg var på nynorsk, 43 på bokmål. Det vil seia at to tredelar av innlegga er på nynorsk, altså at dette er eit forum der nynorsk dominerer, men der bokmål òg er vanleg.

Redaktøren seier i intervjuet at ho har inntrykk av at dei fleste som skriv inn er i ungdomsskule-alder, og at dei fleste er jenter. Ho har òg inntrykk av at innlegga kjem frå

ulike stader i landet<sup>1</sup>. Nokre skriv under i bladet med fødselsår, men dette er unntaka. Når det gjeld kjønn, er det litt lettare å få eit inntrykk. Sminke, klede og gutar er emne som er hyppig diskuterte, og fleire gonger vert det sagt at det burde vore fleire gutar i Ordskiye. Dei som skriv inn, nyttar oftast ulike kallenamn som dei har funne på sjølve eller henta frå populærkulturen, og desse er ofte kjønna. Til dømes er det mest truleg jenter som står bak signaturar som Heksa, Hestejenta, Superjento, Arwen Aftenstjerne. Ut frå desse kriteria har eg kome til at av dei 82 innleggskrivarane, er 46 sikkert eller svært truleg jenter, 4 sikkert eller svært truleg gutar, og 32 uvisst.

Det er fleire grunnar som gjer det rimeleg å tru at dei fleste av dei uvisse er jenter: Dei skriv mykje om hestar, noko som er meir populært hjå jenter enn hjå gutar. Gutar vert etterlyste i fleire innlegg, mellom anna hjå Glorfindel: «Det burde være flere gutter som skriver inn til ordskiye. Det er for mange jenter.» (Ordskiye 2004:103) Det rår ei slags felles forståing av at det stort sett er jenter som skriv inn til Ordskiye. Dette vert òg markert av dei gutane som gjev seg til kjenne, slik som The war man: «Siden jeg er gutt, har jeg vel egentlig en del å si i sminkediskusjonen.» (Ordskiye 2004:127). Overvekta av jenter i forumet totalt styrkjer òg mistanken om at jentene dominerer i dei mindre tydeleg ”kjønna” innlegga òg.

Dei 15 mest populære emna i Ordskiye dette året, rangert etter popularitet (sjå 3.4.6 for fullstendig liste):

1. Artistar/musikk
2. Norsk Barneblad
3. Ringenes Herre
4. Korleis diskutera
5. Fjernsyn og fjernsynsprogram
6. Hest
7. Fotball
8. Harry Potter
9. Sminke
10. Stringtruser
11. Merkeklede/mote
12. Skodespelarar/film
13. Kyr
14. Bøker
15. Idol

Emna som vert diskuterte, kan delast inn i emne frå kvardagen til skribentane (skule, truser, sminke, hestar, film/TV/bøker), og meir ålmenne politiske spørsmål (homofile sin rett til adopsjon, krig). Her er det sjølvsagt glidande overgangar. Kvardagsspørsmåla dominerer i spaltecentimeter over dei ”politiske” spørsmåla, men baa deler er representerte.

---

<sup>1</sup> Sidan dei som skriv inn til Ordskiye ikkje må oppgje namn og adresse, er det vanskeleg å *vita* kven dei er og

I tillegg inneheld dei fleste innlegg element som kommenterer innlegget og/eller skribenten sjølv, og det er vanleg å kommentera ordskiftet. De fleste innlegga refererer til tidlegare innlegg.

### **3.3 Detaljert analyse av dei dialogiske og diskuterande trekka i tre innlegg**

For å fanga det sereigne med innlegga i Ordskifte i høve til andre debattinnlegg og andre tekstar, kan det vera nyttig å detaljanalysera nokre innlegg, og finna ut kva byggjesteinane kan seiast å vera, og korleis dei er sette saman.

Eg ser på kvart innlegg som ei einskild ytring, men likevel bygt opp av noko – desse byggjesteinane kallar eg ”trekk”. Inndelinga er basert på kva slags sosiale handlingar ein gjer når ein talar saman – ein helsar, presenterer seg, presenterer kva ein vil seia, vender seg til ein eller fleire i flokken, ber om respons og liknande. For å illustrera dette, har eg laga ein tabell over trekka i tre ulike innlegg.

Eg finn det å dela inn i trekk meir tenleg enn å dela inn teksten på grunnlag av språklege metafunksjonar eller språkhandlingar. Sjølv om ulike språklege metafunksjonar dominerer dei ulike trekka, er det ikkje metafunksjonar innlegga er bygte opp av – det er trekk. Likevel er dei språklege metafunksjonane til Halliday nyttige for å skildra trekka.

Searle sine språkhandlingar er ein måte å skildra og finna motivasjon for dialog på, men perspektivet i språkhandlingsteorien gjer det vanskeleg å finna og dela inn i dei einingane eg er på jakt etter, til dømes sidan det å presentera seg og det å introdusera eit diskusjonstema bae i hovudsak kjem innanfor språkhandlinga konstativ, medan det er to ulike handlingar eller trekk i ein samtale, som eg treng å skilja frå einannan.

Som eg har skildra i teoridelen under 2.2.1.3, har Eddy Roulet utvikla ein måte å dela inn tekstar i trekk på som liknar det eg gjer. Ein skilnad er at Roulet deler inn tekstar hierarkisk i fleire nivå. Eg oppfattar at innlegga i Ordskifte i liten grad er skrivne hierarkisk, men heller additivt/narrativt ved at nye ”ting ein vil ha sagt” vert lagde til, men det heile er ei handling i tid, som ofte er synleg i innlegga ved markørord som fyrst, så, til slutt og liknande. Innlegga har ein forløpsstruktur, difor høver dei godt inn i ein tabell ordna etter forløp. Dei argumenterande delene av innlegga har i større grad ein hierarkisk struktur, og forløpstabellen kan i liten grad forklara dei. Difor har eg teke ut og analysert dei i eit eige skjema som liknar

---

kvar dei kjem frå.

Roulet sitt (Roulet 1984).

I tabellen har eg – i tillegg til å namngje kvart trekk skribenten utfører, tildelt kvart trekk språkhandling, språkleg metafunksjon og merkt av for strategisk handling (SH) (dei kommunikative handlingane dominerer i resten av innlegga, so eg har ikkje markert det eksplisitt). Dette gjer eg for å sjå i kva grad inndelingane i trekk samsvarer med desse kategoriane. Det kan vera fleire metafunksjonar og handlingar i eit trekk, eg har valt å fokusera på den eine eller dei to som dominerer.

Tabell 1: Trekk i dialogen, innlegg 1-04 frå Skuggfaxe e (Ordskite 2004:126)

Trekk	Teksten	Språkhandling (+KH/SH)	Språkleg metafunksjon
Helsing	Hallo på do!	Ekspressiv	Mellompersonleg/ tekstuell
Presentera seg sjølv	Eg har ikkje skrive til ordskite før, men har høyrte mykje om det. Eg er 12 år og veldig kul, hehehe! Eg bur langt inne i huttiheita.	Konstativ	Mellompersonleg
Presentera innlegget	Eg har både ris og ros,	Kommisiv	Tekstuell
Lesarinstruksjon	så følg med...	Direktiv	Mellompersonleg
Lesarinstruksjon	Den fyrste risen går til	Konstativ/ Kommisiv	Tekstuell/ mellompersonleg
Referanse/henvending	”the new mizz” som sa ”Eg skjønner ikkje heilt problemet ditt når du er tynn.”.	Konstativ	Tekstuell/ mellompersonleg
Tilsvar: Uttrykkja usemje	Du har ingenting å snakke om, mizz,	Kvalifisering	Mellompersonleg
Lesarinstruksjon + henvending/referanse	men den fyrste rosen går også til deg,	Konstativ/ kommisiv	Tekstuell/ mellompersonleg
Tilsvar: uttrykkja semje	fordi Ringenes herre rular!	Ekspressiv	Ideasjonell
Lesarinstruksjon +	Litt ris til Malin(n)**hamster.	Konstativ	Tekstuell/

henvending/referanse			mellompersonleg
Tilsvar: Gå inn i diskusjon	Gutar som driv med dans, er ikkje feminine. Dei kan danse viss dei vil. Og jo, det er faktisk nokre som gidd lære alvespråket.	Konstativ/ kvalifisering	Ideasjonell
Henvending/referanse	Kremt, Kremt. Arwen Aftenstjerne,	Ekspressiv	Mellompersonleg
Tilsvar: Gå inn i diskusjon	hermar du litt, eller berre ser det sånn ut? Berre lurar.	Direktiv	Mellompersonleg
Henvending/referanse	Og O-trollet da.		Mellompersonleg
Tilsvar: Gå inn i diskusjon	Hestar er nydelege dyr. Fotball er best, eller vil du heller at me skal springe etter deg?	Konstativ/ direktiv	Ideasjonell
Henvending/referanse	Og til Heksa,		Mellompersonleg
Tilsvar: Gå inn i diskusjon	NB er bra som det er. Det treng ikkje forandre seg. Berre så du veit det.	Konstativ/ direktiv SH	Ideasjonell. Mellompersonleg
Lesarinstruksjon	Her er nokre av mine meiningar.	Konstativ/ kommisiv	Tekstuell
Koma med eige tema	Det nye Idol-bladet er berre tull. Ja, heile greia er tull.	Konstativ	Ideasjonell
Koma med eige tema	Og stakkars alle dumme modellar. Dei har eit stort press på seg. Dei må jo vera syltynne.	Konstativ	Ideasjonell
Koma med eige tema	Siemens er best.	Konstativ	Ideasjonell
Koma med eige tema + Henvending til forumet: spørsmål om tilslutning	Har nokon sett Pirates of The Caribbean? Bra, sant?	Direktiv	Ideasjonell/ mellompersonleg
Henvending til forumet: Ynske om respons	Håpar på ris og ros.	Direktiv SH	Mellompersonleg
Helsing	Helsing Skuggfaxe	Ekspressiv	Mellompersonleg/ tekstuell



Tabell 2: Innlegg 2-04, frå musa (Ordsките 2004:208)

<b>Trekk</b>	<b>Teksten</b>	<b>Språkhandling KH/SH</b>	<b>Språkleg metafunksjon</b>
Helsing	Hei!	Ekspressiv	Mellompersonleg/ tekstuell
Henvending til redaktøren	Til Nana, hvem var det som først startet Norsk Barneblad?	Direktiv	Mellompersonleg. ideasjonell
Lesarinstruksjon + Henvending/referanse	Ris til Den smarte anda,	Konstativ (Ekspressiv)	Tekstuell, mellompersonleg
Tilsvar: Gå inn i diskusjon	hva så om de vil skrive om Ringenes herre?	Direktiv	Ideasjonell
Tilsvar: Uttrykkja semje	Helt enig med	Konstativ (Ekspressiv)	Mellompersonleg
Henvending/referanse	The little Angel,	(same)	Mellompersonleg
Tilsvar: Ros	bra det du skrev om RH.	Konstativ	Mellompersonleg/ ideasjonell
Normgjevande metakommentar	Når får vi nye debatter her? Gulosten og høna og egget er gamle.	Direktiv. Kvalifisering	Tekstuell/ ideasjonell
Koma med eige tema	Ringenes herre og Harry Potter er de beste bøkene som er skrevet. Jeg bare elsker å lese.	Konstativ. Ekspressiv	Ideasjonell
Koma med eige tema	Jeg syns The Tribe er artig,	Konstativ/Ekspressiv	Ideasjonell
Henvending til forumet: Spørsmål om tilslutning	Noen som er enig? Bare lurte.	Direktiv	Mellompersonleg
Henvending til forumet: Avslutning	Men nå må jeg gå.	Konstativ	Tekstuell/ mellompersonleg
Henvending til forumet: Ynske om respons	Håper på ris og ros.	Direktiv SH	Mellompersonleg

Helsing	Fra musa	Ekspressiv	Mellompersonleg/ Tekstuell
---------	----------	------------	-------------------------------

Tabell 3: Innlegg 3-04, frå Me Me (Ordsките 2004:208)

Trekk	Teksten	Språkhandling	Språkleg metafunksjon
Helsing	Hei, hei!	Ekspressiv	Mellompersonleg/ tekstuell
Presentera seg sjølv	Eg vil berre seie at dette er første gong eg skriv til ordsките. Eg er ein gut på 14 år som går i åttande klasse.	Konstativ	Mellompersonleg
Presentera innlegget/ lesarinstruksjon	Eg skal ikkje gje ros eller ris til nokon direkte her i ordsките,	Konstativ/ Kommissiv	Tekstuell
Koma med eige tema	men vil gje ris til alle som bruker ord som gay, homo og homse som skjellsord.	Konstativ	Tekstuell/ ideasjonell
Argumentasjon (sjå eige skjema)	Dette gjeld mange folk. Eg synest det er heilt borti natta å bruke nokons seksuelle legning som skjellsord. Tenk om dei homofile brukte ord for heterofile som skjellsord. Hadde du likt det? Nei, tenkte meg nesten det. Dessutan er det mange som blir kalla homse, gay og homo utan å vere det, berre fordi det liksom er nedsetjande.	Konstativ	Ideasjonell (mellompersonleg, retorisk spørsmål)
Henvending til forumet: spørsmål	Kva synest du om dette?	Direktiv	Mellompersonleg
Henvending til forumet: oppmoding	Skriv inn til ordsките eller direkte til meg på <a href="mailto:me2you@hotmail.com">me2you@hotmail.com</a>	Direktiv SH	Mellompersonleg
Helsing	Mr Me	Ekspressiv	Mellompersonleg/ tekstuell

Av tabellane ser me at det vert utført mange og samansette trekk i kvart innlegg. Skribenten presenterer seg, han presenterer kva han skal seia, han vender seg til andre i flokken og kommenterer det dei har sagt – ein om gongen eller fleire. Han kan òg velja å gå inn i diskusjon med nokon eller kasta inn eit nytt tema, slik me kan i ein vanleg samtale. Til slutt kjem han med nokre standardiserte fraser som avskilsord – til dømes «håpar på ris og ros» og avsluttar slik me avsluttar eit brev: «Helsing Skuggfaxe».

Eit viktig poeng, som understrekar kompleksiteten, er at skribenten vender seg til ulike instansar samstundes. Det å nemna ein annan skribent, er både å venda seg direkte til denne for å kommentera det han har sagt, men òg ei tilvising til den andre skribenten, som del av ei ytring vend til heile forumet. Difor har eg har kalla det henvending/referanse når ein skribent nemner eit anna innlegg som han kommenterer.

Me ser at det finst ulike typar innlegg, eg har freista å ta med to ytterpunkt – innlegget til Skuggfaxe som refererer og kommenterer mange tidlegare innlegg, og innlegget til Mr Me, som ikkje kommenterer tidlegare innlegg, men hovudsakleg inneheld ein, relativt lang, argumentasjon for ei sak. Fleirtalet av innlegg liknar Skuggfaxe, medan eit mindretal på under 20 prosent liknar Mr Me ved at dei kjem med eige tema og unnlet å syna til andre. Av responsen innlegga har fått (sjå 3.4.8), ser me at bae vert oppfatta som gyldige innlegg.

Det viktigaste tabellane seier, er at innlegga i Ordskifte ikkje er prega av enkelheit, slik ein gjerne tenkjer seg at barns ytringar er, dei er tvert om komplekse. Dei har ein meir kompleks og differensiert henvendingsmåte enn det vanlege lesarbrevet (sjå vedlegg 3) ved at dei eksplisitt adresserer ulike personar og instansar. Innlegga er òg kjenneteikna ved at dei er organisert i eit forløp, om lag som ein samtale er det, og at dette forløpet består av mange, korte trekk. Ein kan seia at desse innlegga har større kompleksitet når det gjeld henvending og forløp enn lesarbrevet, men mindre når det gjeld hierarkiske tekststrukturar som argumentasjon.


Tabellane syner òg at innlegga har lite fokus på det ideasjonelle, men meir på det tekstuelle og mellompersonlege. Eg har merkt av i tabellen der eg har funne døme på strategisk handling (SH), men det finst det lite av. Den vanlegaste måten å handla strategisk på i Ordskifte er truleg å freista påverka redaksjonen, og dette er noko som skil det frå lesarbrevet, som ofte freistar å påverka omverda (jf vedlegg 2 og 3). Her skil Mr Me seg ut ved å oppmoda lesarane til handling.

Det er òg slik at henvendingane til forumet i større grad er reelle enn retoriske. Når Mr Me som ein del av ein lengre argumentasjon spør «Hadde du likt det? Nei, tenkte meg nesten det», kan det kallast eit retorisk spørsmål, men når innlegg vert avslutta med ynske om ris og

ros, må det sjåast som ein reell førespurnad, sidan 86 prosent av innlegga faktisk får respons frå andre skribentar. Dialogen er altso reell. Kompleksiteten i dialogen kan ikkje visast i tabellar som framstiller einskildinnlegg, det krev ei framstilling av ordskiftet over tid, som i vedlegg 9.

I tabellane såg me at innlegget til Mr Me ikkje passa heilt inn i forløps/trekkstrukturen. Det vart relativt store tekstbolkar per trekk – eit signal om at det fanst ein type kompleksitet i innlegget tabellen ikkje greidde å fanga. Difor har eg laga eit skjema som syner trekk i argumentasjon i staden. Som me ser av figur 4, er denne typen skrivemåte hierarkisk organisert med standpunkt og grunngjevingar, i staden for å vera organisert ut frå eit forløpsprinsipp.

Figur 4: Innlegg 3-04, frå Mr Me (Ordskifte 2004:208)



Mr Me startar med å koma med eit ærend – fortelja kva han vil, so kjem han med grunngjevingar for det, og endar opp med ein appell til lesaren om å ta stilling og so ein appell om å handla. Denne strukturen ligg nærare innlegga frå Si ;D, BT og VG som eg har analysert i vedlegg 2 og 3.

### **3.3.1 Minimumsinnlegg**

Ut frå materialet kan me forma eit slags abstrakt minimumsinnlegg: I tillegg til “innhaldet”, må alle innlegg ha overskrift og underskrift. Ein kan laga ein regel for minimumsinnlegget – altso kva element alle innlegg har, og som er nødvendige og tilstrekkelege for at dei skal vera innlegg:

Minimumsinnlegg:

1. Overskrift
2. (Henvending/referanse og tilsvar) og/eller (Koma med eige tema)
3. Underskrift

Sjølv om det vert eit gyldig innlegg av desse elementa, er det fleire andre element som både er viktige (men ikkje nødvendige) i innlegga og karakteriserer forumet Ordskifte. Metahandlingar som å presentera seg sjølv, presentera kva ein vil gjera i innlegget, ulike lesarinstruksjonar og normgjevande metakommentarar er døme på det som eg kjem til å gå inn på under normer.

### **3.4 Normer for Ordskifte 2004**

Hovudgrepet mitt for å skjønna kva som føregår i språkbruksmiljøet Ordskifte, er å utleia kva normer som regulerer teksten og den tekstlege samhandlinga. Tekstnormene er interessante av di dei kan forklara kvifor tekstane er som dei er, av di dei kan etablera samband til tekstar og tekstnormer utanfor Ordskifte og Norsk Barneblad, og for å få auga på endring. Eg er interessert i både pliktnormer og kvalifiseringsnormer, og tilhøvet mellom ulike pliktnormer og skrivepraksisen. Eg har kome fram til normene ved hjelp av teljing av førekomstar, kartlegging av referansar, lesing og tolking av metakommentarar om normene i innlegga sjølve og svar frå redaktøren i spalta, identitetsanalyse av underskrifter, intervju med redaktøren og samanlikning med lesarinlegg i andre publikasjonar. Detaljanalysen i førre bolk er òg ein del av grunnlaget for å slå fast kva normer som gjeld i forumet.

Normene liknar meir på samversreglar enn skrivereglar, og dette understrekar Ordskifte sin karakter av å vera eit språkbruksmiljø, ein serie sosiale situasjonar. Sjølv om normene i stor grad er formulerte som sosiale reglar, er dei styrande for dei skriftlege produkta. Ein grunn til at normene minner so mykje om samversreglar, kan vera at det

mellompersonlege er svært viktig i innlegga og forumet. Nokre av normene liknar dei i ei lesarbrevspalte, medan andre knyter Ordskifte nærare andre sjangrar og språksosiale situasjonar.

Desse normene ser eg som regulerande for Ordskifte i 2004:

1. Redigeringsnorm: Alle skal få vera med
2. Ha egne meiningar!
3. Ver oppriktig!
4. Skriv godt!
5. Ver den du vil!
6. Ver born! Emne frå eigen kvardag kvalifiserer som ordskifteemne
7. Berre innlegg frå born som privatpersonar kan vera ordskifteinnlegg
8. Gje respons!
9. Vis sjølvrefleksjon!
10. Lesarinnlegg = ytringar frå lesarane
11. Det nynorske har lita normerande kraft

### **3.4.1 Norm 1: Redigeringsnorm: Alle skal få vera med!**

Eit styrande prinsipp for redigeringa av Ordskifte i 2004 er at alle som skriv inn, skal koma med (jf. vedlegg 1). Innlegga vert redigerte i varierende grad, nokre vert forkorta, og banning og uthenging av andre vert redigert bort. Dette er eit anna prinsipp å redigera etter enn det som var tilfelle i 1974, då det vart opplyst i bladet at berre dei beste innlegga kom med (jf. 4.4.1).

Redigeringsprinsippet høver godt i lag med normene for Ordskifte som vert uttrykte og fylgde av deltakarane sjølve. Dette vert utdjupa under 3.4.8.2. Idealet skil seg frå idealet i mange større debattrom, som Dagbladet, Bergens Tidende eller Si ;D i Aftenposten, der det er fleire innlegg enn spaltene gjev plass til og difor større konkurranse (jf. vedlegg 12).

### **3.4.2 Norm 2: Ha egne meiningar!**

Denne pliktnorma kjem frå korleis skribentane sjølve kommenterer ordskiftet. Korleis ein bør diskutera er eitt av dei mest populære emna, faktisk det fjerde mest populære (jf. 3.2). «Dette vart eit kjedeleg innlegg med lite meiningar i» (Ordskifte 2004:8), skriv Gaupa. HeksA skriv: «Nå hadde jeg ikke så mye meninger, men det får holde. Håper på ros og ris, selv om jeg ikke skrev så mye» (Ordskifte 2004:102). Det er vanleg å orsaka seg om ein ikkje kjem med egne

meningar, og skribentane skil mellom det å dela ut ris og ros og det å koma med egne meningar, slik Eowyn gjer: «Viss det skal vere mogleg å gje ris eller ros, må du ha sagt kva du meiner om forskjellige ting, ikkje berre ha gitt ris eller ros til andre» (Ordskite 2004:46). Her ser me at ”å koma med egne meningar” vert vurdert som meir verdefullt enn å koma med ris og ros. Slike vurderingar finst ikkje i alle innlegg, og det er uklårt i kva grad det er ei vurdering alle er samde i, men det å koma med egne meningar er noko som både er vanleg å etterlysa, rosa og orsaka seg for om ein ikkje har.

Norma vert understreka av at innlegg som ikkje refererer til andre, men som tek opp egne tema (”meningar”) og argumenterer for dei, gjerne får positiv respons. Dette gjeld innlegget til MMM: «Er det nokon her med same problem som eg? Eg veit ikkje om eg skal confirmere meg i kyrkja eller borgarleg.» (Ordskite 2004:174) Sjølv om MMM ikkje referer til andre, får ho tre kommentarar i seinare innlegg – to rosande og ein som går inn i diskusjon.

Det same syner responsen til innlegget frå 87-modell med håp om en lysere framtid (Ordskite 2004:248). Innlegget liknar eit avisinnlegg ved at det ikkje referer til andre skribarar og at det held seg til eitt tema: homofile sin rett til å adoptera (sjå lesarbrevundersøking i vedlegg 3). Dette innlegget får òg tre kommentarar – to veldig rosande og ein negativ. Den negative, frå Simsjenta, går på at innlegget er for langt – «Når eit innlegg blir så langt som innlegget om adopsjon og homofiles rettar som i NB 15/16 [...] gidd ingen lese det» (Ordskite 2004:304). Innlegga til Superjento (Ordskite 2004:209-10) er i same kategori – det tek opp egne tema og argumenterer, utan å referera til andre, og får positiv respons.

Norma om å ha egne meningar står i ein viss motsetnad til normene om å gje respons, sidan det å skriva inn er viktigaste kriteriet for å få respons, ikkje det å ha egne meningar (jf. 3.4.8). Det kan sjå ut som om det er vanlegare å etterlysa meningar enn å koma med dei sjølve, slik me kan sjå av sitata frå Heksa og Gaupa, medan det ein sjølv gjer i innlegget sitt er å koma med ris og ros. Denne norma regulerer fyrst og fremst synet på kva Ordskite skal vera og korleis innlegg skal vurderast, heller enn korleis innlegg vert skrivne.

### **3.4.3 Norm 3: Ver oppriktig!**

Norma om oppriktigheit (Sjå 2.2.4.2 Oppriktigheit) vert fyrst og fremst slått fast i ordskiftet om ein skribent i forumet: hippe malin(n)\*\*hamster. I innlegga sine kjem ho med påstandar som får forumet til å reagere: «Folk seier at blondes have more fun, og det er eg samd i. [...] Gutar som driv med dans, er feminine. [...] Men eit tips til Margunn, skift namn. Ingen tek deg alvorleg når du heiter Margunn.» (Ordskite 2004:62)

Det som er spesielt med reaksjonane, er at dei i veldig stor grad gjeld person i staden for sak. Skribenten får reaksjonar som «Sikker på at du ikkje er ei ekte blondine (i hovudet), du Hippe Malin?» (Ordskifte 2004:126) frå Hestejenta og «(Men slik du skriv, kan ein lure på om hårfarge likevel påverkar hjernen.)» (Ordskifte 2004:127) frå piggsvin 7, s 127. Den siste attendemeldinga malin(n) får før redaktøren grip inn, er denne frå Dory:

Hei på deg, Malin(n) \*\* hamster, godt gjort. Nå har du sikkert greid å provosere mange der ute. Er det noen som husker Miss Universe? Hun som skrøt seg selv opp i skyene, bare for å provosere oss. Tror det var i 2001 og/eller 2002. Du minner meg bitte litt om henne. Interessant navn du har, forresten. (Ordskifte 2004:272)

Skjervheim skriv at me reagerer med å objektivere når folk seier noko som er «svært urimeleg» (Skjervheim 1996:72-73). Ved å seia noko som er vanskeleg å tru at ho verkeleg står for, bryt hippe Malin(n) \*\*hamster med kriterier for å handla kommunikativt, og då vert ho heller ikkje møtt kommunikativt/forståingsorientert, men med objektivering – det ho seier vert sett som eit ”symptom” på ein ”tilstand”: blond i hovudet. Dette syner at det å vera oppriktig er ein viktig verdi i forumet. Det er òg interessant av di Ordskifte er anonymisert, det vil seia at skribentane bruker kallenamn/pseudonym, i staden for verkelege namn. Anonymitet kan leia til at oppriktighetskriteriet vert slakka av på. Det er interessant at anonymitet og krav om personleg truverde og oppriktigheit kan gå saman på ein slik måte at det vert oppfatta som sjølv sagt, og reagert med vantru og personåtak når norma vert broten.

#### **3.4.4 Norm 4: Skriv godt!**

Kommentarane i innlegga om korleis ein bør diskutera kan hovudsakleg delast inn i tre typar. Dei som gjeld å ha egne meiningar, som er handsama under 3.4.2, dei som gjeld den sosiale samhandlinga i forumet, som er handsama under 3.4.8 og 3.4.9, og dei som gjeld å skriva godt. Dei som gjeld å skriva godt opptre ikkje i veldig stor grad i Ordskifte i 2004 (Det finst til dømes ikkje ein einaste slik kommentar i Norsk Barneblad 13/14 – 2004 som har dobbelt so stor Ordskiftespalte som vanleg). Kommentrarar som syner pliktnorma ”Skriv godt” finn me når nokon orsakar seg for kvaliteten på eige innlegg (sjå 3.4.9) og når nokon skriv at andre burde argumentera eller formulera seg betre, som Ziigy: «Alle snakker om ris og ros, men kall det heller tilbakemelding, det er det det heter.» (Ordskifte 2004:304). Det siste er det vanskeleg å finna mange døme på. Det mest påfallande er eigentleg at so lite av metaordskiftet om korleis ein bør diskutera, gjeld dugleik.

#### **3.4.5 Norm 5: Ver den du vill!**

Denne norma som gjeld identitet (sjå 2.2.4.3) kjem eg fram til ved å sjå på korleis skribentane i Ordskifte identifiserer seg gjennom underskriftene. I 2004 er det ingen av deltakarane som



skriv under med fullt namn. Alle bruker kallenamn, anten dei er baserte på (det som truleg er) namnet til personen, som @@sne, eller på ulike populærkulturelle fenomen, som Simsjenta, Arwen Aftenstjerne, Eowyn, eller andre ting att, som Gaupa, Piggsvin 7 eller Tullerusk – 89.

Det å skriva under eit brev er å syna kven ein er. Når nokon skriv under med Arwen Aftenstjerne (Ordsките 2004:62), ein figur frå *Ringenes Herre*, er det ein måte å syna at ein på eitt eller anna vis identifiserer seg med denne figuren og *Ringenes Herre*-universet. At ein kjenner seg litt som Arwen, skulle ynskja ein var Arwen eller likar å drøyma om/tenkja seg at ein er Arwen Aftenstjerne.

Det å bruka kallenamn som syner til noko ein kjenner seg som eller har lyst til/drøymmer om å vera, er ein måte å velja eller dikta seg identitet på, som kan henda ikkje var vanleg for nokre tiår sidan. I dag vert dette gjort i fleire debattforum enn Norsk Barneblad, det som tydelegast syner kor vanleg kallenamn er, er kan henda Si ;D i Aftenposten, som på mange måtar framstår som ei ”vanleg” debattspalte i ei avis, berre for ungdom, men med det tydelege skiljet at få skriv under med fullt namn (sjå vedlegg 2).

Dersom ein ser desse kallenamna som pseudonym, vert det vanskeleg å skjønna dei i høve til oppriktighetsdogmet som vert handheva av deltakarane i Ordsките. Det å lata som ein er ein annan, kan sjåast på som ei handling som står i motstrid til å vera oppriktig. Dersom ein i staden ser namna som ein slags indre val-identitet og/eller lokal forumsidentitet, kan dei gå godt i hop med oppriktighetskriteriet. Sjølv om ein kallar seg noko ein kjenner seg som i staden for namnet ein har fått av foreldra, so treng ikkje meiningane vera mindre ekte.

Det er vanleg å bruka kallenamn som seier noko om kjønn, og ein relativt stor del nemner òg fødeår i underskrifta. Ein kan difor seia at identitetsoppfattinga som kjem til syne gjennom kallenamna både har essensialistiske og konstruktivistiske element, jf. 2.2.4.3. Eg kjem til å skriva meir om identitet og endringane i identitetsforståinga i perioden i kapittel 4.

### 3.4.6 Norm 6: Ver born! Du kan skriva om eigen kvardag.

Tabell 4: Emne som vart diskuterte (tekne opp to gonger eller meir) i Ordsките 2004

Artistar/musikk (74)	Bøker (20)	Vera seg sjølv/verta likt/sjølvtilitt (8)
Norsk Barneblad (71)	Idol (20)	Ordskiteskribenten Diddline (7)
Ringenes Herre (61)	Gutar (17)	Saddam Hussein (7)
Korleis diskutera (34)	Homofile og adopsjon (16)	Bimboar (6)
Fjernsyn og fjernsynsprogram (33)	Kva dyr er best/dyr (15)	Blondiner (6)
Hest (33)	Teikneserie/blad (12)	Forelsking og kjærastar (6)
Fotball (29)	Jenter (11)	Modellar (6)
Harry Potter (29)	Parfyme vs kumøk (11)	By/bygd (5)
Sminke (26)	Skulen (11)	Tynn og tjukk (5)
Stringtruser (26)	George Bush (10)	Ureining/miljø (5)
Merkelede/møte (24)	Alvespråk og alvar (8)	Dataspel (4)
Skodespelarar/film (23)	Brevvener til dyr (8)	Dronning i Noreg (4)
Kyr (22)	Krig (8)	

Internett (4)	Nakenheit og sex (3)	Innvandrarrar/rasisme (2)
Mobiltelefon (4)	Orientering (3)	John Kerry (2)
Religion (4)	Veret (3)	Mongoloide (2)
Sysken (4)	Afrika-jogg (2)	Slanking (2)
Diskriminering (3)	Bergen (2)	Snop/mat (2)
Har dyr kjensler (3)	Bokmål/nynorsk/språk (2)	Sumarferie (2)
Juvene/Rus (3)	Fattig/rik (2)	Å verta kjendis (2)
Likestilling (3)	Fest og diskotek (2)	

Normene om å vera born og å diskutera emne frå bornekvardagen er eigentleg to normer som heng i hop. Me ser at emne frå kvardagen og serleg mediekvardagen til ungane dominerer. Samstundes kan dette hanga i hop med ei meir ålmenn kulturell norm som gjeld statusen til det å vera born – der det å vera born vert sett på som verdefullt og at borna og ”den gode barndommen” i større grad enn før er foreldra sitt prosjekt (meir om dette under 5.5.2.4).

Sjølv om praksisen syner at emne frå medie- og ungdomsskulejentekvardagen er mellom dei mest diskuterte, og at dei er aksepterte i forumet, vert det av og til klagt, både frå redaktøren og ordskiftedeltakarane: Redaktøren skriv: «I lengda blir det jo litt stussleg berre å diskutere truser, popstjerner og *Ringenes Herre*.» (Ordsките 2004:209). –Line’87 skriv: «Kvifor held folk fram diskusjonen om kva som er best av tangatruser eller vanlege truser? Ein kan like godt diskutere kva som er best av stripe knestrømper eller einsfarga sokkar.» (Ordsките 2004:103). Dette gjev signal om at *Ringenes Herre* og stringtruser ikkje er like ”ordentleg” som ein del andre tema. Desse signala står i ein so sterk motstrid til praksisen i spalta, at eg ikkje ser det som at dei har serleg regulerande kraft.

Ser ein på kva dei mest populære emna utanom mediekvardagen har sams, ser ein at det er saker ungar/ungdom, serleg jenter, mellom 10 og 15 møter og må ta stilling til: Skal eg byrja å bruka sminke no, eller skal eg ikkje? Har mamma rett når ho seier eg ikkje får bruka g-streng, eller har veninna mi rett når ho seier at alle går med det, og at ”husmorstripe” er skikkeleg teit?

Sjølv om det av og til vert protestert, inneber kvalifiseringsnormene at emne frå eigen kvardag er gyldige diskusjonstema i forumet, og at det å vera born/ungdom vert rekna som ei viktig nok erfaring til å vera verdt å diskutera.

### **3.4.7 Norm 7: Berre innlegg frå born som privatpersonar kan vera ordskifteinnlegg**

Dette er ikkje ei norm som vert diskutert i forumet, men er likevel noko som skil Ordsките frå lesarbrevspaltene i aviser der ein stor del av skribentane signerer med organisasjons- eller yrkestilknytning (Elvestad 2001:26). Ingen av innlegga i Ordsките er skrivne på vegner av ein organisasjon eller ei anna samanslutning. Det er heller ingen ”verveinnlegg”, eller innlegg

som liknar standardinnlegga ungdomsparti og andre ungdomsorganisasjonar masseproduserer. Organisasjonar for born og ungdom vert nemnde i tre innlegg i heile 2004: hjå **\*\*edderkoppen\*\*** «Er det nokon som går i 4H? Det gjer eg. I år har eg «Vi fotograferer» som oppgåve» (Ordskifte 2004:174), hjå Hjerterdame «Og ein ting til, 4H er tøffare enn speidaren» (Ordskifte 2004:211) og hjå **\*the snake\***: «Andre her som er med i Big Diil og Juvente? Det er kult. Rus er teit.» (Ordskifte 2004:272). Alle gongene vert organisasjonen nemnt kort, mot slutten av innlegget. Organisasjonane vert i større grad nemnde som ein del av eigen kvardag, enn for å uttrykkja ulike standpunkt. Ordskifte er altso ein arena for barn/ungdom som diskuterande privatpersonar, og der andre organiserte interesser ikkje opptre.

### **3.4.8 Norm 8: Gje respons!**

#### **3.4.8.1 Deltakarorientering**

Det fyrste som slår ein ekstern lesar av Ordskifte, er kan henda den direkte henvendinga til andre skribentar i innlegga. Dette såg me i tabellane under 3.3, der to av dei mest vanlege trekka var “henvending/referanse” og “tilsvar”. Den grafiske framstillinga (vedlegg 9) gjev eit inntrykk av kompleksiteten og mengda av henvendingar. 82 prosent av innlegga refererer til tidlegare innlegg, og om lag 86 prosent av innlegga vert refererte til av andre.<sup>2</sup> 64 prosent av innlegga refererer til meir enn eitt tidlegare innlegg. Det vil seia at det er eit viktig drag ved Ordskifte at skribentane refererer til andre i innlegga, og at det er vanleg å referera til fleire. Eit endå viktigare drag ved forumet er at *ein er nesten garantert å få respons* når ein skriv. Dette at kommunikasjonen går båe vegar – at nesten alle både gjev og får respons, er eit drag som gjer Ordskifte til ein reell dialog.

At nesten alle får respons indikerer at det er viktigare *at* ein deltek i forumet enn *kva* ein deltek med, kva ein faktisk skriv. Dette samsvarer med det mellompersonlege fokuset på detaljnivå i tabellane (3.3), og gjer at ein kan kalla Ordskifte meir deltakarorientert enn utsegnorientert.

Det er vanleg å avslutta innlegg med «håpar på ris og ros» og liknande formuleringar. Det kan sjåast som ”sjangermessige avskilsord” (Bakhtin 1998:22), men òg som ei reell von/oppmoding, utan at desse står i motsetnad til ein annan. Når skribentane skriv at dei vonar på ris og ros, og 86 prosent av innlegga faktisk får det, er det eit realistisk ynske, og kanskje eit viktig motiv for å skriva. Dersom ein er interessert i å diskutera og få respons på

standpunkta sine som meiningsberande vaksen i ein ordentleg publikasjon, verkar det som ei fornuftig handling å skriva til Ordskifte.

Ein viktig føresetnad for at ordskiftet kan vera reelt, og eit drag som gjer det ålmenteliknande, er at det er relativt *ope*. Alle innlegg som vert sende til Ordskifte, kjem med. Dette gjer at når ein vender seg til nokon i eit innlegg med eit tilsvar til noko dei har skrive, kan ein vera rimeleg sikker på at vedkomande får høve til å lesa det. I eit forum som Si ;D i Aftenposten, kjem maks 30 prosent av innlegga som vert sende inn på trykk (jf. Vedlegg 12). Det vert i mindre grad ein reell dialog mellom barn/ungdom når ein redigerande (vaksen) instans filtrerer bort fleirtalet av ytringane. Samstundes kan ein seia at når det gjeld det ei kan kalla “ratifiserte deltakarar” – dei som deltek ved å lesa utan å skriva inn sjølve, er Si ;D meir ope enn Ordskifte – i Ordskifte skriv ein berre for Norsk Barnebladlesarar, medan i Si ;D skriv ein i Aftenposten, og difor i større grad for ålmenta.

Eit interessant drag som eg har nemnt under 3.4.2, er at innlegg som ikkje refererer, ikkje vert sosialt ”straffa” i forumet ved å verta oversedde eller vurderte negativt. Slike innlegg, som gjerne kjem med meir grunnjevne standpunkt, får ofte positiv respons. Om ein ser denne responsen i samband med ynska om ris og ros som avsluttar innlegga, og det at fleire innlegg vert refererte til enn det er innlegg som referer, kan det sjå ut til at sjølv om det å venda seg direkte til andre einskildpersonar er grunnleggjande i dialog og i forumet, treng ikkje *alle* gjera dette. Kan henda dette er ein normkonflikt, eller kan henda det er mogleg å ta ulike sosiale roller i dialogen – som lim eller utfordrar.

### 3.4.8.2 Inkludering

Det går eit metaordskifte om ein tidlegare ordskiftedeltakar, Diddline, vart mobba ut av Ordskifte. Innlegga her artikulere ein del normer for diskusjonen. **\*\*edderkoppen\*\*** skriv: «Til Davidhestejenta\*\*\* i nr. 19: Ros til deg for at du sakna Diddline, ordskifte er for alle! Hald fram med å skriva, Diddline!» (Ordskifte 2004:8). Andre seier: «Og kva er så spesielt med Diddline? Er ho kul berre fordi ho skriv inn til ordskifte så ofte?» (Ordskifte 2004:62), «Til ”The new mizz”: Det som var spesielt med Diddline, var at ho blei jaga ut av NB. Det ser ikkje ut som at du veit det» (Ordskifte 2004:126), «Det ser ut som mange her trur at Diddline blei jaga ut. Tenk litt, har du tenkt å abonnere på NB når du begynner på vidaregåande? Eg berre spør?» (Ordskifte 2004:209).

Det ser ut som om normene som vert artikulerte, er samstemmige i at Ordskifte skal

---

<sup>2</sup> I teljinga har eg trekt frå dei tre siste numra.

vera ope og at ingen skal jagast ut, sjølv om det òg vert sagt at Ordskifte ikkje passar for dei som er for gamle. Ordskiftet Glorfindel startar understrekar det. Utsegna: «Og så syns jeg at det ikke burde være så mange elendige innlegg» (Ordskifte 2004:103), får tydeleg attendemelding frå Simsjenta og Piggsvin 7: «Til Glorfindel, du seier at det er så mange elendige innlegg. Slutt å skrive inn da, så vert det eit elendig innlegg mindre.» (Ordskifte 2004:175) og «Alle skal få lov til å ha egne meiningar. Når du skriv at elendige innlegg skal vere utelukka frå ordskifte, kva slags innlegg er det? Innlegg andre ikkje er einige i? Eg er i alle fall ikkje einig med deg.» (Ordskifte 2004:208)

Sjølv om det finst innlegg som dette frå \*tenåring\*: «Først til Malin(n)\*\*hamster i Norsk Barneblad 10: Jeg syns vi skal respektere dine meninger, alle meninger skal respekteres, men det finnes jo grenser» (Ordskifte 2004:210), vert ideala om ope og inkluderande ordskifte slått fast relativt jamleg. Pliktnormene er altso tydelege her. Ordskiftet om Diddline er kan henda likevel eit døme på at forumet har vore ekskluderande.

Likevel meiner er forumet hovudsakleg er inkluderande: I løpet av eit år (minus 3 nummer) er det berre fire av 82 ordskiftedeltakarar som ikkje har fått respons med direkte henvending/referanse. Det er altso ikkje slik at nye skribentar vert oversedde, medan ”dei etablerte” refererer til kvarandre. Nesten alle som skriv vert refererte, og nye skribentar vert refererte til i minst like stor grad som gjengangarane, og slik inkluderte.

### **3.4.9 Norm 9: Syn medvit om deg sjølv, samhandlinga og teksten!**

Eit drag som skil Ordskifte frå innlegga eg har sett på i BT, VG og Aftenposten (jf. vedlegg 3), er at innlegga bruker mykje plass på å presentera skribenten og innlegget, og koma med ulike lesarinstruksjonar. Det er vanleg å byrja med å skriva at det er fyrste gong ein skriv til Ordskifte slik WITCH-G gjer: «Dette er første gang jeg skriver, så ikke kritiser meg for mye» (Ordskifte 2004:8). Dette førekjem sjølv sagt ikkje i kvart innlegg, men innlegg med slike formuleringar finst i over halvparten av numra i 2004. Mange avsluttar òg med liknande metaformuleringar, som Dolly: «Innlegget mitt vart veldig kort, men eg kjem tilbake!» (Ordskifte 2004:8) og Gaupa: «Dette vart eit kjedeleg innlegg med lite meiningar i, men no veit de i alle fall at Slim\_øgla og Gaupa er same personen!» (Ordskifte 2004:8)

Dette er ulike måtar å fokusera på sjølve skrivehandlinga på, at ”det er eg som skriv”, og i forlenging: at det dei skriv skal lesast av nokon andre. Dette skil innlegga i Ordskifte frå lesarbrev (jf vedlegg 2 og 3), der det er mindre vanleg å innleia med å presentera seg – idealet er å konsentrera seg om saka. Kontaktannonsar, derimot, er ein sjanger der det er vanleg å presentera seg – grundig. Det kommunikative føremålet med sjangeren kontaktannonse er å

verta kjend med nokon som kan verta ein ven eller kjærast eller elskar. Dersom ein ser Ordskifte som eit forum med fleire kommunikative føremål – der sakleg meiningsutveksling er eitt, men der det å verta kjende og vera i lag, om enn berre skriftleg, òg er eit føremål, vert det rimeleg å presentera seg fyrste gong ein deltek.

Det er òg rimeleg å tru at når skribentane bruker mykje plass på å fortelja om egne innlegg og det at dei skriv til Ordskifte, er det av di det å skriva innlegg til Ordskifte er ei viktig handling.

Ei anna årsak til at skribentane nyttar so mykje plass på å fortelja kva dei gjer, kan vera at det ikkje er sjølv sagt. Svara på kva ein gjer når ein skriv eit innlegg til Ordskifte, ligg i ikkje fasttømra i sjangeren, difor er det meiningsfullt å fortelja det.

Det er òg vanleg å kommentera ordskiftet. Dette viser ein sjølv- og meta-refleksjon som ikkje er vanleg i debattinnlegg (eller kontaktannonser), men som kan vera vanleg i andre forum, kan henda serleg ulike internettforum. Eg har delt dei inn i fire metakommentartypar:

*Ynske om respons:* «Håper på ris og ros» (WITCH-G, s 8). Ynske om respons på egne innlegg uttrykkjer normativitet i høve til forumet, ynske om korleis dei andre i forumet skal handla.

*Orsakingar for kvaliteten på egne innlegg:* «Dette vart eit kjedeleg innlegg med lite meiningar i,» (Ordskifte 2004:8) «Nå hadde jeg ikke så mye meninger, men det får holde. Håper på ros og ris, selv om jeg ikke skrev så mye» (Ordskifte 2004:102)

*At ein er lei av bestemte diskusjonar:* Den smarte anda: «Kva er det som er så kult med RH? Og kvifor må de berre diskutere det?» (Ordskifte 2004:30)

*Direktivar og kvalifiseringar om korleis ein bør diskutera og korleis Ordskifte er og bør vera:* Tullerusk-89: «Når nokon seier at ein film er dårleg utan å grunngje kvifor, heng det ikkje på greip» (Ordskifte 2004:8). *\*\*edderkoppen\*\**: «ordskifte er for alle» (Ordskifte 2004:8). Hestejenta: «Til Heksa: Eg trur ikkje dei som les ordskifte, er så veldig interesserte i kor gammal du er, og korleis du ser ut og kva interessene dine er. Eg trur dei vil lese meiningar.» (Ordskifte 2004:31) Eowyn: «Viss det skal vere mogleg å gje ris eller ros, må du ha sagt kva du meiner om forskjellige ting, ikkje berre ha gitt ris og ros til andre.» (Ordskifte 2004:46). Candy Queen: «Og Hjerterdame, kritikk er ikke nødvendigvis negativt. Det er bare uenighet.» (Ordskifte 2004:46)

Det enklaste svaret på kvifor skribentane bruker so mykje plass på metaordskifte, er at det vert opplevd som adekvat. Ein må gå ut frå at skribentane skriv ting dei vil ha sagt, og når det vert sagt so mykje om sjølve ordskiftet, er det truleg viktig korleis ordskiftet går føre seg. Eit anna opplagt svar er av di det ikkje er sjølv sagt – dersom svaret hadde lege fastlagt i

sjangeren (jf Svennevig 2001:15), hadde det vore overflødig å diskutera korleis diskusjonen skulle gå føre seg. Altso – *sjangeren i Ordskifte er ikkje endeleg fastlagd, men utsett for konstant reforhandling av deltakarane.*

Ein grunn til den konstante sjangerforhandlinga kan vera at det er ei relativt stor utskifting av deltakarane i Ordskifte, sidan det er ei avgrensa aldersgruppe som deltek. Heile tida kjem det inn nye (i Norsk Barneblad 1-04 inneheld 3 av 11 innlegg ei formulering om at dette er fyrste gong ein skriv, og i Norsk Barneblad 2 gjeld dette 2 av 9). Normer må traderast, og i eit forum med stor utskifting og inkje metaområde utanfor innlegga, må traderinga skje via innlegga – og det må skje ofte og tydeleg. Sidan Ordskifte er eit ope og dialogisk forum, er alle påstandar/utsegner sette fram i eit innlegg moglege å diskutera – ogso normgjevande metautsegner.

### **3.4.10 Norm 10: Lesarinnlegg = ytringar frå lesarane**

Sjølv om det i liten grad vert hevda eksplisitt i Ordskifte, er det rimeleg å tenkja seg at ei førestelling om kva lesarinnlegg er for noko, er ei norm som har ein viss innverknad i forumet. Sjølv om Ordskifte er eit eige og unikt forum, kan innlegga kallast ein slags lesarinnlegg – dei er innlegg frå lesarane. Skribentane har òg truleg eit medvit om kva eit lesarinnlegg er frå aviser, ulike blad og norskundervisninga.

Fear the Fluffy skriv: «Nå høres jeg sikkert litt merkelig ut, men jeg synes seriøst at du (87-modellen) burde sende innlegget ditt til en avis eller noe... Kanskje noen mennesker og/eller politikere hadde skjønt litt mer! For innlegget ditt var virkelig bra! Maaaaasse ROS til deg!» (Ordskifte 2004:304-05)

Det at noko ”kunne ha stått i ei avis”, vert her sagt som ein kompliment. Sjølv om det berre vert sagt direkte ein gong, kan det vera eit ideal som ligg under når dei argumenterande og ikkje-refererande innlegga til MMM og 87-modell med håp om en lysere framtid vert drøfta og får so positiv attendemelding. Resonnementet kan vera om lag slik: ”Ordskifteinnlegga er eigentleg lesarbrev. Lesarbrev inneheld meiningar om samfunnsspørsmål, og argumenterer for synspunkta sine. Difor er ordskifteinnlegg som inneheld meiningar om samfunnsspørsmål og argumenterer for synspunkta sine gode ordskifteinnlegg”. Dette forklarar mellom anna skiljet mellom ”å bry seg om verda” og ”å diskutera truser” som redaktøren dreg opp i ordskiftet om Diddline: «Ho var ei jente med sine meiningars mot. I lengda blir det jo litt stussleg berre å diskutere truser, popstjerner og Ringenes Herre. Vi treng fleire jenter og gutar som bryr seg om verda på same måte som Diddline gjorde (og sikkert gjer enno).» (Ordskifte 2004:209)

Sjølv om skribentane må ha med seg ei slags norm om kva eit lesarinnlegg er, liknar innlegga i Ordskifte lite på lesarbrev i avisene. Innlegga opnar gjerne med ”Hallo” og kan verta underteikna med Sexy Babe. I tillegg tek dei opp mange emne og er i liten grad argumenterande. Av lesarinnlegga eg har sett på i BT, VG, Firdaposten og Si ;D, var det ingen som opna med ei helsing, og alle heldt seg til eitt emne. Alle innlegga som var lengre enn tekstmeldingar inneheldt argumentasjon i tydinga grunngeving for standpunkt.

Når ordskifteinnlegga i liten grad fylgjer denne ”avisnorma”, men framleis er ein slags lesarinnlegg, kan ein grunn vera at det finst fleire sjangernormer for lesarinnlegg enn det ein kan kalla ”debattinnlegget”, som eg har sett på i avisene. Det finst fleire offentlege forum enn debattsidene i avisene det er mogleg å senda innlegg til: spørjespalter i blad og aviser, kontaktpalter i blad og aviser, spalter som «Summetonen» i avisene, debattar på internett, anten på sidene til andre medium (tv, aviser) eller på reine internetmedium. Det finst eit høgt og lågt-skilje i denne mengda av stader å ytra seg, der den seriøse debatten på debattsidene i avisene vert rekna som høgre og meir kulturelt verdefullt enn å skriva inn til ei spørjespalte, til dømes.

Eg vil tru at kvalifiseringsnormene i Ordskifte for kva eit innlegg er, (i tillegg til tradisjonen i Ordskifte sjølv) byggjer på to ulike lesarinnleggomgrep – det avgrensa som ligg i ordet ”debattinnlegg”, og den vide forståinga av moglege lesarinnlegg som ulike innlegg som vert skrivne av lesarar med ulike kommunikative føremål til ulike offentlege forum. Innlegga om korleis ein bør skriva og kva som er verdige emne, både frå redaktøren og skribentar i forumet, syner at det kan vera konflikt mellom desse to forståingane.

Eit interessant drag ved Ordskifte 2004, og som skil det frå lesarinnlegg, er at innlegga verkar å vera skrivne meir til dei andre ordskifteskribentane som forum enn til lesarane av Norsk Barneblad som publikum.

### **3.4.11 Norm 11: Du treng ikkje vera nynorsk.**

Sidan Norsk Barneblad er ein del av den nynorske skriftkulturen (jf. 2.2.4.6 og 2.2.4.7), er det interessant å sjå i kva grad nynorsk eller ”det nynorske” er viktig som normgrunnlag eller identitetsressurs i Ordskifte. I 2004 verkar det som den nynorske skriftkulturen har liten innverknad som norm. To tredeler av innlegga er på nynorsk, og bladet Norsk Barneblad bruker berre nynorsk, so på det viset står nynorsken sterkt. Det står òg bakerst i bladet at redaksjonen omset innlegg til nynorsk om nokon ynskjer det. Men nynorsk vert lite tematisert: Nynorsk vert berre teke opp i diskusjonen to gonger i løpet av året. Det er heller ingen av kallenamna som direkte tematiserer nynorsk eller dialekt, slik det har vore tidlegare.



Alle dei mest populære diskusjonsemna (utanom det som gjeld Norsk Barneblad direkte) er knytte til erfaringar i ein sams norsk (eller vestleg) barne- og ungdomskultur, som musikkartistar, Ringenes Herre, sminke og mote og Harry Potter. Nokre av dei mindre populære diskusjonsemna tematiserer by og bygd og saker som kan knytast til det (som kva som luktar best av parfyme og kumøk, å bu på gard), og rurale fritidsaktivitetar som 4H og Speidaren vert nemnt, men er ikkje populære tema. I alle hovudsak kan ein seia at referansane i innlegga går til ein fellesnorsk ungdomskultur, og i liten grad til ein nynorsk delkultur.

### **3.4.12 Oppsummering**

Innlegga i Ordskifte er innlegg i ein løpande diskusjon, men skil seg frå andre debattinnlegg. Fleirtalet av innlegga refererer og gjev korte kommentarar til mange tidlegare innlegg, men argumenterer ikkje. Eit mindretal, på under 18 prosent, liknar meir på debattinnlegg ved at dei argumenterer for eitt (eller fleire) standpunkt, og ved at dei ikkje vender seg til ein og ein i forumet, men til heile formet, eventuelt alle lesarane av Norsk Barneblad, som eit publikum. Innlegga i Ordskifte er spesielle ved at dei har ein del drag frå personleg kommunikasjon. Mange innlegg opnar med ei helsing, ein vekslar mellom å venda seg til ulike personar og til heile forsamlinga slik ein gjerne gjer i uformell samtale, innlegga er ordna etter tid og forløp, på ein slik måte at det er plass til å skriva ned nye idear og innfall ein får. Tabellane under 3.3 synte at dei tekstuelle og mellompersonlege metafunksjonane dominerte, slik dei ofte kan i uformelle språkbrukssituasjonar prega av leik og overskot. At desse språklege metafunksjonane dominerer, kan vera eit signal om at den kommunikative aktiviteten i seg sjølv er viktigare enn det ein snakkar om.

Eit viktig drag ved Ordskifte som språkbruksmiljø er at det finst ulike typar innlegg som vert rekna som gyldige. Både det refererande innlegget og det argumenterande er moglege og baa får positiv respons. Det siste får kan henda meir positiv vurdering i eksplisitte normutsegner, medan det fyrste er det klart mest vanlege.

## **3.5 Drøftingar og konklusjonar**

### **3.5.1 Kvifor er innlegga slik? Om å handla kommunikativt**

Frå dei ulike analysane går det fram at innlegga i ganske liten grad er prega av ein strategisk handlemåte. Det er nokre trekk som verkar strategiske, som når nokon skriv korleis dei meiner Norsk Barneblad bør endra seg. Målet med ei slik utsegn er ikkje ordskifte eller å koma fram til ei sams forståing, men at redaktøren skal lesa det og endra bladet slik

skribenten vil. Det er ein freistnad på å påverka. Å be om ris og ros kan òg kallast ei delvis strategisk handling – målet er ikkje å utvikla forståing, men å få den andre til å handla på ein bestemt måte. Utanom dette er den strategiske handlemåten lite representert.

Innlegga verkar fyrst og fremst å vera skrivne for å få til diskusjon og tekstsosialt samvere med andre, og dette er det rimeleg å kalla kommunikativt eller forståingsorientert med Habermas, eller deltakande med Skjervheim. Likevel er ikkje ordskifteinnlegga slik Skjervheim tenkjer seg idealsituasjonen: «Vidare, når vi oppfattar den andre sine påstandar som påstandar, let vi oss gjerne engasjera i ein diskusjon om det som vert påstått [...] Å ta den andre alvorleg er det same som å ta hans meiningar opp til ettertanke, eventuelt diskusjon.» (Skjervheim 1996:74-75) Då skulle dei bore meir preg av argumentasjon, for det er jo det ein ”skal gjera” når ein tek den andre alvorleg og handlar forståingsorientert. I staden fann eg at i dei aller fleste trekka i innlegga var det den tekstuelle eller mellompersonlege metafuksjonen som dominerte, og ikkje den ideasjonelle, slik ein skulle venta av ein sakleg diskusjon. Det verkar som om det er like viktig å tematisera i teksten at ein meiner, skriv, diskuterer og at ein vender seg til nokon, som sjølv det ideasjonelle aspektet. Sjølv om dette er annleis enn situasjonen Skjervheim skildrar, kan eg ikkje sjå at det gjer innlegga mindre prega av den kommunikative eller deltakande handlemåten. Truleg ligg grunnen til skilnaden mellom realiteten i ordskifteinnlegga og ”den kommunikative draumen” ein annan stad – nemleg i mangelen på høve til å handla strategisk.

I Si ;D i Aftenposten finn eg meir argumentasjon enn i Ordskifte (jf. vedlegg 2). I reportasjen «Ungdom vil Si ;D» (Graatrud 2005) understrekar intervjuobjekta at ein motivasjon for å skriva til spalta er at dei vaksne les henne. Det har òg hendt at innlegg i Si ;D har danna utgangspunkt for redaksjonelle oppslag. Si ;D gjev altså høve til å handla strategisk – det er ein mogleg kanal for å påverka vaksne til å handla annleis. Når ein har eit reelt høve til å påverka, er det større grunn til å gjera sitt beste ved å tala godt for seg, å argumentera godt for saka si. Då legg ein stor vekt på det ideasjonelle. I Ordskifte er det mest strategiske ein kan oppnå endringar i Norsk Barneblad eller å mobba ein annan ordskiftedeltakar ut av forumet, og det gjer det ideasjonelle mindre viktig enn sjølv diskusjonshandlinga. Då kan ein – paradoksalt nok – seia at ”ideell” kommunikativ handling føreset at deltakarane har moglegheit til å handla strategisk i høve til omverda. Dette ligg truleg under som ein premiss for Habermas, sidan aktørane som hjå han handlar kommunikativt og strategisk, i utgangspunktet er frie borgarar. Denne føresetnaden eksisterer ikkje i Ordskifte, sidan det ikkje er eit forum der ein påverkar nokon utanfor, og sidan dei som skriv der er born, og difor i utgangspunktet har lite makt til å påverka samfunnet.

Desse grunnane er med å gjera diskusjonsmåten i Ordskifte til ein sereigen måte å handla kommunikativt på.

### **3.5.2 Kvifor er innlegga slik? Normkonflikt og kommunikative føremål**

Normene i Ordskifte er dels motsetnadsfulle. Nokre verkar vera henta frå offentleg debatt, medan andre verkar å vera henta frå meir uformelle språkbrukssituasjonar.

Denne motsetninga pregar òg vurderingane i innlegga: Det er vanleg å uttrykkja at ”meiningar” er betre og meir høgverdig enn ris og ros, likevel avsluttar svært mange med ynske om ris og ros. Altso – det skribentane seier er godt, er ikkje alltid det dei ynskjer seg.

Det kan vera mange årsaker til at normene i Ordskifte ikkje er eintydige. Ei årsak er at det må vera rom for fleire ulike kommunikative føremål i sjangeren: både å diskutera og å ”vera sosiale”, både å argumentera for eit standpunkt og å seia frå kva ein meiner om ulike saker. Det å kunna venda seg til andre einskildpersonar og til heile forumet, det å presentera seg, å kunna signalisera kva slags respons ein ynskjer, er element som må vera der som gyldige val i sjangeren, og som sjangeren må vera i stand til å gje normer for.

Ei anna årsak til at normene ikkje er eintydige, kan vera at Ordskifte som situasjon har ein innebygt konflikt. Eit forum for offentleg debatt som aldri når ålmenta og som difor ikkje har høve til å påverka, er i seg sjølv ein motsetnad, og må difor truleg generera usikre og motsetnadsfylde tekstnormer.

Ein del av konteksten for Ordskifte er at det ikkje står sjangerinstruksjonar nokon stad i bladet utanom sjølve innlegga, og skribentane har heller ingen annan måte å driva rettleiing av nye skribentar og annan metadiskusjon på enn i innlegga. Ein del av den tekstuelle konteksten for kvart innlegg er at Ordskifte fungerer som eit forum, eit språkbruksmiljø av dei som deltek og der dei til ein viss grad avgjer reglane for kommunikasjonen. Dette skil det frå lesarbrevsida i avisa, som ikkje har denne tette kontakten på tvers mellom innlegga. Ein viktig faktor for situasjonskonteksten er at det er utskifting i forumet. Desse faktorane utgjer ein bakgrunn som gjer normdiskusjonen i innlegga til eit rimeleg element i sjangeren.

Ordskifteinnlegga skil seg òg frå lesarbreve ved at dei fleste innlegga, som har *mange* henvendingar og tilsvar, har kort eller ingen argumentasjon for synspunkta dei fremjar. Lesarbreva eg har sett på har både meir kompleks og lenger argumentasjon for kvart synspunkt. Dette gjeld både vaksenlesarbreva og ungdomslesarbreva i Si ;D. Eg ser dette i samband med at born ofte skriv kortare tekstar enn vaksne, og gjerne kortare om kvart emne. Ordskifte er eit forum som er samansett av barn og ungdom frå kanskje 9 til 15, og dette inneber at det må vera store variasjonar i skrivekompetansen og skrivekondisjonen deira. Det

er rimeleg å tru at dei eldste og mest røynde skribentane står for innlegga med mest argumentasjon og minst kompleks dialogistitet, utan at dette går an å sjekka når ein ikkje veit alderen. Kan henda ein kan seia at forma på innlegga uttrykkjer avgrensa skrivekapasitet, men stor tekstsosial kapasitet.

Innlegga i Ordskifte er altso truleg slik dei er av di det vert opplevd og fungerer som ein fornuftig måte å administrera meiningsutveksling, sosialt samvere og trading/diskusjon av normer i same tekst på, i tillegg til at dei er prega av ein sjangermessig uklår og konfliktfylt situasjonskontekst – mellom normer for debattinnlegget og samtalen, mellom det å vera born og det å vera fri borgar.

### **3.5.3 Dialog og demokrati**

I problemstillinga (jf. 1) skreiv eg at eg er interessert i å sjå i kva grad Ordskifte kan kallast eit demokratisk ordskifte, og om det kan kallast demokratiserande. Ein kan karakterisera Ordskifte som eit særskild dialogisk forum, og som eit relativt ope forum – gjer det det demokratiserande?

I teorikapitlet gjorde eg greie for ulike demokratiomgrep, og knytte det i oppgåva til demokrati som aktiv deltaking. Om ein legg det til grunn, er det mogleg å seia at Ordskifte er eit demokratisk forum, sidan det er dialogisk og inkluderande. Å slutta frå interdemokratiet i forumet Ordskifte til at dette er noko som fungerer demokratiserande i storsamfunnet er derimot vanskeleg.

Omgrepet demokrati som folkeleg deltaking inneber òg ei førestelling om folkeleg deltaking i og innverknad på avgjerder som gjeld samfunnet. I Ordskifte seier barna meininga si, men dei har inga makt til å påverka eksterne avgjerder, dei påverkar inkje anna enn kvarandre og eventuelt andre lesarar.

Det ein kan hevda eller tru (men vanskeleg påvisa), er at det å diskutera saker som møter ein i eins eigen kvardag, som myndige, meiningsberettiga personar i eit forum der ein vert teken alvorleg og har innverknad, og der det ein seier vert handsama som viktig og relevant, er noko som gjev sjølvtilit til å krevja innverknad og delta i ordskifte som gjeld verkelege samfunnsmessige avgjerder. Det at borna deltek i Ordskifte som frie aktørar i staden for bundne elevar (jf. skilnaden mellom prøverom og treningsbane i 1.2) utgjer ein skilnad. Denne moglege samanhengen mellom deltaking i ordskifte og vilje og evne til å ta samfunnsmakt, er noko eg kjem til å diskutera i sluttkapitlet etter å ha analysert lesarinnlegga i Norsk Barneblad på fleire tidspunkt i historia, og sjå det i samheng med den nynorske skriftkulturen elles.

### 3.5.4 Forum med liknande normer

Under diskusjonen om normer har eg skildra korleis Ordskifte i Norsk Barneblad skil seg frå lesarbrevspalta i BT, VG og Firdaposten. Ordskifte skil seg òg i stor grad frå ungdomsdiskusjonsspalta Si ;D i Aftenposten, men har eit viktig fellestrekk: at skribentane skriv under med kallenamn. Det finst truleg få andre trykte forum det er naturleg å samanlikna Ordskifte med, og redaktøren i Norsk Barneblad hevdar at ho ikkje kjenner til andre ordskifteforum enn Si ;D som liknar Ordskifte.

Det er mogleg at ordskifte på ymse internettforum som epostlister, debattforum, bloggar og liknande kan ha liknande normer, fyrst og fremst kjenneteikna ved at det kommunikative føremålet har ein liknande kompleksitet: forumet er ein stad for både meiningsutveksling, sosialt samvere (slik at det er naturleg å presentera seg, gje respons, venda seg til ulike andre personar), og det finst ikkje noko metarom utanfor innlegga der ein kan tradera og diskutera køyrereglar, slik ein ofte finn på lesarbrevsida i avisene. Likevel er det vanskeleg å seia noko sikkert om dette utan å gjera ei grundig empirisk undersøkjing av dei ulike foruma. Det er vanskeleg å finna litteratur som gjev gode skildringar av tekstnormer i ulike internettbaserte språkbruksmiljø, og det skjer stendig endringar i materialet som gjer at litteraturen som finst verkar utdatert. I kapittel 5, kjem eg til å undersøka korleis og kva tid tekstnormene i Ordskifte endrar seg, og freista å seia noko om innverknad frå nye medium.

Det vert ofte hevda at nye medium som internett får den skriftlege kommunikasjonen til å verta meir dialogisk og dimed nærare den munnlege, at difor er det mindre skilje mellom skriftleg og munnleg kommunikasjon i dag enn før, og vidare at grunnen til at dei nye media fungerer dialogisk, er *den korte tida det tek å få svar*. Til dømes vert det hevda i *Tekst i tale og skrift*: «Bruken av kommunikasjonstekstar som e-post, diskusjonsforum og ”chat” har auka radikalt dei seinare åra, og har opna for samhandling på heilt nye måtar, uavhengig av tid og stad.» (Askeland m.fl. 2003:29)

Korleis kan då Ordskifte, der det kan ta ein månad å få respons, vera so dialogisk? Ut frå det eg har funne ut, kan ikkje det dialogiske potensialet i skrift fyrst og fremst vera avhengig av tida det tek å få svar. I undersøkjinga mi av Ordskifte 2004 ser det ut som om årsaka til det dialogiske fyrst og fremst ligg i det kommunikative føremålet til deltakarane, sjølv om endringar i tekstnormer og skrivemåtar utanom Ordskifte påverkar tekstnormene hjå ordskiftedeltakarane. Dette spørsmålet gjer det spennande å undersøka normene for ordskiftespalta Vi diskuterer i 1974. Var Vi diskuterer i 1974 meir eller mindre dialogisk enn

Ordskifte i 2004? Kva kan det seia oss om dialog og nye medium?

## 4 Analyse av *Vi diskuterer* 1974

### 4.1 Innleiing

I dette kapitlet vil eg analysera 1974-årgangen av *Vi diskuterer*, som diskusjonsspalta i Norsk Barneblad heitte fram til 1982. Eg vil finna ut korleis innlegga er bygte opp, og kva normer for tekst og tekstleg samhandling som galdt.

Tekstane frå 1974 er prega av meir argumentasjon og mindre kompleks dialogisitet enn tekstane frå 2004. At tekstane er ulike, gjer at eg dels må bruka andre grep og verkemiddel for å skjønna den tekstlege samhandlinga. 1974-tekstane er skrivne innanfor ein stil som verka gamaldags alt då eg sjølv lærte å skriva i fyrste halvdel av åttitalet. Barnekulturen og resten av den intertekstuelle konteksten borna nyttar seg av i diskusjonen har i det heile endra seg mykje på 30 år – dette gjer at eg i kapitlet tek meg fram i nytt og ukjend terreng, der eg ikkje intuitivt skjønar teikna i landskapet, og det kjem nok til å prega teksten – vonleg produktivt.

Sjølv om både tekstar og kontekst er ulike, trur eg at å sjå på spalta som eit prøverom kan vera vel so nyttig i arbeidet med å forstå 1974-tekstar som 2004-tekstar. Sjølv om utvalet av sjangrar, skrivemåtar og tekstfragment i butikken er eit anna, kan sjølve klesprøvinga samanliknast.

Eg kjem til å samanlikna funna eg gjer med *Ordskifte* 2004 undervegs, sidan eg undersøkte 2004-utgåva av spalta fyrst og ho difor er ei forståingsramme eg les funna frå 1974 i høve til.

#### 4.1.1 Om Norsk Barneblad i 1974

I januar 1974 hadde Norsk Barneblad eit opplag på 16 441 blad, men det vert opplyst i bladet i mai at ein har ca 13 000 tingarar (*Vi diskuterer* 1974:140). Nynorsk faktabok fortel at bladet vart sendt ut til 11 227 tingarar i 1975 (Grepstad 2005:Tabell 16.10). Dette er tre til fire gonger so mange tingarar som Norsk Barneblad hadde i 2004, og inneber truleg at bladet har hatt ein annan og større posisjon i målrørsla og i nynorskbrukande miljø elles. Det kom ut 24 nummer. Johannes Farestveit var redaktør.

Bladet hadde fargestrykk – blå/svart pluss ein farge. Slik var det på framsida og delvis inni. Ikkje alle sidene hadde fargar, og ikkje alle hadde bilete eller teikningar heller. På framsida er det eitt stort bilete, stort sett av born, men av og til av dyr. Borna held på med sunne aktivitetar som å bada, ro, køyra hest, vera ute i skogen og liknande, og dei er oftast i

landlege omgjevnader. Ein kan altså snakka om ein viss kontinuitet i biletspråket når det gjeld korleis born vert framstilte – det er same idealungane i 1974 som i 2004.

Bladet deler sjølv stoffet inn i forteljingar, artiklar, dikt, idrettsbiletet, idrett, ymse småstykke, hobysida, framhaldsforteljingar og teikneseriar i tillegg til lesarspalter som Premisida, Vi diskuterer, Skrøner og skjemt o.a. Ein stor del av bladet er forteljingar og framhaldsforteljingar. *Tom Sawyer* går som framhaldsforteljing, og etterpå overtek romanen *Guidos vandring*. Dei fleste forfattarane er mannlege, mellom anna er det ein god del artigforteljingar av Arvid Hanssen. Dei fleste forteljingane handlar om hendingar utandørs – ofte i naturen. Bortsett på vekta på forteljingar, er ein skilnad frå 2004 at bladet har eit dikt i om lag kvart nummer og tilnærma fast idrettsstoff. Bladet har heller ikkje leiarteig.

Intensjonen om å opplysa og oppseda er lett å sjå. Den store mengda faktastoff opplyser, og bileta av sunn ungdom og fast idrettsstoff er nok meint å skulle læra ungdomen sunne fritidsinteresser. I tillegg til at bladet er meint å vera kjekt for ungane, sjølv sagt. På desse felta er det kontinuitet frå 1974 til 2004.

Det som endrar seg er stofftypane og til ein viss grad kven redaksjonen ser føre seg som lesarar. Den uttala målgruppa er den same og ligg i namnet, men ser ein på stoffet, verkar bladet som det er mest innretta mot jenter i 2004 (jf. 3.1.1) og mest innretta mot gutar i 1974.





diskuterer eit forum for både gutar og jenter.

38 prosent av deltakane oppgjev alder (83 av 218), og gjennomsnittsalderen på dei er 13 år. Forumet verkar i hovudsak å vera for born/ungdom frå 10 til 16 år. Når ein so stor del av innsendarane oppgjev alder, er det rimeleg å tru at alderen til dei andre ligg i om lag same området, både av di det ser ut som det ikkje er noko spesielt ved dei innlegga som oppgjev alder og av di alderen dei oppgjev kan fungera normerande i høve til alder på andre som skriv inn.

Dei 15 mest populære emna i Vi diskuterer dette året, rangert etter popularitet (sjå 4.4.6.3 for fullstendig liste over diskusjonsemne):

1. Norsk Barneblad
2. Dyr/forvalting
3. Bokmål/nynorsk/språk
4. Kristendom/Bibelen
5. Skule
6. Sterkast av gutar og jenter
7. Røyking
8. Å diskutera politikk (i NB)
9. Likestilling/Kvinnediskriminering
10. Aldersgrense for traktor/mopedlappen
11. Korleis diskutera
12. Naturvern/krafutbygging
13. Kortspel og dans (synd?)
14. Fjernsyn (og fjernsynsprogram)
15. Forelsking og kjærastar

I tillegg er det vanleg med element som kommenterer innlegget og/eller skribenten sjølv, og det er vanleg å kommentera ordskiftet. Fleirtalet av innlegga refererer til tidlegare innlegg, men dette skjer etter eit anna mønster enn i 2004. Det kjem eg til å skriva meir om når eg går gjennom normene.

Noko anna som er verdt å nemna, er at det ikkje var jamt tilsig av innlegg i løpet av året. Denne kommentaren frå redaktøren syner eit samanbrot i diskusjonen på hausten.

Diskusjonsspalta svelt!

Saknar du ”Vi diskuterer” i dette nummeret? Det gjer vi også. Oftast får vi mange fleire innlegg enn vi har plass til, men det skifter mykje – og dei siste vekene har det vore svært få. Så vi hadde ikkje nok til å fylla spalta denne gongen. [...] (Farestveit 1974:348)

Det er vanskeleg å vita grunnen til dette, men det er interessant av di stoda verkar å vera svært ulik i høve til 2004, då redaktøren opplyser at det var jamt tilsig av innlegg (vedlegg 1).

### **4.3 Detaljert analyse av dei dialogiske og diskuterande trekk i tre innlegg**

Dersom me set tre ganske ulike innlegg inn i ein trekk-tabell ordna etter forløp, slik eg gjorde i førre kapittel (jf. 3.3), ser me store variasjonar: Innlegg 1 passar godt inn i tabellen, med ein kompleks adressivitet og lite tekst for kvart trekk, medan innlegg 2 og 3 får relativt store tekstbolkar for kvart trekk, noko som gjev eit hint om at dei er skrivne etter andre reglar enn innlegga i 2004, som passa godt inn. Det ser ut som fleire innlegg og større deler av innlegga er hierarkisk oppbygt argumentasjon. Dette gjer at me òg må bruka argumentasjonsskjemaet for å fanga strukturen i innlegga.

*Tabell 5: Innlegg 1 frå Julius (Vi diskuterer 1974:12)*

<b>Trekk</b>	<b>Teksten</b>	<b>Språkhandling SH/KH</b>	<b>Språkleg metafunksjon</b>
Helsing	Hallo	Ekspressiv	Mellompersonleg/ tekstuell
Henvending til redaksjonen/ Fast formular	Tusen takk for Norsk Barneblad, som eg har halde i 3 år no	Ekspressiv	Mellompersonleg
Koma med eige tema	Ein må få lov til å skriva kva ein vil under innlegga, synest eg.	Konstativ SH	Tekstuell/ ideasjonell
Henvending/ referanse	Til vossajentene i nr. 17:		Mellompersonleg
Henvending/ referanse og tilsvar: uttrykkja usemje	De må ikkje innbilla meg at de lærer for mykje på skulen – nei, tvert i mot	Konstativ (forma som direktiv)	Ideasjonell (mellompersonleg )
Lesarinstruksjon	Så		Tekstuell
Henvending/ referanse	til Dag og Trond:		Mellompersonleg
Tilsvar: uttrykkja usemje	Mitt råd til dykk er: Kutt ut den dyrespalta som de vil føra inn.	Konstativ/ direktiv	Mellomersonleg/ ideasjonell

Henvending/ referanse	Til redaksjonen:		Mellompersonleg
Koma med eige tema	Kunne vi ikkje fått nokre konkurransar eller tevlingar utover i bladet no (slik som i 1971, 1972).	Direktiv SH	Ideasjonell
Lesarinstruksjon	Til slutt, men ikkje minst:		Tekstuell
Koma med eige tema	Kutt ut politikken i Norsk Barneblad.	Direktiv SH	Ideasjonell
Helsing	Julius	Ekspressiv	Mellompersonleg/ tekstuell

Tabell 6: Innlegg 2 frå en skogning på 12 år (Vi diskuterer 1974:12)

Trekk	Teksten	Språkhandling	Språkleg metafunksjon
Overskrift Henvending/referanse	Svar til ”Rødtoppene”		Tekstuell/ mellompersonleg
Tilsvar: gå inn i argumentasjon	Adam og Eva fikk jo ikke bare to sønner. De fikk mange flere. Se i 1. Mosebok 4.-5. kap. Og der leser vi jo at de ble mye eldre enn vår menneskealder. Så mange mennesker kom jo til på noen hundre år.	Konstativ (+ ein direktiv)	Ideasjonell (+ noko mellompersonleg)
Tilsvar: vidare argumentasjon	Jeg tror at det viktigste ikke er å forstå alt, og få alt vitenskapelig forklart, av det som står i Bibelen.	Konstativ	Ideasjonell
Referanse til den andre sin påstand	Og at vi stammer fra apene,	Konstativ	Ideasjonell
Tilsvar: uttrykkja usemje	det er jeg heilt uenig i.	Konstativ	Ideasjonell/ mellompersonleg
Tilsvar: vidare argumentasjon	Hvorfor utvikler ikke apene seg videre til mennesker i dag da?	Direktiv. Konstativ	(mellompersonleg) Ideasjonell

	Dessuten så har jo vitenskapsmenn begynt å tvile på apeteorien sin også. De har nå funnet beviser på at folk har levet på den tid da de trodde at vi enda levde på apestadiet. Nei, Bibelen er nok sann.		
Helsing	Hilsen fra en skogning på tolv år.	Ekspressiv	Mellompersonleg/ tekstuell

Tabell 7: Innlegg 3 frå ei Lofthus-jente på 13 år (Vi diskuterer 1974:11)

Trekk	Teksten	Språkhandling	Språkleg metafunksjon
Overskrift + referanse til tema	Kven er sterkast	Direktiv	Tekstuell
Henvending/referanse	”Hardinggut som bur på Voss”		Mellompersonleg
Tilsvar: uttrykkja usemje	er eg ikkje einig med.	Konstatv/ ekspressiv	Mellompersonleg
Tilsvar: gå inn i argumentasjon	Det der med at gutane er sterkare enn jentene, er ikkje sant.	Kvalifisering	Ideasjonell
Tilsvar: i argumentasjonen - upåstanden	Kva er det du skryter av? Slik som i gymnastikk til dømes, når vi skal hanga i ribbene og strekkja beina opp, er det jentene som er sterkast og held lengst ut! Vi har ei dansk lærarinne som har styrkeøvingar med oss, og jentene greier til vanleg meir enn gutane. Jentene kan vera like flinke	Direktiv. Konstativ	Mellompersonleg. Ideasjonell


	som gutane å sparka fotball, berre dei får øva seg litt. På vår skule får jentene vera med og sparka fotball.		
Koma med eige tema	Det der med røyking er heilt tullete!	Konstativ	Ideasjonell
Argumentasjon	”Ein sigarett er ein kvit pinne med ei glo i den eine enden og ein idiot i den andre”.	Kvalifisering	Ideasjonell
Henvending til redaksjonen/fast formular	Så vil eg takka for eit kjempefint blad.	Ekspressiv	Mellompersonleg
Helsing	Helsing frå ei Lofthus-jente på 13 år.	Ekspressiv	Mellompersonleg/ Tekstuell

Innlegga liknar dei frå 2004 ved at dei fylgjer [henvending/referanse – tilsvaer]-oppbyggjinga. Skribenten vender seg til han/ho han vil uttrykkja semje eller usemje med samstundes som han/ho refererer til det tidlegare innlegget andsynes heile forumet. Det kan godt vera fleire slike [henvending/referanse – tilsvaer]-bolkar i eit innlegg (57 innlegg refererer til to eller fleire), men det mest vanlege er å berre koma med direkte tilsvaer til *ein* annan deltakar (110 innlegg), gjerne i tillegg til å koma med eige/eigne tema. Fordelinga av responsen er ujamn. Dei aller fleste skribentane vert ikkje referert direkte til. Meir om dette under 4.4.8.

Tabellane syner òg at den ideasjonelle funksjonen dominerer i langt større grad enn i 2004. Sjølv om skribentane gjer mykje av det same på dei to ulike tidspunkta – vender seg til ulike personar i forumet og kommenterer det dei har sagt, gjer dei det på ein annan måte. Der skribentane i 2004 fokuserer på det mellompersonlege og tekstuelle, oppfører 1974-skribentane seg i tråd med Skjervheim sine ideal for den deltakande samtalen (jf. 2.2.4.1): dei går inn og diskuterer med påstanden motparten har kome med, i staden for å sjå påstanden utanfrå slik 2004-skribentane kan seiast å gjera ved å gje ris og ros i staden for å gå inn i diskusjon. Strategisk handling vert brukt for å påverka redaksjonen, på same måten som i 2004.


Innlegga i 1974 skil seg frå innlegga i 2004 ved å ha hovudvekta på argumentasjon og ved å ofte ha ei emneorientert overskrift i staden for ei helsing. Dette gjeld innlegg 2 og 3 i tabellen, som er dei mest typiske, men ikkje innlegg 1, som har ei oppbygging meir lik den som er vanleg i 2004. I analysen kjem eg til å ha hovudfokus på innlegg som liknar innlegg 2 og 3 av di dei dominerer i tal, og av di dei skil seg frå innlegga i 2004.

Figur 6: Innlegg 2, 1974



Innlegget er bygt opp slik at ærendet vert sagt i overskrifta: det er å svara "Rødtoppene", og svaret kjem klårt fram i konklusjonen: «Nei, Bibelen er nok sann». Skribenten har ein tredelt argumentasjon som ein kan tenkja seg er ei imøtegåing av innvendingar som er komne tidlegare i ordskiftet. Argumentasjonen er relativt kompleks, han har både fleire trekk ved sidan av einannan og fleire trekk under einannan. Noko som er interessant med dette innlegget i høve til det argumenterande innlegget frå 2004 i figur 4 (jf. 3.3), er at der 2004-innlegget endar i ei oppmoding til handling, endar dette berre med å slå fast det alle skjønna på starten av innlegget at skribenten meiner: «Nei, Bibelen er nok sann». Dette gjev ei kjensle av at innlegget ikkje kjem nokon stad, at det på eit vis endar der det starta. Ei meir vanleg rørsle i andre lesarbrev, som eg fann i lesarbrev og Si ;D-innlegga, er at konklusjonen ikkje kjem til slutt, men anten rett etter ærend eller nest sist, og at han leier fram mot ei oppmoding til anten kommunikativ eller praktisk handling.

Figur 7: Innlegg 3, 1974



Dette innlegget har ein annan struktur, som med litt meddikting frå lesaren kan sjå ut som eit ikkje heilt ferdig innlegg som er meint å enda med ein appell om handling på slutten.

Innlegget startar med ærendet, kjem so til konklusjonen som skribenten grunnjev både med å dra truverdet til motparten i tvil («Kva er det du skryter av?») og ved å fortelja historier frå eigen kvardag. Argumentasjonen (men ikkje innlegget) sluttar med: «Jentene kan vera like flinke som gutane å sparka fotball, berre dei får øva seg litt. På vår skule får jentene vera med og sparka fotball». Det er litt uklårt om denne setninga er her for å fortelja om korleis det er på skulen til skribenten, om ho skal fortelja at på skulen til skribenten er jentene like flinke som gutane til å sparka fotball, om ho er ei oppmoding om at jenter på andre skular må få vera med og sparka fotball eller (kan henda mest truleg) litt av alt saman. I alle fall kunne appellen vore tydelegare om ho hadde spandert ei setning til på han. Ein kan altso velja mellom å sjå på denne argumentasjonen som bygt opp på liknande vis som innlegg i andre debattforum, men med ei noko ufullenda avslutning, og eit innlegg der argumentasjonen smuldrar opp og ikkje leier nokon stad. Ingen av vala er heilt opplagde.

Det at argumentasjonen tek so stor plass i innlegg 2 og 3, gjev inntrykk av at det er hovudhandlinga. Likevel er ikkje argumentasjon naudsynt for at eit innlegg skal vera eit innlegg, og det er heller ikkje der innlegga startar. Minimumsinnlegget er framleis slik:

[Henvending/referanse og tilsvar] og/eller [Koma med eige tema] + Underskrift



Alle innlegg har underskrift og anten henvending/referanse eller kjem med eige tema eller b e deler. Alt i Norsk Barneblad nummer 1 1974 finn ein innlegg som realiserer alle tre moglegheitene: Innlegget «Villmenn og pappspikrar» brukar [henvending/referanse og tilsvar]. Innlegget «Ymist» har b ade [henvending/referanse og tilsvar] og kjem med eige tema. Innlegget «Tilbake til det gamle!» kjem med eige tema utan   ha [henvending/referanse og tilsvar] (Vi diskuterer 1974:11-12). Ikkje alle innlegg har overskrift. I kva grad det kjem av at innlegget er skrive utan overskrift eller er redigert slik, er ukl art.

Eit nyttig grep for   forstå innlegga er   sj   re seg at dei er skrivne i ei r rsl  fr  byrjing til slutt. Dersom me f reset det, kan me samanlikna med andre aktivitetar som g r f re seg fr  byrjing til slutt, der ein fyrst gjer det n dvendige (seier kva ein vil snakka om, kven ein er samd eller usamd med og kva som er standpunktet ein har. Dette skjer tidleg i innlegget), f r ein etter kvart kjem ein over i ”frihetens rike”<sup>3</sup>, der ein kan utfalda seg, utbrodera, vera kreativ, leika, pr va seg p  spr klege eller argumentatoriske c-moment. Dette minner om todelinga i mykje handarbeid. Ein kan ikkje berre brodera og utfalda seg, ein m   g sy duken. So kan ein brodera, og det er ikkje naudsynt for at duken skal vera ein duk, likevel bruker ein tid og gjer seg flid og er kreativ. Etterp  n r ein ser p  resultatet, er det dei fine broderia ein er kry av, ikkje   ha sydd ein duk.

Tilh vet mellom n dvendigheit og fridom/leik og det narrative tilh vet mellom kva ein gjer fyrst og kva ein gjer etterp  kan vera nyttige kategoriar for   forstå desse innlegga. Kan henda det er slik at den additiv-narrative strukturen i forl pstabellen dekkjer det naudsynte, medan den hierarkiske oppbyggjinga fr  argumentasjonsskjemaet representerer fridomens rike, overskot, leik og flid.

N r ein ser at borna argumenterer meir i 1974 enn i 2004, er det lett   tenkja at barn og unge var flinke   skriva f r, og ikkje er det lenger. Eg vil freista unng    tenkja slik, eg trur at det er meir tenleg   leita etter forklaringar p  kvifor ulike skrivem tar vert  *oppfatta som adekvate*  av born i 1974 og i 2004. Jakta p  normer for Vi diskuterer 1974 spring i stor grad ut fr  det sp rsm let.

#### **4.4 Normer for Vi diskuterer 1974**

Eg har formulert 11 normer som eg meiner regulerer den spr klege samhandlinga i Vi diskuterer 1974. Alle tekstar treng ikkje vera berarar av alle 11 normene. I arbeidet har eg i stor grad teke utgangspunkt i normene fr  2004, og sett i kva grad dei same normene gjeld b e

---

<sup>3</sup> “Frihetens rike” er ein metafor henta fr  marx og marxistisk-inspirert ordskifte og som st r i motstrid til

åra, og i kva grad normene strir mot einannan. Likevel let ikkje alltid ulikt tekstmateriale seg dela inn på same vis, sjølv om nokre av rammene er dei same. Norm 2 Argumentér! i 1974 er til dømes ulik frå norm 2 Ha eigne meiningar! i 2004, men dei er ikkje motsetnader – ein kan heller seia at ulike aspekt av ordskifte, eller ulike skrivekompetansar (jf. 2.2.3.1), vert verdsette på dei to tidspunkta. Dei to normene vert heller ikkje realiserte på symmetrisk vis dei to åra – norma om å ha eigne meiningar kjem fyrst og fremst til syne i normgjevande metakommentarar, medan norma om å argumentera kjem til syne *både* i normgjevande metakommentarar og i skrivepraksisen. Tekstevna vår er mangfaldig og kompleks, og inndeling i ei fast mengd normer er abstraksjon. Likevel vil eg hevda at desse 11 normene fangar inn sentrale drag ved skrivinga i Vi diskuterer i 1974 og at dei sett i høve til dei 11 normene for 2004 fangar inn sentrale skilnader på skrivinga i forumet på dei to tidspunkta.

Dette er dei 11 normene eg har identifisert i 1974:

1. Redigeringsnorm: Utveljing ut frå prestasjonar
2. Argumenter!
3. Diskusjon er ein leik
4. Skriv godt!
5. Sei kven du er!
6. Ver born/Skriv som dei vaksne. Diskusjonen går der samfunnsdebatt og kvardag kryssar
7. Berre innlegg frå born som privatpersonar kan vera ordskifteinnlegg
8. Ta ballen, ikkje mannen!
9. Syn medvit om diskusjonen!
10. Lesarinnlegg = debattinnlegg
11. Ver nynorsk!

#### 4.4.1 Norm 1: Redigeringsnorm: Utveljing ut frå prestasjonar

Den normerande krafta til redaktøren i Vi diskuterer 1974 er sterkare enn i Ordskifte 2004, sidan redaktøren vel ut kva som kjem på trykk ut frå eige skjøn. Difor vert det ei pliktnorm å skriva ”godt”, der løna er å få koma med i spaltene. Redaktøren formulerer kriteria slik:

Alle innlegg blir ikkje brukte. Dei beste kjem i bladet, dei dårlegaste blir kasta – og somme ”halvgode” tek vi vare på og brukar dersom det blir plass i spalta seinare.

Vi vil helst at dei som skriv, held seg til *eitt* emne, og at dei ikkje skriv for langt. Hald god orden, og bruk berre eine sida av papiret. (Vi diskuterer 1974:155)

---

“nødvendighetens rike”.

Idealet om gode innlegg vert praktisert saman med idealet om fri meningsutveksling:

Meiner ”Salomo” at vi skal setja oss til å sensurera innlegga i denne spalta, slik at berre godkjende meiningar slepp til, kan vi straks seia at det vil vi ikkje. Det ville vera å drepa all diskusjon. Det finst ikkje noko emne som ikkje kan diskuteras her, berre det vert gjort i nokolunde saklege former. At det ”bryt ned både moral og anna”, nektar vi å tru. (Vi diskuterer 1974:12)

Sitata syner at det er ein annan normerende instans som er vel so viktig som skribentane sjølve inne i biletet, nemleg vaksenpersonen redaktøren. Dette påverkar det kommunikative føremålet til tekstane, og dimed sjangeren, slik at ein ikkje berre skriv for dei andre lesarane av Norsk Barneblad, men òg for redaktøren, og truleg prøver å skriva slik at redaktøren vil ha det på trykk. Då vert ikkje det kommunikative føremålet berre å diskutera med andre born, men å syna at ein er so flink til å diskutera/argumentera at ein fortener å koma på trykk. Sjølv om dette er ein type utveljing som vert praktisert i fleire (men ikkje alle) aviser, vil eg tru det verkar annleis når redaktøren er vaksen og skribentane born – at det å skriva innlegg vert ein situasjon som på nokon måtar liknar det å skriva stil på skulen for læraren.

Eit spørsmål er i kva grad pliktnorma redaktøren slår fast verkar – over halvparten av innlegga handlar om meir enn eitt tema og er soleis i strid med den uttala norma. Sjølv om ikkje alle gjer nett som redaktøren seier, er det grunn til å tru at idealet om å skriva ”godt” har ein innverknad (jf. 4.4.4). Dette har både med utveljinga som skjer å gjera, og med spørsmålet om diskusjonsøvingar, som eg tek opp under 4.4.3.

#### **4.4.2 Norm 2: Argumentér!**

Denne norma har eg kome fram til ved å sjå på mengda av argumentasjon i innlegga, og ved å sjå på normgjevande metakommentarar som slår fast at ein må argumentera for meiningane sine, slik Fotballinteressert, 14 år gjer: «Når en diskuterer, går det ikke an å si at jeg er enig, eller jeg er uenig. En må samtidig grunngi hvorfor en er enig eller uenig.» (Vi diskuterer 1974:27) Det mest vanlege trekket i eit innlegg utanom over- og underskrift, er henvending/referanse med eit tilsvar som går inn i argumentasjon. 159 innlegg, altso dei fleste, refererer til berre eitt eller to andre innlegg, so det er god plass og godt høve til å gå inn i diskusjon med kvar ein er samd eller usamd med. Argumentasjon er det elementet som tek størst plass i kvart innlegg (jf innlegg 2 og 3 under 4.3). Innlegga er ofte bygde opp slik at ei kort framføring av overskrift, emne/referanse og standpunkt innleier til ein lengre bolc med argumentasjon. Dette samsvarer med skiljet mellom nødvendighet og fridom som eg introduserte på side 65. Det er vanleg med eitt til tre-fire standpunkt i kvart innlegg, og alle plar ha argumentasjon knytte til seg. Det er sjeldan å koma med standpunkt utan argumentasjon, eller ei tilslutning eller avvising utan grunngjeving, sjølv om baa deler er

mogleg.

Kva argumentasjon *er*, kan definerast på fleire måtar. I «Argumentasjonsanalyse» (Sandvik 2002) tek Margareth Sandvik utgangspunkt i pragmadialektikk. Ho definerer argumentasjon slik: «Argumentasjon er en sosial, intellektuell og verbal aktivitet som tjener til å begrunne eller avvise en oppfatning som består av en sammenstilling av ytringer, med den hensikt å oppnå samtykke fra et publikum» (Sandvik 2002:240). I arbeidet mitt med Ordiskifte og Vi diskuterer gjer eg det so enkelt som at eg seier at argumentasjon er det same som grunngeving. Dette er ikkje ein freistnad på ein ålmenn definisjon, men ein måte å gjera omgrepet brukande i høve til materialet mitt. Der meiningane som vert fremja har ei eller fleire grunngeving(ar) som kan bestå av eitt eller fleire ledd/trekk, kan me analysera det som argumentasjon. Som me såg i argumentasjonsskjema, er det viktigaste serdraget dei argumenterande delene av innlegga har, at dei er hierarkisk oppbygde, i motsetnad til resten av innlegga, som er strukturerte ut frå forløp – additivt-narrativt (jf. 3.3). Sandvik (2002) opererer med eit normativt grunnlag for argumentasjonsanalysen. I denne oppgåva ser eg det som viktigare å syna at skribentane i Ordiskifte og Vi diskuterer bruker tekststruktureringsmåten ”å byggja opp argumentasjon” enn i kva grad dei fylgjer reglane for *god* argumentasjon. Det får ein betre fram med dei enkle argumentasjonsskjema eg har sett opp enn ved å gjera ein normativ analyse. Dessutan ser ein med eit halvt auga at lite av argumentasjonen til borna stettar alle diskusjonsreglane frå pragmadialektikken, til dømes dette kravet: «En part kan ikke betrakte et standpunkt som fullstendig forsvart hvis forsvaret ikke gjøres ved et passende argumentasjonsskjema som er korrekt brukt.» og dette: «En part kan bare bruke argumenter som er logisk gyldige, eller som kan gjøres gyldige ved å gjøre en eller flere premisser eksplisitte» (Sandvik 2002:261). Då ville det å bruka den pragmadialektiske regellista som mælestav, meir enn noko anna vera ein studie i feil og ukunne. Det ville vera å bruka mangel- eller opplæringsperspektivet frå treningsbanen eller eksamenssituasjonen, heller enn aktørperspektivet frå prøverommet som eg skildrar i innleiinga (jf. 1.2). Difor vel eg å bruka ein meir deskriptiv trekk-analyse og dels å sjå etter korleis ulike argumentasjonskrav og -strategiar faktisk vert realiserte i tekstane.

Ein ser at argumentasjonen vert utført med flid, og det vert lagt vekt på konsistens: Når Lofthusjente (sjå innlegg 3 i tabellen) har eit døme på at jentene i hennar klasse held ut lenger i ribbeveggøvinga enn gutane, har ho ”prova” at gutane *ikkje alltid* er sterkare, og dimed at det ikkje er heilt sant at dei er sterkast. Bergensar, 16 år, prøver òg å argumentera konsistent:

Det som dei fleste snakkar om medan dei bur seg til konfirmasjon (går for presten), er kor vidt det er synd å danse eller ikkje. Sjølv dansen er nok ikkje syndig, men det er miljøet som ofte følgjer med: drikk, slagsmål og liknande ting. Det er dette prestane meiner er gale. Dette gjeld også kortspel, fordi ein lett kan byrje å krangle og seie ting som ein ikkje meiner til kvarandre. (Vi diskuterer 1974:11-12)

Spørsmålet om dans er synd er eit populært diskusjonsemne i Vi diskuterer. Innlegget kan sjåast som ein retorisk strategi for å møte det at mange tykkjer det er for dumt å seia at det er synd i seg sjølv å dansa, ved å syna til andre ting som ”alle veit” skjer der det er dans – fyll og slagsmål, som alle er samde om er gale, og konkludera med at det er nok på grunn av dette prestane er negative til dans.

Sjølv om argumentasjonen kan minna om den ein finn i lesarbrevet, har han ein annan funksjon, som me kjem på sporet av om me prøver å finna ut kva argumentasjonen leier fram til. Noko som sermerkjer innlegga i Norsk Barneblad 74, er nemleg at argumentasjonen ikkje leier nokon stad! Dersom innlegga har ein konklusjon etter argumentasjonen, er det gjerne ”nødkonklusjonar” som denne (frå same innlegg): «Difor bør vi frå no av hjelpe alle slike menneske meir enn vi har gjort før, og tenkje på at alle menneske er like – innvendig, i tankar og åtferd.» (Vi diskuterer 1974:12) eller som slutten av dette avsnittet hjå Erik Haugstad:

Eg tykkjer det var dumt å endra på karaktergjevinga i folkeskulen. Kva skal ein stakkar tru når det berre står «kan bli betre» eller «tilfredsstillande» i vurderingsboka. Nei, eg trur det var mykje betre før når ein fekk ein karakter i alle fag. Då fekk ein i det minste vita korleis ein stod i det faget. Slik som det er no, er det berre læraren som veit om ein ligg over eller under gjennomsnittet. Eg kan heller ikkje få meg til å skjønna kvifor dei folka i Kyrkje- og undervisningsdepartementet så absolutt skulle endra på det gamle systemet. Dei og visste sikkert at korkje lærarar eller elevar ville at det skulle endrast.

Og så ein ting til [...] (Vi diskuterer 1974:410)

Innlegga i Norsk Barneblad handlar strategisk i høve til kva som skal stå i bladet (som innlegg 1 i tabellen), men i høve til andre samfunnsspørsmål nøyer dei seg ofte med å nemna eit standpunkt og forklara kvifor det er gyldig eller rett. Når dei kjem med ynske om samfunnsendring, er desse ofte generelle og lite spesifikke når det gjeld korleis noko skal gjerast og kven som skal syta for det. Me får inntrykk av at argumentasjonen, eller det å argumentera, er viktigare enn konklusjonen – det har verdi i seg sjølv, som utfalding i språket, ikkje i kraft av kva det leier til.

I avisa fungerer ikkje argumentasjon berre som utfalding i fridomens rike, men òg som ei strategisk handling for å oppnå noko utanomtekstleg – som me ser av innlegget frå VG om diskriminering av Paralympics i fjernsynet og innlegget frå BT om å få gratis skulebøker i staden for gratis p-piller (sjå vedlegg 3). Folk skriv lesarbrev for å delta i debatt, men i like stor grad for å opplysa og påverka (Elvestad 2001:37), som er dels strategiske handlingar.

Forma liknar lesarbrevet, men av di det kommunikative føremålet er eitt anna, vert det skriftlege resultatet eit anna.

### 4.4.3 Norm 3: Diskusjon er ein leik

Eg finn nokre indikasjonar på at diskusjonen i nokre tilfelle er meir prega av leik enn oppriktigheit (jf. 2.2.4.2). Ein indikasjon er observasjonen under norm 2 av at argumentasjonen ofte ikkje leier nokon stad – han har ikkje eit strategisk mål. Det å argumentera vert eit mål i seg sjølv, lausrive frå kravet om å påverka verda rundt ein. Ein annan indikasjon er ordskiftet om kven som er sterkast av gutane og jentene, som i nokon mon ber preg av leik, og ein tredje er innlegga frå Oslo-gutt og ”ALP”-tilhenger og mottakinga dei får (sjå nedanfor).

I artikkelen «I stället för nynorska. Folkrörelser, modernitet och skriftkultur – ett svensk perspektiv» (Josephson 2004) fortel Josephson om ulike diskusjonsøvingar som vart laga til på folkehøgskulane, der dei til dømes laga til fiktive kommunestyremøte, med drøftingar, vedtak og referat. Dette minner om selskapsleiken sofadiskusjon, der deltakarane vert delte i to sofaer med kvart sitt standpunkt til ei sak, og får i oppgåve å overtyda den andre gruppa. Dersom ein vert overtydd av nokon på det andre laget, kan ein byta gruppe. Dette er ein situasjon der diskusjonen ikkje er heilt autentisk, og då er det større opning for å leggja vekt på andre aspekt enn at den andre skal verta oppriktig overtydd. Det å ha ein flott, fantasifull eller artig argumentasjon kan vera viktigare enn å seia ting ein står 100 prosent inne for.

Innlegga til Oslo-gutt og ”ALP”-tilhenger og mottakinga dei får kan minna om denne diskusjonsleiken eller -øvinga. Oslo-gutt skriv m.a.: «Jeg skriver på bokmål, fordi jeg har det på skolen. Det synes jeg alle skulle ha. [...] Så synes jeg at vi må uttrykke alle farlige rovdyr. Jeg er redd for å gå i skogen når det er så mange farlige rovdyr der. Jeg mener også at alle burde være nødt til å gå i kirken» (Vi diskuterer 1974:108). ”ALP”-tilhenger skriv:

Jeg er helt enig med ”Oslogutt” i nr. 7. Jeg mener at hvis vi uttrykket alle rovdyr, så ville det bli flere dyr å jakte på, og menneskene kunne holde balansen i naturen selv. Bokmål burde være det eneste språket som var lovlig. [...] Det burde ikke være noen aldersgrense for moped og motorsykelkjøring.[...] Jeg mener at Anders Lange er den klokeste som har vært på Stortinget[...] (Vi diskuterer 1974:171)

Dette er standpunkt som er vanskeleg å ta heilt alvorleg, av di både argumentasjonen, sambandet mellom argument og standpunkt og premissane for standpunkta ligg langt frå common sense. ”Alle” veit at rovdyr dei alle fleste stader i landet ikkje er fårleg for folk som går på tur, og ”alle” er samde om (og var det truleg i 1974 òg) at menneske får ta del i den kristne nåden ved tru og ikkje ved tvang. Likevel vert det ikkje stilt spørsmål ved truverdet til Oslo-gutt i alle dei svara han får. Dei andre diskusjonsdeltakarane handsamar derimot innlegget som ei vanleg kommunikatív handling, og går inn i diskusjon. Dette ser eg som ein

indikasjon på at det å argumentera og diskutera er viktigare enn kva ein ”eigentleg” meiner, om lag som i diskusjonsleiken.

Ei anna form for leik finn eg i ordskiftet om kven som er sterkast av gutane og jentene. Sjølve emnet gjev kan henda ein vaksen lesar assosiasjonar til barnediskusjonar av typen ”far min er sterkare enn far din”, som kan gå føre seg slik:

A: Min pappa er sterkare enn din pappa  
B: Nei, det er han ikkje. For min pappa er mykje sterkare!  
A: Det er han ikkje, so! Min pappa er sterkast!  
B: Nehei!  
A: Joho!  
B: Nehei!  
A: Joho!  
B: Skal me slåss om det?

I ein slik diskusjon er det ikkje alltid ”kraften i de bedre argumenter” som avgjer. Eit utdrag frå innlegget til Doffen kan illustrera:

Ja så! Du trur du er litt av ei kjempe, du! Du trur kanskje at den som lever lengst er sterkast? [...] Mange menn arbeider ute og slit i allslags ver, men det gjer vel ikkje faren din sidan du ikkje tenkjer lenger enn du har gjort. Han sit vel på eit kontor og dovnar seg, og får både dobbelhake og hengjemage. Nei, prøv heller å bruka trekula som står på halsen din i staden for å skriva slikt. (Vi diskuterer 1974:124)

Tove Helene skriv slik: «Gutar og jenter kan vera like sterke. Basta,bom.» (Vi diskuterer 1974:42) og ”Hauk” avsluttar argumentasjonen sin slik: «Så vil eg seia til ”Dua”: Vil du ha ein fin slåstkamp, så er her ein som ventar. (Det blir hauk over due.)» (Vi diskuterer 1974:59). Her verkar diskusjonen meir prega av leik på den måten at gleda ved ein ekte krangel tek over og styrer diskusjonsmåten.

Å samanlikna innlegga med leik eller ei arrangert diskusjonsøving kan høyrast ut som noko som står i motstrid til å samanlikna det med fliden i handarbeid, men gjer det berre delvis. Diskusjonen om kven som er sterkast av gutane og jentene er kan henda ikkje prega av flid og det å vera nøyaktig, men innlegga til Oslo-gutt og ”ALP”-tilhenger har til dømes grunngevingar for alle standpunkta som vert fremja, på same måten som ein finn i dei fleste innlegga. I argumentasjonsbolkane i Vi diskuterer er det både høve til å gjera seg flid, å vera nøyaktig, å gjera det pent, å herma (låna mønster), å overdriva, å bruka humor, å kjekka seg, å vera fantasifull osv – men ingenting av det er obligatorisk og nødvendig, dette er fridomens rike. Dette er altså ei meir leikande og undersøkjande tilnærming til argumentasjon enn det me finn i dei strenge reglane til pragma-dialektikken.

Alle innlegg er ikkje slik. Til dømes er innlegget til Julius (innlegg 1 frå tabellen) kort, lite argumenterande, men prega av strategisk handling – han skriv for å påverka Norsk Barneblad-redaksjonen. Det er heller ikkje slik at alle innlegga med vekt på argumentasjon misser det seriøse preget, men det er eitt av fleire trekk som finst hjå ein del av innlegga, som

gjer at spalta dels gjev inntrykk av å vera ein diskusjonsskule eller leik.

Det at innlegg framstår som ulike former for leik, treng ikkje innebera at skribenten ikkje står for standpunkta han argumenterer for. Likevel er det er noko som utfordrar oppriktighetsdogmet. Det at forumet handsamar alle utsegner som kommunikative handlingar utan å forhalda seg til om personen bak står for dette reduserer innverknaden til oppriktighetsnorma. Leikeelementa i diskusjonen om kven som er sterkast av gutane og jentene knyter debatten til ein annan kontekst enn den seriøse debattspalta og trekkjer han nærare sandkassa. Der er det andre reglar enn det beste argumentet som gjeld. Oppriktigheit i høve til sanninga og eigne meiningar har ikkje nødvendigvis meir argumentativ kraft enn ein spade i hovudet.

Det er interessant at i 1974, når skribentane legg vekt på å argumentera, er oppriktigheit og i kva grad ein verkeleg står for det ein har sagt ikkje noko som vert nemnt i forumet, medan i 2004 vert det lagt stor vekt på det autentiske og oppriktige, som til dømes at ein skal ha eigne meiningar (jf 3.4.2), samstundes som det å argumentera vert lagt lite vekt på. Ordskifte og Vi diskuterer syner at det treng ikkje vera slik at oppriktigheit og argumentasjon heng saman på den måten at det eine aukar sjansen for at det andre er til stades.

#### **4.4.4 Norm 4: Skriv godt!**

Å skriva ”godt” er eit tydeleg mål i Vi diskuterer 1974, og noko som skil diskusjonen i 1974 frå 2004. Målet vert både uttrykt av redaktøren når han stiller opp kriterium for gode innlegg (jf. 4.4.1) og av dei normgjevande metakommentarane skribentane sjølve kjem med (jf. 4.4.9). Det er vanskeleg å vita i kva grad norma verkar inn på sjølve skriveprosessen hjå skribentane, men me ser at ho viktig for mange av at dei skriv om henne i innlegga. I dei fem fyrste numra av Norsk Barneblad 1974 er fokuset på å skriva godt og korleis andre bør skriva eit framtrekande trekk, medan det er mindre tydeleg seinare.

Hjå skribentane inneber det å skriva godt å grunnlegg standpunkta sine og å opptre seriøst og høvisk i ordskiftet. ”Også vestlandsjente”, 15 ½ år kjem med eit døme på det fyrste:

Det er sjølv sagt fint med ei slik side [som Vi diskuterer. Min merkn], men den ville nok vorte betre om innsendarane gjorde seg litt føre med stoffet dei sender inn. Mange skriv: ”eg meiner at ...”, ”det er tull ...” og ”det er rett at ...” Når nokon skriv slik, må dei ha dekning for det dei skriv og nemna grunnen til at dei meiner det, slik at det ikkje berre vert lause påstandar. (Vi diskuterer 1974:27)

Bergensar, 16 kjem med eit døme på det siste: «Eg vil fyrst byrje med å seie at når ein diskuterer, bør ein ikkje kome og seie at motparten er sprø» (Vi diskuterer 1974:11). Dette samsvarar truleg godt med normer frå skulestilsituasjonen og offentleg ordskifte i samtida. Det kan henda at det i dag hadde vorte rekna som akseptabelt å spørja om motstandaren er



sprø (eventuelt frå vetet, utan røyndomskontakt eller liknande) i ein fjernsynsdebatt, men truleg ikkje i 1974.

Det at dugleik vert sett på som viktigare i 1974 enn i 2004, er interessant, og serleg interessant å sjå i høve til tekstnormendringar i kulturkonteksten på dei 30 åra imellom.

#### **4.4.5 Norm 5: Sei kven du er!**

11 prosent av skribentane oppgjev fullt namn, og på innlegget til Julius kan det verka som om det har vore eit ordskifte om det å skriva under med fullt namn: «Ein må få lov til å skriva kva ein vil under innlegga, synest eg.» (Vi diskuterer 1974:12) Til saman er det litt over 20 prosent av underskriftene som anten er fullt namn eller del av namn, og litt under 50 prosent som gjev andre opplysningar som avslører noko om den ikkje-valde bakgrunnen til skribentane: kjønn, alder, kvar ein bur eller kjem frå og liknande, det vil seie at om lag 70 prosent av underskriftene kan seiast å ta i bruk ein gjeven, eller essensialistisk identitet (jf. 2.2.4.3). Det finst òg i nokon mon underskrifter som syner til interesser og meiningar, som Idrettsmann og Nynorsktilhengjar, og kallenamn er eit fenomen som er oppdaga, òg kallenamn med bakgrunn i populærkulturen, som Columbo og Knoll og Tott. Kallenamn har ein prosentdel på over 10, men langt i frå 2004-nivået. Ut frå denne oppteljninga kan det sjå ut til at hovudfunksjonen til underskrifta i 1974 var å seia kven ein *er*. Dette er ein indikator på at ei meir essensialistisk identitetsforståing (jf. 2.2.4.3) rådde i forumet i 1974 enn i 2004. I 2004 brukte dei aller fleste eit kallenamn som i mykje mindre grad knytte skribentane til ein fysisk identitet – ein kan seia at i 2004 konstruerte skribentane identitet i større grad. Endringane i identitetsnormer, knytte nettopp til underskrifter, kjem eg til å diskutera meir i neste kapittel.

#### **4.4.6 Norm 6a: Ver born/6b: Skriv som dei vaksne. Sjå kvardag og samfunnsdebatt i samanheng!**

Dette er eit normkompleks som både heng saman og inneheld motsetnader. I 2004 var det ei relativt klår norm om å vera born og dette gjekk saman med og vart understreka av at diskusjonsemne i stor grad var emne frå borne (og snart ungdoms-) kvardagen. I 1974 finn eg både normene Ver born og Skriv som dei vaksne. Skilnadene i høve til 2004 om kva som er verd å skriva om er interessante å sjå i høve til barn/vaksen-normene: I 1974 ser det i stor grad ikkje ut til at å vera henta frå kvardagen er nok til å gjera eit emne interessant for diskusjon. Ei aktivering frå ”vaksensamfunnet” gjennom til dømes massemedia tykkjest vera om ikkje naudsynt, so i alle fall viktig. Eg kjem attende til denne diskusjonen mot slutten av

#### 4.4.6.3.

##### 4.4.6.1 Ver born!

Det kan verka sjølvstakt at Vi diskuterer er eit forum for diskuterande born, men det er interessant av di det vert slått aktivt fast av deltakarane i spalta. I dei fyrste numra av Norsk Barneblad i 1974 er det ein del innlegg som er svar til ein Kåre K. Tveito. Ut frå svara ser det ut som om det Kåre har gjort, er at han er ein vaksen person som har skriv inn til Vi diskuterer og klaga på innhaldet i bladet – at ei historie var rasediskriminerande. Dette ville han ikkje at dottera skulle lesa, og difor sa han opp bladet (Vi diskuterer 1974:11,28). Innlegget fører til sterke reaksjonar. Trønderjente skriv: «Dersom NB byrja å setja inn historiar som passa deg (og andre vaksne dumrianar), er eg stygt redd dei fleste ville seia opp bladet» (Vi diskuterer 1974:11). ”13 år” skriv: «For det fyrste er N.B. eit barne- og ungdomsblad, så dersom vi likar stoffet, er det vel O.K.» (Vi diskuterer 1974:28) Av dette ser me at vaksne som skriv innlegg til Vi diskuterer om kva barn ikkje burde lesa i Norsk Barneblad, ikkje er velkomne. Dei blandar seg i noko som vert opplevd som barn og ungdom sitt eige. Sjølv om det òg er ei norm for diskusjonen å opptre som vaksne, kan det sjå ut til at ein føresetnad er at dei som diskuterer *er* born.

##### 4.4.6.2 Skriv som dei vaksne

Fleire av innlegga er skrivne i noko som for meg framstår som ein merkeleg vaksen stil. Innlegget om kraftutbygging frå 14-åring kan fungera som eit døme:

###### Kraftutbygging

Til to Dønno-jenter i nr. 4, som ikkje vil at vi skal demma opp så mange vatn. Kan vi ikkje byggja ut, så kan vi heller ikkje få straum. Som de kanskje veit, så er grunnen til at vi i Noreg har så høg levestandard, nettopp den billege straumen vår. De seier òg at vi ”byggjer ut i det vide og det breie”. Trur de kanskje at det er for moro skuld? Grunnen er at nettopp *du* skal få koma heim til ei opplyst og varm stove. Og korleis skulle det gå med industrien vår om han ikkje fekk straum? Kort sagt, ein kan ikkje få både i pose og sekk samstundes. Ein må velja, vassdrag eller straumen. Og skal Noreg overleva, må ein velja straumen.

Med helsing 14-åring (Vi diskuterer 1974:122)

Innlegget argumenterer ved å setja opp skarpe motsetningar mellom kraftutbygging og vassdragsvern, og kva som kjem til å skje om ein byggjer ut eller let vera. Dette er systematisk og vakse gjort. Likevel – kan henda motsetnadene verkar litt for skarpe til at det fungerer heilt?

Dei munnhell-aktige formuleringane understrekar det vaksne: «Trur de kanskje at det er for moro skuld? [...] Grunnen er at nettopp *du* skal få koma heim til ei opplyst og varm stove [...] Kort sagt, ein kan ikkje få både i pose og sekk samstundes». Formuleringa «Trur de

kanskje at det er for moro skuld?» er ein typisk vaksen-til-barn-frase, og har som presupposisjon at vaksne, ansvarlege menneske gjer ting av di dei må og av di det er rett, medan barn og uansvarlege menneske gjer ting for moro skuld. Og dimed er ei slik formulering eit grep i høve til eigen ethos – for å framstå som meir vaksen og ansvarleg enn samtalepartnaren.

Sidan me veit at skribenten er 14 år og skriv i ei diskusjonsspalte for born, verkar dette som ein måte å distansera seg på, å syna seg meir vaksen enn dei andre borna i forumet. At han argumenterer med Noregs og industriens interesser, understrekar òg det ”vaksne” preget. Innlegget har ikkje noko barneperspektiv.

Når han samstundes tek i litt for mykje i munnhellbruken, serleg her: «Kort sagt, ein kan ikkje få både i pose og sekk samstundes» med to munnhell oppå einannan i tillegg til understrekinga «samstundes», syner han at han ikkje heilt meistrar den ”vaksne” forma. Dermed greier han ikkje heilt å framstå som den vaksne han vil vera, og det vert ”veslevakse” i staden for.

Ein kan sjå liknande drag i andre innlegg. Lofthusjente på 13 år har denne formuleringa: «Jentene kan vera like flinke som gutane å sparka fotball, berre dei får øva seg litt.» (Vi diskuterer 1974:11) Her er det kanskje serleg bruken av pronomenet *dei* som gjev den veslevaksne effekten, sidan Lofthusjenta er ein i gruppa ho omtalar som *dei*. Dette gjev inntrykk av at det anten er ei herming frå læraren eller ein annan vaksen ho kjem med, eller at det er eit forsøk på å gjera setninga meir gyldig ved å få henne til å høyrast meir generell ut.

Eg er klar over at å bruka eit omgrep som veslevakse for å forklara dette, er å stilla seg utanfor diskusjonen og bruka objektivierende i staden for forståingsorienterte augo. Fleire av elementa eg oppfattar som veslevaksne, fungerer truleg bra og har stor argumentatorisk kraft i forumet. Det kan òg henda at det å uttrykkja seg ”som born” hadde mindre eigenverdi i 1974 enn no, og at det at ein vaksen autoritetsperson stod bak orda, var noko som gav argumentet kraft. Då er det kanskje ikkje noko problem om ein hermar etter vaksne i staden for å ”koma med egne resonnement”. Kan det til og med henda at det gjev argumentet meir kraft at det skin gjennom at det er gymlæraren til lofthusjenta og ikkje ho sjølv som argumenterer, eller at det er far til 14-åring og ikkje han sjølv som argumenterer, sidan gymlæraren og faren venteleg har meir greie på det det er snakk om enn 14-åringane sjølve?

I desse døma ser me det fleirstemmige (jf. 2.2.3.3) ved at ein høyrer (ekko av) røysta til læraren eller far gjennom argumentasjonen til ungane. Det kan sjå ut til at andre felt er verksame som intertekstuelle ressursar for ungane i 1974 enn i 2004. I 1974 er talen til vaksne autoritetspersonar ein viktig ressurs, medan i 2004 verkar det populærkulturelle feltet mykje

viktigare (jf. 3.4.5 og 3.4.6). Omsett til prøveromsmmet vil det seia at butikken har eit heilt ulikt utval av klede på dei to tidspunkta – der strenge dressar tek opp eit stort areal i 1974, er det i 2004 meir av popstjerne- og Ringenes Herre-drakter.

#### **4.4.6.3 Diskusjonen går der kvardag og samfunnsspørsmål krysser einannan**

*Tabell 8: Emne som vart diskuterte (tekne opp to gonger eller meir) i Vi diskuterer 1974:*

Norsk Barneblad (100)  
Dyr/forvaltning (42)  
Bokmål/nynorsk/språk (35)  
Kristendom/Bibelen (34)  
Skule (34)  
Sterkast av gitar og jenter (32)  
Røyking (31)  
Å diskutera politikk (i NB) (26)  
Likestilling/kvinnediskriminering (20)  
Aldersgrense for traktor/mopedlappen (18)  
Korleis diskutera (17)  
Naturvern/krafutbygging (14)  
Kortspel og dans – synd? (13)  
Fjernsyn og fjernsynsprogram (12)  
Forelsking og kjærastar (10)  
Partipolitikk (9)  
Hest (9)  
Teikneseriar/blad (8)  
By/bygd (7)  
Naturvern (7)  
Idrett (ymse slag) (7)  
Aldersgrense for å gifta seg (6)  
Skytevåpen (aldersgrense mm) (5)  
Vakseninnblanding (4)  
Alkohol (3)  
Kino (3)  
Mobbing (3)  
Spørsmål om barneblad i andre land (3)  
Bøker (2)  
Dyr (2)  
Musikk/artistar (2)  
Sminke (2)

Emna som vert diskuterte i *Vi diskuterer* i 1974 er i hovudsak samfunnsspørsmål og spørsmål knytte til eigen kvardag. Det ser ut til at diskusjonen ofte vert aktivert når desse krysser einannan – når det offentlege ordskiftet gjeld saker som ungane kan relatera til kvardagen. Eit døme er nynorsken, som for nynorskbrukande born i eit bokmålsdominert samfunn i seg sjølv er eit spørsmål som knyter eigen kvardag og samfunn saman. Når ALP-tilhenger skriv at nynorsk burde vore forbode, vert mange provoserte, og svara spenner frå (det kvardagsnære) «Kan ikkje dei som snakkar nynorsk, få ha om ikkje meir enn eit einaste blad som er på nynorsk?» til (det politiske) «Eg er samd i at bokmål er eit forvridd dansk» (båe utsegnene frå *Månestråle*, 11 år) (*Vi diskuterer* 1974:219). Eit anna av dei mest populære emna syner same tendensen: diskusjonen om kven som er sterkast av jentene og gutane. Her er både ”kjekkasutsegner” som dette frå ”Hauk”: «Så vil eg seia til ”Dua”: Vil du ha ein fin slåstkamp, så er her ein som ventar. (Det blir hauk over due.)» (*Vi diskuterer* 1974:59), men òg innlegg som koplar kven er sterkast-ordskiftet til ein diskusjon om kvinnene sin plass i samfunnet, slik jente anno 61 gjer her:

Eg er einig med ”Furnesåsens Dua, 13 år” i at kvinnene blir diskriminerte, og det i stor grad også. Til ”Stomperud anno 1961”: Vil du seie at jentene er opptrena gjennom lilleputtlag, smågutelag, gutelag osv.? Der eg bur, spelar jentene fotball saman med gutane, men dei kallar oss ikkje kløner, fordi dei veit at vi ikkje er opptrena i fotballag. (*Vi diskuterer* 1974:11)

I tillegg går det eit ordskifte om ein kan diskutera politikk eller ikkje i *Norsk Barneblad*. Det spesielle med dette ordskiftet er at det stort sett vert ført slik at folk kort seier seg samde eller usamde i slutten av innlegga, slik: «Til slutt. Mange skriv at politikk bør ein ikkje diskutera i N.B. Dette er eg usamd i. Vi unge har godt av å diskutera politikk. Takk for godt blad.» (Kåre Rune Hauge, 5233 Haukland) (*Vi diskuterer* 1974:92) og slik: «Eg er òg einig med Kristin i at politikk ikkje bør diskutera i N.B. Takk for fint blad.» (Frøken M) (*Vi diskuterer* 1974:108). Det vert sjeldan synt til døme når ein skriv at politikk ikkje bør diskutera, og det verkar ikkje som om utsegnene har noka regulerande kraft i høve til kva som vert diskutert. Det er heller ikkje semje om spørsmålet.

Dette er ei norm som skil seg frå 2004 (jf. 3.4.6), då den offentlege aktiveringa av kvardagsspørsmål ikkje var viktig for at dei skulle diskutera. Det verkar som om *Vi diskuterer* i 1974 i større grad er ei barnetilnærming til det offentlege ordskiftet, der elementa som rører borti eigen kvardag vert tekne opp, medan *Ordskifte* i 2004 fungerer på sida av det offentlege ordskiftet, men meir prega av ein annan del av medieplanet – den kommersielle barne og ungdomskulturen – med diskusjonsemne knytte til tv-seriar, filmar, merkeklede. Det at ordskifta i *Vi diskuterer* og *Ordskifte* knyter seg til og bruker so ulike massemediale

kontekstar som intertekstuell ressurs, er med på å gjera dei til ulike språkbruksmiljø.

Det kan òg vera at den ibuande motsetnaden mellom normene å vera barn og å skriva som dei vaksne gjev større rom for å diskutera ”samfunnsspørsmål”, sidan det er noko vaksne, alvorlege menn gjer, og normkonflikten kan henda gjev større høve til å gå inn i ulike roller – som born, som sterke gutar, som vaksne, alvorlege menn enn den eintydige ”ver barn”-norma i Ordsките 2004 gjer. Kan henda det å ha høve til å gå inn i ulike vaksenroller gjev ein fridom som manglar når norma om at born må vera born rår.

#### **4.4.7 Norm 7: Berre innlegg frå born som privatpersonar kan vera ordskifteinnlegg**

Denne norma gjeld på tilnærma same vis i 1974 som i 2004. Alle innleggsskribantane opptre som privatpersonar – utanom ein, Bjørn, som svarer på tidlegare innlegg i bladet, men samstundes driv skulert agitasjon for målsaka og for å verta med i målrørsla (Vi diskuterer 1974:300). Elles er det ingen andre som skriv på vegner av organisasjonar eller liknande, (sjølv om me ikkje veit om det er komne inn slike innlegg som har hamna i papirkorga.) ALP-tilhenger seier at Anders Lange er den klokaste på Stortinget (Vi diskuterer 1974:171), og ein skribent skriv eit avsnitt om kvifor han stør Senterpartiet i eit anna lengre innlegg (Vi diskuterer 1974:108), men dette gjev meir inntrykk av å vera ulike individuelle meiningar på line med meiningar om kraftutbygging og skapinga, enn uttrykk for noko organisert politisk. Vi diskuterer er altso, i 1974 som i 2004, ein arena for barn/ungdom som diskuterande privatpersonar, og der andre organiserte interesser (nesten) ikkje opptre.

#### **4.4.8 Norm 8: Ta ballen, ikkje mannen!**

I 2004 vart normene inkludering og reell dialog realiserte gjennom responsen som vart delt ut til nesten alle. Dette kan vera ein indikator på at sjølve handlinga å deltaka i Orskifte var viktigare enn kva ein faktisk skreiv. Ser me på reponsen i 1974, ser me at det er to innlegg som får nærare 20 kommentarar – innlegga frå Oslo-gutt i nr 7 og ALP-tilhenger i nr 11 (sjå 4.4.3 for sitat), medan talet på innlegg som ikkje får kommentarar er 133 av 209 (dette er utanom dei to siste numra). Då ser me at sjølv om det vanlege er å kommentera andre innlegg, altso å gje direkte respons (169 innlegg gjer det), er også det vanlege å ikkje få direkte respons. Det som kjenneteiknar innlegga som har fått mykje respons, er at dei er provoserande, dei har eit innhald som mange vil seia seg usamde i. Alle andre som kjem med respons til desse to gjer det for å uttrykkja usemje i eitt eller fleire av standpunkta.

I diskusjonen om kven som er sterkast av jentene og gutane fordeler responsen seg

annleis. Dua i nr 2 får mykje motstand då ho skriv at jentene er sterkare enn gutane. Baltus, Bis Dahle, Bjørnar Lund og ”Hauk” skriv inn i nr 4 for å seia seg usamde (Vi diskuterer 1974:59-60). I nr 6 skriv ”Hernesjenter” inn og uttrykkjer semje med Dua (Vi diskuterer 1974:92). I nr 7 uttrykkjer ”Frøken M” usemje med Bjørnar Lund (Vi diskuterer 1974:107). I nr 8 seier ”Nyfeminist” seg usamd med Baltus, og Doffen seg usamd med Dua (Vi diskuterer 1974:123-24). Her verkar det som det å referera fungerer som ein måte å gruppera seg i ulike lag i ordskiftet på. I ordskiftet om kraftbyggjing og å eta snop på skulen fungerer refereringa på liknande vis.

Respons er ein indikator på kva som er viktig i samtalen. I 1974 er det ikkje å møta opp, å delta, som gjev respons, men å koma med meiningsytringar, serleg provoserande. Ut frå det kan ein seia at det å koma med meiningsytringar ser ut til å vera ei norm som står over deltaking og inkludering i Vi diskuterer 1974. Dette er ein dynamikk som liknar meir på det offentlege ordskiftet enn ein deltakarorientert samtale mellom vener, som Ordskifte i 2004 kan minna om.

Eit anna element som styrkjer denne antakinga er at i Ordskifte 2004 verkar det nærast obligatorisk å starta med ei helsing: hei, hallo eller liknande, medan i Vi diskuterer 1974 er overskrifta ofte ein lesarinstruksjon som anten er emnet for innlegget eller hovudtrekket: «Svar til ”Rødtoppene”» (Vi diskuterer 1974:12). Den fyrste typen overskrifter er deltakarorienterte, medan den andre er utsegnorienterte.

Dette kan òg indikera at skribentane i 1974 i mindre grad skriv til forumet Vi diskuterer, men heller til publikumet lesarane av Norsk Barneblad.

#### **4.4.9 Norm 9: Syn medvit om diskusjonen!**

Denne norma har eg kome fram til ved å sjå på dei normgjevande metakommentarane i innlegga, og måten skribentane formulerer standpunkt på.

Skribentane syner på fleire måtar at dei er medvitne om at dei deltek i ein diskusjon. Dette finn me òg i 2004, skilnaden er at skribentane i 1974 tematiserer diskusjonen på ein annan måte. Det kan vera ein indikator på at kva det er å diskutera kan ha vore oppfatta ulikt av deltakarane på dei to tidspunkta. I 2004 har deltakarane mykje fokus på det mellompersonlege (jf. 3.4.8 og 3.4.9), medan i 1974 verkar det som fokus mykje er på kva som konstituerer ein diskusjon og kva som gjer at ein diskuterer på rett måte.

Kvifor ein skriv inn vert tematisert i nokre innlegg, som her av Fotballinteressert, 14 år: «Jeg har lenge sittet og sett meg irritert på den måten det blir diskutert på i ”Vi diskuterer”.» (Vi diskuterer 1974:27) «Eg er ein ivrig lesar av ”Vi diskuterer”-sida. Eg plar

ikkje skriva innlegg sjølv, men då eg las Kåre K. Tveito sitt innlegg i nr. 24-25, vart eg mildt sagt sint.»), skriv ”13 år” (Vi diskuterer 1974:28). Det er ofte, i fylgje skribentane sjølve, andre innlegg som har provosert dei og slik motivert dei til å skriva. Det er lite helsingar og presentasjonar i starten av innlegg, det næraste er slikt som eg siterte.

Den viktigaste måten ”det diskuterande subjektet” vert tematisert på, er ved frekvensen av samansetjingar av pronomenet ”eg” og verb/handlingar som å meina, å synast, å vera samd, å vera usamd, å seia, å svara, å skriva, å tru, å tykkja, å vilja høyra andre si meining. For å finna frekvensen av desse samansetjingane talde eg over alle innlegga i Norsk Barneblad nr 2 i 1974. Der var det berre eitt innlegg som ikkje har nokon av desse samansetjingane, men i staden skriv: «Når en diskuterer, går det ikke an å si at jeg er enig, eller jeg er uenig. En må samtidig grunngi hvorfor.» (Vi diskuterer 1974:27) der andre ville skrive: ”Eg meiner at når ein diskuterer ...” Dei fleste innlegga har fleire slike samansetjingar.

Å skriva ”eg meiner at ...” er ikkje det same som å uttrykkja meininga si. Det er å uttrykkja *at* ein seier meininga si. Difor uttrykkjer ikkje Bergensjente 14 år med setninga «eg meiner at kvinner og menn med lik utdanning absolutt skulle ha same løn» (Vi diskuterer 1974:27) berre at kvinner og menn med lik utdanning bør ha same løn, men (1) ”eg kjem med eit standpunkt”, og (2) ”kvinner og menn med lik utdanning bør ha same løn.” Dersom standpunktet hadde vore det viktigaste, og innlegget hadde vore ei strategisk handling for å fremja standpunktet, hadde tematiseringane av dei ulike argumentasjonshandlingane vore overflødige. Men slik er det ikkje. Når frasene vert brukte so mykje, må det vera av di dei er adekvate. Dette er viktig i høve til å skjønna det kommunikative føremålet til tekstane: Å seia *kva ein meiner* er ikkje det einaste målet, å seia *at ein meiner* kan vera vel so viktig. Eg ser desse samansetjingane òg som ein slags situasjonskontekstmarkørar, ein slags scenetilvisingar som syner at ”no er me i ein diskusjon”. Dei kan samanliknast med at born bruker bokmål når dei leikar for å markera ein annan situasjonskontekst. Denne typen markørar fann eg mindre av i 2004, då det at ein deltek i ein diskusjon ofte vart markert og tematisert meir eksplisitt i teksten.

Diskusjonsmåten vert òg diskutert i Vi diskuterer i 1974, men i noko minde grad og på færre måtar enn i 2004. I nr. 2 1974 (Vi diskuterer 1974:27-28) er det fem passasjar som tek opp korleis og kva ein bør diskutera og/eller prøver å koma med utsegner om kva diskusjon *er*. To av desse handlar om korleis dei andre burde skriva betre (grunngje meiningane sine), to om ein bør diskutera politikk i Norsk Barneblad, og ei slår fast: «Og til alle sammen. Alle har sin mening. Din behøver ikke være riktig. Det er lite av det vi diskuterer som kan bevises.» Det er òg to innlegg som kjem med ynske om respons på emnet dei har teke opp. Dei fem



fyrste numra i 1974 har rikeleg med slike utsegner, medan det vert mindre etterpå, kan henda av di det då er meir engasjerande diskusjonstrådar, eller kan henda det er redigert bort.

Det verkar som om normene som vert diskuterte, gjeld meir korleis det er korrekt å diskutera enn kva som er morask rett, sjølv om Salomo skriv: «Dessutan vil eg berre seie at eg etter kvart tek til å verte litt forarga på redaksjonen, som ser ut til å sleppe inn alle slag innlegg, jamvel om dei bryt ned både moral og anna.» (Vi diskuterer 1974:12). Han får fleire svar, mellom anna dette frå to strilejenter: «Det Salomo skreiv i nr. 1, synest vi er dumt. [...] Og det at ikkje alle stykka skal få koma inn, er berre tull. Redaktøren skulle kanskje senda alle stykka til deg, slik at du kunne få avgjera kva stykke som skulle i bladet?» (Vi diskuterer 1974:76)

Fokuset ligg i hovudsak på korleis det er rett og feil å skriva, som i sitatet frå s 27 på førre side og innlegget til "Også vestlandsjente" 15 ½ år: «Når nokon skriv slik, må dei ha dekning for det dei skriv og nemna grunnen til at dei meiner det, slik at det ikkje berre vert lause påstandar.» (Vi diskuterer 1974:27-28) Det er òg noko som skil innlegga her frå lesarbrevet. Det er sjeldan å finna lesarbrev som handlar om at andre lesarbrevsribentar, på generelt grunnlag, burde grunnje det dei hevdar betre.

Sjølv om tradering av normene er ei oppgåve som ligg mindre på deltakarane når redaktøren vel ut innlegg, må ein rekna opplæring av andre ordskiftedeltakarar som ei årsak til interessa for reglane for diskusjonen. Ein kan sjå norma om å skriva godt (4.4.4) som ei norm som styrer kva slags diskusjon om diskusjonen ein får. Sidan norma om inkludering ikkje gjeld på same vis i 1974, er trongen til å slå fast samversreglar mindre.

#### **4.4.10 Norm 10: Lesarinnlegg = debattinnlegg**

Det er grunn til å tru at førestellingar om kva eit lesarinnlegg er, har ein plass som førebilete for skribentane i Vi diskuterer, sjølv om det ikkje er einerådande. Ein skilnad mellom 2004 og 1974 er truleg at "det høgkulturelle debattinnlegget" var viktigare i 1974 enn i 2004. Med "det høgkulturelle debattinnlegget" meiner eg innlegg på debattsidene i avisene som kjem med ein relativt grundig argumentasjon for standpunktet det fremjar og er underteikna med fullt namn. Øystein Sande skriv at avisene fekk innringingspalte på 80-talet (Sande 1994:99), og dei seinaste åra har fleire aviser fått spalter der ein kan senda inn tekstmeldingar, og det er mogleg å senda inn tekstmeldingar til debattprogram på fjernsyn eller å røysta i ulike meiningsmålingar på fjernsyn ved hjelp av telefonen. I tillegg oppmodar både aviser og fjernsynsprogram om lesar- og sjårrespons på andre måtar enn gjennom debattinnlegg. Dette gjev grunn til å tru at det høgkulturelle debattinnlegget som mal for ordskifte både er mindre

einerådande og har mindre autoritet. Innlegga i Ordskifte 2004 stør dette inntrykket, ved at dei i liten grad tykkjest henta sjangerdrag frå debattinnlegget (jf. 3.4.10).

Eg har ikkje undersøkt avislesarinnlegg frå 1974, men i og med at dei som skriv lesarinnlegg i stor grad er godt vaksne (Elvestad 2001:35), er det grunn til å tru at endringar ikkje har skjedd so raskt i det forumet som i andre forum der yngre menneske dominerer. Difor meiner eg det til ein viss grad er mogleg å samanlikna innlegga i Vi diskuterer i 1974 med avisinnlegga eg har sett på i vedlegg 3. Likevel kan ein ikkje rekna med at det ikkje har vore rom for andre typar lesarytringar enn det høgkulturelle debattinnlegget på 70-talet.

Me ser at eit drag mange av innlegga i Vi diskuterer har sams med lesarinnlegga, er ei utsegnorientert overskrift. Om lag 10 prosent av innlegga i Vi diskuterer er underskrivne med fullt namn, som dei fleste lesarinnlegga (Fullt namn skil det tradisjonelle debattinnlegget både frå SMS-innlegget og Si ;D-innlegget, jf. vedlegg 2 og 3). Eit anna drag dei fleste av 1974-innlegga har sams med lesarbreva, er at dei har ei grunngeving for standpunkta dei fremjar. Noko som skil sjangernorma i Vi diskuterer frå sjangernorma for lesarbrev, er at i Vi diskuterer kan ein ha fleire emne i eit innlegg, medan ein i lesarbrevet konsentrerer seg om eitt. Desse draga kan sjåast som indikasjonar på at lesarbrevnorma stod sterkare mellom ungdom i 1974 enn i 2004. Likevel er det viktig å ikkje alltid sjå samanfall som kausalitet – det er rimeleg å tru at ogso andre moglege tekstførebilete for ungdomane i Vi diskuterer låg nærare lesarbrevnorma.

#### **4.4.11 Norm 11: Ver nynorsk!**

I 2004 såg det ut til at det nynorske hadde lita normerande kraft (jf. 3.4.11). I 1974 er spalta meir prega av det nynorske. Dette har eg kome fram til ved å sjå på i kva grad nynorsk og bokmål vert teke opp som diskusjonsemne og tematisert på andre måtar, i kva grad skribentane bruker nynorsk, og i kva grad kulturelle markørar ein kan kalla nynorsktilknytte eller spesifikt nynorske vert brukte.

Når det gjeld diskusjonstema, er bokmål og nynorsk det tredje mest populære. Det er eit signal om at det er viktig for skribentane, men bakgrunnen for populariteten kan henda modifisera inntrykket noko. Ein viktig grunn til at nynorsk er so mykje nemnt, er nemleg at provokatørane Oslo-gutt og ALP-tilhenger skreiv at alle burde skriva bokmål. Mange av innlegga som skriv om nynorsk og bokmål, er svar på provokasjon. Likevel kan ein rekna med ut frå at det vert oppfatta som noko av det mest provoserande ein kan skriva og av at det får slike reaksjonar, at det nynorske er viktig for borna og ungdomane i spalta.

Det er færre bokmålsskrivande i 1974 enn i 2004: 19 prosent mot 33 prosent. Dette er

likevel ikkje ein skilnad som treng ha noko å seia for korleis nynorsken vert omtala og vurdert av deltakarane.

Ei vanleg handling hjå bokmålsbrukande er å skriva som ”dannet, naturelskende apekatt” gjer: «Grunnen til at jeg skriver bokmål, er at jeg bor på en øy i Stavanger kommune og ikke hadde anledning til å velge nynorsk» (Vi diskuterer 1974:43) Ni av dei 44 bokmålsinnlegga skriv at dei skriv bokmål av di dei har hatt det på skulen, eller dei skriv at sjølv om dei bruker/skriv/har lært bokmål, vil dei at Norsk Barneblad skal vera på nynorsk. Det kan lesast som at det ligg ei slags taus oppmoding om å bruka nynorsk i forumet, som gjer at ein del bokmålskrivande kjenner trong til å forklara seg. Det ser eg som eit signal om at det nynorske har ei relativt sterk normerande kraft.

Når det gjeld dei andre emna som vert diskuterte (jf. 4.4.6.3), er det vanskeleg å seia i kva grad dei syner tilhøyrse til ein nynorsk skriftkultur. Det vert i liten grad synt til nynorske kulturprodukt, som bøker, blad og songar, men det vert i det heile synt ganske lite til kulturprodukt og mediekvardagen i høve til 2004. By versus bygd og Bibelen er emne som vert tekne opp, serleg er Bibelen populært, og dette er emne som ein ofte plasserer same stad på ein slags motkultur-sentralkultur- eller sentrum-periferi-akse. Samstundes er det vanskeleg å vita kor sterkt bibelordskifte stod mellom ungdom ålment i 1974 og difor å slå fast noko om dette. Dei relativt få populærkulturelle referansane som førekjem (som Krutrøyk, Columbo og Jesus Christ Superstar), finst i alle fall i ei fellesnorsk ålmente meir enn i ei nynorsk.

Nynorsk utgjer òg ein identitetsressurs i 1974 på det viset at fem innlegg markerer tihøyrse til det nynorske ved å ha det med i underskrifta, til dømes ved å kalla seg ”nynorsk bondejente 12 ½ år” (Vi diskuterer 1974:266). Ingen skribentar nyttar ordet nynorsk i underskrifta i 2004.

Ein kan altso seia at det nynorske i 1974 truleg utgjorde ei sterkare normerande kraft enn i 2004, sjølv om skribentane i 1974 som i 2004 relaterer seg til same fellesnorske ålmente og i liten grad ei nynorsk.

## **4.5 Drøftingar og konklusjonar**

### **4.5.1 Kvifor er innlegga slik dei er? kommunikativ og strategisk handling**

Innlegga i Vi diskuterer 1974 liknar 2004-innlegga ved at dei i liten grad er prega av ein strategisk handlemåte, men dei forhold seg til det kommunikative på ulike vis. Me såg under 4.3 at innlegga i liten grad handlar strategisk, det einaste dømet eg fann på det i detaljanalysen, var Julius sine utsegner om korleis Norsk Barneblad og reglane for Vi

diskuterer burde vera. Med dei freistar han å påverka redaksjonen, og dei kan difor kallast strategiske.

Bortsett frå innleggselementa som handlar om korleis Norsk Barneblad burde vera, er Vi diskuterer prega av ein forståingsorientert handlemåte, der sjølve diskusjonen verkar vera målet. At skribentane legg vekt på å grunngje standpunkta dei fremjar, men ikkje legg vekt på å adressera nokon som kan gjera noko med saka eller oppmoda til handling (slik eg har synt at innlegga i Si ;D og dei andre avislesarinnlegga gjer i vedlegg 2 og 3), er indikasjonar på det.

Sjølv om innlegga både i 2004 og i 1974 kan seiast å vera kommunikative handlingar, er dei det på ulike måtar. Både språkbruksmiljøa er prega av mangelen på høve til å handla strategisk, men dei forhold seg ulikt til problemet. I 2004 vert det ”løyst” ved at deltakarane fokuserer på det tekstuelle og mellompersonlege, men det ser me i mindre grad i 1974, der den ideasjonelle metafunksjonen dominerer. Dette heng òg saman med at skribentane i 1974 bruker stor plass på og held høgt det å argumentera, som er ein aktivitet som ofte er nært knytt til den ideasjonelle metafunksjonen. Det å argumentera og diskutera vert tematisert og fokusert på i den grad at ein kan mistenkja at det å praktisera og prøva ut aktiviteten på ulike måtar vert eit mål i seg sjølv i staden for at ein argumenterer for å oppnå noko. Diskusjonen etter provokatørinnlegga til Oslo-gutt og ALP-tilhenger og diskusjonen om kven som er sterkast av gutane og jentene, kan sjåast i eit slikt perspektiv, der andre aspekt ved argumentasjon/diskusjon enn overtyding og påverknad er dei viktige. Det at mange skriv ”eg meiner at” i staden for å slå fast ting, ser eg òg som ei tematisering av diskusjonen.

Det at det vert argumentert med slik flid og diskutert med slikt engasjement utan at ein har høve til eller nødvendigvis freistar å påverka nokon, knyter Vi diskuterer til diskusjonsøvingane på folkehøgskular på 1800-talet:

Folkhögskolan, som byggs upp fr.o.m. 1870, blir kanske än mer än i Danmark och Norge ett träningsläger i kommunalkunnskap för unga bondsöner. En central skrivuppgift är protokollen från elevernas diskussionsövningar – ibland också fingerade kommunalstemnor. (Josephson 2004:47).

Diskusjonsmåten i 1974 kan òg knytast til den tradisjonelle resonnerande skulestilen, der ein skulle grunngje og vega for og mot. Dersom det er rett å sjå desse sambanda som eg no peikar på, må det ha skjedd eit stort brot ein gong mellom 1974 og 2004, der Vi diskuterer i 1974 heng saman med ein slags folkeleg eller motkulturell oppsedingstradisjon der det å læra å argumentera var ein del av ei slags ”daning til samfunnsdeltaking”, medan Ordskite i 2004 i svært mykje mindre grad er prega av ei førestelling om at det gjev meining å argumentera utan å ha eit strategisk mål. På det viset kan det sjå ut som om Ordskite i 2004 og Vi diskuterer i 1974 står på kvar si side av eit historisk-kulturelt vasskilje når det gjeld måten me

handlar kommunikativt på.

Ei årsak til skilnaden mellom 1974-tekstane og 2004-tekstane kan ein altso finna ved å sjå på korleis dei forhold seg til problemet med manglande høve til å handla strategisk, og dei ulike ”løysingane” forumet finn på dette på dei ulike tidspunkta.

#### 4.5.2 Kvifor er innlegga slik dei er? Kommunikative føremål

Innlegga i Vi diskuterer 1974 skil seg mykje frå innlegga i Ordskifte i 2004, og det syner att i normkatalogen for dei to åra:

Tabell 9: Normkatalog for 1974 og 2004

	1974	2004
1	Redigeringsnorm: Utveljing ut frå prestasjonar	Redigeringsnorm: Alle skal få vera med
2	Argumenter!	Ha eigne meiningar
3	Diskusjon er ein leik	Ver oppriktig!
4	Skriv godt!	Skriv godt!
5	Sei kven du er!	Ver den du vil!
6	a) Ver born versus b)Skriv som dei vaksne. Sjå kvardag og samfunnsdebatt i samanheng!	Ver born! Du kan skriva om eigen kvardag
7	Berre innlegg frå born som privatpersonar kan vera ordskifteinnlegg	Berre innlegg frå born som privatpersonar kan vera ordskifteinnlegg
8	Ta ballen, ikkje mannen	Gje respons!
9	Syn medvit om diskusjonen!	Syn medvit om deg sjølv, teksten og samhandlinga!
10	Lesarbrev = debattinnlegg	Lesarbrev = ytringar frå lesarane
11	Ver nynorsk!	Du treng ikkje vera nynorsk.

Sjølv om dei i hovudsak fylgjer same minimumsinnlegg-lova, er det store skilnader i korleis innlegga er bygte opp og i kva normer som regulerer skrivinga. Innlegga i 1974 har vekt på argumentasjon, medan innlegga i 2004 har vekta på samhandling. Innlegga i 1974 verkar dels som øvingar i å argumentera, medan i 2004 vert oppriktigheitsdogmet forsvart. Det er ingen i 1974 som stiller spørsmål ved truverdet til Oslo-gutt og ALP-tilhenger slik dei gjer ved hippe Malin(n) \*\*hamster i 2004, alle utsegner vert handsama som argument i eit ordskifte. I 1974 relaterer deltakarane seg til einannan etter eit anna mønster enn i 2004. I 2004 er det eit nett av relasjonar som syter for at alle vert sedde og inkluderte, ved hjelp av henvending/referanse. I 1974 er det utsegna eller standpunktet ein kjem med, og korleis andre vil gruppera seg i høve til det som avgjer kven som får respons.

Eit viktig poeng er at innlegga i 1974 heller ikkje kan kallast ”vanlege lesarinnlegg”, sjølv om dei har nokre fleire fellestrekk med lesarbrevet enn kva innlegga i 2004 har – det tydelegaste er kan hende ei emne- eller standpunktorientert overskrift i staden for ei helsing. Det som skil dei frå lesarbrevet er fyrst og fremst det kommunikative føremålet – som ikkje er å oppnå noko i samfunnet, men å koma med eit standpunkt og argumentera i høve til det. Argumentasjonen ber preg av fridom, leik, flid og øving – der det å argumentera har verdi i

seg sjølv meir enn at det skal leia fram mot noko. Eit element som syner den uuttala semja om dette kommunikative føremålet, er dei oppsedande kommentarane om korleis andre bør skriva for å skriva godt.

Ved fyrste augnekast kan innlegga i 1974 verka ”betre” eller ”meir kompetente” enn innlegga i 2004, sidan dei har meir argumentasjon, noko ein forventar i eit skriftleg ordskifte. Eg vil heller seia normgjennomgangen syner at skilnadene mellom Vi diskuterer 1974 og Ordskifte 2004 er so grunnleggjande at det kommunikative føremålet forumet tener er ulikt, og då er det rimeleg at sjanger og skrivereglar er ulike. Skilnadene kan i grove drag setjast opp slik:

*Tabell 10: Kommunikative føremål i 1974 og 2004*

<i>Kommunikative føremål 1974</i>	<i>Kommunikative føremål 2004</i>
Skriv for å verta valde ut av redaktøren	Skriv for andre born
Skriv for å markera semje og usemje med ulike standpunkt	Skriv for å vera i lag med andre – deltaking og inkludering viktige verdiar og praksis
Vekt på å argumentera	Vekt på å seia meininga si
Vera flink	Vera oppriktig

Ein ser at dei fire måla på venstresida i tabellen må generera andre tekstar enn dei på høgresida. Ein kan altso seia at ei årsak til at 1974-tekstane skil seg frå 2004-tekstane er at dei har ulike kommunikative føremål.

### **4.5.3 Diskusjon og demokrati**

I høve til problemstillinga som gjeld demokratisering er det eit viktig spørsmål kva som gjer borna best i stand til å uttrykkja meiningane slik at dei får makt til å oppnå det dei ynskjer i diskusjonar seinare i livet. Noko av det viktigaste med folkelege rørsler som målrørsla (og arbeidarrørsla, kvinnerørsla, fråhaldsrørsla) er at dei har gjort fleire enn tidlegare i stand til dette, både gjennom å gje tiltru til eige verd og eigne evner, og gjennom øvingar i ordskifte i ulike forum. Det kan sjå ut som om Vi diskuterer i 1974 fyrst og fremst fyller oppgåva med å gje øving i å argumentera som vaksne, medan Ordskifte i 2004 fyrst og fremst fyller oppgåva med å gje tiltru til eige verd. Dette er òg eit spørsmål som vedkjem skriveopplæringa i skulen – bør ungane læra å argumentera formelt ved å herma etter førebilete, eller bør dei læra at deira syn har verdi? Og er dette råd å sameina?

Gjennomgangen av ordskiftespalta i Norsk Barneblad i 1974 og 2004 syner at dette er ideal som er motsetningar i praksis, om dei ikkje treng vera det logisk. Når ungane i 1974 diskuterer ved å prøva ut ulik argumentasjon, ser ein at det å ha meiningar vert lagt mindre vekt på, ”eigne meiningar” vert aldri etterlyst slik det vert i 2004 (jf. 3.4.2). Det er heller ingen som reagerer på at Oslo-gutt bryt med oppriktigheitsdogmet ved å seia at han meiner alle skulle vera nøydde til å gå i kyrkja – det vert berre handsama som ei meining ein er usamd med, ikkje som noko som får ein til å tvila på truverdet til personen bak orda. I diskusjonsmåten i 1974 står oppriktigheitsdogmet svakt, dette inneber at kva skribentane ”eigentleg meiner” vert mindre viktig i innlegget, og dermed at ungane i mindre grad opptre og vert rekna som meiningsføre vaksne. I 2004 vert det slått fast fleire gonger at det er positivt å ha egne meiningar, og oppriktigheitsdogmet vert slått fast. Samstundes er det svært lite argumentasjon i dei fleste innlegga. Det er interessant å sjå på Vi diskuterer og Ordskifte mellom 1974 og 2004 for å sjå om det finst tidspunkt då bae ideala vert realiserte utan å vera i konflikt, og for å sjå kva tid og korleis normendringane skjer.

#### **4.5.4 Kontekst/forum med liknande normer**

Normene for Ordskifte og Vi diskuterer må òg sjåast i samanheng med den historiske og sosiale konteksten.

Både den nære situasjonskonteksten og den større kulturkonteksten er ulik i 1974 og 2004. I 2004 kjem i utgangspunktet alle som skriv inn til bladet med, og ein kan skriva innlegget direkte på datamaskina si og senda det. I 1974 måtte ein fyrst skriva brevet, truleg var mange so ordentlege at dei skreiv ein kladd fyrst som dei seinare førte inn, so måtte dei putta det i konvolutt og i postkassa – og endå kunne dei ikkje vera sikre på om innlegget kom i bladet. Det var nok vanskelegare både å skriva innlegg og koma med i diskusjonsspalta i 74 enn i 04, det kan kan henda forklara noko av fliden ein ser. At det sat ein gamal vaksenperson og valde ut innlegg, har òg truleg hatt ein konserverande funksjon i høve til skrivemåten, både på den måten at ein skreiv ”vakse” for å koma med, og på den måten at kan henda berre dei innlegga som var skrivne på ein bestemt måte, kom med.

Det var òg fleire å tevla med i utgangspunktet. I 1974 hadde Norsk Barneblad fire gonger so mange tingarar som i 2004. Kan henda det òg var andre sosiale og geografiske lag som var tingarar i 1974? Margunn Sundfjord seier at det tidlegare var lettare å koma til med bladet i skulen (vedlegg 1). Einar Økland skriv at lærarane har vore viktige når det galdt å samla tingarar til barneblada(Økland 1981). Det er òg ein tradisjon mellom nokre mållag å betala for Norsk Barneblad til ein klasse ved den lokale skulen. Det kan henda at det på 70-

talet i større grad enn på 00-talet fanst område der heile skuleklassar tinga bladet. Då får ein eit anna snitt av folket enn dersom det berre er einskildungar her og der med svært kulturelt medvitne foreldre eller besteforeldre som tingar bladet. Det kan kan henda vera ein bakgrunn for at kristendomen er eit populært diskusjonstema i 1974, men er borte i 2004.

Ein viktig del av kulturkonteksten er at i 1974 var ikkje Norsk Barneblad det einaste barnebladet. *Barnebladet Magne*, eit relativt ålment barneblad gjeve ut av fråhaldsrørsla, og som har hatt opplag oppe i 70 000, kom framleis ut (Økland 1981:117-19). Det fanst òg fleire kristne barneblad i 1974, som *Kom og Se* (Misjonsselskapet) og *Blåveisen* (Misjonsambandet) (Økland 1981:127). I dag er desse slått saman til barnebladet Blink, og ei pressemelding frå Kristeleg Pressekontor februar 2006 opplyser at eigarane no har bestemt seg for å leggja ned bladet og gjera det til klubbavis i ein ny kristen klubb (Kristelig Pressekontor 2006). Norsk Barneblad var ein del av ein etablert barnebladkultur. I dag er den i stor grad borte, samstundes som born truleg har fått fleire andre arenaer å uttrykkja seg skriftleg på, som debatt- og andre sider for born i avisene og ulike internetforum, i tillegg til at det er meir vanleg for born og ungdom å sleppa til på tv på ulike måtar. Det gjev grunn til å tru at lesarane av Norsk Barneblad i 1974 i større grad var vaksne opp med ein barnebladkultur som gav normer for samhandlinga med eit barneblad enn borna i 2004, som har fått normene for samhandling med massemedia frå andre førebilete.

Barnebladkulturen kan ha stått i ein viss motsetnad til deler av skjønnlitteraturen for born – Einar Økland oppsummerer det slik, og i *Norsk barnelitteraturhistorie* vert 70-talet skildra som ein periode då nye forfattarar med nye skrivemåtar gjorde seg gjeldande – som eit slags oppbrot frå den realistiske prosatradisjonen i etterkrigstida (Birkeland, Risa og Vold 2005:222-305). Norsk Barneblad tykkjast i 1974 å vera lite prega av nyskapande skjønnlitteratur – utanom klassikaren Tom Sawyer som framhaldsforteljing, er bladet prega av realistiske forteljingar av forfattarar som Jostein Krokvik, Arvid Hanssen og Sigbjørn Heie. Det kan sjå ut som om Norsk Barneblad har vore prega av ei anna kulturell tilnærming til barnelitteratur enn dei eksperimentelle 70-talsforfattarane som vert nemnde i *Norsk Barnelitteraturhistorie*.

Sidan det var færre kanalar for meningsytringar og samhandling med massemedia i 1974 enn i 2004, er det rimeleg å tru at det seriøse debattinnlegget hadde meir å seia som førebilete, at det sto lenger framme i hovudet når ein skulle finna ut korleis ein skulle skriva innlegg (jf 4.4.10). Mediekvardagen var i det heile svært annleis i 1974 enn i 2004. Det var berre ein kanal på tv og ein på radio, og båe vart drive med eit slags oppsedingsperspektiv. Internett, mobiltelefonar og heimedatamaskinar fanst ikkje. Eg skriv meir om korleis



mediebiletet har endra seg under 5.5.2.2.

Skulen var annleis i 1974 enn i 2004. I 1974 hadde ungdomsskulen ulike læreplanar for folk som skulle på gymnaset og folk som skulle ut i praktisk arbeid. Den resonnerande skulestilen var mykje meir sentral som eksamensform enn i 2004, då andre ideal dominerte norskundervisninga i ungdomsskulen. Dette vert skildra grundigare under 5.5.2.1.

Det finst lite referansar til kommersiell ungdomskultur i forumet i 1974 i høve til 2004. Kulturforbruket til born og ungdom var truleg eit heilt anna enn no. Svært mykje har endra seg når det gjeld korleis det er å vera born og ungdom, og det har skjedd på kort tid. Eg kjem til å skildra noko av det som har skjedd i neste kapittel, som handlar om *endring*.

## 5 Endring

### 5.1 Innleiing

I kapittel 3 og 4 fann eg at det har skjedd mykje med skrivemåten i debattspalta i Norsk Barneblad på 30 år. Det overraske meg kor ulike tekstane frå dei to tidspunkta var, og det gjorde meg nyfiken på korleis og kvifor endringane hadde skjedd. I dette kapitlet vil eg freista finna svar på det.

Eg kjem fyrst til å gå raskt gjennom endringar i skrivemåten og normene i tekstane og freista tidfesta desse, so skal eg leita etter årsaker. Då dette inneber å gå gjennom eit stort materiale (over 6000 innlegg), har eg ikkje høve til å gjera det særst grundig, men har fokusert på einskildelement i teksten som er relativt enkle å kategorisera, slik som overskrifter, vanlege formuleringar og underskrifter. Det mest grundige arbeidet har eg gjort med underskriftene.

1974 til 2004 er ein periode der borns kvardag og tekstkvardag har endra seg mykje, og det understrekar at ein må sjå ordskiftetekstane i samband med dei ulike og omskiftelege kontekstane. Eg kjem både til å undersøka endringar i situasjonskonteksten kring Ordskifte og Vi diskuterer og sjå etter endringar i kulturkonteksten og setja desse i samband med endringane i diskusjonsspalta. Her kjem eg til å fokusera på fire felt: Skulekvardagen, massemediekvardagen, data og internett og det eg har kalla ”å vera born og ungdom”. Funna mine indikerer at den endra massemediale kvardagen kan henda er den faktoren som i størst grad har endra tekstnormene hjå born og ungdom.

### 5.2 Kort om utviklinga i Norsk Barneblad 1974–2004

På dei 30 åra frå 1974 til 2004 har tingartalet til Norsk Barneblad gått ned frå 11 227 i 1975 til 3600 i 2004 (Grepstad 2005:Tabell 16.10) Det er nok det mest dramatiske som har hendt med sjølve bladet. Nedgangen i tingarar seier òg noko om kor vanleg, og med det til ein viss mon kor viktig, Norsk Barneblad har vore for nynorskbrukande born og ungdom. I 1975 var det 96 995 elevar med nynorsk som opplæringsmål i grunnskulen, og i 2004 var det 88 049 (Grepstad 2006:Tabell 8.9 og 8.4). Det vil seia at i 1975 kan over ti prosent av nynorskbrukande skuleborn ha tinga bladet, medan talet var under fem i 2004.<sup>4</sup> Det er grunn til å tru at det at ein mindre del av ungar med nynorsk som opplæringsmål tingar bladet, er eit

---

<sup>4</sup> Dette vert sjølvsagt ikkje heilt rett, sidan bladet òg har vorte og vert tinga av andre enn skuleborn med nynorsk som opplæringsmål. Hovudtyngda av lesarar kan ein likevel rekna med er born og ungdom i grunnskulealder med nynorsk som opplæringsmål, jf. alderen på ordskifteskribentane og kvar tingarane bur (vedlegg 1).

signal om at Norsk Barneblad har ein mindre framtrekande plass i medvitning til ”det nynorske barnet”.

Desse har vore redaktørar:

*Johannes Farestveit → 1978*

*Johannes Farestveit og Sigbjørn Heie: 1979*

*Adrian Skogmo: 1980*

*Jostein Krokvik: 1981–1982*

*Jostein Krokvik og Olav Norheim: 1983*

*Olav Norheim: 1984–Norsk Barneblad/9-1991*

*Gard Espeland: Norsk Barneblad/10-1991–Norsk Barneblad/8-1999*

*Nana Riise: Norsk Barneblad/9-1999 →*

Nana Rise er den fyrste kvinnelege redaktøren i saga til bladet.

Det er vanskeleg å seia noko kort og presist om utviklinga. Det ser ut til at bladet har fylgt dei dominerande trendane, som å få fargar og fin utforming i takt med at datateknologi gjorde det lettare, og at dei har fått kvinneleg redaktør og gått frå å vera mest for gutar til å vera mest for jenter dei siste åra – samstundes med at lesing har vorte meir av ein jenteting (Vagle 2005:265-66). I tillegg har eg inntrykk av at det har vorte meir bilete og mindre tekst, og kortare tekstar i det heile. Framhaldsforteljinga vert borte, og det gjer i stor grad andre skjønnlitterære forteljingar òg. Bladet har – i alle fall dei siste åra – lagt mindre vekt på skjønnlitteratur.

Samstundes som bladet kan henda har vorte mindre ”sært” har det ikkje mist det oppsedande preget heilt – 2005 har til dømes ei framside som fortel at inni bladet kan du lesa korleis du kan laga kule og sunne matpakker. Bladet er òg på andre område prega av kontinuitet – mange av dei same faste spaltene finst gjennom heile perioden, som ordskiftespalte, teikneserien Smørbutikk, «Marknad», «Skriv til meg», vitsespalte og kryssord. Framsidebilete av sunne, glade born er òg vanleg gjennom perioden.

### **5.3 Oppsummering av skilnader i oppbyggjinga av innlegg**

Me ser av innlegga som vart sette inn i forløpstabellar og delte opp i trekk i 3.3 og 4.3, og innlegga som vart sette inn i argumentasjonsskjema, at det er ein del viktige skilnader mellom 2004 og 1974 når det gjeld oppbyggjing. I 2004 var det vanlege mange trekk med lite tekst for kvart, mange henvendingar, mange emne og lite argumentasjon. Det ser me òg av lista over emne frå 2004 og 1974. Sjølv om det var nesten hundre færre innlegg i 2004 enn i 1974 og 2004-innlegga i hovudsak ikkje var synleg lengre enn 1974-innlegga, var det mange fleire

emne og fleire førekomstar av dei ulike emna. Det tyder på større emnetettleik i innlegga. I 1974 var det vanleg med meir tekst for kvart trekk, færre henvendingar og færre emne. Då var det òg meir argumentasjon knytt til kvart emne. I samsvar med dette ser me at den mellompersonlege og tekstuelle funksjonen dominerte i innlegga i 2004, medan i 1974 hadde den ideasjonelle funksjonen større plass.

Eit interessant drag som nyanserer dette biletet, er at når det gjeld dei argumenterande delene av innlegga, inneheldt det argumenterande innlegget frå 2004 som eg detaljanalyserte, på eit vis betre argumentasjon enn innlegga frå 1974, i og med at argumentasjonen i 2004-innlegget munna ut i ei oppmoding til å ta stilling og å handla. Dette knyter det nærare lesarbrevet i vedlegg 2 og 3.

Eg finn eit tydeleg samsvar mellom endringane eg har oppdaga når eg har detaljanalysert innlegga etter ulike prinsipp, og endringane som har funne stad i tekstnormene.

## **5.4 Normendringar i diskusjonsspalta frå 1974 til 2004**

Tekstnormene er ein lykel når det gjeld å finna ut korleis skrivemåtane har endra seg. Eg kjem til å gå raskt gjennom tekstnormendringane mellom 1974 og 2004 og freista finna ut kva tid dei viktige endringane finn stad, då det å kjenna tidspunktet for ei endring kan vera ei god hjelp når ein ser etter årsaker.

### **5.4.1 Redigeringsnorm: Frå utveljing/konkurrans til Alle får vera med**

I 1974 tilseier redigeringsnorma at berre dei beste innlegga kjem på trykk (jf. 4.4.1), men utover i perioden endrar redaktørhaldninga seg. Olav Norheim skriv i 1984:

Det kjem no så mange innlegg til ordskifte-spalta at vi diverre ikkje har plass til alle. Når altfor mange innlegg handlar om det same, må vi plukka fram dei beste og dei som kjem med nye synspunkt og trykkja dei i bladet. Dei som tek opp nye emne til drøfting, har størst sjanse til å koma på trykk (Ordskite 1984:91).

og redaktøren etter det, Gard Espeland, skriv i 1991:

Dessverre får vi ikkje plass til alle breva til Ordskite i bladet. Får vi råd til fleire sider, skal det også bli fleire innlegg (Ordskite 1991:162)

Ser me på oversynet over talet på innlegg (vedlegg 4), ser det ut til at Norsk Barneblad fekk råd til fleire sider, sidan talet på innlegg aukar. Frå det vert fleire sider med Ordskite i perioden til Espeland og fram til no, verkar det som idealet er at alle skal koma med. Det ser ein òg av at både Espeland og neste redaktør, Nana Riise, skriv opp alle innlegga som ikkje kom med og takkar for dei i bladet. I 2004 kjem alle innlegg med (vedlegg 1)

Redigeringa går altså frå at ”berre dei beste kjem med”, til at redaktørhaldninga endrar

seg til at ”det beste hadde vore om alle kom med, men det har me diverre ikkje plass til, men innlegga vert valde ut slik at alle meiningar skal koma med, og dei ”beste” representantane for populære meiningar”. Her kan ein seia at haldninga har endra seg, men praksisen i mindre grad. Dette gjeld til slutten av nittitalet/2000-talet. Norsk Barneblad 1-01 har ei liste over innlegg frå 2000 som ikkje kom med, men i 2004 kom alle med. I 2004 rår ”alle skal sleppa til”-tanken. Her kan ein sjå ei utvikling langs ein skala der ein startar med å leggja dugleik til grunn som redigeringsprinsipp, og endar opp med inkludering og deltaking som redigeringsprinsipp.

#### **5.4.2 Frå Skriv godt! til Skriv deg sjølv!**

Det går an å setja opp ei motsetnad mellom normene Ha eigne meiningar og Ver oppriktig frå 2004 og Argumenter og Diskusjon er ein leik frå 1974, der dei to fyrste kan plasserast under eit “Skriv deg sjølv-paradigme”, og dei to siste kan plasserast under eit “Skriv godt-paradigme”. Fleire av normene frå 2004 (men ikkje alle) kan plasserast under oppmodinga Skriv deg sjølv, som identitetsnorma Ver den du vil og og norma om å syna medvit om seg sjølv, teksten og samhandlinga. Fleire av normene frå 1974 kan plasserast inn i Skriv godt-paradigmet, som redigeringsnorma, norma Skriv godt! (sjølv sagt) og Skriv som dei vaksne. Det at eg plasserer mange av normene innan for to ulike paradigme, inneber at eg snakkar om at det har funne stad eit slags paradigmeskifte (meint meir metaforisk enn vitskapleg).

Sjølv om det har vore eit skifte i måte å forhalda seg til diskusjonen på, finn me kommentarar om at folk må argumentera for meiningane sine både i 1974 og 2004 og i åra mellom, so det å skriva godt og å argumentera vert freista slått fast som ei pliktnorm gjennom perioden. I undersøkinga mi av Ordsifte i 2004 og Vi diskuterer i 1974 fann eg at norma om å argumentera var *realisert* i mykje større grad i 1974, og slutta difor at det var ei norm som *regulerte handlingane* til skribentane i 1974, men i liten grad i 2004.

To spørsmål som er interessante å få svar på for å finna ut kva tid og korleis normsettet ”skriv godt” vert bytt ut med normsettet ”skriv deg sjølv” er kva tid ein byrjar få metaordskifte om oppriktigheit og ironi og kva tid skribentane byrjar å starta breva med å skildra seg sjølve.

##### **5.4.2.1 Ironi og oppriktigheit**

Den fyrste debatten om ironi og oppriktigheit finn eg alt i 1975, då ein som kallar seg Politkar på 14 år har eit innlegg der han skriv mykje som ser ut som det ikkje er alvorleg meint. Overskrifta er til og med «Litt fleip» (Vi diskuterer 1975:60). Han får både svar som

heilt alvorleg argumenterer mot han, og svar som dette: «Det er bra at det bare var fleip det du skrev.[...] Vi tror nok at barn (også over 14 år) ikke har vett på politikk, og i allfall ikke du som tror at mennesker kan leve av luft!» (Vi diskuterer 1975:109) og dette: «Det han skreiv, trur eg han skreiv berre fordi han ville setja i gang ein dum diskusjon. For det er då heilt idiotisk det han skreiv om ... [...]» (Vi diskuterer 1975:109) Me ser at sjølv dei som ser at dette var skrive inn som ein spøk, reagerer negativt. Det ser eg som eit signal om at dogmet om å vera oppriktig står sterkt i 1975.

I 1989 har Lene eit slikt tulleinnlegg der ho mellom anna skriv at Norsk Barneblad kunne vore på riksmål og at atomvåpen og pels er bra (Ordsките 1989:7). Dette kjem det inn mange sinte reaksjonar på, og i 1990 har Lene eit innlegg der ho orsakar tulleinnlegget sitt som provoserte so mange: «Unnskyld mitt tåpelige innlegg i NB 1-89. [...] Til slutt vil jeg si til alle som har kritisert mitt innlegg: Dere må jo skjønne at det bare var tull» (Ordsките 1990:279). Dette tek eg òg som ein indikator på at oppriktighetsdogmet står sterkt og er ei norm som regulerer åtferda i spalta. Det dukkar innimellom opp skribentar ein kan kalla provokatørar (heller enn ironikarar) som skriv ting dei ikkje står inne for for å provosera eller sjokkera eller sjå kven som trur på det. Det som skjer kvar gong, er at slik åtferd vert slått hardt ned på av dei andre deltakarane. Kring 2000 rår det kan henda ein viss unntakstilstand. Då kjem det mange innlegg av jenter som fortel kva dei har i klesskapet og kor kule og pene dei er, desse vert òg kalla ”eg er best”-og bimboinnlegg. Desse vert kritiserte av andre deltakarar. Denne typen innlegg som byrjar å koma mot slutten av nittitalet, kan kanskje sjåast som eit uttrykk for “den ironiske nittitalsgenerasjonen”. Det er likevel ikkje fyrst og fremst mengda av ironi som skil desse frå innlegg som Lene og Politikar på 14 sine, men at “eg er best”-innlegga er prega av seksualitet og at ein skildrar seg sjølv.

Sjølv om eg i 1974 fann at innlegga var prega av leik og diskusjonsøving, og at dette stod i ein viss motstrid til oppriktig diskusjon, finn eg alt i 1975 prov på at oppriktighetskravet står sterkt. Dette kan både vera av di ein tilfeldigvis ikkje hadde denne typen normdiskusjon i 1974, eller av di dette er ei norm som var mindre etablert i 1974 enn i 1975. Spalta vart starta fyrst i 1970, og skribentane/spalta har kan henda brukt noko ”innkøyringstid” før diskusjonsmåten vert naturalisert og opplevd som eigen og ekte både av skribarane og lesarane. Her er det òg rimeleg å sjå etter endringar i kontekst, til dømes når det gjeld skrivinga i skulen, som truleg har endra seg ein del nett på denne tida (jf 5.5.2.1).

#### **5.4.2.2 Å skildra seg sjølv**

For å finna ut kva tid det vert vanleg å skildra seg sjølv, har eg lese gjennom eit utval –

Ordskifte nr 2 frå 1991 til 2003 og merkt av kor mange innlegg som har bolkar der skribenten skildrar seg sjølv:

*Tabell 11: Innlegg i NB nr 2 1991–2003 der skribenten skildrar seg sjølv*

<b>Årstal</b>	<b>Førekost</b>	<b>Innlegg totalt</b>	<b>Prosent</b>
1991	2	6	33,3 %
1992	0	11	0,0 %
1993	1	6	16,7 %
1994	0	8	0,0 %
1995	3	12	25,0 %
1996	5	12	41,7 %
1997	4	19	21,1 %
1998	4	23	17,4 %
1999	5	14	35,7 %
2000	2	17	11,8 %
2001	0	9	0,0 %
2002	5	13	38,5 %
2003	2	10	20,0 %

Tabellen er ein indikasjon på at det vert eit vanlegare element i innlegga å skildra seg sjølv kring midten av nittitalet – ei tekstnorm knytt til skriv deg sjølv-paradigmet.

### **5.4.3 Endring i identitetsnormer**

For å spora endringar i identitetsnormer, har eg registrert og kategorisert underskriftene til alle innlegga i perioden 1974–2004, det er om lag 6000 underskrifter.

#### **5.4.3.1 Å skriva under**

Å skriva under er å seia kven ein er. I diskusjonsspalta i Norsk Barneblad kan ungane velja om dei vil skriva under med fullt namn, førenamn eller noko anna. Ved å studera underskriftene i spalta lærer ein noko om korleis borna sjølve vel å identifisera seg, om kva slags identitetar som vert opplevde som moglege og interessante å ta i bruk. Ved å studera endringar i denne sjølv-identifiseringa over 30 år, kan det vera mogleg å læra noko om kva slags identitetsforståing som gjeld til ulike tider – fyrst og fremst i det aktuelle materialet – men òg til ein viss grad i barne- og ungdomskulturen.

### 5.4.3.2 Resultat av analysen

Diagram 1: Førekomstar i kategoriar<sup>5</sup>




Diagram 2: Førekomstar i grovkategoriar







Diagram 3: Utvikling i bruken av kulturelle referansar



### 5.4.3.3 Forklaring til diagramma

I diagram 1 har eg delt underskriftene inn i 10 kategoriar:

*Fullt namn:* Gjermund Hagesæther

*Del av namn:* Kristin

*Kjønn, alder, geografisk bakgrunn og anna gjeven identitet (som å koma frå gard, plass i syskenflokket ol):* [namn] 5164 Hjelmås, tenåring (14) fra Telemark, [anne\\_marit@excite.com](mailto:anne_marit@excite.com)

*Stjerneteikn:* Ver [fødselsår], vanndama –[fødselsår]

*Meg/anonym:* MEG!!!, NoBoDy, Anonym [alder], The One And Only Mr X

*Standpunkt/ meiningar:* “Veggisen”, Dyrevenn [fødselsår], ei som hatar gym, ein bokmålshatande stril, Kritikar frå vest

*Interesser:* Spice Girls-fan nummer 1, Idrettsmann, leseglad

*Skryt/skildring:* to spreke gitar, Filosofen, ei som ikkje er heilt så dum, “Den feite grisen”, Sexy 89-modell

*Kallenamn/nick:* Mr Kebab, Nemi, Salomo, Tuppen, Sussi, “Lovegirl”

<sup>5</sup> Dette diagrammet finst i fargar i vedlegg 6, <http://folk.uio.no/gudrunj/vedlegg/v6-idunderskr.xls>

*Å vera noko anna:* Julenissen, ein lysoransje bompibjørn, den gule kaffitraktaren, dei tre vandrane smalahove

Fleire av underskriftene har eg plassert i fleire kategoriar. Det inneber at diagrammet ikkje syner kor stor del av underskriftene som høyrer til den eller den kategorien, men det syner førekomstar av den eller den identitetskategorien – og fleire kan førekoma i same underskrift.

Diagram 1: Førekomstar i kategoriar syner kor stor del av dei samla førekomstane av identitetskategoriar kvar enkelt kategori utgjer kvart år frå 1974 til 2004 (3,3 prosent av innlegga let seg ikkje plassera i nokon kategori). I diagram 2 har eg valt å dela åtte av desse kategoriane inn i tre grovkategoriar, og talt treff i grovkategoriane slik at eit innlegg berre kan telja i ein grovkategori ein gong (74,3 prosent av innlegga treff berre ein av grovkategoriane<sup>6</sup>).

### **Grovkategoriar:**

*Gjeven identitet:* Fullt namn, del av namn, kjønn, alder geografi o.l.

*Valt identitet:* Standpunkt/meiningar, interesser

*Dikta identitet:* Skryt/skildring, kallenamn/nick, å vera noko anna

Kva gjeven identitet er seier seg sjølv. Valt identitet kallar eg det når skribentane skriv under med noko som signaliserer meiningar og standpunkt eller interesser. Dette er identitet som skribentane rår over sjølve, men som ein kan kalla ”sann”, ”ekte” og liknande. Om nokon kallar seg antirasist i underskrifta, meiner han eller ho truleg at rasisme er dumt. Dikta identitet har eg kalla det når folk har underskrifter som openbert ikkje syner til kva personane bak ”er”, men til kva dei *kallar seg* – det kan vera noko(n) dei har lyst til å vera, eller kva og kven dei subjektivt identifiserer seg med. Å kalla seg Arwen er eit døme her. Alle skjønar at personen som skriv under med Arwen ikkje *er* eller *heiter* Arwen (ein person i Ringenes herre), men at det er snakk om ein figur ein beundrar eller gjerne skulle vore eller på eitt eller anna vis identifiserer seg med. Det er ikkje å lyga eller å vera uærleg å skriva under med eit slikt kallenamn, men det er å dikta litt, og ei grunnleggjande anna handling enn å fortelja kva ein meiner eller er interessert i. Difor har eg kalla det dikta identitet. (Alle kallenamn er ikkje like dikta: nokre kallenamn kan det jo henda at folk har fått i røynda, til dømes av di dei har briller. Men dette gjeld ikkje fleirtalet) Å skryta og å skildra utsjånaden sin – det vil til dømes

---

<sup>6</sup> 24,9 prosent av innlegga treff to, 0,7 prosent treff alle tre og 6,5 prosent treff ingen.

seia å kalla seg ”dei kule jentene” eller ”blond” og å seia at ein er noko anna utan å bruka namn, til dømes å kalla seg den gule kaffitraktaren, har eg òg sett på som ulike måtar å dikta identitet på. Kategorien skryt/skildring er nok ein grensekategori i høve til dikta og valt identitet, og det kan vera uklårt kva som er skryt og kva som berre er skildring. Eg ser likevel det å skildra korleis ein ser ut til underskrift som ein måte å spela seg sjølv på som kan knytast til ”Ver den du vil”-norma og eit konstruktivistisk identitetsyn

Nokre av kategoriane er vanskelegare å skilja mellom enn andre – til dømes kan det vera uklårt om noko er ein del av eit namn eller eit kallenamn, og det kan vera vanskeleg å vera sikker på om noko skal kallast kallenamn eller å vera noko anna. Nokre stader vil det vera mogleg å vera usamd med plasseringa eg har gjort. Andre stader har eg vore so uviss at eg ikkje har sett noko kryss, berre plassert dei i ein eigen kategori for ”uviss”. Denne er ikkje teken med i diagramma.

Sjølv om denne kategoriseringa inneber tolkingar som er uvisse av di dei er baserte på skjønn og ikkje faste reglar, meiner eg likevel hovudtendensane er ganske klåre, og at det er ein indikator på at inndelinga eg har gjort kan nyttast i analysen.

Diagram 3 som gjeld bruken av ulike kulturelle referansar og engelsk i underskriftene, inneber òg uvisse. Eg kjenner ikkje alle fjernsynsprogramma, film- og popstjernene frå dei siste 30 åra, so det er mykje eg kan ha unngått å få med meg, sjølv om Google har vore til stor hjelp. Skiljet mellom populærkulturelle og meir ”finkulturelle” historiske og litterære referansar er òg i seg sjølv flytande, og same fenomen kan flyta mellom grensene. Når det gjeld Ringenes Herre-referansar, som er ganske populært, har eg plassert dei i kategorien litterære/historiske referansar før filmen kom, og under populærkulturelle etterpå. Det er fleire andre slike grensefenomen: Mummitrollet (som eg under tvil har plassert finkulturelt) og Ole Brumm (som eg har plassert under populærkultur). Desse fenomenena starta som relativt høgkulturelle bøker, men har etter kvart vorte adapterte til filmar, tv-seriar og teikneseriar som har vore kommersielle suksessar, og dette har gjort at dei òg er ein del av populærkulturen.

#### **5.4.3.4 Resultat: Kva fortel undersøkinga oss**

Det undersøkinga fortel tydelegast, er at færre identifiserer seg ved å syna til gjeven identitet av eitt eller anna slag, og fleire identifiserer seg ved å syna til dikta identitet av eitt eller anna slag utover i perioden, og at mot slutten av nittitalet vert det meir vanleg å skriva under med dikta identitet enn med gjeven identitet. Bruken av kallenamn aukar markant frå 1996.

Når underskrifta går frå å vera ein måte å seia kven ein er materielt og fysisk på, til å

vera ein måte å seia kven ein har lyst til å vera på, kan ein seia at innhaldet i handlinga – forståinga av kva ein gjer når ein skriv under eit innlegg – har endra seg ganske mykje.

Mykje av kallenamnbruken går ut på å skriva under med namnet til ein fiksjonsfigur eller ei (film-, pop-, anna-) stjerne, namn som i hovudsak kjem frå filmar, tv-seriar eller popindustrien. Det er ein auke utover i perioden når det gjeld populærkulturelle referansar i underskriftene (jf. Diagram 3: Utvikling i bruken av kulturelle referansar). Når populærkultur spelar ei større rolle utover i perioden som grunnlag for identiteten til borna i ordskifte, tyder det på at populærkultur spelar ei større rolle i born sitt medvit og identitetsarbeid utanfor Ordskifte òg.

Noko som ikkje kjem fram av kategoriseringa mi, men som likevel er interessant, er at av kategorien ”anna gjeven identitet”, so er det i stor grad identifiseringa knytt til geografi som vert borte, medan å identifisera seg med kjønn og dels alder står seg betre. Sjølv om kategoriane gjeven og dikta identitet minkar og aukar på kostnad av ein annan, har bådø der heile tida, og ingen av dei vert borte.

Andre ting diagram 1 syner, er at det er ein viss del av skribentane som skriv inn under fullt namn, sjølv om det vert færre, heilt fram til 1999. Å bruka del av namnet går òg attende. Å nytta ei underskrift som seier noko om meiningar eller standpunkt, er òg ein relativt stabil kategori fram til innpå 2000-talet, då han nesten forsvinn. Eit artig poeng er at det å underteikna med stjerneteikn ikkje dukkar opp før i 1977, men deretter held seg som ein relativt stabil liten kategori. Det får ein til å undrast på kva som hende i 1977 eller 1976. Var det eit nytt jenteblad som kom ut då, eller byrja avisene med astrologispalte på den tida?

Grupperinga i gjeven, valt og dikta identitet inneber ei tolking av resultata. Men som eg har gjort greie for, meiner eg grunnlaget for grupperinga finst i materialet. Når eg ser på kategorinamna, ser eg at dei passar nesten litt for godt med nemningane før-moderne, moderne, og post-moderne identitet. Ein kan, svært forenkla, seia at førmoderne identitet var knytt til vilkåra ein var fødd inn i, den moderne identiteten er knytt til politiske og materielle val ein gjer, medan den postmoderne identiteten vert knytt til ”identitets-shopping”, flyktige immaterielle identitetsval motiverte av spørsmålet ”kven har eg lyst til å vera i dag?” Førmoderne og postmoderne identitet kan knytast til dei to identitetssyna i 2.2.4.3. Desse tre nemningane inneber òg ein narrativ, ei utviklingsforteljing, der skribentane går frå å ha ein gjeven, førmoderne identitet til ein dikta, postmoderne.

Sjølv om dette er ein parallell som er mogleg å dra, vil eg problematisera han. Både dei gjevne, valde og dikta kategoriane finst i heile perioden. Kategorien valt utgjer heile perioden ein relativt liten og relativt stabil del, sjølv om han når toppen i 95/96, samstundes

med at kategorien dikta aukar kraftig. Me ser altso ikkje ei eintydig utvikling frå gjeven til valt til dikta – utviklinga i materialet fylgjer ikkje utviklinga i forteljinga om det postmoderne. Dessutan står den gjevne identiteten sterkt heile perioden, men deler av han vert mindre viktig.

Fullt namn vert mindre viktig, men andre gjevne identitetsressursar held fram å ha innverknad – gjennom heile perioden er det vanleg å fortelja om ein er jente eller gut, og å oppgje fødselsår eller alder (79-modell, Vannmann -79 o.l.). Jentene vel å fortelja at dei er jenter og kva tid dei er fødde, sjølv om dei kan kalla seg kva dei vil, som (hokjønn-80) Fernando Redondo i 1995, The Popgirl-87 i 2000 og vanndama -90 i 2003 syner. Ein kan altso seia at sjølv om eigenkonstruert identitet vert meir populært på 90-talet, vert ikkje det materielle, gjevne, borte som identitetsressurs. Desse funna modifierer altso forteljinga om utviklinga frå førmoderne via moderne til postmoderne identitet.

Eit anna drag som er interessant, er at det å skriva under med namn eller anna som avslører standpunkt/meiningar, er noko som ligg relativt stabilt, i alle fall er aktivt, heile perioden, fram til 2000-talet, men då nesten forsvinn. Det kan hanga saman med at sjølv ordskiftet i spalta vert mindre knytt til politiske saker og meiningar og meir konsentrert om kvardagen frå slutten av nittitalet. Det kan òg verka som det skjer ei utskifting, i alle fall skjer det ei avskaling av deltakarar kring tusenårsskiftet.

Ut frå Diagram 3 ser me at det populærkulturelle feltet vert stendig viktigare som identitetsressurs, noko som samsvarar med utviklinga når det gjeld diskusjonsemne (jf. 5.4.4). Engelsk vert òg teke meir i bruk i underskriftene. Det heng nok saman med at born i Noreg i sterkare grad har levt i ein internasjonalt, engelskspråkleg mediekvardag, serleg frå nittitalet.

Ut frå materialet kan eg berre *vita* at dette er ei tekstnormendring som gjeld i Ordskifte og Vi diskuterer, men sidan borna som skriv (i stor grad) veks opp innanfor den same tekstkvardagen som andre born i Noreg, er det rimeleg å tenkja seg at denne endringa kan gjelda andre sfærar av barne- og ungdomskulturen òg.

Det store spørsmålet underskriftsanalysen stiller er likevel: Kvifor aukar kallenamn og dikta identitet sterkt frå midten av 90-talet? Kva hender i Noreg då?

#### **5.4.4 Frå Sjø kvardag og samfunnsdebatt i samanheng til Du kan skriva om eigen kvardag**

Desse normene for ordskifteemne heng saman med normene om å skriva som dei vaksne og vera born. Her ser me at kvalifiseringsnorma for kva som er gyldige/rimelege diskusjonsemne har endra seg frå 1974 til 2004. Det er likevel ikkje slik at utviklinga når det gjeld kva som er

gyldige diskusjonsemne har gått jamt i ei retning frå 1974 til 2004. Inntrykket mitt er at den mest politisk engasjerte tida i spalta var på nittitalet, då EF, miljøvern og Carl I. Hagen og rasisme var viktige tema. På størstedelen av åttitalet verka det å vera lita interesse for forumet, ofte med berre to og tre innlegg i kvart blad (men dette kan òg ha med redigering å gjera, jf Olav Norheim i 1984 under 5.4.1). Kring 2000 byggjer det seg opp ein konflikt i forumet. Det byrjar koma ein del innlegg der nokon skriv om kor pene og kule dei er, at alle gutane likar dei og kva dei har i klesskåpet. Redaktøren kalla dei seinare ”eg-er-best-innlegga” (Ordskifte 2003:31). Desse innlegga deltek ikkje i ein politisk diskusjon, og det er det ein del som irriterer seg over: «Eg veit ikkje kvifor alle bertene i Noreg har fått det store behovet for å skrive inn til ordskifte om kor perfekte dei er. [...] eg er så lei. Kan de ikkje berre starte dykkar eigen klubb?» (KaKeMoNsTeReT) (Ordskifte 2002:223). Det kan sjå ut som ein del av deltakarane, støtta av redaktøren, prøver å halda oppe den politiske diskusjonsmåten frå 90-talet, men at det vert utfordra av innlegg som dette:

Heey!

Fyrst litt ris og ros til Visdom -84: Heilt einig med deg i at folk ikkje må skrive til dømes “Eg hatar Britney”! Ærleg tala. Kven trur på sånt heksetull? Eg syntest det var interessant å lesa kva klede “Jeg elsker klær” hadde i sitt skåp. Her er lista over det eg har i mitt skåp:

Bukser: 1 Garage, 1 Jam Jeans, 1 Active B, 1 Only, 1 Wrangler, 1 Diesel, 1 Levis, 1 Impuls, 1 LOGG, 1 Message. Genserar: 1 Ell, 1 Diabless, 1 Impuls, 1 Sisley, 1 LOGG, 4 Only, 1 Connect, 1 Jacqueline de Young, 1 Bennetton, 1 Bosseline, 1 Fransa, 1 Koko, 1 Cdept, 1 Message. Jakker: 1 Claire, 2 Only, 2 Bik Bok. Skjørt: 1 New Caro, 1 Impuls, 1 Mandarina, 1 Texas. Kjolar: 1 Only, 1 Fransa. Sko: 1 Dagees, 3 Roots, 1 Molts's, 1 Intenz. Toppar: 1 Garage, 1 Planet of Hollywood, 2 BBC, 2 LOGG, 1 D-Xel, 2 sisters, 1 Dolce & Gabbana, 1 Min.

Og masse klede eg ikkje gidd skrive opp. Eg har brukt ein time på dette. Eg håpar de og skriv ned kva klede de har!

K\*OoOOo\*O\*z frå Kule Hanna (Ordskifte 2001:191)

I svara frå redaktøren ser me korleis ho prøver å få bukt med denne typen innlegg:

Viktig melding til alle saman!

Ordskifte skal ikkje vera noka slags oppramsing av kva ein eig her i verda! Så vi kjem ikkje til å trykkje fleire lange remser med kva de har i klesskåpa dykkar. Ordskifte skal vera utveksling av meiningar, ikkje av klesmerke.

Nana (Ordskifte 2001:191)

Kjære Shoops!

Eg forstår godt at du og mange andre blir irriterte på innlegga i ordskifte som handlar om kor perfekte nokre synest at dei er. Provoserande innlegg som tek opp plass for saklege diskusjonar. Men ordskifte er den einaste staden i bladet der du og dei andre lesarane bestemmer kva som skal på trykk. Det skal ikkje vere slik at eg som redaktør skal bestemme kva du og andre har lov til å meine! Men sidan eg har fått så mange oppmodingar, har eg kutta alle oppramsingar frå klesskapet, og no kuttar eg også alle ”eg er best”-kommentarar.

Det er dumt at så mange ikkje skjønar kva eit ordskite er, – at eit ordskite ikkje er staden for skryte-annonsar om seg sjølv. Men det er strengt tatt ikkje redaktøren sin feil.

Nana (Ordskite 2002:223)

Det er ein interessant normkonflikt ein ser overflata av i denne diskusjonen om kva slags innlegg som er verdt noko. Frå 2002/2003 verkar det som det både vert færre reindyrka ”eg er best”-innlegg og færre reindyrka politiske. Det kan vera av di redaktøren har fylgt opp lovnadene sine og redigert bort “eg er best”-elementa, men det kan òg henda at færre skreiv slike innlegg, og desse to grunnane kan hanga saman. Samstundes vert det færre innlegg i Ordskite i det heile frå då av – truleg av di det kjem færre inn (sjå vedlegg 4).

Det kan sjå ut til at mange av dei som diskuterte i diskusjonskulturen frå nittitalet er borte – kan hende ”eg er best”-innlegga gjorde at Ordskite ikkje vart nokon interessant plass for dei? Det kom òg kritikk om at lange innlegg er keisame, å skriva berre om eitt emne er keisamt og liknande. Kan hende dei som skreiv ”eg er best”-innlegg etter kvart vart leie dei òg? Ein kan tolka dette som eit samanbrot i diskusjonen, men det er ikkje sikkert det er det mest rimelege. Dette innlegget syner både konflikten i forumet og hybridinnlegga som kjem mot slutten av konfliktperioden:

Diddline: Kan jeg bare få spørre om en ting: Hvor gammel er du egentlig? Ok, jeg kan gjette. 15, 16? Du skriver godt, og du er flink til å grunngi meningene dine, men ærlig talt. Du skriver jo akkurat det samme i hvert innlegg! Nana, er det rettferdig at en person skal få bruke opp en hel side på å si akkurat det samme i hvert ENESTE innlegg? [...] Hvor er det blitt av alle bimboene? Før irriterte jeg meg over dere, men må innrømme at det ble litt kjedelig uten dere... Miss Universe: Unnskyld meg, men hva feiler det deg?? Har du venner i det hele tatt? Tviler veldig på det. [...] Jeg har nettopp lest en bok som var helt forferdelig. Det handler om en kristen sekt som vil ta over verden. De er blitt helt hjernevasket av lederen sin, og nå går de rundt og dreper alle som har gjort en synd. Kvinner som har tatt abort, blir hengt, og kirker som ikke har vært trofaste, blir brent. Det var helt sykt, men boken var fantastisk. I prinsippet er jeg vel egentlig imot abort, men alt er jo relativt...[...] (Ordskite 2003:87)

I innlegga i 2004 er det meir harmoni, mindre aggresjon mot andre (anna enn Malinn Hamster som tek på seg provokator-rolla) og vekt på inkludering. Vekta ligg på diskusjon av eigen kvardag, som dels vert diskuterte som samfunnssaker.

Her kan ein ikkje snakka om ei utvikling langs ei rett linje, her har det skjedd mykje. Men kan henda ein kan setja opp ein tendens, slik:

*1970-talet:*

Diskusjonen går der samfunnsdebatt og kvardag kryssar

*1980-talet:*

Fyrst og fremst lite deltaking i debatten

*Fyrste halvdel av 1990-talet:*

Samfunnsengasjert diskusjon, EF er viktig emne. Lite deltakar/personleg-orienterte

trekk

*Siste halvdel av 1990-talet:*

Samfunnsengasjert diskusjon, men: helsingar, ynske om ris og ros, å skildra seg sjølv er trekk som byrjar å koma. Skryteinnlegg eller “bimboinnlegg” som nokon i forumet kalla det, vert vanlege mot slutten av perioden.

*2000:*

Konflikt: samfunnsengasjert ungdom mot ”bimbokulturen”

*2000-talet:*

Båe taper. Mindre ordskifte. Hybrid: kvardagsutfordringane til jentene på ungdomsskulen og øvste del av barnetrinnet (stringtruser) integrert i det seriøse ordskiftet. Det personlege dominerer

Korleis dette heng saman med andre observasjonar av barne- og ungdomskulturen i Noreg i same periode kjem eg til å koma inn på under 5.5.

#### **5.4.5 Berre innlegg frå born som privatpersonar kan vera ordskifteinnlegg**

I løpet av heile perioden på 30 år som eg har undersøkt, fann eg to innlegg som representerte noko anna enn einskildpersonar: eitt i 1985 frå «norske målungdomar» som er ei fåsegn frå Norsk Målungdom om å få Fantomet på nynorsk, og eitt i 1986 frå Jette Larsen frå Grønlands ungdoms Fællesråd. I tillegg kan Bjørn frå Sunnmøre i 1974 seiast å representera målrørsla, ved at heile innlegget er målpolitisk agitasjon som sluttar med ei oppmoding om å organisera seg i Noregs Mållag eller Norsk Målungdom, men han tilpassar seg norma ved å kalla seg berre Bjørn frå Sunnmøre. Det er og tilfelle der folk underteiknar med Unge Høyre (1987) eller NGU-ar og AKP-ml'ar (1990), men dette er fyrst og fremst markering av kva ein som einskildperson sympatiserer med eller står for i den aktuelle debatten i diskusjonsspalta, ikkje uttrykk for at ein representerer nokon andre enn seg sjølv. Det vert aldri sagt av redaktørane at ein ikkje ynskjer innlegg frå organisasjonar, men det er, som nemnt tidlegare, mogleg at det har vorte sendt inn utan å koma med i bladet. Ut frå det som står i bladet, må ein kunne seia det ser ut som det gjennom heile perioden er ei kvalifiseringsnorm at Ordskite/Vi diskuterer er ein stad der born som einskildpersonar deltek i ein offentleg debatt.

#### **5.4.6 Frå Ta ballen! Til Gje respons!**

Eitt element som seier noko om innlegga kan kallast utsegns- eller relasjonsorienterte, er



overskriftene – om dei er helsingar eller om dei er knytt til emnet som vert diskutert eller trekk i diskusjonen (som ”Svar til ...”-overskrifter). Ei feilkjelde her er redigeringa – i nokre nummer er fleire innlegg redigerte på ein slik måte at berre deler kjem med, og ein kan tenkja seg at redaktørane sjølve kan ha laga overskrifter som passa betre til temaet enn ”Hei!”. I Adrian Skogmo sin periode i 1980, verkar det som innlegga vart mykje redigert på. Difor har eg ikkje teke med innlegg frå den perioden i oppteljinga mi. Det eg finn er at i 1974 er det ganske få innlegg som startar med ei helsing, eitt eller to i kvart nummer er vanleg, medan i dei tre fyrste numra i 2004 startar om lag halvparten av alle innlegga med ei helsing. I 1990 er det nesten ingen helsingoverskrifter medan det i 1995 utgjer om lag halvparten, og fyrste året det er vanleg er 1994.<sup>7</sup> Frå midten av nittitalet ser me altso ein trend som gjer innlegga meir person- og relasjonsorienterte, og mindre saks-/diskusjonsorienterte. Kvifor skjer dette nett då? Det er ikkje lett å svara på ut frå barnebladinterne årsaker. Det var ikkje redaktørskifte då, Norsk Barneblad hadde enno ikkje fått e-post, og det er ikkje noko spesielt å sjå når det gjeld talet på innlegg – det er jamt stigande. Me må løfta augo og sjå kva andre stader ungane kan ha fått endra skriveideal frå. Skjer noko i andre massemedium enn Norsk Barneblad kring midten av nittitalet?

Redaktøren byrjar å vera deltakarorientert og inkluderande før dette. Alle redaktørane etter Johannes Farestveit og Adrian Skogmo, det vil seia etter 1980, legg vekt på at det *diverre* ikkje er plass til alle innlegga i bladet. Ein praksis der alle innlegga kjem med i bladet, får me ikkje før mot slutten av nittitalet.

#### **5.4.7 Frå medvit om diskusjonen til medvit om seg sjølv, teksten og samhandling**

Kva skribentane fokuserer på i metakommentarane er interessant av di det gjev lesaren eit visst tilgjenge til kva slags kommunikasjonssituasjon skribentane sjølve opplever at dei er i.

Fokuset i metaperspektivet har endra seg gjennom perioden, frå å vera eit medvit om at ein deltek i ein diskusjon og korleis ein bør gjera når ein diskuterer, til å vera sentrert kring ein sjølv, ein sjølv som skrivande, teksten og det å kommunisera med andre. Det spesifikke “debattsituasjon”-medvitet er altso i stor grad borte, og bytt ut med noko som ser ut som ideal frå ein meir ålmenn, uformell samtalesituasjon.

Det er vanskeleg å finna enkle indikatorar slik at ein kan måla fokus på samhandling i metaordskiftet over 30 år, men ein måte å måla fokus på samhandling på i innlegga, er å sjå

---

<sup>7</sup> Denne teljinga er basert på dei tre fyrste numra dei aktuelle åra

kva tid fenomenet å ynskja seg ris og ros oppstår. Å seia at ein vil høyra andre si meining om eit emne, er òg samhandlingsorientert, men meir orientert kring sak enn person (jf. skilnaden mellom 4.4.8 og 3.4.8). Å avslutta eit innlegg med mange meiningar med å seia at ein vil ha ris og ros, er å be om respons på personen. Når det byrjar verta vanleg å avslutta brev slik, kan ein seia at dette fokuset på samhandling mellom personar – (i staden for på diskusjon om eit emne) er etablert. Alt i 1974 seier R. og K.: «Vi vil gjerne høyra andre si meining» (Vi diskuterer 1974:394), men spørsmål om ris og ros finn eg fyrst i nr 6, 1993. Både i 1993, 1994 og 1995 dukkar ordparet opp i minst eitt innlegg i eitt nummer. Då kan ein seia at omgrepet vert brukt, men at det ikkje er etablert som trekk. I 2000, derimot, finn me omgrepet i eit par innlegg i kvart nummer, og då ser eg omgrepet og handlinga som etablert. Dette ser eg som indikatorar på at fokuset er dreidd frå diskusjon til samhandling.

Denne dreinga kan det vera fornuftig å sjå i samheng med endringa frå saks- og diskusjonsorienterte overskrifter til personorienterte, sjølv om det ikkje skjer heilt samstundes.

#### **5.4.8 Frå lesarbrev = debattinnlegg til lesarbrev = ytringar frå lesarane**

På nokon måtar liknar innlegga i 1974 debattinnlegget meir enn innlegga i 2004 gjer. Dei konsentrerer seg om sak og ikkje person, og dei argumenterer meir, sjølv om innlegga sjeldan munnar ut i konkrete appellar, noko som er vanleg i lesarinnlegg i avisene (jf. Vedlegg 2 og 3). Dei fleste innlegga i 2004 er lite prega av det tradisjonelle debattinnlegget, men liknar tekstar frå meir personlege og dynamiske typar lesarkontakt.

Det er grunn til å tru at kva skribentane oppfattar at eit lesarbrev er, har endra seg gjennom perioden, og at endringa heng saman med at det har vorte eit større mangfald av lesar-, lydar- og sjåarytringar i massemedia. Dette verkar òg truleg inn på korleis skribentane oppfattar sin eigen aktivitet i forumet, og eg ser endringa eg skildra under 5.4.7 i samband med dette. Eg har ikkje hatt høve til å gjera ei undersøkjing av korleis lesarinnlegget endrar seg gjennom perioden, og det finst lita anna forskning på dette i Noreg som kunne gjeve ein peikepinn.

#### **5.4.9 Du treng ikkje vera nynorsk**

Nynorsk var meir til stades både som diskusjonsemne, identitetsressurs og bruksspråk i 1974 enn i 2004. Eg har ikkje hatt høve til å leita gjennom alle innlegga for å finna ut om det er eitt spesielt tidspunkt dette skiftet skjer på. Det at nynorsk vert mindre nemnt og at det er fleire bokmålsbrukarar i forumet, kan lesast på to måtar: anten at det nynorske er ein mindre viktig

del av identiteten for ungane, eller at språkleg variasjon er vorte normalisert, slik at det ikkje er trong for å snakka om det. Eg vil tru at det på eit vis er snakk om to prosessar som har skjedd parallelt.

Midten av syttitalet var eit tidspunkt då det nynorske var ei viktig samfunnsak, ikkje berre ideologisk som ein del av det 70-talsmotkulturelle, men praktisk knytt til dei mange streikane på vidaregåande skular for retten til lærebøker på nynorsk. Åsmund Lien skriv i *Målreising i 75 år*:

1971 er eit merkeår i læremiddelsoga. Då kom dei fyrste store læremiddelaksjonane, og 30 000 elevar gjekk til aksjonar for lovfest jamstilling i den vidaregåande skulen, og for auka løyvingar til nynorske læremiddel. Etter 1971 har læremiddelaksjonane vore årvisse [...] (Almenningen m.fl. 1981:374)

Han nemner ikkje kor lenge desse streikane var årvisse, men det er rimeleg å tru at dei i alle fall prega fyrste halvdel av 70-talet. Det har ikkje vore like store og vedvarande mobiliseringar av ungdom for nynorsk sidan.

*Viljen til språk* (Grepstad 2006:238-60) peikar på at nynorsk er vorte normalisert samstundes som det er vorte færre nynorskbrukarar. Margunn Sundfjord understrekar òg at dei som skriv bokmål til Norsk Barneblad ikkje tykkjast ha noko problem med å lesa nynorsk (vedlegg 1).

Det vert noko litt bakvendt i å snakka om normalisering av nynorsk i Norsk Barneblad som jo er eit nynorskblad i utgangspunktet, men der det vert opna for lesarytringar på bokmål og med kvart vert skriva meir bokmål og diskutert mindre språk. Det er meir presist å kalla det normalisering av språkleg variasjon og ei normalisering av bokmål – sjølv om det skjer parallelt med ei normalisering av nynorsk i deler av samfunnet der bokmål dominerer.

Eg les det at nynorsk nærast er borte som emne og identitetsmarkør i Ordskifte, og at ein større del av skribentane bruker bokmål, som indikatorar både på normalisering av språkleg variasjon og på at nynorsk er svekt som identitetsressurs. Dette er interessant å sjå i høve til andre studiar av nynorsk som identitetsressurs for ungdom og vaksne.

#### **5.4.10 Oppsummering av normendringar og tidspunkt**

Redigeringsnorma i Ordskifte/Vi diskuterer har endra seg frå handla om å premiera dei beste til at alle skal få vera med. Sjølv om praksisen endrar seg seinare enn idealet, er ”alle skal få vera med” innført som ideal alt tidleg på åttitalet. Denne endringa speglar eit større ideologisk skifte i synet på born: frå eit oppsedingsfokus til fokus på det verdefulle ved born og det verdefulle ved kvart einskild barn. Sjølv om denne endringa skjer tidleg på åttitalet i Vi diskuterer, er det mogleg ho har skjedd tidlegare i omverda.

Når det gjeld tekstnormer i det ungane skriv, skjer det noko heilt tidleg i perioden eller litt før – frå at fokus har vore på det å diskutera og korleis ein gjer det, vert oppriktigheit tematisert. Anna som skjer tidleg i perioden er at stjernetekn vert mogleg å bruka som identitetsmerke i 1977. Det som serpregar åttitalet, er fyrst og fremst lite ordskifte. Frå tidleg nittital er det ein samfunnsengasjert diskusjonskultur i spaltene, der rasisme, miljøvern og EF er viktige tema. Dette er kan henda ein meir politisk eller samfunnsorientert debatt enn det har vore nokon gong tidlegare og seinare i bladet. Det vert argumentert, men det vert òg lagt vekt på å vera oppriktig (jf. Lene som i 1990 orsakar tulleinnlegget ho har hatt tidlegare). Denne politiske diskusjonskulturen er aktiv heile 1990-talet, men frå midt på 1990-talet ser me ei dreining mot det personlege, både i tydinga samhandlingsorientert og i tydinga ”å skriva seg sjølv”: Overskriftene går frå i hovudsak å vera emne- eller diskusjonsorienterte, til å i like stor grad vera helsingar (frå 1994), å bruka kallenamn i underskriftene aukar markant frå 1996, og det å be om ris og ros på slutten av innlegg, vert eit mogleg trekk frå 1993 og eit vanleg trekk frå ein gong mellom 1994 og 2000. Å skildra seg sjølv vert vanlegare kring midten av nittitalet. Kvardags- og kroppsnære emne byrjar òg å få fokus i innlegga på kostnad av “generelle” politiske tema som ulv, miljøvern, rasisme og homofili. Å skriva skrytete innlegg på vegner av ein dikta identitet vert òg ein trend mot slutten av nittitalet. Det å identifisera seg med meiningar er noko som ligg relativt stabilt fram til kring 2000, då det nesten forsvinn. Det som vert kalla bimboinnlegg utløyser ein tekstnormkamp mellom forsvararane av den seriøse diskusjonsmåten frå nittitalet og nykomarane, som endar med nedgang i innlegg og færre både diskusjons- og skryte-innlegg. I 2004 ser det ut til å vera etablert ein slags pluralistisk harmoni, der dei fleste innlegg diskuterer personlege spørsmål, men der det òg er rom for innlegg som diskuterer meir politiske emne. Interessante tidspunkt her er altso midt på syttitalet, då oppriktigheit tek over som ideal etter skriveøvingar, midt på nittitalet då det personlege og mellompersonlege byrjar verta viktig og slutten av nittitalet/kring 2000 då me får ein tekstnormkamp og ei endå sterkare orienteringa mot det personlege etterpå.

### **5.5 Kontekst. Jakta på årsaker til tekstnormendringane**

Det er rimeleg å tru at endringane i skrivemåtar i diskusjonsspalta heng saman med store samfunnsmessige, kulturelle og tekstmessige normendringar, eller meir presist – normutskiftingar – som borna og ungdomane i diskusjonsspalta i liten grad er herrar over. Spalta har endra seg og Norsk Barneblad som blad og som institusjon har til ein viss grad endra seg, men endå meir har samfunnet barnebladet finst innanfor endra seg.

Skriveopplæringa og skriveideala born lærer på skulen har endra seg. Mediekvardagen

har endra seg: Perioden frå 1980 til 2000 vert i *Norsk mediehistorie* kalla Det store hamskiftet (Bastiansen og Dahl 2003:457). Det var då Kringkastingsmonopolet vart oppheva, og me fekk fleire kanalar både på radio og fjernsyn. Datamaskiner og internett har gjort at skrivesituasjonen for skuleungdom er ein heilt annan enn i 1974, då dei fleste skreiv for hand, i tillegg til at teknologien har gjeve ungdom tilgjenge til nye skriftlege førebilete og endra vilkåra for rask, skriftleg kommunikasjon. Utviklingstendensar der endringar i massemedia og utvikling av ny interaktiv datateknologi har gått hand i hand, har òg i nokon mon endra kva det vil seia å vera ein lesar/lydar/sjåar og kva det vil seia å ytra seg offentleg. Det å vera born og ideologien knytt til barndom er òg noko som har endra seg mykje etter krigen, og der ein på 70-talet var på eit anna punkt i prosessen enn på 2000-talet.

### **5.5.1 Endringar i situasjonskonteksten**

Lykelsespørsmåla for å finna ut kva som skjer i situasjonskonteksten, er kven aktørane er og kva som er målet deira i situasjonen. I Ordskifte er det ikkje berre skribentane som er aktørar og har visse kommunikative og strategiske mål, redaktøren er òg ein viktig aktør, og som dels har andre mål enn skribentane. I tillegg finst dei som les diskusjonsspalta utan å skriva inn (ratifiserte deltakarar eller publikum). Både skrivesituasjonen og prosessen kring innlegget-i-bladet er del av situasjonskonteksten.

Mykje har endra seg: diskusjonsspalta har gått frå å vera ei tevling om å få koma med til eit forum der alle slepper til. Redaktøren si rolle er endra frå å vera ein slags konkurransedomar til sensurinstans. Dimed treng ikkje skribentane tenkja målrasjonelt i høve til å koma med i bladet. Då kan det òg vera interessant å testa ut grensene for kva redaktøren vil sleppa gjennom i eit innlegg, noko det er mogleg å sjå innlegga til Malin(n) \*\*hamster frå 2004 som eit uttrykk for. Sjølv om redigeringspraksisen endrar seg, opptrer redaktørane i heile perioden som ein slags diskre rettleiarar i korleis det er bra å skriva og meina. Det ser ut til at redaktøren har eit mål om at ordskiftet i bladet skal framstå som “godt”. Eg spesifiserer ikkje godt meir her, av di poenget å syna at redaktørane gjer ei vurdering av kva som er godt ordskifte og har tiltak for å styra ordskiftet i den retninga, sjølv om både dei eksplisitte vurderingane og tiltaka er diskre.

Mengda av innlegg i diskusjonsspalta – som seier noko om kor populært forumet er – minka på åttitalet, auka på nittitalet og minka på 2000-talet att. I 1974 var Vi diskuterer eit forum for både gutar og jenter, medan det i 2004 er jentene som dominerer. Kan henda har det noko å seia for kva det tyder å delta, på den måten at i forum der jentene er i fleirtal, får det mindre status for gutane å vera med.

Kven ein skriv for når ein skriv til Ordsifte eller Vi diskuterer har òg endra seg i og med at tingartalet har gått drastisk ned. Det er likevel uklårt i kva grad skribentane sjølve er medvitne om kor mange som les. Kan henda dei skreiv for publikummet av barnebladlesarar i 1974 og forumet av ordsifteskribentar i 2004.

Mykje har òg endra seg i den fysiske skrivesituasjonen. I 1974 skreiv ungane for hand på papir, medan i 2004 skreiv mange med datamaskin. Norsk Barneblad fekk e-post i 1999. Margunn Sunnfjord opplyser at ho trur om lag halvparten av innlegga som kjem inn, kjem på e-post. I tillegg er ein del av dei som kjem i posten skrivne på data. Dersom ein har datamaskin med internettilgjenge heime, er det lettare enn før å skriva og senda innlegg. Det kostar mindre pengar og innsats. Om det verkar inn på verdien av og fliden i innlegga for dei som skriv, er uklårt, men me må rekna med at den endra skrivesituasjonen endrar kva det å ha skrive eit innlegg tyder for skribenten. Kan henda det at ein kan senda innlegg på e-post og e-postskjema på internett, gjer det mindre naturleg å skriva under med fullt namn. Når fleire skriv under med kallenamn og fullt namn nærast vert borte i spaltene, verkar det truleg normerande på dei andre som skriv.

Aktørane – ungane – er jo òg andre i 2004 enn i 1974. Ungar som er vaksne opp på nittitalet har levt i ein på mange måtar svært ulik tekst- og kulturkvardag enn ungar som er vaksne opp på 60-talet, og det må ha noko å seia for kva agenda dei har i situasjonskonteksten. Det ser ut til at me må lyfta augo og gå ut i kulturkonteksten.

## **5.5.2 Kulturkontekst**

### **5.5.2.1 Skulen**

Fram til 1974 er det Læreplan for forsøk med 9-årig skole som gjev rammene (Øygarden 2001). I denne perioden er elevane på ungdomstrinnet delt opp i tre ulike nivå, der elevane på det øvste nivået, kursplan 3, er forventa å gå vidare til gymnas og eventuelt universitet. Øygarden har studert kva oppgåver som vert gjeve til norskeksamen i perioden 1962 – 1999. Fram til 1974 dominerer sakprega skriving oppgåvene, og «særleg på plan 3 stod stilen fram som den særmerkte skriftlege øvinga der resonnement, kunnskap og skriftleg ferdigheit kunne gå opp i ein høgare einskap» (Øygarden 2001:60). Fram til 1974 er det me kallar resonnerande stil utbreidd som noko skulen forventar at dei flinkaste elevane meistrar til eksamen. Sjølv om ny læreplan – Mønsterplan av 1974 – kjem i 1974, reknar Øygarden denne perioden fram til og med 1975, då 1976 er fyrste året alle elevane går opp til eksamen i samanhaldne klassar.

Frå 1976 til 1985 ligg Mønsterplan av 1974 til grunn. Øygarden skildrar eksamensoppgåvene i perioden slik: (frå 1979, då omgrepet Langsvarprøve vert brukt): «[namneendringa frå stil/oppgåve til Langsvarprøve] heng saman med ei utvikling av norskfaget der reiskapsfunksjonen og kommunikasjonsperspektivet kjem til å dominere og skuve det allmenndannande, kulturelle perspektivet i bakgrunnen.» (Øygarden 2001:65). I perioden 1976–85 er altso norskfaget ”ferdigheitsorientert”, men på eit anna og meir kvardagsnært nivå enn i plan 3 før 1975.

Den store endringa skjer kring 1985, med utbreiinga av den prosessorienterte skrivinga (både som metode og ideologi) og Mønsterplan av 1987 (Hertzberg 1997). I prosesskrivinga vert det lagt vekt på at elevane skal skriva fritt (i alle fall på fyrste-utkast-nivået), og at dette skal utvikla eleven som individ og finna fram til ”elevens personlege stemme” (Hertzberg 1997:96-99). I M-87 fell dette saman med ei vekt på å læra sjanger, og i eksamensoppgåvene i perioden slår dette ut slik at dei skjønnlitterære og forteljande sjangrane dominerer (Øygarden 2001:58). Øygarden skriv òg at elevane får større valfridom når det gjeld sjanger og tema på eksamen etter M-87. Hilde Langballe skriv i hovudoppgåva si *Skriveopplæring i lærebøker 1890–1992* om bruken av mønstertekstar i lærebøkene etter M-87:

Mønstertekstene fordeler seg i sjangerkategorier på følgende måte: 302 autentisk skjønnlitterære, 100 autentisk sakpregede, 126 usignerte, 142 elevtekster og 5 gale mønster. Gruppen av autentisk skjønnlitterære er blitt påfallende stor i forhold til tidligere.” (Langballe 1996:65)

I KAL-rapporten kjem Kjell Lars Berge til same konklusjon: dei skjønnlitterære sjangrane dominerer etter M-87, og den dominerande skriveideologien kallar han ”personlig-vekst-modellen”. Han skildrar dette som ein ekspressivistisk orientert modell som står den prosessorienterte skriveopplæringstradisjonen nær (Berge 2005b:43).

I Vi diskuterer i 1974 fann eg at ”god argumentasjon” var ei viktigare tekstnorm enn oppriktigheit. Då eg såg på fleire årgangar, var eg litt uviss på dette, sidan ein alt i 1975 har eit ordskifte der det vert reagert negativt på eit innlegg som vert oppfatta som ikkje-oppriktig. Dersom ein ser dette i samband med endringane i skulen og læreplanane på denne tida, kan det gje meining. Det kan henda at fleire av skribentane i 1974 (og gjerne 1975 og 1976 òg) har skriverøynslene sine frå det øvste nivået i eit skuleslag (”kursplan 3”) der den utgreiande skulestilen står sterkt som mal for argumenterande skriving. I denne sjangeren er det viktigare å vera ”flink” enn oppriktig, sidan det er ein inautentisk skulesjanger skriven for sensor. Etter samanslåinga av dei tre nivåa og M-75 vert det lagt mindre vekt på denne sjangeren enn i plan 3, og meir vekt på autentiske sakprega sjangrar og den meir sjangermessig uforpliktande ”fortel om”-sjangeren. Det kan altso vera at midten av 1970-talet representerer ei slags

brytingstid når det gjeld kva forventningar ungane opplever når det gjeld sakprega skriving.

I 2004 er "skriv deg sjølv" ei sterk norm i Ordsките, medan ho ikkje står serleg sterkt i 1974. Det er vanskeleg å finna nett kva tid denne norma vart viktig, men ein kan sjå endringane i underskrifter som ein indikator. Dei går frå i hovudsak å seia noko "sant" om kven ein er, som kvar ein kjem frå, kor gamal ein er, kva ein heiter, kva ein interesserer seg for og liknande til å seia noko "unikt" om kven ein er, ved at ein vel seg eit kallenamn som helst skal vera unikt, jf. Tøfflus: «I NB 3 sende eg inn eit innlegg der eg kalla meg Eowyn, men her ein dag las eg eit gammalt NB og såg at ei anna hadde kalla seg det før. Så orsak, no har eg skifta namn til Tøfflus.» (Ordsките 2004:102) Kallenamn er i bruk heile perioden, men bruken aukar frå tidleg åttital og skyt verkeleg fart frå midt på nittitalet (jf. Diagram 1). Auken i bruk av unike kallenamn er vanskeleg å sjå som eit resultat av til dømes M-87, men det er mogleg å sjå vekta på det personlege og kreative hjå eleven i skulen og vekta på å vera unik og personleg i Ordsките som deler av same ideologiske tendensen. Det er nærliggjande å sjå den auka bruken av kallenamn i samband med internettkulturen, og det kjem eg til å drøfta under 5.5.2.3.

I 2004 argumenterer skribentane mindre enn i 1974, men i 1994 dominerer argumenterande skriving. Difor er det vanskeleg å seia at det vert lagt mindre vekt på sakprega (og med det argumenterande) tekstar i ungdomsskulen etter M-87, har ein direkte innverknad på Ordsките.

Ei anna stor endring i diskusjonsspalta som det er vanskeleg å forklara med endringar i skulen, er auken i "skryte-innlegg" kring 2000, "kulturkampen" mellom dei argumenterande og skryte-innlegga, og "samanbrotet" i den argumenterande skrivinga etter det. Her må eg leita vidare andre stader i kulturkonteksten.

### 5.5.2.2 Massemedia

Born og ungdom bruker mykje meir tid på å sjå på fjernsyn enn på å lesa aviser eller bruka internett. Det gjev grunn til å tru at endringar i sjantrar og framstillingsmåtar i fjernsynsmediet verkar inn på born og ungdom sine tekstnormer.

Tabell 12: Minutt brukte til medieaktivitetar kvar dag, ungdom 9–15

	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004
Internett				10	10	10	19	21
Fjernsynssjøing	127	127	136	129	140	134	141	123
Avislesing	9	9	6	8	6	9	8	6



(Vaage 2006:17, 51, 61)

På nittitalet vart norsk fjernsynskvardag endra dramatisk. Norsk mediehistorie skriv at i perioden 1980 til 2000 «undergikk det norske mediesystemet en transformasjon uten sidesykke i henseende til organisasjon og eierform» (Bastiansen og Dahl 2003:457).

Kringkastingsmonopolet vart oppheva i 1981 som ein prøve (Furre 1999). I 1987 vart det lov med reklame i nærkringkasting. I 1990 vart det fleirtal på Stortinget for eit reklamefinansiert TV2, som starta sendingane 5. september 1992. Norsk mediehistorie skildrar TV2 slik:

En frisk og folkelig stil, et “VG-TV” med sjarm og sting, og med generøse tilbud av amerikanske såpeserier, bar den nye kanalen fram på markedet. Kanalens nyheter, som ble sendt fra Bergen, prioriterte å intervju folk på gaten fremfor maktobjekter, og tok for seg av drap og kriminalstoff på en helt annen måte enn NRK var vant til. (Bastiansen og Dahl 2003:476)

TV2 etablerte ein måte å laga fjersyn på med meir fokus både på det nære og personlege (intervjua vanlege folk i nyhenda) og på spenning. Dette påverka i sin tur NRK: «Men statskanalen tok opp konkurransen [...] Henvendelsesstil og fortellermåte i NRK ble myket opp» (Bastiansen og Dahl 2003:476-77).

Samstundes som sjangrane i fjernsynet vert meir personlege og i større grad imiterer uformelle samtalar, gjer also innlegga i Norsk Barneblad det same. Fjernsynet, inkludert nyhendesendingane, vert “nært og personleg” frå 1992–93, og i 1994 byrjar innlegga i Norsk Barneblad å opna med å seia hei i staden for å presentera saka ein vil ta opp. Det er òg midt på nittitalet det byrjar verta vanleg å fortelja om seg sjølv i starten av innlegga.

Infotainment og sjangerblanding er fenomen som pregar massemedia i denne perioden (Bastiansen og Dahl 2003:495). “Harde” politiske saker blanda med “mjukare” personleg stoff finn ein finn i større grad på 1990- og 2000-talet i Ordskifte enn ein fann på 1970-, 1980- og tidleg nittital. Her er utdrag frå to innlegg frå 1996 som syner ei liknande blanding av det “personlege” og det “politiske”:

Hei, her har du meg. Eg elsker å diskutera.[...] Forstår du ikkje at du blir lur av å lesa? Veit du at tv brenner ned hjerneceller? Du blir dum av å sjå på tv.[...] Til alle jenter: Har de ein gut de er kjær i? Det har eg. Skaff dykk ein gut, og diskuter han! (Veren-82, Norsk Barneblad 1996:23)

Til Sofa a/s i nummer 19/95: Jau, takk, eg har det berre bra. Hyggjeleg du spurte.[...] Eg synest òg vi kan diskutere Souhaila Andrawes. Det var rett at ho vart utlevert til Tyskland. Det hjelper ikje at ho angrar.[...] Uff, er klokka så mykje alt! Eg må sykle til skulen litt brennkvik. Bye, bye, alle saman! (ein glad NB-lesar (hokjønn), Norsk Barneblad 1996:23)

I siste halvdel av nittitalet ser me at mange av dei same endringane som skjer i massemedia, òg skjer i Ordskifte. Den store endringar frå “å skriva godt” til “å skriva seg sjølv” har ein klar parallell i nyhendesendingane på fjernsyn. Krava til nyhendeopplesaren endrar seg frå å “formidla korrekt” til i tillegg å skulla “formidla personleg”. Dei regisserte vitsane som utgjer overgangen frå Dagsrevyen til Sportsrevyen kvar dag er eit døme. At bruken av kallenamn tek

av frå 1996 knyter eg til personorienteringa – at det er meir interessant å finna på eit kallenamn som passar til din personlegdom enn å fortelja kvar du kjem frå eller oppgje personalia, men ikkje i sterkare grad enn at eg vil kalla det samanfallande og dels samverkande tendensar.

Det ser ut til at den endra massemediale kvardagen er ein svært viktig faktor når det gjeld å skjønna endringa i korleis born skriv gjennom nittitalet. Det vil vera interessant å finna ut om denne endringa er unik for Ordskifte, eller om ho gjeld born og unge si skriving meir ålment i perioden.

### 5.5.2.3 Ny teknologi – internett

SSB sin statistikk over internettbruk syner at det fyrste året ein registrerer dette, 1997, brukte ca 8 prosent av befolkninga internett på ein gjennomsnittsdag, medan i 2004 er det mellom 40 og 50 prosent. I heile perioden ser over 80 prosent fjernsyn ein gjennomsnittsdag, og kring 80 prosent les aviser. Om me ser på ungdom i alderen 9-15 år, hadde fire prosent brukt internett på ein gjennomsnittsdag i 1997, medan 36 prosent hadde det i 2004 (Vaage 2006:17, 51 og 61). Ut frå dette kan ein seia at internett truleg byrjar å verta vanleg i Noreg frå 1997, men at både aviser og fjernsyn er mykje meir utbreidde i heile perioden. Dette samsvarer med at den fyrste i Ordskifte som nemner e-postadresse i underskrifta, gjer det i 1997: [hfagerla@sn.com](mailto:hfagerla@sn.com).

Eitt poeng som er interessant i høve til Norsk Barneblad, er at store endringar i skrivemåten som ein kan henda ville ha tilskrive internettkulturen, kjem *før* internett er i vanleg bruk, og kan difor vanskeleg ha det at ungdom har etablert nye skrivevanar på grunn av internett som årsak. Når bruken av kallenamn aukar markant frå 1996, medan fire prosent av aldersgruppa brukte internett ein gjennomsnittsdag i 1997, er det lite rimeleg at internettaktivitet skal kunna vera hovudårsak til ei slik endring. No aukar bruken av kallenamn vidare utover nittitalet, og det er rimeleg å tru at den anonyme internettkulturen kan ha auka omfanget av fenomenet. Men resultata mine indikerer at ein må leita andre stader i tekstkvardagen til borna enn på internett for å finna ut kvifor underskrifter og skrivemåtar endrar seg kring midten av nittitalet.

Innlegga i Ordskifte liknar chatting på nokre vis. Chatting, eller nettsamtalar som det vert kalla i *Tekst.no. Samtaler og sjangrer i digitale medier* (Otnes og Schwebs 2001), er ein måte å kommunisera ved hjelp av internett på tilnærma synkront vis. Eit drag Ordskifte har sams med chatting, er det eg kallar henvending/referanse (jf. 3.3 og 4.3): At ein skriv kven ein vender seg til med kvart trekk/ytring. Det vert kalla adressering hjå (Otnes og Schwebs 2001:246). Når ein ikkje kan bruka kroppsspråk til å signalisera kven ein vender seg til, er ei

løysing å skriva det. Eit anna drag som liknar chatting, er bruken av kallenamn eller ”nick”, som er vanleg på chattekanalar og på andre internettforum.

Det ikkje-profesjonelle internettleksikonet Wikipedia<sup>8</sup> ("<http://no.wikipedia.org/wiki/Chatting>") fortel at mIRC, det fyrste chatteprogrammet som var mogleg å bruka frå ein vanleg heime-pc, vart lansert i 1995, og dette gjorde det mogleg for vanlege menneske utan spesielle datakunnskapar å deltaka i internettsamtalar. Ut frå det kan ein rekna med at chatting var kjend (i tillegg til nytt og moderne) for born og ungdom frå 1996, men held ein det saman med statistikken for bruken av internett, kan ein ikkje rekna med at det var noko dei fleste heldt på med. Internettkulturen har nok likevel hatt ein påverknad som motefenomen og førebilete før det vart i ålmenn bruk.

Det er altså vanskeleg å hevda at internettkulturen og chatting kan vera faktoren som har dreidd Ordskifte i retninga av det personlege og å syna fram seg sjølv og bort frå det argumenterande, og skyssa ungane frå ein gjeven identitet til ein dikta. Det er meir rimeleg å sjå denne utviklinga i skrivemåten på internett og i Ordskifte som deler av same ideologiske eller tekstnormideologiske trend, der fjernsynet leier an.

Når Norsk Barneblad får e-post i 1999 vert det mogleg å skriva og senda innlegg raskare, og slik vert spalta meir tilgjengeleg. Samstundes er det slik at med internett har det dukka opp mange andre diskusjonsforum som tevlar med Ordskifte om merksemda til ungane. Norsk Barneblad oppretta òg sitt eige opne diskusjonsforum på nett, som dei no har lagt ned (på grunn av tilfelle av reklame, porno og mobbing) og nyopna ein lukka variant av.

Det er er rimeleg å tru at e-post er noko som gjer det mindre naturleg å opplysa om eller skriva under med eige namn. Før det vert vanleg med internett, er det heller ikkje vanleg med “bimboinnlegg” i Ordskifte, sjølv om det førekjem. Dei innsende manuskripta er ikkje tekne vare på, so det er ikkje mogleg for meg å sjekka om alle innlegga av den typen kom på e-post.

Ser ein derimot på innlegg frå seinare tidspunkt, er påverknaden frå internettkulturen tydeleg. Originalinnlegget frå Ziigy gjev eit slikt inntrykk (sjølv om det er skrive for hand):

---

<sup>8</sup> Schwebs og Otnes opplyser ikkje om kva tid chatting vart utbreidd i Noreg.

Figur 8: Innlegg frå Ziigy

## Fred frihet og at gratis

(Det er tittelen på den nye plata til Gatar-parlament) Bush er en idiot av rang, håper inderlig Kerry vinner. Alle snakker om ris og ros, kall det heller tilbakemelding, det er det det heter.

:)Skuggfave: Har du hørt Kløvner i kamp med Oslo?

:)Minni: Det du skreiv til "The war man"; hehe...

:)Den eine løva med god smak: Valdrest er kulest!

:)Arwen Aftenstjerne: Hva F. var det du skreiv i overskriften?

:)-c-u-r-s-e-d-: Jeg tror "The war man" har fått me seg at vi skriver 2004 nå, men de hindrer ikke gatta i Dartur i å bruke hest.

Innlegget er strukturert etter kven han adresserer, med smilefjes framfor kvar gong han adresserer nokon nye, som gjer at det kan likna ei opphoping av replikkar på msn (den største chattetenesta) eller liknande. Dei andre originalinnlegga eg har kopiert frå 2004 har ikkje slike tydelege kjennemerke frå internett/chattekulturen (sjå vedlegg 14).

"Bimboinnlegga" på siste del av nittitalet og kring 2000 kan sjåast i samband med internettkulturen – der anonymitet gjev høve til å prøva ut andre identitetar. Samstundes heng

dei truleg saman med fleire faktorar som den ålmenne seksualiseringa av unge jenters kroppar i det offentlege rommet og større fokus på unge, blonde jenter i fjernsynet. Dessutan er born og ungdom si utforsking av kjønnsroller og emne som har med sex å gjera ei relativt evig kjelde til ugagn og rampestrekar. Å skriva tullebrev anonymt eller under andre sitt namn er ikkje eit fenomen som oppstod med internett.

#### **5.5.2.4 Å vera barn og ungdom**

Både born og ungdom og deira kvardag og synet på det å vera born og ungdom har gått gjennom endringar på desse 30 åra. Tidspunktet for når ein sluttar å vera born og byrjar å vera ungdom har òg truleg endra seg i løpet av desse 30 åra. Ivar Frønes skriv i *Den norske barndommen*: «Trettenåringen som for tjue år siden ville ha vært barn, framstår i dag som ungdom.» (Frønes 1998:9). Denne tydingsendringa har truleg noko å seia for identiteten til Norsk Barneblad – sidan det vender seg til aldersgruppa 8 til 15, men heiter *barne*-blad.

Synet på kva born er og kan, har òg endra seg. Det er ein fjernsynsreklame som illustrerer rådande foreldreideologi godt: Ein far har køyrt bilen med dei to ungane sine opp i fjellet til der vegen endar. So går ungane ut av bilen, godt kledd og med ryggsekk. So seier faren god tur og at han kjem og hentar dei om eit par dagar, før han køyrer sin veg. So kjem teksten opp: «Slik kan du også forholde deg til barn og internett. Eller du kan delta» (Oktan Hamar 2006). Her vert ungane presenterte som hjelpelause små fuglar i ei farleg verd som foreldra må leia dei gjennom, ved å ”delta”. Borna er i aukande grad vortne foreldra sine prosjekt (Fauske og Øia 2003:46). Samstundes med at barndommen er vorten meir organisert og institusjonalisert (Frønes 1998:63), (Fauske og Øia 2003:115), slik at borna har eit pedagogisk tilbod og tilrettelagde aktivitetar store deler av døgnet: barnehage, skule, SFO og trening som ein vert køyrt på, er det vorte større fokus på individualiteten til kvart einskild barn (Frønes 1998:42). Samstundes med at foreldra er vortne meir opptekne av borna sine, er borna vortne meir avhengige av foreldra enn tidlegare – både i fritida, i høve til kunnskapsutvikling og økonomisk (Frønes 1998:44). Frå 70-talet og framover har det vore fokus på det verdefulle ved barndomen og borna sine rettar (Fauske og Øia 2003:111-12). Dette har gjort at me har fått ungar som veit at dei er verde noko og at dei har rettar, men som på mange måtar likevel er meir usjølvstendige enn born i tidlegare generasjonar. Det er rimeleg å tru at ettersom dei oftast er i vaksenovervaka miljø, får dei til dømes i mindre grad sjansen til å deltaka i og løysa konflikhtar med andre ungar utan ein vaksen “domar”. Det er òg mogleg at fokuset på det unike og verdfulle ved kvart barn og kvart barn sine ytringar, kan vera del av ein ideologisk bakgrunn for at det i 2004 er viktig å seia meininga si, men lite

viktig å argumentera for henne, medan det i 1974 var motsett. Foreldra deltek òg i kvardagen til borna ved å ha oversyn:

Nesten 80 prosent av de unge sier at foreldrene stort sett har oversikt over hva de driver med i fritida, og hvem de er sammen med. [...] Bakken (1998) konkluderer med at 80 prosent av familiene kan karakteriseres som autoritative. Det vil si at foreldrene kombinerer varme og sosial støtte med kontroll og oversikt. (Fauske og Øia 2003:128)

Ungane er lojale mot vaksenverdiane. Øia karakteriserer dei fleste ungdomar som verdiungdom (jf. 3.1.1) som er lojale mot vaksenverdiane (Heggen og Øia 2005:115). Fleire jenter enn gutar høyrer til i verdiungdom-gruppa, og verdiungdom korrelerer positivt med gode karakterar (Heggen og Øia 2005:117-18). Når haldningane til verdiungdomen samstundes i stor grad samsvarer med haldningane i Ordskifte, kan ein rekna med at dei fleste av ordskifteskribentane er slik lojal verdiungdom, sjølv om det finst element av protest.

#### **5.5.2.5 Å vera ung jente**

Sjølv om foreldra vaktar over ungene sine som aldri før, har dei ikkje greidd å hindra den offentlege seksuelle merksemda knytt til unge jenters kroppar gjennom reklame, dagsaviser, fjernsyn og internett (eit ekstremt døme er nettstaden deiligst.no, der ungdom legg ut bilete av seg sjølv og deler ut poeng til einannan etter kor deilige dei er). Eg ser “bimboinnlegga” i Ordskifte som eit uttrykk for ein skriftleg strategi for å handsama problemkomplekset knytt til seksualitet. Det kan henda at det å skriva tullele innlegg der ein let som ein er dum og deilig, i tillegg til å vera uttrykk for protest og djevleskap, er eit slags svar på at spørsmål knytt til seksualitet – som å vita kva du svarer når du vert kalla hore, eller korleis få gutane til å lika deg når du er ei keisam nerdejente med briller, eller korleis det eigentleg kjennest å ha sex – ikkje har tilgjengelege løysingar innanfor verdiungdom-paradigmet. Dette vert illustrert ved at det å diskutera stringtruser vert vurdert som lægre enn å diskutera til dømes rasisme av redaktøren (jf 3.4.6).

### **5.5.3 Oppsummering**

Me ser at tidspunkta med mest og størst endring i diskusjonsspalta var heilt i starten, kring midten av 70-talet, kring midten av nittitalet og kring 2000. Diskusjonen har endra seg mykje på desse åra – normene for den tekstlege samhandlinga kan seiast å ha lege under eit dugleiksparadigme i 1974, og under eit individ- og relasjonsparadigme i 2004. Endringane i ordskiftespalta fylgjer i stor grad endringar i kulturkonteksten til ungene. Eg har lagt vekt på å undersøka fire kulturkontekstfelt: skulen, massemedia (i hovudsak fjernsyn), internett og det ein noko uklårt kan kalla barnekvardag & barneideologi. Eit interessant funn er at den

massemediale kvardagen kan sjå ut til å ha meir å seia for tekstane i forumet enn skulekvardagen. Borna byrjar ikkje å skriva “personleg” i Ordskifte då det truleg vert trenden i skulen, med M-87 og den prosessorienterte skrivinga, men då TV2 kjem og den personfokuserte journalistikken vert vanleg. Eit anna interessant funn er at tekstnormer det er vanleg å sjå i samband med internettkulturen, som bruk av kallenamn, kortare trekk (jf. 2.2.1.3), relasjonsorientering og meir sjølveksponering, kan henda i vel so stor grad skriv seg frå endringar i massemediesituasjonen, fyrst og fremst når det gjeld fjernsynet. Dette er noko som bør undersøkjast meir og grundigare!

Sjølv om borna og ungdomane i diskusjonsspalta i hovudsak er det Øia og Heggen kallar lojal verdiungdom, finst det teikn til protest i spaltene. Denne er ikkje knytt til tradisjonelle motkulturelle verdiar som kristendom, målsak, bygdepatriotisme eller liknande – men til provokasjon, frekkheit og seksualitet.

## 6 Oppsummering, diskusjon, konklusjonar

### 6.1 Innleiing

Etter å ha observert plagg frå ulike deler og fasar i den norske skriftkulturen gjennom 30 år, sett saman på både overraskande og tradisjonelle måtar i Ordskifte og Vi diskuterer, kan det vera nyttig å gå attende til utgangspunktet, å minna seg sjølv om kvifor ein fann på å spionera i prøverommet. Det kan vera nyttig å gå attende til problemstillinga, og sjå om eg har kome noko nærare eit svar på spørsmåla eg stilte der:

Eg er interessert i å undersøka og få fram kunnskap om demokratisk ordskifte – og folkeleg skrivning i den nynorske skriftkulturen som ein mogleg demokratiserande praksis. Eg er interessert i om det finst språkbruksmiljø innanfor den nynorske skriftkulturen i dag ein kan kalla demokratiske eller demokratiserande.

Med dette utgangspunktet vil eg analysere debatten i debattspalta i Norsk Barneblad – Ordskifte og Vi diskuterer – og finna ut kva slags normer som rår der i 2004 og 1974, korleis desse endrar seg over tid, og om, på kva måte og i kva grad ein kan seia at denne spalta er ei realisering av idealet “demokratisk ordskifte”.

Grunnen til at eg vil arbeida med desse tekstane, er at diskusjonsspalta i Norsk Barneblad er eit forum der det vert skriva friviljug, av ikkje-profesjonelle, og ikkje på vegner av organisasjonar og stillingar, i tillegg til at eg ynskjer å studera eit materiale innanfor den nynorske skriftkulturen.

Ettersom Vi diskuterer og Ordskifte òg utgjer ein dokumentasjon av borns skrivekompetanse til ulike tider, vert det ein del av oppgåva å seia noko om kva slags skrivekompetanse borna syner.

Det er òg eit anna spørsmål som melder seg. Når skrivemåtane til ungane i Ordskifte og Vi diskuterer er so prega av skriftkulturen i storsamfunnet dei er ein del av – er det ikkje noko spesielt med Ordskifte og Vi diskuterer likevel då? Er diskusjonsspalta i Norsk Barneblad berre ein slags spegel av korleis 9–15-åringar til ei kvar tid skriv friviljuge, diskuterande tekstar?

Dessutan tykkjer eg at eg må svara på spørsmålet om “det nynorske” – om og korleis Ordskifte og Vi diskuterer representerer det i dag.

### 6.2 Oppsummering av funn

#### 6.2.1 Skilnad

Studiet av diskuterande ungdom på to tidspunkt i historia, og eit raskt blikk på det som ligg mellom, har synt at borna på dei to tidspunkta i stor grad lever i ulike verder, både når det gjeld kva slags skrivekompetanse som vert opplevd som adekvat i forumet, og kva slags samfunnsdeltaking diskusjonen dei deltek i er. Oversynet over dei mest populære diskusjonsemna for dei to åra 1974 og 2004, tekstnormene for dei to åra og tabellen over dei ulike kommunikative føremåla eg kunne finna hjå skribentane på dei to tidspunkta gjev eit inntrykk av skilnaden:



Dei 15 mest populære diskusjonsemna i 1974 og 2004 (jf. side 29 og 58):

1974		2004	
Norsk Barneblad	100	Artistar/musikk	74
Dyr/forvalting	42	Norsk Barneblad	71
Bokmål/nynorsk/språk	35	Ringenes Herre	61
Kristendom/Bibelen	34	Korleis diskutera	34
Skule	34	Fjernsyn og fjernsynsprogram	33
Sterkast av gitar og jenter	32	Hest	33
Røyking	31	Fotball	29
Å diskutera politikk (i NB)	26	Harry Potter	29
Likestilling/Kvinnediskriminering	20	Sminke	26
Aldersgrense traktor/mopedlappen	18	Stringtruser	26
Korleis diskutera	17	Merkeklede/mote	24
Naturvern/krafutbygging	14	Skodespelarar/film	23
Kortspel og dans (synd?)	13	Kyr	22
Fjernsyn (og fjernsynsprogram)	12	Bøker	20
Forelsking og kjærastar	10	Idol	20

Normkatalog for 1974 og 2004 (Tabell 9, side 85)

	1974	2004
1	Redigeringsnorm: Utveljing ut frå prestasjonar	Redigeringsnorm: Alle skal få vera med
2	Argumenter!	Ha eigne meiningar!
3	Diskusjon er ein leik	Ver oppriktig!
4	Skriv godt!	Skriv godt!
5	Sei kven du er!	Ver den du vil!
6	6a)Ver born 6b)Skriv som dei vaksne. Sjå kvardag og samfunnsdebatt i samanheng.	Ver born! Du kan skriva om eigen kvardag.
7	Berre innlegg frå born som privatpersonar kan vera ordskifteinnlegg	Berre innlegg frå born som privatpersonar kan vera ordskifteinnlegg
8	Ta ballen, ikkje mannen!	Gje respons!
9	Syn medvit om diskusjonen!	Syn medvit om deg sjølv, teksten og samhandlinga!
10	Lesarbrev = debattinnlegg	Lesarbrev = ytringar frå lesarane
11	Ver nynorsk!	Du treng ikkje vera nynorsk

Kommunikative føremål i 1974 og 2004 (Tabell 10, side 86)

Kommunikative føremål 1974	Kommunikative føremål 2004
Skriv for å verta valde ut av redaktøren	Skriv for andre born
Skriv for å markera semje og usemje med	Skriv for å vera i lag med andre

ulike standpunkt	
Vekt på å argumentera	Vekt på å seia meininga si
Vera flink	Vera oppriktig

Me ser at diskusjonen i 1974 er prega av emne frå samfunnsdebatten, tekstnormene minner om ulike vaksne eller vaksenstyrde diskusjonskulturar, og dei kommunikative føremåla avslører ein situasjonskontekst som liknar ei diskusjonsøving sett i gang av læraren i ein skuletime. Diskusjonsemna i 2004 er prega av mediekvardagen og den fysiske borne- og ungdomskvardagen, tekstnormene kan passa inn under eit ”skriv deg sjølv”-paradigme, som indikerer eit sterkt sjølvmedvit i tekstane, men det å vera relasjonsorientert og at alle skal få vera med, er òg sterke verdiar. Dei kommunikative føremåla i 2004 gjev intrykk av ein annan situasjonskontekst enn i 1974, ein som er flytt ut av klasserommet.

### 6.2.2 Endring

Av skilnadene frå førre bolk, skjønar ein at det har gått føre seg store endringar på desse 30 åra. Her er ei oppsummering over dei viktigaste endringane i kontekst og Vi diskuterer og Ordskifte i tabellform:

*Tabell 13: Endringar i kontekst og Vi diskuterer/Ordskifte 1974–2004*

	1970-talet	1980-talet	1990-talet	2000-talet
Samfunnsdebatt	EF-røysting 1972 Mobilisering for nynorsk læremiddel		EF-røysting 1994	
Skriveopplæringa i skulen	Ny læreplan 1974	M-87 og proessorientert skrivning		
Massemedia	NRK. Det seriøse debattinnlegget	Deregulering av radioen. Innringingsspalter i avisene	TV 1992 -> journalistikk: personleg og underholdande. Fleire kommersielle	Vekt på det personlege og underholdande: Reality-tv Interaktivitet

			TV-kanalar	
Internett			Internett vert utbreidd frå 1997/1998	Internett vanleg. Chatting, e-post vanleg
Å vera born	Auka vekt på det verdefulle ved å vera born. Born foreldra sine prosjekt. Idealet er sjølvstendige born, men praksis avhengigheit av foreldra			
Vi diskuterer/Ordskifte	Samfunnsdebatt Frå øving til oppriktigheitskrav	Lite ordskifte, fåe innlegg.	Samfunnsdebatt. Personleg og relasjonsorientert frå midt 90-tal. Kallenamn aukar frå 1996	Personlege emne og mediefenomen. Tekst-, sjølv-, og relasjonsorientert. Kallenamn

Noko som kan henda både 6.2.1 og 6.2.2 indikerer, men som kan henda ikkje kjem heilt tydeleg fram, er at ungane i 1974 og ungane i 2004 på eit vis står på kvar side av eit kommunikasjonshistorisk brot – for ungane i 1974 og heilt opp til innpå nittitalet gjev det meining å argumentera og etterlikna det seriøse debattinnlegget utan å ha høve til røyndeg påverknad (strategisk handling), medan for ungane i 2004 verkar ikkje dette som ein meiningsfull handlemåte lenger. Kvifor er det slik?

### 6.2.3 Stabilitet

Det kan òg vera interessant å sjå kva som ikkje endrar seg i Vi diskuterer og Ordskifte, kva som er *stabile faktorar*:

- Norsk Barneblad finst og er det einaste nynorske barnebladet
- Ordskifte og Vi diskuterer er ei fast spalte i bladet, diskusjonsspalte
- Born som skriv, alder relativt stabil: 9/10 til 15/16-år
- Ordskifte og Vi diskuterer er eit forum der nynorsk dominerer, men der bokmål òg vert brukt
- Aktivt medvit om at deltaking i spalta = diskusjon. Det ein gjer i denne spalta, er å diskutera
- Nær kontakt med redaktøren (han/ho svarer på spørsmål i spalta)
- Bladet og redaktøren handlar varsamt oppsedande andsynes borna

- Ordskifte og Vi diskuterer finst som eit mogleg rom å handla kommunikativt og føra eit offentleg ordskifte i for dei som kjenner til bladet

### **6.3 Diskusjon og konklusjonar i høve til skrivekompetanse**

#### **6.3.1 Tid/utstrekning strukturerer tekstane**

Noko som i hovudsak er det same gjennom heile perioden, er at det er tid og utstrekning som utgjer hovudstrukturen til dei fleste tekstane. Dei verkar å vera skrivne i ei rørsle frå byrjing til slutt, og det er vanleg med forløpsmarkørar som fyrst, så og til slutt. Det er òg vanleg med innleiande og avsluttande ord som syner at brevet er ei handling i tid, som hjå Ålesundar (hokjønn): «I nr 24-25 spurde “Rødtoppene” om andre si meining om at vi ættar frå apane. I det er eg heilt usamd.» (Norsk Barneblad 1974:27). Eller hjå “Hauk”: «Så vil eg seia til “Dua”: Vil du ha ein fin slåstkamp, så er her ein som ventar. (Det blir hauk over due.)» (Norsk Barneblad 1974:59). Argumentasjonen i innlegga er hovudsakleg ordna innanfor ein slik forløpsstruktur, slik me såg av dei to skjemaa eg brukte for å detaljanalysera. Dette er vel berre nok eit døme på at forløpsstrukturar er meir grunnleggjande i tekstskapinga vår enn hierarkiske strukturar.

#### **6.3.2 Argumentasjon – ungar kan argumentera**

I 1974 låg nok dei tekstlege førebileta for *Vi diskuterer* på nokre vis nærare eit klassisk ålmenteideal: Dei fleste innlegga konsentrerte seg om det/den dei refererte skreiv, og argumenterte i høve til det. Dei fleste innlegga argumenterte med stor flid, og i metaordskiftet vart det lagt vekt på å argumentera godt.

I 2004 vert det argumentert i mykje mindre grad (Med å argumentera meiner eg her berre “å grunnge standpunkt” som eg har gjort greie for under 4.3). I 2004 vert det lagt vekt på å ha eigne meiningar og seia meininga si, og å seia kva ein meiner om det andre har skrive tidlegare, men me ser lite argumentasjon, og endå mindre kompleks argumentasjon (jf 4.3). Likvel ser me ei undergruppe av innlegga på 18% som ikkje refererer til andre innlegg, ein del av desse legg fram standpunkt som dei argumenterer for. Når ein refererer til andre, vert det ofte gjort på ein måte som i liten grad tematiserer det å vera usamd, å ha ulike standpunkt – det vert delt ut ris og ros til andre skribentar for at det dei skreiv var bra eller teit, i staden for at ein går inn og diskuterer standpunktet.

Ut frå det kan me seia at *argumentasjon*, den tekstlege aktiviteten å *argumentera*, har stått skribentane i 1974 nærare enn skribentane i 2004.

Ein skilnad på 1974 og 2004 som gjeld argumentasjon, er at på dei innlegga eg har analysert detaljert for å sjå oppbyggjinga i argumentasjonen, so fann eg ut at innlegget frå 2004 gjev meir inntrykk av å meistra det å argumentera enn innlegga frå 1974. Dette er ei veldig usikker antaking, sidan det berre er tre innlegg eg har analysert på dette nivået, men eg let det stå som inngang til eit spørsmål: Kan det henda at når “det vanlege” i 1974 var å argumentera, so gjorde det at både dei som meistra aktiviteten og dei som gjorde det i mindre grad, likevel nytta seg av argumentasjon, medan i 2004 er det å argumentera ein aktivitet som er reservert for dei flinkaste?

Dersom desse funna samsvarer med andre funn når det gjeld barn og unge si skriving, bør det vera interessant i høve til skriveopplæringa i skulen. Kvifor stod argumentasjon ungdom nærare i -74 enn i -04, når det knapt har vore gjeve systematisk opplæring i argumenterande skriving i skulen på nokon av tidspunkta (i fylgje Frøydis Hertzberg i rettleiingstime 26. januar 2006)? I KAL-rapporten vert det synt at få elevar vel å skriva argumenterande på eksamen, og at det er ei form som få elevar meistrar.

At det å argumentera – å byggja opp ein argumentasjon hierarkisk med grunngjevingar – er tilgjengeleg og naturleg å ta i bruk som skriftleg strategi for ungdom på ulike nivå, både i 1974 og 1993, må då vera eit signal om at skjema for argumenterande skriving er mogleg å læra for fleire enn dei aller flinkaste?

### **6.3.3 Dialogisk kompleksitet**

Skribentane, serleg i 2004-årgangen, syner ein dialogisk kompleksitet og smidigheit som imponerer meg. Dei har funne ei løysing på problemet å vera i dialog med mange på ein gong om mange ting når mediet inneber asynkronitet. Dei løyser det ved å bruka det eg har kalla hendvending/referanse, eller å adressera den dei talar direkte til før dei seier replikken som er meint for han/henne, samstundes som dei heile tida talar til og framføre eit større publikum av andre skribentar og ratifiserte deltakarar. Redaktøren vert òg adressert på denne måten.

Utviklinga av denne måten å skriva dialogisk på, syner at det kan vera andre ting enn tida det tek å få svar (jf. 2.2.3.5) som avgjer kor dialogisk den tekstlege samhandlinga vert. I tilfellet Ordskifte trur eg det kommunikative ynsket om å seia fleire ulike ting til fleire ulike personar er so sterkt at ein brukande sjanger rett og slett må ha ei løysing for dette.

Det å venda seg til og kommentera innlegga har vore eit viktig element i spalta heile vegen, i alle fall frå 1974, som er det fyrste året eg har sett på. Me ser likevel at det frå 1974 til 2004 har vore ein auke i kor mange kvar skribent vender seg til, samstundes med at kvar som vert adressert vert tilgodesett med mindre tekst.

Eg har ikkje hatt høve til å mæla dialogisiteten i åra mellom 1974 og 2004, men det hadde vore interessant å vita om det er ei jamn utvikling eller om det finst klare hopp. Det er i alle fall rimeleg å sjå den auka dialogiske kompleksiteten i samband med at det vert mindre vekt på argumentasjon og med det dei ideologiske endringane frå midten av nittitalet der det personlege og det relasjonelle i større grad vert inkludert i tekstnormene. Det kan òg henda at denne måten å skriva på med mange trekk og adresseringar er meir adekvat på eit ålment plan i 2004 enn i 1974? I alle fall finst det i 2004 fleire offentlege fora enn i 1974 der det fyrst og fremst er korte meldingar det er meininga at publikum skal koma med – som tekstmeldingsbolken på lesarbrevsider, debattprogram der ein kan senda tekstmeldingar om kva ein meiner om debatten, ulike internetforum for chatting eller kommentering på avisene sine nettsider og so vidare. Dette kan tyda på at skrivemåtane ikkje berre tilpassar seg kva som er adekvat i Ordskifte, men at skrivemåtane i Ordskifte òg tilpassar seg det som vert oppfatta som adekvat meir ålment.

## **6.4 Diskusjon og konklusjonar i høve til samfunnsdeltaking**

### **6.4.1 Demokratisk ordskifte?**

I diskusjonen under kapittel 3 og 4 fann eg at diskusjonsspalta på desse to ulike tidspunkta representerte kvar sine element som er viktig for eit demokratisk ordskifte, og båe tidspunkta manglar noko. I 1974 argumenterer ungane, men oppriktigheit er ikkje etablert som eit krav i forumet. I 2004 seier ungane oppriktig kva dei meiner, men dei grunngjev det knapt. Båe krevst for at det skal vera eit reelt ordskifte – men kva er viktigast å læra? Og kan båe eksistera i diskusjonsspalta samstundes?

Dersom ein berre ser på diskusjonsspalta i 1974 og 2004 verkar det ikkje som det å vera oppriktig og det å argumentera kan finnast samstundes. Ser ein derimot på tida imellom, til dømes Ordskifte i 1992 og 1993, ser ein at det er mogleg. I 1992 og 1993 er ungane både oppriktig opptekne av EF og av kor teit det er at nokon har gjort framlegg om at Michael Jackson skal få fredspris, og dei kjem med kompleks argumentasjon, det vil seia argumentasjon som er bygt opp av fleire trekk, anten additivt eller hierarkisk.

Dei provokative “bimboinnlegga” utfordrar både oppriktigheits- og argumentasjonsnorma. Eg ser det at saker som kropp og popularitet og seksualitet vert handsama i ei slik liksomform som eit teikn på at ein del viktige ting var vanskeleg å ta opp eller diskutera innanfor eit ideelt, oppriktig argumenterande ordskifteinnlegg. Det verkar som om det er vanskelegare å gjera denne typen personlege røynsler til emne for offentleg

ordskifte ein argumenterande skrivemåte enn eit emne som EF eller rasisme eller kven som burde få fredsprisen. No er det kanskje ikkje so underleg, sidan det heilt sikkert var lett å finna skriftlege førebilete som skreiv argumenterande om desse tre emna, medan det å omsetja eigne røynsler, som ein kanskje ikkje veit heilt korleis ein skal vurdera sjølv, til argumenterande tekstar, jo *er* vanskeleg same om ein er vaksen eller barn. Kan henda uvissa og det konfliktfylde knytt til kropp, seksualitet og popularitet gjer at det er enklast å handsama det på den distansierende måten som “bimboinnlegga” inneber?

Eit anna punkt som er viktig for at ein skal kunna snakka om eit demokratisk ordskifte, må vera at dei som handlar kommunikativt i høve til einannan, òg har høve til å handla strategisk andsynes verda. Demokrati inneber ikkje berre deltaking – det er òg høve til å påverka. På det feltet kjem diskusjonsspalta i Norsk Barneblad til kort i høve til det eg har sett på av andre lesarbrevspalter. Innlegga eg har analysert i vedlegg 2 og 3, er ikkje berre innretta på kommunikativ handling, dei er ofte freistnader på å påverka maktpersonar eller andre. Denne reportasjen (i Aftenposten) om Si ;D er ein indikasjon: «Alle elevene påpeker at det er viktig å nå frem til voksne lesere. [...] Tilbakemelding viser også at sidene blir lest av folk som jobber med og for barn. Utdanningsdepartementet går gjennom skolerelaterte Si; D-innlegg på morgenmøter, og Kristin Clemet er godt kjent med spalten.» (Graatrud 2005)

Ingen maktpersonar les diskusjonsspalta i Norsk Barneblad og let seg påverka av det. Det verkar som om skribentane veit at spalta ikkje er nokon stad ein kan påverka andre enn redaktøren og kanskje meiningane til einannan – få prøver å få andre med seg i organisasjonar, aksjonsgrupper eller ei eller anna form for kollektiv handling.

Noko som er interessant er at denne “mangelen” vert løyst på ulikt vis til ulike tider. Fram til innpå nittitalet vert det opplevd som meiningsfullt i spalta å argumentera og grunngje standpunkta sine, sjølv om ein ikkje kan påverka nokon, medan det i 2004 i liten grad vert gjort. Det er vanskeleg å vita kvifor det er slik. I ungdomslesarbrevna eg har sett på i Si ;D er det jo annleis –her grunngjev ungdom standpunkta sine. Ein skilnad på desse to foruma er at i Si ;D er det mogleg å påverka nokon og difor kan henda større grunn til å anstrenge seg. Skribentane i Si ;D er òg delvis eldre enn skribentane i Norsk Barneblad.

Ser me på historietabellen under 6.2.2 Endring, ser me at i fyrste halvdel av nittitalet var Ordskifte prega av samfunnsdebatt og argumentasjon. Noko som serpregar den perioden, var at det var ei sjeldan politisk mobilisering av folk flest i samband med EU-røystinga i 1994 – det var ei valdeltaking på nærare 90 prosent (88,8) (Furre 1999:542) og ei mobilisering av folk som politiske aktørar til medlemskap i organisasjonar, materiellproduksjon og – distribusjon og uformelle politiske ordskifte. Eit liknande oppsving i folkeleg politisk aktivitet

er det mogleg å snakka om i samband med EF-røystinga i 1972, og for nynorskbrukande ungdom, i samband med læremiddelstriden på syttitalet.

Tabellen indikerer eit samband mellom samfunnsdebatten og debatten i Ordskifte – på det viset at når det er politiske saker som engasjerer breidt, og der ein har høve til å påverka ved å delta i ordskifte, so let dette seg òg merka i Ordskifte. Eg vil hevda at det ikkje har vore noka liknande stor folkeleg deltaking i politikken sidan EU-kampen. Dersom det hadde vore det, er det òg sannsynleg at det hadde prega Ordskifte. Fram mot EU-røystinga var det interessant å freista påverka alle moglege som kunne tenkjast å røysta eller påverka andre – då var Ordskifte ein arena der strategisk handling var mogleg.

Ordskifte og Vi diskuterer kan altso seiast å realisera eit slags deltakardemokrati og eit slags offentleg ordskifte, men det varierer korleis og i kva grad. Desse realiseringane skjer heile tida innanfor dei avgrensingane i innverknad som born i utgangspunktet er utsette for.

#### **6.4.2 Toleranse for språkleg mangfald og demokratiopplæring**

Det er vanskeleg å hevda at diskusjonen i Ordskifte i 2004 har eit serleg motkulturelt preg. Diskusjonsemna er saker som pregar kvardagen til ungdom i ungdomsskulealder over heile landet, og det er òg vanskeleg å sjå diskusjonsmåten i samband med tradisjonen i dei motkulturelle, folkelege rørsleane. Både dei dominerande haldningane som kjem til syne i Ordskifte, og i Norsk Barneblad elles, høver godt saman med det Tormod Øia kalla “lojal verdiungdom” (jf. 3.1.1)

Likevel er Ordskifte og Norsk Barneblad noko for seg. Norsk Barneblad er det einaste ikkje-kommersielle ålmenne barnebladet som finst, og det vert gjeve ut av målrørsla. Eit kjenneteikn ved idealistiske rørsler er at ein ikkje gjev opp i motbakke, dersom ein ser *saka* som viktig nok. Ein kan tenkja seg at dersom Norsk Barneblad hadde hatt meir forretningsorienterte eigarar, so hadde det vore mogleg at dei hadde lagt ned bladet då tingartalet byrja gå nedover. Sidan bladet vert gjeve ut av målrørsla, er det nynorske ein del av identiteten til bladet. Sjølv om det ikkje vert snakka om i veldig stor grad, representerer en publikasjon på nynorsk i seg sjølv eit alternativ til fleirtalet av norske blad, og til fleirtalet av tilbod til born og ungdom. Eit signal om at dette vert oppfatta, og sett pris på av nokre lesarar, er innlegga der skribenten skriv bokmål men spør om Norsk Barneblad kan omsetja til nynorsk.

Diskusjonsspalta i Norsk Barneblad kan òg seiast å fungera som praktisk, autentisk læring av respekt for språkleg mangfald og demokrati.



Spalta er på nynorsk i eit nynorsk blad. Å møta nynorsk inneber for den bokmålsskrivande majoriteten å læra at hans verd og vanar er ikkje dei einaste moglege, det finst språkleg variasjon. For den nynorskskrivande inneber det å møta språket sitt i Norsk Barneblad at ein ikkje er åleine, at det finst eit offentleg rom der nynorsken dominerer. Både deler er verdefulle frå eit demokrati- og opplærings synspunkt.

Spalta gjev høve til å diskutera med andre på same alder i eit offentleg rom – og koma på trykk. Ein skribent i Si ;D svarer slik på kvifor ho skriv til forumet: «Debatter på Internett er ikkje så seriøse. I papiravisen kan man få debattere med andre som mener noe» (Graatrud 2005). Dette er verdefullt frå eit demokratisynspunkt.

Spalta er eit rom der det er mogleg å driva autentisk argumenterande skrivning, noko som er viktig å læra, men vanskeleg å læra fullt ut på skulen, sidan skuleskriving ofte i utgangspunktet er inautentisk – ein argumenterer for å få ein god krakter, ikkje for å overtyda. Øving i autentisk argumenterande skrivning er verdefullt frå eit opplærings synspunkt.

## **6.5 Kva er Ordskifte og Vi diskuterer for noko?**

Sjølv om diskusjonsspalta i Norsk Barneblad ikkje fyller alle krav til eit demokratisk offentleg ordskifte (jf. 6.4.1), er det likevel eit demokratisk prøverom med stor takhøgde, der deltakarane kan velja frå dei til ei kvar tid tilgjengelege tekstlege plagga i kulturen og setja dei saman på eigne måtar, motivert av dei kommunikative føremåla dei måtte ha.

At Ordskifte er eit prøverom står, som nemnt i innleiinga, i motstrid til å vera ein treningsbane. Det som gjer at Ordskifte kan vera ein “skule” i demokrati og diskusjon, er nett at det ikkje er nokon skule. Demokrati og diskusjon er fenomen som krev autentiske situasjonar for å verta innlærte, sidan dei ikkje eksisterer utan. Innlegget eg fekk på trykk i 1991 lærte meg noko om kva makt det kan gje å bringa saker inn i det offentlege ordskiftet (jf. 1) – eg fekk gutane som banka meg til å skjemmast.

Ordskifte er eit forum der borna er sjølvstendige, myndige aktørar, og der dei sjølve vel strategiar for å løysa dei ulike kommunikative problema som oppstår. Det er eit forum der det er mogleg å ta opp og få respons på (faktisk er ein nærast garantert å få respons! Jf. 3.4.8) emne som er viktig for ein, anten det er spørsmåla knytt til moteklede, sminke og stringtruser som møter jenter når ein når ein viss alder, fritidsaktivitetar som fotball og hest, eller saker som diskriminering og rasisme. Det at Ordskifte er eit prøverom, inneber òg at skribentane kan velja dei skrivemåtane og retoriske strategiane dei tykkjer ser best ut, og ta dei med ut av butikken og sjå om dei fungerer der. Men – som nemnt under 6.4.1 – det er òg slik at under serlege tilhøve, kan diskusjonsspalta i Norsk Barneblad fungera meir på line med eit vanleg

forum for offentlig ordskifte.

Ordsifte er òg ein verdefull dokumentasjon av born og ungdoms friviljuge skrivepraksis og skrivekompetanse over 36 år. Det gjev høve til å sjå endringar i skrivepraksis og tekstnormer i samband med endringar i samfunnet, og kan gje viktige indikatorar på kva som påverkar skrivinga vår, eller kvar me hentar førebileta frå når me skriv. I endringsundersøkinga fann eg teikn på at skulen kan ha mindre å seia, medan endringar i massemediasituasjonen kan ha meir å seia enn ein kan ha trudd tidlegare. I tillegg er det mogleg at begeistringa over alt det nye som skjer med internett og ny teknologi kan ha stengt noko for å sjå samband mellom sjanger- og tekstnormendringar i meir tradisjonelle medium som fjernsynet og tekstpraksisen vår.

## **6.6 Vidare forskning**

Den avgrensa undersøkinga mi av tekstnormendring hjå dette utvalet av skrivande born og ungdom indikerer at viktige felt å undersøkje er sambandet mellom tekstnormendring og faktorar som samfunnsdebatt, skriveopplæringa i skulen, massemedia, ny skrive- og kommunikasjonsteknologi og ideologisk/kulturelle endringar – her i synet på barndom. Dette er eit stort felt, der mykje både er gjort og ugjort. Eg vonar resultata mine kan vera peikepinnar til nokre stader å grava.

Ein mangel eg oppdaga då eg arbeidde med denne oppgåva, er at det finst sers lite forskning på lesarinnlegg som tekst. Det er underleg, då det er ein måte å ytra seg offentlig på for meinigmann som har funnest lenge, og det finst eit stort materiale. Det måtte då vera eit interessant felt for ein tekstvitenskap som er interessert i folkeleg tekstskapning?

Eg trur òg at fleire (og grundigare) diakrone studiar av ulike språkbruksmiljø kan vera nyttig for å utforska meir av fenomenet tekstnormendring. Kan henda er diakrone studiar av born og ungdom serleg interessant, då dei truleg er mindre etablerte i eit sett tekstnormer, og med det meir opne for endring.

## 7 Litteraturliste

### 7.1 Materiale

- «Ordskifte.» *Norsk Barneblad* 1984.  
«Ordskifte.» *Norsk Barneblad* 1989.  
«Ordskifte.» *Norsk Barneblad* 1990.  
«Ordskifte.» *Norsk Barneblad* 1991.  
«Ordskifte.» *Norsk Barneblad* 1995.  
«Ordskifte.» *Norsk Barneblad* 1996.  
«Ordskifte.» *Norsk Barneblad* 2001.  
«Ordskifte.» *Norsk Barneblad* 2002.  
«Ordskifte.» *Norsk Barneblad* 2003.  
«Ordskifte.» *Norsk Barneblad* 2004.  
«Vi diskuterer.» *Norsk Barneblad* 1974.  
«Vi diskuterer.» *Norsk Barneblad* 1975.

### 7.2 Litteratur

- Almenningen, Olaf m.fl. (1981): *Måltreising i 75 år. Noregs Mållag 1906-1981*. Oslo: Fonna Forlag.
- Aristoteles (2006): *Retorikk*. Omsett av Tormod Eide. Oslo: Vidarforlaget.
- Askeland m.fl. (2003): *Tekst i tale og skrift. Innføring i tekstarbeid*. 2. utgåve. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bakhtin, Mikhail M. (2003): *Latter og dialog. Utvalgte skrifter*. Omsett av Audun Johannes Mørch. Cappelen upopulære skrifter. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Bakhtin, Mikhail M. (1998): *Spørsmålet om talegenrane*. Omsett av Rasmus T. Slaattelid. Bergen: Ariadne.
- Bastiansen, Henrik G. og Hans Fredrik Dahl (2003): *Norsk mediehistorie*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Berge, Kjell Lars (2004) «Skriftkultur» i Kjell Lars Berge, Trine Gedde Dahl og Stephen Walton (red.): *Skriftkultur*. Oslo: Norsk sakprosa.
- Berge, Kjell Lars (2005a) «Skriving som grunnleggende ferdighet og nasjonal prøve - ideologi og strategier» i Sture Nome og Arne Johannes Aasen (red.): *Det nye norskfaget*. Skriftserien til LNU 161. Bergen: Fagbokforlaget. Landslaget for norskundervisning (LNU).
- Berge, Kjell Lars (2005b) «Studie 6: Tekstkulturer og tekstkvaliteter» i Kjell Lars Berge m.fl. (red.): *Ungdommers skrivekompetanse. Bind II. Norskeksamen som tekst*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Berge, Kjell Lars (1990): *Tekstnormers diakroni. Noen ideer til en sosiotekstologisk teori om tekstnormendring*. MINS - Meddelanden från Institutionen för nordiska språk vid Stockholms universitet 33. Stockholm.
- Berge, Kjell Lars, og Per Ledin (2001). «Perspektiv på genre» *Rhetorica Scandinavica*, vol. 18.
- Birkeland, Tone, Gunvor Risa, og Karin Beate Vold (2005): *Norsk Barnelitteraturhistorie*. 2. utgåve. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Bjørkeng, Peer Harry, og Inge Moslet (red.) (2004): *Norskdiraktikk - tekstnær og elevnær undervisning*. Oslo: Universitetsforlaget.

- Elvestad, Eiri (2001): *Leserbrevskribenter - en studie av dem som skriver leserbrev i lokalaviser*. Trondheim: Institutt for sosiologi og statsvitenskap. Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- Eriksen, Anne (1988). «Massekultur og tradisjon - faglig utfordring eller faglig hodepine?» *Nordnytt*, vol. 32.
- Farestveit, Johannes. «Diskusjonsspalta svelte» *Norsk Barneblad* 1974.
- Fauske, Halvor, og Tormod Øia (2003): *Oppvekst i Norge*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Frønes, Ivar (1998): *Den norske barndommen*. 5. utgåve. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Furre, Berge (1999): *Norsk historie 1914-2000*. Norsk historie 800–2000, band 6. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Grepstad, Ottar (2005). *Nynorsk faktabok 2005*. Oslo: Nynorsk kultursentrum,  
URL:<http://www.aasentunet.no/?previewpage=go%2Ecfm%3Fid%3D76262%26%2520type%3Dsection%26lang%3Dnno%26path%3D0%2C427%2C469%2C76262>,  
Lesedato 10. april 2006.
- Grepstad, Ottar (2006): *Viljen til språk. Ei nynorsk kulturhistorie*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Graatrud, Gabrielle (2005). «Ungdom vil Si ;D» i *Aftenposten*, 19. juni 2005.
- Habermas, Jürgen (1997): *Borgerlig offentlighet*. Omsett av Elling Schwabe-Hansen, Helge Høibraaten og Jon Øien. Oslo: Gyldendal.
- Habermas, Jürgen (1990): *Kommunikativt handlande : tekster om språk, rationalitet och samhälle*. Filosofi och samhällsteori. Göteborg: Daidalos.
- Heggen, Kåre, og Tormod Øia (2005): *Ungdom i endring. Mestring og marginalisering*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Hertzberg, Frøydis (1997) «Rett ting til rett tid eller prosesskrivningens inntog i landet» i Trond Andresen og Jan E. Byberg (red.): *"Du skal ikkje ha andre fag enn norsk". 20 år med LNU*. Skriftserien til LNU 101. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag, Landslaget for Norskundervisning.
- Josephson, Olle (red.) (1996): *Arbetarna tar ordet. Språk och kommunikation i tidig arbetarrörelse*. Stockholm: Carlssons.
- Josephson, Olle (2004) «I stället för nynorska. Folk rörelser, modernitet och skriftkultur - ett svenskt perspektiv» i Kjell Lars Berge, Trine Gedde Dahl og Stephen Walton (red.): *Skriftkultur*. Oslo: Norsk Sakprosa.
- «Kolofon.» *Norsk Barneblad* 2005.
- Kristelig Pressekontor* (2006). «Barnebladet Blink blir klubb», 2006.
- Kristeva, Julia (1995) «Word, Dialogue and Novel» i Toril Moi: *The Kristeva Reader*. Oxford: Blackwell.
- Langballe, Hilde (1996): «Skriveopplæring i lærebøker, 1890-1992. Bruk av mønstertekster i lærebøker for middelskolen, realskolen og ungdomsskolen» Hovudfagsoppgåve. Nordisk språk og litteratur, Universitet i Oslo.
- Lorentzen, Rutt Trøite (2004a) «Den vesle skrivaren i det store tekstrommet» i Inge Moslet og Peer Harry Bjørkeng (red.): *Norskdidaktikk – tekstnær og elevnær undervisning*. 2. utgåve. Oslo: Universitetsforlaget.
- Lorentzen, Rutt Trøite (2004b) «Sakprega skriving hos små barn – skriving på alvor og leik i eitt breitt register.» i Inge Moslet og Peer Harry Bjørkeng (red.): *Norskdidaktikk – tekstnær og elevnær undervisning*. 2. utgåve. Oslo: Universitetsforlaget.
- Melve, Leidulf (2001): *Med ordet som våpen. Tale og skrift i vestleg historie*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Melve, Leidulf (2004) «Skriftkultur - kva er det?» i Kjell Lars Berge, Trine Gedde Dahl og Stephen Walton (red.): *Skriftkultur*. Oslo: Norsk sakprosa.
- Mæhlum, Brit (2003) «Språk og identitet.» i Gunnstein Akselberg m.fl.: *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.

- Maagerø, Eva (1998) «Hallidays funksjonelle grammatikk - en presentasjon» i Kjell Lars Berge, Patrick Coppock og Eva Maagerø: *Å skape mening med språk*. Skriftserien til LNU 112. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag, Landslaget for norskundervisning
- Maagerø, Eva (2005): *Språket som mening. Innføring i funksjonell lingvistikk for studenter og lærere*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Nerbøvik, Jostein (1999): *Norsk historie 1860–1914. Eit bondesamfunn i oppbrot*. Norsk historie 800–2000, band 5. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Oktan Hamar. *BarneVakten-filmen*. BarneVakten, 2006.
- Otnes, Hildegunn, og Ture Schwebs (2001): *tekst.no Strukturer og sjangrer i digitale medier*. Skriftserien til LNU 142. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag, Landslaget for norskundervisning.
- Roulet, Eddy (1984). «Speech acts, discourse structure, and pragmatic connectives.» *Journal of Pragmatics*, vol. 8, nr. 1, s. 31–47.
- Sande, Øystein (1994): *Lesernærhet i en norsk lokalavis. En avishistorisk studie av Drammens Tidende og Buskeruds blad*. Volda: Møre og Romsdal distriktshøgskule.
- Sandvik, Margareth (2002) «Argumentasjonsanalyse» i Jan Svennevig, Wenche Vagle og Margareth Sandvik: *Tilnærminger til tekst. Modeller for språklig tekstanalyse*. Skriftserien til LNU 89. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag, Landslaget for norskundervisning.
- Skjervheim, Hans (1996) «Deltakar og tilskodar» i Hans Skjervheim: *Deltakar og tilskodar og andre essays*. Idé & tanke. Oslo: Aschehoug.
- Stegane, Idar (1987): *Det nynorske skriftlivet. Heimstaddikting og den litterære institusjon*. Oslo: Det norske Samlaget.
- Svennevig, Jan (2001): *Språklig samhandling. Innføring i kommunikasjonsteori og diskursanalyse*. Skriftserien til LNU 141. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag, Landslaget for norskundervisning.
- Torstenson, Inge (1988). «Folketradisjon og massekommunikasjon.» *Nordnytt*, vol. 32.
- Tønnesson, Johan (red.) (2002): *Den flerstemmige sakprosaen*. Skriftserien til LNU 149. Bergen: Fagbokforlaget, Landslaget for norskundervisning.
- Vagle, Wenche (2005) «Studie 8: Jentene mot røkla. Sammenhengen mellom sensuren i norsk skriftlig og utvalgte bakgrunnsfaktorer, særlig kjønn » i Kjell Lars Berge m.fl.: *Ungdommers skrivekompetanse. Bind II. Norskeksamen som tekst*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Vaage, Odd Frank (2006): *Norsk mediebarometer 2005*. Statistiske analyser 78. Oslo: Statistisk sentralbyrå.
- Wikipedia. Den frie encyclopedi*. «Chatting». URL:<http://no.wikipedia.org/wiki/Chatting>. Lesedato 13. april 2006.
- Økland, Einar (1981) «Norske barneblad.» i Tordis Ørjasæter m.fl.: *Den norske barnelitteraturen gjennom 200 år*. Oslo: Cappelen.
- Østerud, Øyvind m.fl. (2003). *Makt og demokrati. Sluttrapport fra Makt- og demokratiutredningen*. NOU 2003:19. Statens forvaltingsteneste, 2003.
- Øygarden, Bjarne (2001) «Kvar vart det av stilen? Om skriftlege sjangrar ved avgangsprøva i norsk i grunnskolen 1962 til 1999» i Lise Iversen Kulbrandstad og Gunvor Sjølie (red.): *På Hamar med norsk. Rapport fra konferansen "Norsk på ungdomstrinnet", 18.-19. januar 2001. Del I: Skrivning og lesing*. Rapport nr. 11-2001. Elverum: Høgskolen i Hedmark.

# Vedlegg 1: Intervju med Margunn Sunnfjord

## Intervju med Margunn Sundfjord, redaktør i Norsk Barneblad

*Fyrst lurar eg på litt om deg, kor gamal du er og kva du har gjort før og slikt.*

Eg er 42 år, og dette er min andre periode som redaktør i barneblad. Eg var her òg for to år sidan.

*Det hugsar eg.*

Då var eg her i eitt år, og no skal eg vera eitt år til. Eg er utdanna journalist, med vekt på barn. Barnejournalistikk har oppteke meg frå eg var seksten år. Eg las barnebladet som barn, so det å vera redaktør her er ein barndomsdraum som er gått i oppfylling.

Storparten av mitt vaksne liv har eg jobba for og med barn og unge på ein eller annan måte. I journalistutdanninga mi spesialiserte eg meg på barn og unge. Eg har mellom anna laga film med og for barn, vore redaktør i Magasinet i fire år (eit nynorsk internettmagasin for born og ungdom, sjå [www.magasinet.no](http://www.magasinet.no)). Eg har jobba som frilansar i NRK barne-tv, gjennomført eit forskingsprosjekt om barn og avislesing, halde kurs for andre journalistar om barn og journalistikk (saman med Gard Espeland) og skrive/vore redaktør for ei bok om å skriva for barn (*Barnestoff til bry og begeistring*).

*No har eg fyrst ein del faktaspørsmål om Ordskifte og Norsk Barneblad, so kjem eg seinare til spørsmål der eg fyrst og fremst vil vita dine vurderingar.*

*Fakta: Kven er dei som skriv til ordskifte?*

Dei er jo anonyme. Men dei fleste som skriv er nok i ungdomsskulealder. Det er mitt intrykk. Nokre heng med til vidaregåande alder. Dei fleste er nok jenter, det er det vel ingen tvil om (...) Når det gjeld geografi, føler eg at det er blanda. Veldig blanda bokmål og nynorsk. Men dei fleste innlegga kjem nok frå Vestlandet der me har dei fleste abonnentane våre. 2/3 av lesarane våre er busett i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane eller Møre og Romsdal. Og heile 25% er busett i Hordaland.

*Er det halvt om halvt eller mest av det ein el andre?*

Det er vel mest nynorsk, men det er absolutt ein god del innlegg på bokmål, synest eg i alle

fall. Det er jo interessant at det ikkje er noko hinder for dei [som skriv bokmål] å delta, når det har vore so mykje fokus på at nynorsk er so problematisk.

*Dette inntrykket er basert på det de les i bladet?*

Ja, Ja

*Det er ikkje slik at de veit kvar breva er sende frå?*

Eg prøver av og til å sjå kvar breva er stempla, men det er vanskeleg å sjå

*Det er ikkje slik at dei som skriv til Ordskifte må skriva namn og adresse i brevet?*

Nei, dei må ikkje det. Du kjem kanskje litt inn på det med redigering. Det er klart at me har ganske stor takhøgd, og det er sjeldan me redigerer bort tekst eller redigerer kraftige endringar i teksten, kortar ned hender det jo at me gjer.. eg veit ikkje om eg føregrip ditt spørsmål..?

*Ja, kanskje det. Det var eit par ting eg lurte på fyrst. Det eine er om du veit om det har endra seg – var det til dømes fleire gutar som skreiv før, om skribentane var yngre eller eldre? I blada frå 1914 var det flest gutar, men nokre jenter òg.*

Det er nok best om du spør Gard Espeland, tidlegare redaktør om det. I den tida eg har vore, føler eg at det har vore flest jenter. Eit interessant spørsmål: har bladet endra seg med at det har vorte kvinnelege redaktørar? Har det vorte meir jentete enn det har vore før? Før Nana Rise var det har vore to eller fleire mannlege redaktørar. Nana er den fyrste kvinnelege redaktøren Norsk Barneblad har hatt, og då er det interessant å sjå om det har hatt innverknad på ordskifte og dei som er aktive i spaltene. Dette er berre høgtenkjing frå mi side.

*Men det er kjempeinteressant!*

Men eg er merksam på at me har litt lite stoff for gutar, eg ynskjer nok å leggja meir vekt på det. Eg ynskjer å vera meir medviten på at me har gutar som lesarar òg. Men det er og interessant det med gutar og jenter, eg lurar på om det er ein skilnad på at jentene er meir aktive i Ordskifte og gutane meir aktive med teikneserie.

*Ja, det kan vera.*

Det tenkte eg òg på. Me får frå tid til anna send teikneseriar til oss, og dei eg hugsar er alle frå gutar. Og då lurar eg på, eg har vore og laga reportasje om teikneseriekurs fleire gonger, og det som har vore gjennomgåande, er at det er gutar som dominerer. Og då tenkjer eg litt

sjangermessig – er teikneserien noko som appellerer meir til gutar? Teikneserien har mer kraftuttrykk, ein kan få det ut på ein annan måte.

*Mm. Veit du kor mange innlegg som kjem til kvart blad?*

Alle vert trykte. Det kjem litt ulikt, men det er eit jamnt tilsig utanom sumaren. Men so ser du at plutselig kan det skje ting, anten det er ein mekanisme i forumet eller det kan skje ting ute – til dømes ser ein fantasylitteraturen, det var mykje skriving om den. Og det hender jo me må trykkja fire sider. Me har jo ikkje illustrert spaltene, men likevel fyllest det opp. Me har gått ned i so lita skrift me kan tillata. Eg trur at Nana har gått ned i skrift etter Gard for at me skal få plass til meir. Me var veldig spente på om innlegga til Ordskifte ville gå ned då me fekk nettsider, men det har det ikkje gjort, er mi erfaring i alle fall. Det er som om det på nettet har levt sitt eige liv, men det er tydeleg at dei set pris på å koma i bladet, at det er attraktivt å koma på trykk. Det har ein heilt annan verdi.

Etter omlegginga frå to til ein gong i månaden, ser det ut til at talet på innlegg har gått litt ned. Me får gjerne mange innlegg straks etter lesarane har fått bladet i posten.

*Det er interessant. Mange er jo opptekne av at internett erstatta kan trykte medium*

Eg har ikkje telt kor mange eg får. Som oftast kjem det to, tre eller eitt på ein dag. So ein dag kjem det brått tre. Det vil seia at det kjem stort sett kvar dag.

*Det må vera kjekt!*

Ja, det er veldig kjekt.

*So lurar eg litt på det med redigering. Av di eg tek utgangspunkt i at det er uredigert, er det bra om eg veit i kva grad dei er redigerte.*

Ja, det kan eg seia litt om. Som eg sa er det stor takhøgd. Eg er oppteken av at det skal visa ungane sin måte å uttrykkja seg på, språkleg òg, sånn at deira måte å formulera seg på vert teken med. Samtidig opplever me at enkelte gjev oss melding om at me må retta på språklege feil. Borna er opptekne av at det skal vera korrekt. Men som eg sa, me stramar jo inn, då. Det kan vera at det vert for mykje fyllord. Om det er ti utropsteikn, so er det nok med tre, altså. Der har me sett grensa. Det er noko med at kanskje det er SMS-språket som kjem inn der. Det vert veldig sånn, mykje teikn, som heng med inn i det skriftlege, og det fungerer ikkje på trykk, altså. Det vert for rotete. Litt slike ting ryddar me opp i. Og so er det der me ser at språket er veldig kronglete og meiningane nesten ikkje kjem fram, der gjer me litt forbetringar



slik at poenget kjem klart fram.

Elles tillet me ikkje banning. Og me tillet ikkje at dei mobbar einannan, altso andre i Ordskifte. Men det er ei skjønnessmessig avveging, dei må tola ris. Det ber dei jo om – ris og ros.

So det er ein del av den demokratiske skuleringa som Ordskifte er. Men når det då går over i uthenging, so vert det fjerna. Og det same gjeld i enkelte tilfelle av di det er ikkje alltid at alle kjenner heilt, kva skal eg sei, ser ikkje heilt kva konsekvensar det vil ha å utlevera seg sjølv eller familie. Av og til må dei vernast mot seg sjølv. Men det er unntak.

*Men de rettar skrivefeil?*

Ja, skrivefeil rettar me. Det same gjeld òg om det vert for mykje sjølvskryt. Dette høyrer kanskje litt rart ut – korleis skal eg forklara det? Om det vert unaturleg mykje, at store deler av innlegget handlar om det, so vert det kanskje.. dette har eg vanskeleg for å forklara. Det vert ei skjønnessmessig vurdering. Poenget er her at ein nærmast driv og mobbar andre som ikkje er på same nivå. Om det er slik at det er støytande for andre... – det er det som er poenget her.

*So då er det eigentleg ein god del redigering som skjer. Eller er det berre i få tilfelle? Det som skjer med alle er rettskriving og slikt, det vert alltid gjort?*

Ja. Og innkorting. Ja, sånn som er vanleg i aviser. I debattinnlegg må du rekna med at innlegget ditt vert korta ned. Det gjeld her og. Me er ikkje so strenge på det, men det går litt på at me vil at flest mogleg skal få plass, slik at det ikkje går for lang tid no når me berre kjem ut ein gong i månaden. Det er kanskje det lengste du kan drøya det for eit barn. Ein månad er faktisk veldig lang tid i ein debattsamanheng for å halda tråden. Det gjer jo at det er viktig å få på alle innlegga etter kvart, slik at dei ikkje vert liggjande. Og det gjer at me av og til må korta litt. Dei fleste skriv heilt greitt, men det er nokon som skriv veldig mykje, og då kortar me. Men ikkje sånn at poenga forsvinn. So det er jo ein del arbeid med Ordskifte, det er det.

*So rettskriving, det er sånn som skjer på alle, og nedkorting på ein god del. Og so? Er det slik at det er berre enkelttilfelle der de driv noko meir redigering?*

Ja, det er enkelttilfelle.

*Anslag om kor mange?*

Kor mange eg må redigera so mykje per nummer?

*Ja, om det går an... Om det er eitt per nummer eller...*

Ja. Altso. Om lag eitt kvart nummer, trur eg det går an å seia. Altso mobbing, det er meir unntaksvis. Men det er òg slikt som kan vera smittsamt. Om det fyrst vert ein kime til, so plutselig, so ser du at, born er ganske flinke til å sensa slike ting. Men det var det meir av på nettet.

*Men kva er det typiske du gjer med eit innlegg som ein må gjera noko med?*

Det med å mobba andre, det føler eg kanskje er ein av tinga som går litt att. Det andre er at eg har ein mistanke om at av og til er det enkelte som, kva skal eg sei, smører litt på for å imponera med tragedie. Type... rus, at ein har gått på narkotika so og so lenge, droppa ut av skulen, og – ja. Ein får ei kjensle for kva som er sant og kva som er usant. Eg trur eg vil seia det på den måten, eg. Ein lærer jo òg litt. Etter ei stund so kjem ein inn i og lærer nokre av dei faste gjengangarane å kjenna. Då ser ein litt – er det sant? Eller er det ikkje. Var dette svar på spørsmålet ditt?

*Ja avslutt. Kjempeinteressant!*

Og so kan det jo òg vera fantasi, tenkjer eg. Anten at det kan vera fantasi, for det der med kva tid er det røynd og fantasi, og kvar grensene går der for barn, det er jo individuelt. Eller at det og kan vera ein måte å få merksemd på, det er det nok mest, trur eg. Eg kan visa deg etterpå, eit sånt innlegg som eg har redigert, eg gjorde det sist, so kan du sjå. For då trur eg du meir skjønar kva eg meiner.

*Ja. Det hadde vore interessant å sjå. Tenkjer du no på eit sånt som du har..*

Eit sånt som eg har redigert ganske kraftig.

*Ja.*

Det som eg har redigert mest no kan eg visa deg, for då vil du sjå heilt konkret kva eg snakkar om. For eg har samla, eg veit ikkje om Nana har gjort det, men eg tek vare på alle originalane som me får.

*Ja, for det hadde jo vore kjempeinteressant òg, om eg seinare kunne samanlikna det som kom inn med det som kom i bladet. Men då er jo slikt som de berre har gjort rettskriving og nedkorting på like interessant. Om eg kunne samanlikna, berre for å få eit bilete av kva som*

*skjer i den prosessen*

Ja, for då vil du sjå litt kva eg meiner. For eg meiner sjølv at det går på små justeringar, stort sett... Det er ikkje alltid det er so ofte som ein gong per blad heller. Av og til.

*Det var ein ting til med redigering eg lurte på. Er det nokon som skriv innlegg på dialekt?*

Ja.. Me ser dialektord førekoma, det ser me heilt tydeleg.

*Kva gjer de då?*

Me ser ofte ein blanding mellom nynorsk og bokmål, då vel eg det som det liknar mest på. Me har gjennomført at me ikkje skriv dialekt – men me har ein veldig flink språkvaskar. Som er Aud Søyland, som eg trur er kanskje den dyktigaste i Noreg, i alle fall ein av dei. Eg tykkjer ho er veldig dyktig, og ho har vore språkvaskar for oss i mange år, so sjølv om det er skiftande redaktørar, so kjenner ho dei som deltek i Ordsките, for mange av dei faste heng med år etter år, og dermed so kjenner ho dei litt. Ho har ei kjensle for kva dei meiner her og kva språknormal som er rett å bruka for dei. Og det betyr at i tvilstilfelle skriv eg til henne: ”Sjå spesielt på dette, no er eg i tvil. Kva ville du brukt her?” Men me brukar ikkje dialekt. Me prøver å jobba med i størst mogleg grad å leggja oss opp til ei språkform som ligg nærast det innsendaren har brukt.

*So lurte eg på det med opplagstalet.*

Kor langt tilbake?

*2004, 1974 og 1914 helst, men det siste kan eg finna ut andre stader om du ikkje har det.*

Skal me sjå. I nr 1 – 1972, var opplaget på 16433. Det lengste tilbak me har er frå 1969. Då var det på 19829. I 1974 var det 16441. Og so er det ei dramatisk utvikling, om du hoppar fram no.

*Ja?*

I 1994 var det nede i 6752, og no i 2004, var det 3688. Det har gått veldig ned, det er dramatisk.

*Kva tid var det det byrja gå ned?*

Då må eg sjå her, dette vert nesten like mykje nye ting for meg som for deg. Veldig spennande. Det eg ser.. det var over seksten tusen heilt til 1985. I 1989 var det fyrste gong

under ti tusen. Det er heilt på slutten av åttitalet det skjer. Og nittitalet. Det er store svingingar. Men so har det vore oppe att i ni tusen. Men ein har ikkje greidd å vera oppe i over ti tusen att etter 1990.

*Og so har det gått jamnt nedover?*

Ja, på nittitalet har det gått jamnt nedover, med om lag eit par hundre i året.

*Har du nokre tankar om kvifor, eller kva som kan vera årsaka til dette?*

Eg trur nok det er samansett. Det er heilt klart ein større konkurranse på bladfronten, og generelt eit større tilbod til barn og ungdom. Med alt frå fritidsaktivitetar og ikkje minst på bladfronten, og for jentene som no er dei mest aktive hjå oss so veit me at det finst veldig mange jenteblad, på glansa papir og med eit heilt anna marknadsføringsapparat. Eg trur òg at me er i ferd med å missa kanskje den foreldregenerasjonen som hadde barnebladet. For barnebladet var jo veldig utbreidd før. Kanskje ein del av dei som no får barn ikkje ein gong veit om barnebladet. Dei har ikkje den tradisjonen, liksom, med seg. Og so kanskje litt generelt med befolkninga. Ein slags kulturelt medvit. Mange er medvitne – me har helt klart mange medvitne lesarar og foreldre og besteforeldre som tingar bladet. Men den besteforeldregenerasjonen, eg sa foreldre- men kanskje ikkje minst den besteforeldregenerasjonen, den er i ferd med å verta borte. Og dette heng saman med nynorsken. Nynorsken står jo stabilt, men barnebladet har jo vore mykje knytt opp mot målrørsla, på den måten at mållagsfolk til alle tider har gjort ein viktig innsats for å skaffa lesarar til Norsk Barneblad. Når organisasjonen, og kanskje målsak generelt, ikkje har den same oppslutnaden som før, merkast dette også for oss. Kanskje det kunne vore større medvit om å sjå samanhengen mellom barnebladet og nynorsken, at dette faktisk er viktig for å få eit levande nynorsk bruksspråk. Eg trur at det er veldig viktig at ein ikkje berre har det på skulen men brukar det i fritida. Ja, som eit bruksspråk rett og slett. Det er jo det at me må gå om foreldra – det er dei som skal betala. Og det krev eit medvit hjå foreldra. Og eg trur at det medvitet er ikkje so sterkt som det har vore. Elles vil eg understreka at det er vanskelegare for Norsk Barneblad å koma inn i skulen slik me har gjort før.

*Kva ser du føre deg er framtidsutsiktene for bladet?*

Sånn som eg ser det, so er opplagstalet dramatisk, og det finst jo ei grense for kor langt det går an å driva. Isolert sett meiner eg at barnebladet absolutt har kvalitetar til livets rett. Problemet vert litt at når ein kjem ned på eit so lite opplagstal som no, so vert det vanskelegare å driva

marknadsføring, for det kostar. Og eg trur at me kan ikkje berre satsa på besteforeldra og mållag, me må nå ut til eit større publikum. Då kom eg på ein annan ting – eg skulle ynskja me kanskje kunne koma meir inn i skulen og verta kjend der. For eg trur me har eit godt tilbod som kan brukast i skulen. Men det me opplever, og det gløynde eg å seia i stad, det er jo at det er vanskelegare òg å koma inn i skulen. Me hadde jo kampanjar kvart år, før, men det er ikkje so enkelt, det er veldig mange som vil inn i skulen. Og me har heller ikkje same medvitethjå lærarane som ser verdien av Norsk Barneblad, eller kjenner Norsk Barneblad.  
[..pause, telefon..]

*Siste faktaspørsmålet gjeld attendemeldingar frå lesarane: eg høyrde de hadde ei lesarundersøking, kva tid, kor mange som svara på den. Eller kanskje eg berre kunne kopiera denne og ta henne med meg. Men seier dei noko spesielt om Ordskifte?*

Eg hugsar ikkje heilt, men resultatet var oppløftande for oss – dei var veldig nøgde med bladet. Det gjer meg litt til optimist, at lesarane likar bladet, det får me mange tilbakemeldingar om.

*So lurar eg på litt meir om sjølve Ordskifte. Dersom du skulle forklara til nokon som ikkje visste det, kva Ordskifte var for noko, kva ville du seia då?*

Til ein som var i målgruppa? Eller til ein vaksen?

*Ja, kanskje både deler. Til ein i målgruppa. Og til ein vaksen.*

Til ein i målgruppa ville eg sagt at det er eit diskusjonsforum der du kan skriva om alt du vil, seia di meining om det du vil. Og diskutera med andre. Til ein vaksen ville eg òg framheva at dette er ein av dei få plassane der barn kan koma til orde for å seia meiningane sine og eg ville seia at det er veldig mange engasjerte barn. Og eg trur at det er ein skule i demokrati. Spalta fungerer òg opplysende, ein kan læra kva andre born (og eldre born og ungdommar) er opptekne av, jamfør trusedebatten.

*So lurte eg på: om du kan sjå på desse to her, ei Si ;D i Aftenposten og ei side med Ordskifte og sei litt om likskapar og skilnader mellom dei*

Når eg ser på Si ;D no, føler eg at den er litt meir redigert. Det ser ut som om dei gjev eitt innlegg fokus, at det vert liksom hovudinnlegget, dei prioriterer og slår opp med bilete, dei illustrerer innlegga. Dei har større overskrifter. Eg føler òg at desse innlegga er skrivne av litt eldre ungdom. På spalta står det jo at det er frå 13 til 18 år. Men mitt inntrykk er at dei i

hovudsak er litt eldre enn våre. Av og til ser ein at dei skriv alderen og. Du ser her at det er nærast laga ein liten ingress, og dei skriv «dagens innlegg», ja, det kan jo vera alle, kanskje, men. Eg har fått høyra frå ho som redigerer Si ;D er at det er berre ti prosent av innlegga som kjem med, det er veldig stor pågang. Då seier det seg sjølv at då må dei sikkert ha ei strengare redigering. Spalta har vakse veldig. Og det er jo det eg tenkjer òg, at den i Aftenposten har vore ein veldig stor suksess, men at det burde jo vera plass til barnebladet òg, eit nynorskalternativ, som har eit sånt tilbod. Og det eg ser rundt meg, no hoppar eg litt, men på desse sidene, so – alle sånne fyllord er borte, eg hadde likt veldig godt å vita: korleis redigerer dei? Dei går jo veldig ut og seier at det skal vera ungdommens språk – men her er jo veldig lite sånne ord som me får inn, sånne utropsord, men her er litt: «hjelp, hjelp, kvinnene tar over verden jeg føler meg truet». Det er typisk, her kjenner eg litt igjen sånn som ungane skriv i barnebladet. Og store bokstavar, det er kanskje igjen litt sånn epost- eller SMS-språk. Du har jo litt av det med desse grafiske verkemidla, som minner litt om, og so har dei den «SMS og kjappe meldinger». Ja, det som det verkar som her, det er eg litt usikker på, om desse her er komne inn på sms... Det veit eg ikkje. Men det har eg lurt på om me skulle opna for i barnebladet.. men det er jo det med bemanning. Me er so liten redaksjon. Eg trur at det kanskje hadde senkt terskelen slik at endå fleire kanskje kunne delta. Men då måtte me hatt ei anna bemanning altso. Men eigentleg – reint visuelt – so er denne meir lesarvenleg.

*Finst det andre fora du kan koma på som Ordskifte liknar på?*

Si ;D er kanskje den parallellen eg kan sjå. For det tilbodet til VG er meir skuleretta. Og der læraren kan koma til orde, det er ikkje...

*.. det er noko anna?*

Det er noko anna. Det er ikkje det same.

[snur kassetten]

*Det var slik at du ikkje ville seia noko om endringar i ordskifte sidan td syttitalet?*

Nei, det er betre å spørja Gard og kanskje Nana om det.

*OK. Då har eg eitt spørsmål som du kan sjå om du vil svara på. Eg lurar på dette med teknologiutvikling. Har e-post og mobiltelefonspråk påverka språket i Ordskifte?*

Berre på den korte tida eg har vore der, ser eg at det har kome meir sånne teikn, at det er litt

meir sms-språk. Smileteikn og forkortingar, typisk sms-språk. Og når eg samanliknar med eldre barneblad, so ser eg det endå tydelegare. Då må eg og leggja til at eg har ikkje sett originalane frå tidlegare tider.

*Og so lurte eg på om du kunne seia litt om internett-ordskiftet. Eller var det slik at de hadde slutta med det?*

Ja, den diskusjonsgruppa slutta me med. Og grunnen var at det utvikla seg til å vera ein mindre klikk, jenteklikk, som diskuterte. Det vart litt avgrensa. Me hadde òg problem med at andre nytta henne til å leggja ut lenkjer til porno og slike ting. Det som var viktig for oss no var å få til eit meir sånn klubbkonsept. No har me chat-tilbodet der du er på der og då, og dei som går inn på chat må vera medlem. På den måten vonar me å heva seriøsiteten og unngå dei problema me hadde i diskusjonsforumet.

*Har de byrja med det?*

Det har vore litt tekniske problem, so me held framleis på å starta opp. Det er for tidleg å seia no korleis responsen vert, men det kan me sjå utover hausten.

*Var nettordskiftet heilt ulikt Ordskifte?*

I det vesentlege føregjekk diskusjonen der på eigne premiss, og det var ein annan type diskusjon. Men det kunne og vera litt av det same. Mellom anna under Irak-krigen såg eg at det var eit veldig sterkt engasjement for og mot George Bush, og då fungerte seriøsiteten veldig. Det er interessant å sjå, og ein ser det i Ordskifte òg, at nyhendebiletet påverkar kva emne som vert tekne opp. Irak-krigen var noko som våre lesarar var veldig opptekne av, og det kom til uttrykk både i ordskiftespaltene og på nettet. Det me òg hadde problem med på nettet, var veldig mykje mobbing, eller uthenging, det er vanskeleg å ha kontroll med det på nettet. Me hadde òg vaksne, faktisk, som prøvde å leggja ut reklame for born. Det var i det heile misbruk av sidene. Eg har sett fleire andre som har nettsider for born, som no går inn på eit klubbkonsept, NRK Barn og Ungdom til dømes. Men det er eigentleg synd at det må vera slik. Eg skulle gjerne sett at me hadde eit diskusjonsforum på nett, av di det å få svar raskt gjev ein heilt annan dynamikk i diskusjonen.

*Kva oppfattar du som dei vanlegaste, eller viktigaste, emna dei tek opp i Ordskifte?*

Ja, eg kan sjå på notata mine. Noko som går att er dette med kropp, klede og mote, motepress. Og so skriv ein del om musikk, fjernsynsseriar, om kva dei likar best. Litteratur er òg eit tema

som våre lesarar er opptekne av, fantasysjangeren har vore mykje oppe i redaktørperioden min. So sa eg og dette med nyhendebiletet – ting derfrå som gjer inntrykk. Ein ser ei gryande interesse for politikk – Irak-krigen, norsk politikk frå tid til anna, kanskje på personnivå: dei skriv om Bondevik, Erna Solberg...og EU. Og so har du store katastrofar. Ved store katastrofar har me med ein gong lesarar som tek opp det. Til dømes viste flaumkatastrofen som me hadde i vinter med ein gong att i spaltene våre. 11. september viste òg att. Ved slike hendingar kan ein koma opp i ganske tøffe og sårbare ting: Born som opplever sorg. Eg greier nesten ikkje å snakka om det for det er veldig sterkt, men det utfordrar òg etisk. Men eg tykkjer det er veldig viktig at barn og ungdom har ein kanal der dei kan setja ord på tankar og kjensler, og ikkje minst engasjementet i mellom anna politikk. Det at dei kan diskutera politikk trur eg er noko dei vil hugsa tilbake på. Det er ein som har sagt at det å få ting på trykk er viktigare enn sjølv dei beste karakterar. Han heiter Finn Stenstad, fyrstelektor i norsk ved lærarutdanninga i Tønsberg. Fleire tema... skule. Eg vil seia at det er eit litt politisk tema, i alle fall samfunnsrelatert, til dømes dette med nasjonale prøver ser me er debattert.

*Korleis vil du skildra eit typisk innlegg i Ordsките?*

Dei byrjar jo ofte med «hei, eg er ny her», eller so er det «ros til den og den». Det er vel kanskje like mykje, og av og til meir ros og ris enn debatt. Men kanskje er det borns måte å diskutera på. Det er jo på ein måte diskusjon det òg. Men det er i alle fall fyrst masse ris og ros, so kanskje presentasjon av eit nytt tema, innimellom, og so då avslutningsvis at dei vonar på tilbakemelding. Eit typisk innlegg er litt springande i forma. Det er mykje ris og ros og so springande rett på sak til nye tema. Det er ikkje noko innpakking, det er klar tale.

Innlegga er prega av eit avsendarmodus. Det er mykje sms-språk og liknande. Eit døme er innlegget frå EMMy [vedlegg 15].

*Men det er ei slags tredeling, då? Fyrst ris og ros, so ev. nytt tema, so avslutning med at ein vonar på attendemelding?*

Ja, ja.

*Det er noko av det eg har oppdaga og, berre at eg har fininndelt det litt meir. Det er artig at det på eit vis fylgjer ei fast form.*

Ja, det har på ein måte funne sin eigen sjanger. Det er vel og noko av det som skil Si ;D-sida frå våre, at der står innlegga meir individuelt, medan dei som skriv til barnebladet fylgjer veldig ein sjanger. Men eg lurar av og til på om det er av di barna sjølve skriv slik eller av di



dei som redigerer gjer det slik [i Si ;D]. Det var berre noko eg kom til å tenkja på no. Eg trur at her [i Si ;D] er det meir rett på sak, nye tema.

*Har du nokre tankar om kva Norsk Barneblad har å seia for nynorsken si stilling?*

Eg trur at det er i alle fall veldig viktig for nynorskbrukarar, både i nynorskområde og i andre område som ligg på vippen. For viss dei brukar nynorsk og les det i bladet, trur eg at dei har lettare for å halda fram med det. Eg ser jo at fleire som eg har gått på skule med har gått over til bokmål, og eg veit at det er eit problem i nynorskområde at ungdom konverterer til bokmål, sjølv om dei har hatt nynorsk på skulen. So eg trur at om ein får nynorsk inn som eit bruksspråk, at det vert naturleg å lesa ungdomsstoff på nynorsk, er det lettare for at dei tek nynorsken med seg inn i det vaksne livet. Eg trur òg det kan vera med på å dempa fordomane mot nynorsk i bokmålmiljø. For det merkar eg på dei som skriv bokmål i barnebladet, at dei har ingen problem med nynorsken. Og sånn sett, på nynorsken sine vegner, tykkjer eg det er oppmuntrande å sjå at so mange bokmålsbrukarar brukar bladet. Og sånn sett tykkjer eg kanskje då at vaksne som er opptekne av nynorsk burde kjenna si besøkelsestid. Skulane òg. Den siste leseundersøkjinga var ikkje serleg oppmuntrande for nynorsken. Då hadde det vore naturleg for skulane å tenkja på kva dei kan bidra med som gjer at ungane kan visa til betre resultat seinare. Eg trur barnebladet kan vera eitt bidrag.

**Intervjua onsdag 10. august, skrive inn torsdag 25. august, med utfylling frå Margunn Sundfjord 16. januar og 10. februar 2006.**

## Vedlegg 2: Undersøking av Si ;D i Aftenposten

Eg har gjort ei enkel undersøking av Si ;D, Aftenposten si daglege debattside for ungdom mellom 13 og 18 år for å ha eit debattforum for born å samanlikna Ordskifte med.

Undersøkinga er svært avgrensa både når det gjeld materiale og spørsmålsstilling, likevel meiner eg ho kan gje noko kunnskap om skrivinga i Si ;D-spalta, og nok til at det er mogleg å finna nokre skilnader og likskapar mellom Ordskifte og Si ;D. I tillegg har eg gjort eit kort intervju med Liv Skotheim som redigerer spalta. (sjå vedlegg 12).

### **Materiale**

Si ;D, Aftenposten 21. mars 2006
Si ;D, Aftenposten 23. mars 2006
Si ;D, Aftenposten 24. mars 2006

### **Om forma på sida**

Si ;D er ei avisside i kulturdelen av Aftenposten kvar dag. Det står skrive retningsliner øvst på sida:

- Du kan sende meninger på mail og SMS, skrive dikt, eller lage din egen 3-på-topp/bånn-liste.
- «Dagens innlegg» premieres med gavekort på CD.
- Signer gjerne med nick, men oppgi navn, adresse og fødselsdato.
- Send e-post til [sid@aftenposten.no](mailto:sid@aftenposten.no), eller send SMS med kodeord AFSID til 1985 (1 kr.). sjekk også [www.sid.no](http://www.sid.no)
- Ansvarlig: Liv Skotheim. E-post: [liv.skotheim@aftenposten.no](mailto:liv.skotheim@aftenposten.no)

I logoen står det «Si ;D For deg mellom 13 og 18 år»

Sida ser meir ungdommeleg ut enn resten av avisa – det er fine fargar, morosame illustrasjonar og ei formgjeving som kan minna meir om Dagbladet si «sterke meninger»-side eller eit magasin enn om resten av Aftenposten. Innlegga er delte i tre kategoriar: eitt dagens innlegg (men dette er ikkje i alle nr), fleire ”vanlege” innlegg og ei spalte på eine sida som er kalla «SMS og kjappe meldinger». Innlegga i SMS-spalta er lengre enn dei kortaste SMS-innlegga i VG, og inneheld ofte noko argumentasjon.

## **Kvantitativ undersøking**

Materialet gav 30 innlegg av ulik type (sjå tabellen). Eg har teke med alle innlegga: dagens innlegg, innlegg og «SMS og kjappe meldinger».

*Tabell: Desse draga har eg telt førekomsten av:*


Emneorienterte overskrifter	30 (alle)
Lesarbreva handlar om berre <i>ei</i> sak	30 (alle)
Skribenten representerer (yrke/tittel/org)	1
Skribenten representerer ikkje	29
Skribenten skriv under med fullt namn	1
Skribenten skriv ikkje under med fullt namn	29

Me ser at Si ;D er meir einskapleg når det gjeld desse draga enn debattinnlegga i lesarbrevanalysen (vedlegg 3). Det er berre eitt av 30 innlegg som vert underteikna med fullt namn, det er eit innlegg om rasisme frå Rasmus Bakken, Fylkessekretær Nedre Romerike og leder i Skedsmo SOS Rasisme. Kategorien ”skriv ikkje under med fullt namn” gøymmer likevel eit stort spekter av underskriftskategoriar: alt frå «Sarah 14 år» til «Meg» til «anti-babe\_89» til «jente 13» til «en som håper rock er morgendagens slager». Me ser at mange av underskriftskategoriane frå analysen av Ordskifte 1974–2004 er representerte. Det å skriva under med kallenamn og liknande er altso det normale i Si ;D, og dette gjer at det liknar Ordskifte, men skil seg frå ein del andre lesarbrevspalter i aviser. Det at kvart innlegg handlar om eitt emne og at alle overskriftene er emneorienterte, er drag som gjer at det liknar andre lesarbrevspalter, men skil seg frå Ordskifte.

## **Argumentasjonsanalyse**

Eg har analysert argumentasjonsstrukturen i tre innlegg, det fyrste innlegget på sida kvar dag, det vart to ”vanlege” innlegg og eitt «SMS og kjappe meldinger»-innlegg. Eg har valt ut etter same kriterium som i lesarbrevundersøkinga: Innlegga måtte vera relativt korte, skrivne av ikkje-profesjonelle og innehalda argumentasjon (forstått som grunngjeving for standpunkt). Dei aller fleste av innlegga fyller desse krava, so då kunne eg gjera det enkelt og velja dei fyrste på kvar side.

## Innlegg 1



Innlegget «Rasisme? Hæ?» (21.03.2006) handlar om at det finst rasisme i Noreg sjølv om mange ikkje trur det. Innlegget byrjar med ærendet: Noreg skal vera eit land med rom og moglegheiter for alle, men no skal skribenten fortelja historier som syner at det ikkje er slik. Ærendet vert grunnjevne med to sjølvopplevde historier om møte med rasisme. So opnar innlegget for ei tenkt innvending frå lesaren om at dette berre er eingongshistorier, men svarar at det er det ikkje, for (konklusjon): ho har ein haug med liknande historier frå andre. Denne konklusjonen vert so grunnjevne med ei historie om kva ei veninne opplevde. Innlegget sluttar med eit nytt moment, men som òg kan sjåast som ein appell om å verta trudd: Skribenten skriv at folk som ikkje diskriminerer eller opplever rasisme sjølve ikkje trur på at det finst. Denne siste påstanden grunnjevne ho òg med ei historie.


Det spesielle med dette innlegget er at det i stor grad nyttar seg av ein argumentasjonsstrategi frå det munnlege. Grunnstrukturen i argumentasjonen er påstand om verda grunnjevne med sjølvopplevd forteljing, ny påstand om verda grunnjevne med ny sjølvopplevd forteljing osv. Bortsett frå den fyrste bolken med presentasjon av ærendet, er det mogleg å sjå føre seg innlegget framført som ein part sine replikkar i ein autentisk diskusjon

om rasisme. Prøv og sjå sjølv!

Det er òg interessant at i dette innlegget fungerer den munnlege oppbygginga godt for argumentasjonen, kan henda av di det er eit emne som inviterer til autensitet og fokus på egne opplevingar.

Dette innlegget er mindre prega av den tydelege strategiske viljen som vaksennlegga eg analyserte var, ved at det manglar ein appell som er tydeleg vend til nokon konkrete instansar på slutten.

## Innlegg 2




Innlegget «Fisk til kongen» (23.03.2006) har ei meir tradisjonell skriftleg oppbygging. Fyrst vert ærendet presentert med eit retorisk spørsmål: «De kongelige gjør sikkert mye bra som representanter for Norge, men er det verdt så mange millioner?» So ser me av teikninga at dette spørsmålet vert grunnjevne med tre grunnjevningar som vert enklare etter kvart og alle er inneheld eit retorisk spørsmål. Den fyrste grunnjevninga nyttar kontrast som argumentasjonsmåte, og let det leia fram til eit retorisk spørsmål. Den andre opnar med eit retorisk spørsmål som so vert grunnjevne med eit døme, og den tredje er strippa ned til å vera berre eit retorisk spørsmål. Retoriske spørsmål kan ha ulike kommunikative funksjonar – dei

kan stillast for å understreka at det ein seier er sjølvsagt og rett, men dei kan òg vera ein appell av eit anna slag. I dette innlegget ser eg spørsmåla som ein (kommunikativ) appell til de som les om å vera med på resonnementet og innsjå det absurde i at me brukar so mange pengar på dei kongelege, men òg ein slags appell om å vera med og gjera noko med saka – serleg spørsmålet «Skulle vi ikke heller gi en million til en av dem?» ser ut til å vera av den siste typen.

Dette innlegget manglar òg noko av den strategiske viljen frå vaksennleggga. Sjølv om innlegget er skrive med appellerande kraft, finst det ingen konkrete oppmodingar til konkrete instansar om å gjera noko. Innlegget inneheld til dømes ikkje nokon direkte appell til kronprinsen om å dela på husværet sitt.

### Innlegg 3



Det siste innlegget har eg henta frå «SMS og kjappe meldinger»-spalta fredag 24. mars 2006. Overskrifta er «Vann-forbud». I dette innlegget ser me at skribenten ikkje kjem fram med ærendet i starten – kan henda av di det er so kort. I staden byrjar han med ein presentasjon av saka: Læraren seier at dei ikkje får drikka vatn med smak. So kjem ein argumentasjon for at dette er urimeleg, som leier fram til konklusjonen «Så jeg syns vi skal få lov», som so vert

freista styrkt ved å leggja til to korte grunngjevingar som dels er ei oppattaking av moment frå argumentasjonen. Argumentasjonen i dette innlegget verkar meir tilfeldig oppbygt enn i dei andre, kan henda av di innlegget er kortare og meir spontant? Likevel er innlegget meir målretta enn dei to andre: Skribenten vil at dei skal få lov til å drikka vatn med smak i timane. Å skriva eit lesarinnlegg til ei avis som store deler av Oslo, og truleg nokon av lærarane skribenten nemner, les, kan sjåast som ei strategisk handling for å få endra det teite forbodet. Samstundes er det ei kommunikativ handling: å få fortelja om og få forståing for eit problem.

## Materiale for undersøkninga av Si; D

Dato	Overskrift	Underskrift	Representerer	Representerer ikke	Type/lengd	Tal på emne	Fullt namn	Ikke fullt namn
21.03.2006	Rasisme? Hæ?	Sarah 14 år		X	Imlegg	1		X
21.03.2006	Å være halvt norsk	Aida S		X	Dagens innlegg	1		X
21.03.2006	"Tanter" og "fruer"	Meg		X	Imlegg	1		X
21.03.2006	Ofte for rasismen	Rasmus Bakken, fylkessek SOS Rasisme	x		Imlegg	1	x	
21.03.2006	Fargenes sorte får	Cecilie		X	sms og kjappe meldinger	1		X
21.03.2006	Ikke gjør det verre	t 92		X	sms og kjappe meldinger	1		X
21.03.2006	Fornuft og fordommer	Kaja<3		X	sms og kjappe meldinger	1		X
21.03.2006	Det hjelper!	meg!		X	sms og kjappe meldinger	1		X
23.03.2006	Fisk til kongen	Robin		X	Imlegg	1		X
23.03.2006	livet som det faller seg	Livsnyterne		X	Imlegg	1		X
23.03.2006	Ulærde lærere	"angelito...not"		X	Imlegg	1		X
23.03.2006	Rich babes	anti-babe_89		X	Imlegg	1		X
23.03.2006	Ny Si;D av saken	Stolt jente		X	Imlegg	1		X
23.03.2006	Viisebot	en som synes Vigrid overreagerer kraftig		X	sms og kjappe meldinger	1		X
23.03.2006	Rock vs rap	en som håper rock er morgendagens slager		X	sms og kjappe meldinger	1		X
23.03.2006	Til kamp mot snikerne	Lollo 13		X	sms og kjappe meldinger	1		X
23.03.2006	Kristeleg lettast	jente 13		X	sms og kjappe meldinger	1		X
23.03.2006	Kåte medgutar	Gut 15		X	sms og kjappe meldinger	1		X
23.03.2006	Bohem-trend	Big Joe		X	sms og kjappe meldinger	1		X



24.03.2006	Noen å se opp til	Jente 18, Nesodden		X	Imlegg	1		X
24.03.2006	Hasj i klasserommet	litt skremt 13-åring		X	Imlegg	1		X
24.03.2006	Fattigdom, fuglepest & E.coli	[-]Peter 90		X	Imlegg	1		X
24.03.2006	Vi er annerledes	Heidi (15) og Kristin (17)		X	Imlegg	1		X
24.03.2006	Generasjon Whatever	Amalie (15)		x	Imlegg	1		x
24.03.2006	Vann-forbud	"Lofsrud 92"		x	sms og kjøppe meldinger	1		x
24.03.2006	Funka dårlig	Misfornøyd med Connect (13 år)		x	sms og kjøppe meldinger	1		x
24.03.2006	Følelse for livet	Borgerlig konfirmant		x	sms og kjøppe meldinger	1		x
24.03.2006	Bratz og Barbie	Gresshoppa90		x	sms og kjøppe meldinger	1		x
24.03.2006	Mus i arbeid?	Abrtjens		x	sms og kjøppe meldinger	1		x
24.03.2006	Ekstrem sløsing	Eljne		x	sms og kjøppe meldinger	1		x

## Vedlegg 3: Lesarbrevundersøking

Eg har gjort ei enkel undersøking av lesarbrevspalta i tre aviser ein dag – ei riksavis, ei regionsavis og ei lokalavis for å ha eit grunnlag for å gjera samanlikningar mellom Ordskifte og lesarbrevsjangeren.

Eg vil understreka at dette er ei enkel gransking av eit lite materiale, og det er vanskeleg å seia korleis lesarbrev *er* på dette grunnlaget. Likevel meiner eg denne undersøkinga kan gje noko kunnskap om normer og sjangertrekk for lesarbrev i norske aviser nett no som kan vera nyttig å kontrastera med Ordskifte.

### **Materiale**

Debattsidene i Bergens Tidende onsdag 22. mars 2006	14 innlegg
Debattsidene i VG torsdag 23. mars 2006	24 innlegg
Debattsida i Firdaposten torsdag 23. mars 2006	2 innlegg

Vestlandsdominansen kjem av at eg har freista ta utgangspunkt i moglege avisomgjevnader for barnebladlesarane, og fleirtalet av desse bur på Vestlandet (jf vedlegg 1 Intervju med Margunn Sundfjord). Ein veikskap med utvalet er at det berre var to innlegg i Firdaposten den dagen, og baa var skrivne på vegner av organisasjonar: Eit innlegg frå senterpartipolitikar Ola Borten Moe om energipolitikk og eit frå fylkessekretæren i AUF Sogn og Fjordane om rasisme for å markera SNs internasjonale dag mot rasisme. Sidan eg i argumentasjonsanalysane konsentrerer meg om innlegg skrivne av privatpersonar, kjem eg ikkje til å bruka nokon av innlegga frå Firdaposten. Det går likevel fram av undersøkinga til Eiri Elvestad (Elvestad 2001) at det òg i lokalaviser finst ikkje-profesjonelle lesarbrevsribentar.

Debattsidene i dei ulike avisene har ulik formgjeving. Oppslaget på debattsidene i VG inneheld både «Si det i VG» som vert presentert slik: «Dette er lesernes side for korte innlegg om aktuelle temaer» og «VG debatt» som er eitt heilsides innlegg av typen som ofte vert kalla kronikk i andre aviser. I tillegg er det eigne spalter med innlegg som er komne på tekstmelding og utdrag frå internettdebatten på [www.vg.no/nett](http://www.vg.no/nett). Bergens Tidende har heile tre sider med debatt denne dagen. Utanom kronikken er det både korte og lange innlegg frå profesjonelle og ikkje-profesjonelle om einannan. Det er eit grafisk skilje mellom korte innlegg i ei spalte på venstresida som ikkje får vignetten «debatt» og resten av innlegga på sida som har vignetten, men dette skiljet er ikkje grunngeve i redaksjonell tekst på sida, og

det er både profesjonelle og ikkje-profesjonelle i båd kategoriane. Bergens Tidende har ikkje noko felt for tekstmeldingar og nettdebatt. Firdaposten har berre ei ikkje-hierarkisk debattspalte, der det denne gongen er to innlegg. Både BT og Firdaposten har debattside på same side som leiarteigen i avisa. BT har òg ein annan redaksjonell kommentar på same sida, men dei redaksjonelle tekstane har eg halde utanfor materialet.

## **Kvantitativ analyse**

Materialet gav 40 lesarinnlegg av ulik type (sjå tabellen). Eg har teke med alt frå kronikkar til dei delane av debattside som var merkte av for sms og utdrag frå internettordskifte.

*Tabell: Desse draga har eg telt førekomsten av.*

Emneorienterte overskrifter	40 (alle)
Lesarbrev handlar om berre <i>ei</i> sak	40 (alle)
Skribenten representerer (yrke/tittel/org)	10
Skribenten representerer ikkje	30
Skribenten skriv under med fullt namn	24
Skribenten skriv ikkje under med fullt namn	16

Alle lesarinnlegga – om dei er kronikkar, vanlege innlegg, internettinnlegg eller tekstmeldingar, har altso overskrifter som er knytte til emnet for innlegget. Me veit ikkje i kva grad skribentane sjølve eller redigerarane i avisa har produsert overskriftene. Alle innlegga held seg òg til ei sak, dei handlar om ein ting og ikkje fleire. Sidan alle innlegga i denne undersøkinga er slik, reknar eg med at det er noko som er vanleg for lesarinnlegg.


Når det gjeld skribentane, ser me at ein tredel av desse representerer noko, medan tre firedeler berre skriv under med sitt eige namn eller kallenamn. Å representera heng òg saman med å skriva under med fullt namn, slik at me kan seia at i materialet er det fjorten personar som berre representerer seg sjølv og skriv under med fullt namn. Me ser òg i tabellen nedst at det er samanheng mellom type innlegg og representasjon og fullt namn. Festspeldirektøren skriv kronikk med fullt namn og tittel, ikkje sms. Alle som representerer skriv kronikk eller innlegg, ingen deltek med tekstmelding eller i nettordskiftet.

## **Argumentasjonsanalyse**

Eg har analysert argumentasjonsstrukturen i to innlegg, eitt frå Bergens Tidende og eitt frå VG. Kriteria eg har valt ut innlegga frå, var: Dei skulle vera korte, ikkje representera, og

innehalda eksplisitt argumentasjon (her som elles har eg berre definert det som ”grunngeving av standpunkt”). Dette utelukka både kronikkar og tekstmeldingar. Dette for å finna ut noko om korleis normer for lesarinnlegg vert oppfatta og realiserte av ikkje-profesjonelle avislesande.


## Innlegg 1: «– Uten betydning», VG



Me ser at ærendet vert presentert fyrst, men ikkje so eksplisitt som me har sett i Norsk Barneblad. Det står ikkje «Eg vil seia at John G. Bernander [...]». Etter det ser me ein argumentasjon som er basert på å syna det urimelege ved å setja opp kontrasten mellom dei ordinære OL-sendingane og sendingane frå Paralympics. Argumentasjonen leier fram til ein konklusjon, men det som avsluttar brevet er ein appell til NRK-leiinga om å skjemmaast. Innlegget vil altso ikkje berre «seia meininga si», det er òg ei kommunikativ og strategisk handling retta mot noko utanfor lesarbrevidene i VG – nemleg NRK-leiinga. Det å oppmoda NRK-leiinga om å skjemmaast kan seiest å vera å invitera til kommunikativ, eller forståingsorientert samhandling – skribenten vil at NRK skal anerkjenna problemet og reagere kommunikativt ved å skjemmaast. Me må samstundes sjå innlegget som ei strategisk handling

for å få NRK-leiinga til å handla annleis ved neste høve.

## Innlegg 2: «Hvorfor skal p-piller være gratis, liksom?», BT



Her ser me at argumentasjonen er bygt opp noko annleis. Ærendet vert presentert i overskrifta. So kjem ein presentasjon av bakgrunnen – eit anna leserinnlegg om at p-piller burde vera gratis for ungdom. Argumentasjonen går ut på å stilla opp mange grunngevingar for at p-piller ikkje treng å vera gratis, etter ein annan. Det er altso mange argument, men kvart er bygt opp av fåe trekk. Argumentasjonen leier til konklusjonen «Det er ikke samfunnets oppgave å subsidiere sex for ungdom», men her òg ser me at innlegget ikkje vert avslutta ved konklusjonen på argumentasjonen, men med ein appell til skribenten av det tidlegare innlegget, og implisitt til andre ungdommar, om å tenkja seg om ein gong til, og heller bruka kreftene sine på å arbeida for ei anna sak, nemleg gratis skulebøker. Me ser at dette innlegget, om enn i mindre grad enn det førre, òg avslører eit strategisk mål: at gratis p-piller ikkje skal ”blokkera” for andre tiltak for ungdom, som gratis lærebøker.

## Materialer for leserbrevundersøkinga

Avis	Overskrift	Representerer	Representerer ikkje	Type/lengd	Tal på emne	Fullt namn	Ikkje fullt namn
Firdaposten	Ta eit oppgjær mot rasisme	x		Imlegg	1	x	
Firdaposten	Hvorfor vi ikke skal slå av strømmen	x		innlegg	1	x	
VG	En sjef er nok	x		helside (kalla innlegg)	1	x	
VG	Annenangs folk?		x	Si det i VG	1	x	
VG	[-] Uten betydning		x	Si det i VG	1	x	
VG	Forgangen "gymnaslærer"		x	Si det i VG	1	x	
VG	Liv og lære		x	Si det i VG	1	x	
VG	Dynamisk?		x	Si det i VG	1	x	
VG	[-] Upassende i TV2!		x	Si det i VG	1	x	
VG	Helt unødigg?		x	Si det i VG	1	x	
VG	[-] Godt sagt!		x	Si det i VG	1		x
VG	Skavlans seersvikt		x	SMS	1	x	
VG	Skavlan mister seere		x	SMS	1		x
VG	På jorden...?		x	SMS	1		x
VG	Dyre tenner		x	SMS	1		x
VG	[-] Tapper mann!		x	SMS	1		x
VG	Prioritering?!		x	SMS	1		x
VG	Rystende forslag		x	SMS	1		x
VG	Betenkelig..		x	SMS	1		x
VG	Feil pålegel!		x	SMS	1		x
VG	9-årig barnehage?		x	SMS	1		x
VG	Beskjeden millionær		x	SMS	1		x



VG	Stueren rasisme?		x		SMS	1		x
VG	Taust om strømpriser		x		Internett	1		x
VG	Oslos elendige eldreomsorg		x		Internett	1		x
VG	Humper og dumper		x		Internett	1		x
Bergens Tidende	Bruddskader og anmeldelser	x			innlegg	1	x	
Bergens Tidende	12-milssone i Barentshavet nødvendig	x			innlegg	1	x	
Bergens Tidende	La det breste og bære	x			kronikk	1	x	
Bergens Tidende	Ta ME på alvor		x		innlegg	1	x	
Bergens Tidende	Handlingslammelse?		x		innlegg	1	x	
Bergens Tidende	Rød-grønn skatte- og avgiftspolitik??	x			innlegg	1	x	
Bergens Tidende	Grådighet satt i system		x		innlegg	1	x	
Bergens Tidende	Sensurert Muhammed-artikkel?		x		innlegg	1	x	
Bergens Tidende	Hvorfor skal p-piller være gratis, Iksom?		x		innlegg	1	x	
Bergens Tidende	Urent vann dreper 6000 daglig	x			innlegg	1	x	
Bergens Tidende	Hvor lenge?	x			innlegg	1	x	
Bergens Tidende	Fra håpløshet til oppreisning				innlegg	1		x
Bergens Tidende	ADHD-barnas behov må settes først	x			innlegg	1	x	
Bergens Tidende	ADHD-barne		x		innlegg	1	x	

## Vedlegg 4 og 5: Tal på ordskifteinnlegg og tingartal for NB 1974–2004

År	Tal innlegg	Tingartal <sup>9</sup>
1974	224	
1975	185	11227
1976	151	
1977	173	
1978	192	
1979	180	
1980	193	14020
1981	253	
1982	189	
1983	168	
1984	101	
1985	55	11083
1986	80	
1987	82	
1988	68	
1989	90	
1990	102	8013
1991	162	7593
1992	141	7848
1993	180	7168
1994	210	6799
1995	205	6875
1996	272	6606
1997	316	6454
1998	379	5900
1999	333	5800
2000	418	5500
2001	346	4900
2002	362	4500
2003	224	3900
2004	128	3600

<sup>9</sup> Tingartalet er henta frå *Nynorsk faktabok 2005*, tabell 16.10





## Liste over vedlegg i elektronisk form

Dei vedlegga eg berre leverer elektronisk, finst på lagra på <http://folk.uio.no/gudrunj/vedlegg>

Vedlegg	
6.	Identitetskategoriar underskrifter URL: <a href="http://folk.uio.no/gudrunj/vedlegg/v6-idundersk.xls">http://folk.uio.no/gudrunj/vedlegg/v6-idundersk.xls</a> Format: Microsoft Excel
7.	Deltakarar 1974 URL: <a href="http://folk.uio.no/gudrunj/vedlegg/v7-deltakarar1974.xls">http://folk.uio.no/gudrunj/vedlegg/v7-deltakarar1974.xls</a> Format: Microsoft Excel
8.	Deltakarar 2004 URL: <a href="http://folk.uio.no/gudrunj/vedlegg/v8-deltakarar2004.xls">http://folk.uio.no/gudrunj/vedlegg/v8-deltakarar2004.xls</a> Format: Microsoft Excel
9.	Referansekart for 2004 URL: <a href="http://folk.uio.no/gudrunj/vedlegg/v9-refkart2004.xls">http://folk.uio.no/gudrunj/vedlegg/v9-refkart2004.xls</a> Format: JPEG-bilete (3398x2298 pikslar)
10.	Liste over referering 2004 (sjå vedlegg 8)
11.	Referansekart for 1974 URL: <a href="http://folk.uio.no/gudrunj/vedlegg/v11-refkart1974.jpg">http://folk.uio.no/gudrunj/vedlegg/v11-refkart1974.jpg</a> Format: JPEG-bilete (3309x2209 pikslar)
12.	Intervju med Liv Skotheim URL: <a href="http://folk.uio.no/gudrunj/vedlegg/v12-skotheim.pdf">http://folk.uio.no/gudrunj/vedlegg/v12-skotheim.pdf</a> Format: Adobe PDF
13.	Oppsummering av Si ;D frå Aftenposten URL: <a href="http://folk.uio.no/gudrunj/vedlegg/v13-sid.pdf">http://folk.uio.no/gudrunj/vedlegg/v13-sid.pdf</a> Format: Adobe PDF
14.	Originalinnlegg frå 2004 URL: <a href="http://folk.uio.no/gudrunj/vedlegg/v14-orig2004.pdf">http://folk.uio.no/gudrunj/vedlegg/v14-orig2004.pdf</a> Format: Adobe PDF
15.	Originalinnlegg frå EMMY URL: <a href="http://folk.uio.no/gudrunj/vedlegg/v15-emmy.pdf">http://folk.uio.no/gudrunj/vedlegg/v15-emmy.pdf</a> Format: Adobe PDF